



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapitler: 61, 400–491

Inntektskapitler: 3400–3490



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapitler: 61, 400–491

Inntektskapitler: 3400–3490

Innhald

Del I	Innleiande del	11	<i>Programkategori 06.20 Rettsvesen</i>	74
1	Hovudinnleiing	13	Kap. 61 Høyesterett	76
1.1	Budsjettprioriteringar i 2020	13	Kap. 410 Domstolene	77
1.2	Ansvarsområde og organisering ..	14	Kap. 3410 Domstolene	85
1.3	Mål for justis- og beredskapssektoren	14	Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter	86
1.4	Straffesakskjeda	15	<i>Programkategori 06.30 Kriminalomsorg</i>	88
1.4.1	Kriminalitetsutviklinga	16	Kap. 430 Kriminalomsorgen	89
1.4.2	Politiet	17	Kap. 3430 Kriminalomsorgen	100
1.4.3	Saksavvikling i domstolane	21	Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter	101
1.4.4	Gjennomføring av straff og varetekt	23	Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter	102
1.4.5	Offeromsorg	25	<i>Programkategori 06.40 Politi og påtalemyndighet</i>	103
1.5	Samfunnstryggleikskjeda	25	Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	107
1.5.1	Internasjonalt samarbeid	26	Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	128
1.5.2	Beredskap mot dei mest alvorlege truslane mot Noregs tryggleik	26	Kap. 442 Politihøgskolen	129
1.5.3	Ny lov om nasjonal tryggleik	28	Kap. 3442 Politihøgskolen	130
1.5.4	Digital tryggleik	29	Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	130
1.5.5	Svalbard	29	Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	133
1.6	Migrasjonsskjeda	30	Kap. 445 Den høyere påtalemyndighet	133
1.6.1	Talet på asylsøkarar og migrasjonspotensialet	30	Kap. 3445 Den høyere påtalemyndighet	135
1.6.2	Færre personar med plikt til å forlate landet	31	Kap. 446 Den militære påtalemyndighet	135
1.6.3	Få personar skal ha opphald med feil identitet eller på feil grunnlag .	32	Kap. 448 Grensekommissæren	136
1.7	Rettstryggleik og sivil rettspleie ...	32	<i>Programkategori 06.50 Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap</i>	137
1.7.1	Sivil rettspleie og forvaltnings- oppgåver i politiet	33	Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	145
1.7.2	Sivile saker i domstolane	33	Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	150
1.7.3	Offentleg rettshjelp	33	Kap. 452 Sentral krisehåndtering	152
1.7.4	Verjemålsordninga	33	Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet	153
1.8	Oppfølging av oppmodingsvedtak	37	Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten	154
1.8.1	Stortingssesjon 2018–2019	39	Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten	155
1.8.2	Stortingssesjon 2017–2018	40	Kap. 455 Redningstjenesten	156
1.8.3	Stortingssesjon 2016–2017	48	Kap. 3455 Redningstjenesten	158
1.8.4	Stortingssesjon 2015–2016	53	Kap. 457 Nasjonal Sikkerhetsmyndighet	159
1.8.5	Stortingssesjon 2014–2015	55	Kap. 3457 Nasjonal Sikkerhetsmyndighet	160
1.8.6	Stortingssesjon 2012–2013	55	<i>Programkategori 06.60 Andre virksomheter</i> ..	161
Del II	Nærmare om budsjettforslaget	61	Kap. 460 Spesialenheten for politisaker	162
2	Nærmare om budsjettforslaget	63	Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.	163
Programområde 06 Justissektoren	63	Kap. 467 Norsk Lovtidend	164	
<i>Programkategori 06.10 Administrasjon</i>	63	Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	165	
Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet	70	Kap. 469 Vergemålsordningen	166	
Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet	72	Kap. 3469 Vergemålsordningen	167	

<i>Programkategori 06.70 Fri rettshjelp, erstatninger, konfliktråd</i>	168	4	Tilstandsvurdering for lov og orden	220
Kap. 470 Fri rettshjelp	169	4.1	Samfunnsfunksjonen lov og orden	220
Kap. 3470 Fri rettshjelp	170	4.2	Statusen/tilstanden i politiet – samfunnsoppdraget til politiet	220
Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	171	4.3	Overordna risikovurdering	221
Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning	172	4.4	Scenario 1: alvorleg og breitt utforma angrep mot betalings- og oppgjerssystem i finansnæringa ..	221
Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning	174	4.4.1	Konsekvensar for samfunnet	222
Kap. 474 Konfliktråd	174	4.5	Scenario 2: ukontrollert tilstrøyming av store mengder menneske	222
Kap. 3474 Konfliktråd	177	4.5.1	Konsekvensar for samfunnet	222
Kap. 475 Bobehandling	177	4.5.2	Tiltak som alt er i gang, og planlagde tiltak	223
<i>Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet</i>	179	4.5.3	Tiltak for å styrke evna til å møte eit alvorleg angrep mot betalingssystem	224
Kap. 480 Svalbardbudsjettet	182	4.5.4	Tiltak for å handtere ukontrollerte tilstrøymingar av menneske	225
<i>Programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring</i>	183	4.5.5	Andre tiltak for å handtere større hendingar	226
Kap. 490 Utlendingsdirektoratet	190			
Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet	207			
Kap. 491 Utlendingsnemnda	209			
Del III Særlege tema	213			
3 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft	215	5	Likestilling	229
3.1 DSB	215	5.1	Justis- og beredskapsdepartementet	229
3.1.1 Nødmeldingssentralar	215	5.2	Kriminalomsorga	233
3.2 Politiet	215	5.3	Politiet	233
3.2.1 Digitalisering i politiet	215	5.4	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)	234
3.2.2 Byggjesaker i politiet	215	5.5	Hovudredningssentralane (HRS)	235
3.2.3 Bemanninga i politi- og lensmannsetaten	216	5.6	Sivilklareringsmyndigheit (SKM)	235
3.3 Utlendingsforvaltninga	217	5.7	Nasjonalt tryggingorgan (NSM)	236
3.3.1 Modernisering av IT-løysingane til utlendingsforvaltninga	217	5.8	Sekretariatet for konfliktråda	236
3.3.2 Meir effektiv innleiande asylsakshandsaming	218	5.9	Utlendingsdirektoratet	237
3.3.3 Betre ID-forvaltning	218	5.10	Utlendingsnemnda (UNE)	237
		6	Tekniske endringar i kontostrukturen og bruk av stikkord kan overførast	238
			Forslag	241

Tabelloversikt

Tabell 1.1	Mål for justis- og beredskapssektoren	15	Tabell 2.10	Fordeling av tilskot til frivillig verksemd i 2018 (1 000 kr)	100
Tabell 1.2	Meldingar om lovbrøt 2013–2018, etter type lovbrøt og med prosentvis auke i perioden	16	Tabell 2.11	Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2013–2018	101
Tabell 1.3	Bemanningsutvikling i politiet ...	20	Tabell 2.12	Meldingar om lovbrøt 2013–2018, med prosentvis auke i perioden	105
Tabell 1.4	Ansvarsfordeling mellom departementa for tverrsektorielle område i samfunnstryggleiksarbeidet	34	Tabell 2.13	Øyremerkte tilskot	127
Tabell 2.1	Tildelingar til Noregs forskingsråd	71	Tabell 2.14	Sentral drifts- og bruksinformasjon om Nødnett	147
Tabell 2.2	Stortingets mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid	78	Tabell 2.15	Befolkningstal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar	180
Tabell 2.3	Tal for samla straffegjennomføringskapasitet, per 1. januar, 2013–2021	91	Tabell 2.16	Familieinnvandringsløyve etter innvandringsgrunnen til familie-medlemmen i Noreg, 2015–30. juni 2019	189
Tabell 2.4	Kapasitetsutnytting i fengsel, 2013–20191	92	Tabell 2.17	Assisterte returar 2015–30. juni 2019.	196
Tabell 2.5	Mengd døgn på straffegjennomføring i institusjon (strgjfl. § 12)	93	Tabell 2.18	Gjeldande tilskotssatsar	204
Tabell 2.6	Tal for sparte fengselsplassar, per 1. januar, 2013–2018	94	Tabell 2.19	Returar og rekneskapstall per ordning, 2018	204
Tabell 2.7	Narkotikaprogram mot domstolskontroll, Program mot ruspåverka køyring og Samfunnsstraff. Tal på iverksette oppdrag, 2013–2018	94	Tabell 2.20	Navn på organisasjon og innvilga beløp i 2018	205
Tabell 2.8	Del av fengselsdøgn med aktivitet, 2013–2018	95	Tabell 2.21	Prosjekttilskot, 2018	205
Tabell 2.9	Tal på registrerte valds- og trusselsituasjonar mot tilsette og mellom innsette, 2014–2018	97	Tabell 3.1	Bemanningsutvikling i politiet ..	216
			Tabell 5.1	Oversiktstabell for departementet	229
			Tabell 5.2	Fordeling av stillingar 2018 og 2019	229
			Tabell 5.3	Lønn (i 1 000 kroner)	230

Figuroversikt

Figur 1.1	Justis- og beredskapsdepartementets underliggjande og tilknytte verksemder i straffesakskjeda	16	Figur 2.14	Fordeling av kapasitet mellom dei tre alvorlegheitskategoriane slik politiet arbeidde med straffesakene i 2017	116
Figur 1.2	Tal på meldingar om seksuallovbrot mot barn 2014–2018	17	Figur 2.15	Utvikling i tvangsreturar i perioden 2013–2018	120
Figur 1.3	Tal på tilrettelagde avhøyr 2013–2018	18	Figur 2.16	Returnerte med straffereaksjon i perioden 2013–2018	120
Figur 1.4	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tingrettane (2014–2018)	22	Figur 2.17	Saksavgjersler ved statsadvokatembeta	135
Figur 1.5	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i lagmannsrettane (2014–2018)	22	Figur 2.18	Innsatsane til Siviltforsvaret fordelt etter hendingar per august 2019	146
Figur 1.6	Utvikling i soningskøen for vilkårslause dommar, 2013–2019	23	Figur 2.19	Månadleg fordeling og utvikling av talet på hendingar registrerte ved HRS i perioden 2012 til juli 2019.	157
Figur 1.7	Utvikling i asyltilkomstar, relokaliserte og overføringsflyktningar	30	Figur 2.20	Mottekne og påtaleavgjorde meldingar og gjennomsnittleg saksbehandlingstid, Spesialeininga for politisaker	162
Figur 2.1	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tingrettane (2014–2018)	79	Figur 2.21	Innkomme og behandla erklæringar og restanse, Den rettsmedisinske kommisjon	163
Figur 2.2	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i lagmannsrettane (2014–2018)	79	Figur 2.22	Saksbehandling, Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	165
Figur 2.3	Saksinngang meddomsrettssaker 2018 vs. 2017 (prosentvis endring)	80	Figur 2.23	Utgifter til fri rettshjelp	169
Figur 2.4	Saksinngang tvistesaker 2018 vs. 2017 (prosentvis endring)	81	Figur 2.24	Nye søknader, saksbehandlingstid og behaldning av ubehandla saker (restanse)	172
Figur 2.5	Saksavvikling i forlikråda 2014–2018	86	Figur 2.25	Erstatningsutbetaling, utestående krav og innbetalingar	173
Figur 2.6	Utvikling i soningskøen for vilkårslause dommar, 2013–2019	90	Figur 2.26	Tal på saker i konfliktråda 2012–2018	175
Figur 2.7	Utvikling i talet på varetektsinnsette og mottekne vilkårslause dommar, 2013–2018	90	Figur 2.27	Seglingar i farvatna ved Svalbard, nord av 79°	181
Figur 2.8	Domfelte som sonar med fotlenke, fordelte på lovbrotskategori, per august 2019 ¹	93	Figur 2.28	Asylsøkarar til Noreg 2014–30. juni 2019	187
Figur 2.9	Tal på meldingar om seksuallovbrot mot barn 2014–2018	106	Figur 2.29	Asylsøkarar til Noreg samanlikna med EU, 2015–2018	188
Figur 2.10	Tal på tilrettelagde avhøyr 2013–2018	112	Figur 2.30	Behandla og ubehandla asylsaker (ekskl. klagesaker), UDI, 2014–30. juni 2019.	192
Figur 2.11	Meldingar om lovbrots med hatmotiv	113	Figur 2.31	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for realitetsbehandla asylsaker i månader, UDI, 2014–30. juni 2019.	192
Figur 2.12	Saksbehandlingstid 2013–2018 (tal på dagar)	114	Figur 2.32	Prosentdelen av realitetsbehandla asylsøknader der UDI har gitt løyve, 2014–30. juni 2019.	193
Figur 2.13	Ikkje påtaleavgjorde saker eldre enn tre månader (restansar) 2013–2019	115			

Figur 2.33	Utvikling i talet på ubehandla saker for ulike typer oppholdsaker, UDI, 2014–30. juni 2019. .	194	Figur 2.37	Overføringsflyktninger 2014–30. juni 2019	198
Figur 2.34	Bebuarar i mottak og delen av einslege mindreårige bebuarar per 31. desember i åra 2014–2018 og per 30. juni 2019.	195	Figur 2.38	Behandla og ubehandla asylsaker, UNE, 2014–30. juni 2019	209
Figur 2.35	Tal på mottak og vertskommunar per 31. desember i åra 2014–2018 og per 30. juni 2019.	196	Figur 2.39	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for klager i asylsaker i månader, UNE, 2014–30. juni 2019	210
Figur 2.36	Tal på personar i asylmottak med utreiseplikt per 31. desember i åra 2014–2018 og 30. juni 2019	197	Figur 2.40	Talet på ubehandla oppholdsaker hos UNE fordelt på sakstype, 2014–30.juni 2019	210



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapitler: 61, 400–491

Inntektskapitler: 3400–3490

*Tilråding fra Justis- og beredskapsdepartementet 20. september 2019,
godkjent i statsråd samme dag.
(Regjeringen Solberg)*

Del I
Innleiande del

1 Hovudinnleiing

1.1 Budsjettprioriteringar i 2020

Regjeringas hovudprioriteringar på Justis- og beredskapsdepartementets område samanlikna med saldert budsjett 2019:

	Mill. kroner
Politiet	406,0
Auka politibemanning i 2020, for å nå målet om 2 per 1 000 i 2020	100,4
Heilårseffekt av auka politibemanning i 2019	150,0
Auka handlingsrom i politiet til for eksempel styrking av etterforskning	83,0
Helikopterberedskap for politiet i Nord-Noreg	61,0
Nye system for grense- og territorialkontroll (EES og ETIAS)	9,6
Ny eining for nedkjemping av dyrevelferds kriminalitet («dyrepoliti»)¹	2,0
Kriminalomsorga	77,3
Rehabilitering av Ila fengsel og forvaringsanstalt²	22,0
Forprosjektering av nytt Oslo fengsel³	17,5
Drift Arendal fengsel, avdeling Evje	6,5
Digitalt utstyr til nytt fengsel i Agder	11,4
Sikringsutstyr og vedlikehold mv.	19,9
Digitalisering av straffesakskjeda	43,4
Elektronisk samhandling mellom aktørar i straffesakskjeda – ESAS	30,0
Tilpassing av domstolanes IKT-system knytt til innføring av ny arvelov	8,1
Digitalisering av arbeidet i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	2,8
Automatisering av verjerekneskap	2,5
Kontoret for valdsoffererstatning	3,2
Auka løyving for å redusere saksbehandlingstid	3,2
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)	40,0
Tryggleik i Nødnett	40,0
Redningstenesta	6,0
Etablering av high frequency (HF) -dekning i nordområda	6,0
Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)	25,4
Arbeidet med ny tryggingslov – digitalisering i NSM	20,0

	Mill. kroner
Analyse og avdekking av alvorlege digitale angrep mot infrastruktur (langtidsplan for forsvarssektoren)	5,4
Svalbard	5,0
Forlenge seglingsesong til Sysselmannens fartøy M/S «Polarsyssel» frå 9 til 10 md. i året	5,0
Utlendingsforvaltninga	63,0
Nye system for grense- og territorialkontroll (EES og ETIAS) (UDI)	13,0
Byggje ned restansar og styrke rettstryggleiken i saker om tilbakekall av statsborgarskap (UDI, UNE, domstolane, politiet)	50,0
FoU	17,5
Forskning på IKT-sikkerhet og effektar på teknologiutvikling	12,5
Forskning på førebygging av seksuelle overgrep mot barn	5,0

¹ I tillegg kjem 1 mill. kroner over Landbruks- og matdepartementets budsjett (Matilsynet)

² Inkl. 17 mill. kroner over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett (Statsbygg)

³ Inkl. 15 mill. kroner over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett (Statsbygg)

1.2 Ansvarsområde og organisering

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for institusjonar og ordningar som varetek rettane til enkeltmennesket. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politi- og påtalemakta, redningstenesta og utlendingsmyndigheitene og har samordningsansvar for samfunnstryggleik og truslar mot rikets tryggleik. Ansvar for samordning av norsk politikk i polarområda og svalbardbudsjettet ligg òg til departementet. Samstundes har departementet forvaltningsansvaret for ei stor mengd lover og er klageinstans i mange forvaltningssaker.

Justis- og beredskapsdepartementet har forvaltningsansvar for om lag 150 lover. I tillegg til lovgiving for justissektoren omfattar dette den alminnelege delen av den offentlege retten og store delar av privatretten. «Med lov skal landet vårt byggjast, og ikkje med ulov øydast» heitte det i Frostatingslova. Eit godt lovverk må oppfylle

mange krav. I fortalen til Jyske lov 1241 er dette skildra slik: «Lova skal vere ærleg og rettferdig, toleleg etter landets sedvane, passende og nyttig og så tydeleg at alle kan vite og forstå kva lova seier.» Lovgiving er eit viktig styringsverktøy, og i ein moderne rettsstat må det stillast høge krav også til kvaliteten på lovgivinga.

1.3 Mål for justis- og beredskapssektoren

Departementet vil framleis vie særskild merksemd til særleg tre område der ein kan oppnå gode resultat ved å styrke og effektivisere alle ledd: straffesakskjeda, samfunnstryggleikskjeda og migrasjonskjeda. Regjeringas prioriteringar for 2020 skal bidra til meir effektive kjeder og til god samhandling mellom aktørane i kvar kjede.

Måla for dei tre kjedene blir vidareførte i 2020.

Tabell 1.1 Mål for justis- og beredkapssektoren

Straffesakskjeda	Samfunnstryggleikskjeda	Migrasjonskjeda
reducere alvorleg kriminalitet	reducere sårbarheit i samfunnet	få asylsøkarar utan behov for vern rask retur av personar utan lovleg opphald
styrke førebygginga av kriminalitet	kunnskapsbasert førebygging	få personar med opphald med feil identitet eller på feil grunnlag
ei meir effektiv straffesakskjede	styrke samhandling i beredskap og krisehandtering betre leiing og styrkt kultur for leiing	

1.4 Straffesakskjeda

Politiet og påtalemakta utgjer dei to første ledda i straffesakskjeda. Effektiv førebygging kan redusere talet på saker i seinare ledd i kjeda. Påtalemakta har ansvar for å leie etterforskinga og førebu og føre saker for retten. Spesialeininga for politisaker etterforskar, avgjer påtale og fører for retten saker der tilsette i politiet eller påtalemakta er melde for å ha gjort ei straffbar handling i tene-sta.

Dei alminnelege domstolane har ansvar for å vareta rettstryggleiken ved å avseie dommar og treffe avgjerder i straffesaker innan rimeleg tid og med høg kvalitet. I straffesaker blir det teke avgjerder knytte til spørsmålet om skuld og straff, i tillegg til avgjerder mens politietterforskinga går føre seg. Den rettsmedisinske kommisjon kvalitetssikrar rettsmedisinske erklæringar og utsegner frå sakkunnige i straffesaker. Gjenopptakingskommisjonen er eit uavhengig organ som skal ta stilling til om ein som er domfelt med rettskraftig dom, skal få ny behandling av saka si i retten. Arbeidet til kommisjonen er viktig for rettstryggleiken til enkeltmennesket.


Kriminalomsorga gjennomfører straff etter dom og stiller varetoksplassar til disposisjon for politiet. Straffa skal gjennomførast på ein måte som tek omsyn til formålet med straffa, motverkar nye straffbare handlingar, er tryggande for sam-

funnet og sikrar dei innsette tilfredsstillande forhold innanfor desse rammene.

Konfliktråda tilbyr gjenopprettande prosess i straffesaker der gjerningsperson, fornærma og andre saka gjeld, kan møtast og gjennom dialog komme fram til gode løysingar. Gjenopprettande prosess har til formål å gjenopprette mest mogleg av skaden offeret er påført gjennom den kriminelle handlinga. Gjenopprettande prosess kan nyttast i straffesakskjeda som eigen strafferettsleg reaksjon på påtalestadiet og domsstadiet, som del-dom eller som ledd i ei straffegjennomføring. Konfliktråda er ansvarlege for gjennomføringa av straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging.

Rettane til offer og pårørande skal varetakast gjennom heile kjeda. Valdsoffererstatning blir også gitt når skadevaldaren er ukjend eller ute av stand til å gjere opp for seg.

Ei effektiv straffesakskjede føreset god samhandling mellom verksemdene, gode og effektive arbeidsverktøy og tilstrekkeleg kapasitet i alle ledd. Førebygging og motarbeiding av kriminalitet krev i tillegg innsats frå aktørar utanfor justis-sektoren. Godt samarbeid med andre offentlege verksemder, næringsliv og frivillige organisasjonar er derfor viktig. Eit godt internasjonalt arbeid er òg ein føresetnad for ei effektiv straffesakskjede.



Figur 1.1 Justis- og beredskapsdepartementets underliggende og tilknyttede verksemder i straffesakskjeda

1.4.1 Kriminalitetsutviklinga

Tabell 1.2 Meldingar om lovbrod 2013–2018, etter type lovbrod og med prosentvis auke i perioden


	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring 2013–2018
Seksuallovbrod	4 823	4 780	5 709	7 079	7 986	8 386	74 %
Andre vinningslovbrod	26 791	26 285	28 583	31 064	28 907	30 540	14 %
Vald og mishandling	35 147	34 111	35 003	34 969	36 687	37 461	7 %
Eigedomsskade	18 448	17 639	17 217	17 293	17 474	17 270	–6 %
Andre lovbrod	4 899	5 007	5 018	4 893	4 689	4 445	–9 %
Trafikkbrod	50 383	51 102	48 915	49 032	45 749	44 953	–11 %
Ordens- og integritetskrenking	41 748	41 744	40 134	36 646	35 308	36 307	–13 %
Rusmiddellovbrod	59 436	58 450	55 237	50 293	46 930	45 699	–23 %
Eigedomstjuveri	146 831	132 989	115 643	105 144	94 887	92 866	–37 %
Alle lovbrodskategoriar	388 506	372 107	351 459	336 413	318 617	317 927	–18 %

Tabellen viser endring i talet på meldingar i ulike kategoriar av lovbrod og prosentvis i perioden 2013–2018.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB)

Den registrerte kriminaliteten har gjennom fleire år gått nedover. Talet på lovbrod som vart melde til politiet i 2018, er om lag på same nivå som i 2017, og 18 pst. lågare enn i 2013. Reduksjonen i perioden kjem først og fremst av ein nedgang i melde

eigedomstjuveri og rusmiddellovbrod. Samstundes har den registrerte kriminaliteten innan enkelte alvorlege kriminalitetstypar auka, for eksempel seksuallovbrod mot barn.



Figur 1.2 Tal på meldingar om seksuallovbrot mot barn 2014–2018

Kjelde: Politiets driftsstatistikk (STRASAK)

I dei siste åra er det registrert ein stor auke i internettrelaterte saker der fornærma er under 16 år. Internett har utvikla seg til ei utømmelig kjelde til overgrepsmateriale, og omfanget veks konstant. Avdekking av større sakskompleks i nettovergrepssaker, med fleire hundre fornærma, kan gi store periodiske utslag kva gjeld registrerte seksuallovbrot mot barn.

Seksualllovbrot er ein kriminalitetstype der det tradisjonelt har vore store mørketal og som ein gjennom auka fokus har ynskja å avdekke og straffeforfølge. Ein går ut i frå at politiets auka innsats har bidrege til fleire meldingar, samstundes som at fleire store saker har fått fokus i media og vist fornærma at det nyttar å melde i frå.

Kriminaliteten blir påverka av fleire faktorar. Samferdsel og teknologi skaper ei meir internasjonal verd. Den teknologiske utviklinga fører til at fleire saker rettar seg mot IKT-system, og at IKT blir nytta for å utføre kriminaliteten. Kriminalitetsutviklinga blir òg påverka av demografiske endringar som befolkningsvekst, urbanisering, migrasjon og endringar i befolkningssamansetning. I tillegg blir den registrerte kriminaliteten påverka av kor tilbøyelege folk er til å melde frå til politiet, og av aktiviteten til politiet og andre kontrollatar.

1.4.2 Politiet

Saksavvikling

I 2018 oppnådde politiet svakare resultat innan straffesaksbehandlinga samanlikna med 2017,

både når det gjeld oppklaringsprosent og saksbehandlingstid. Det gjeld også høgt prioriterte saker som alvorlege lovbrøt innan vald, mishandling og seksuallovbrot. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har auka frå 96 dagar i 2017 til 101 dagar i 2018. Talet på komplekse og krevjande saker har auka i 2018, noko også utviklinga i straffesaksbehandlinga viser. Med unntak for økonomi- og arbeidsmiljølovbrot er gjennomsnittleg saksbehandlingstid innan alle kriminalitetstypene lengre for dei oppklarte sakene i 2018 enn i 2017. Sjå programkategori 06.40 for meir detaljert omtale av saksbehandlingstida for ulike sakstypar.

Etter ein auke dei siste to åra, viser tal frå første tertial 2019 at restansane for ikkje påtaleavgjorde saker totalt sett er nedarbeidde med meir enn 3 000 saker sidan nyttår. Per første tertial 2019 hadde politiet 37 644 saker eldre enn tre månader som ikkje var påtaleavgjorde. Oppklaringsprosenten for lovbrøt totalt var 52 pst. i 2018. Dette var noko lågare enn i 2017, då oppklaringsprosenten var 53 pst., men 2 prosentpoeng betre enn i 2013. Det har vore ein auke i oppklaringsprosenten for seksual-, valds- og økonomilovbrot, mens oppklaringsprosenten har felle for dei andre kriminalitetstypene.

Auken i saksbehandlingstid kjem truleg av at ein større del av sakene har blitt meir komplekse og ressurskrevjande, t.d. valds- og seksuallovbrot-saker. Samstundes fører auka krav til kvalitet og rettstryggleik til meir omstendelige og tidkrevjande prosessar under etterforskning av saker. Tida som blir nytta til å etterforske dei fleste sakstypar, har auka, og politiet bruker ein stor del av

dei samla etterforskningsressursane på dei prioriterte kriminalitetstypene. I kapasitetsundersøkinga gjennomført av politiet i 2018 kjem det bl.a. fram at politiet bruker 32,5 pst. av den totale etterforskningskapasiteten på dei mest alvorlege sakskategoriene, sjølv om desse berre utgjer 2,9 pst. av den totale saksporteføljen.

Nærpolitireforma


Endringane i kriminalitetsbiletet krev òg endringar i politiet. Nærpolitireforma har vore ein sentral del av endringsarbeidet og eit nødvendig grep for å få til endringane. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) evaluerer reforma og gir årlege statusrapportar med vurderingar og tilrådingar for korleis reforma bør følgjast opp. Regjeringa vil i melding til Stortinget hausten 2019 leggje fram ein gjennomgang av reforma og korleis regjeringa vil følgje opp anbefalingane frå Difi.

Redusere alvorleg kriminalitet

Den styrkte innsatsen som har ført til at meir av den alvorlege kriminaliteten er avdekt, er ein del av årsaka til auken i registreringa av slik kriminalitet.

Regjeringas arbeid mot vald og overgrep er bl.a. organisert gjennom fleire tverrdepartementale planar, som bl.a. dekkjer alle former for vald i nære relasjonar, inklusiv vald og overgrep i parforhold, vald og overgrep mot barn og dessutan tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Regjeringa har bestemt at det skal utarbeidast ein ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Handlingsplanen skal vareta Noregs forpliktingar i Istanbulkonvensjonen og vil ha ein eigen del om vald og overgrep i samiske samfunn.

Avhøyr av barn og særleg sårbare fornærma og vitne blir som regel gjennomførte ved Statens barnehus som såkalla tilrettelagde avhøyr. Kapasiteten og kompetansen ved Statens barnehus og ved etterforskning av saker om vald og overgrep mot barn er styrkt dei siste åra. Erfaringane med barnehus er gode.



Figur 1.3 Tal på tilrettelagde avhøyr 2013–2018

Kjelde: Politiets driftsstatistikk (STRASAK)

Over nokre år har det vore ein betydeleg auke i talet på tilrettelagde avhøyr, frå 2 650 avhøyr i 2013 til i underkant av 5 600 tilrettelagde avhøyr i 2018. Tilrettelagde avhøyr har hatt ein nedgang på 11,6 pst. samanlikna med 2017. Fleire faktorar kan gi ei moegeleg forklaring på nedgangen. Talet på avhøyr vil mellom anna avhenge av det til ei kvar tid føreliggjande sakstilfanget og konkrete vurderingar i den enkelte sak kor vidt vilkåra for beho-

vet for tilrettelagde avhøyr føreligg. Kapasiteten av etterforskarar, påtalejuristar og avhøyrarar kan vidare påverke politidistrikta si faktiske evne til å gjennomføre tilrettelagde avhøyr.

Prosentdelen av førstegongsavhøyr som er gjennomførte innan fristen hos barnehusa, er stabil. Stadig fleire saker som gjeld ulike former for overgrep som skjer via internett, blir etterforska. Auken i talet på saker over tid, og fleire enkeltsa-

ker med mange utsette barn er ei utfordring både for politidistrikta og for barnehusa. Statens barnehus skal evaluerast i 2019.

Dei sju tverretatlege, samlokaliserte einingane mot arbeidslivskriminalitet (a-krimssenter) bidrar til å styrke arbeidet mot arbeidslivskriminalitet. Politiet, Arbeidstilsynet, NAV og skatteetaten har gjennom felles årsrapport for 2018 vist til eit framleis godt operativt samarbeid mellom etatane, og dei viser til at omfanget av arbeidslivskriminalitet ikkje aukar. Felles styringsmodell for a-krimssentera har bidratt til å knyte etatane i sentera tettare saman. Politiet deltek i tverretatlege samarbeid i distrikt der det ikkje er etablert a-krimssenter.

Bruken av digital teknologi og internettbaserte kommunikasjonssystem i samfunnet har fått store følgjer for korleis kriminaliteten har utvikla seg dei seinare åra. Noreg er eit velstående land som gjer oss til eit attraktivt mål for svindlarar. Innbyggjarane blir utsette for ei rekkje former for IKT-relatert kriminalitet. Nokre grupper, som barn eller eldre, kan være meir sårbare enn andre. Ei kartlegging frå 2018 viser at sjølv om 9 av 10 føler seg trygge på internett, har mange barn og unge negative erfaringar på nett og opplever kriminalitet. Kriminelle brukar ulike framgangsmåtar for å lure enkeltpersonar eller organisasjonar til å overføre pengar eller informasjon til dei på falske premisser. Dette kan for eksempel være toppsjefsvindel eller dating-bedrageri.

Vidare kan programvarer som stel brukardata, kredittkortinformasjon og innloggingsinformasjon frå infiserte datamaskiner skape store problem for både enkeltpersonar og verksemder. Mange mottek e-postar som inneheld skadevare, slik at datamaskina blir infisert. Bedrageri og utpressing på nett er aukande. IKT-relatert kriminalitet kan medføre store økonomiske tap for både bedrifter og enkeltindivid. I tillegg vil bedrifter som blir råka kunne tape tillit og omdømme.

Regjeringas strategi for å styrke evna og kapasiteten politiet har til å motarbeide IKT-relatert kriminalitet har ei brei tilnærming, og omfattar tiltak knytte til politiets organisering, kunnskapsgrunnlag, bruk av ny teknologi og samhandlingsaktivitetar nasjonalt og internasjonalt. Det er lagt grunnlag for sterkare IKT-fagmiljø i politidistrikta, og det blir bygd nasjonal kapasitet gjennom eit nasjonalt cyberkrimssenter (NC3) ved Kripos. På dette senteret blir ressursar og kompetanse samla i ei nasjonal eining for å styrke politiet sitt arbeid med kriminalitet som blir utført på internett eller mot IKT-system. Den nasjonale eininga skal òg bidra til å støtte opp under arbeidet som blir gjort i

dei enkelte politidistrikta. Nasjonalt og internasjonalt samarbeid og meir bruk av teknologi i førebygging, etterforskning og i utviklinga av metodar er sentralt.

Politiet er til stades på nett, og informasjon om trygg nettbruk og ulike former internettrelaterte straffbare forhold er gjort tilgjengeleg. For å sikre ein meir heilskapleg innsats på tvers av sektorar har regjeringa starta arbeidet med ein strategi mot internettrelaterte overgrep mot barn.

Sjå også omtalen under pkt. 1.5 Samfunnstryggleikskjeda, av det førebyggjande arbeidet for digital tryggleik, under ansvarsområda til Nasjonal tryggleiksmyndighet (NSM).

Rammene for førebygging og etterforskning av kriminalitet blir utfordra ved at lovbrøt ofte har internasjonale koplingar. Nettverk opererer nasjonalt og internasjonalt, bruker internett i verksemda si, og transaksjonar går på tvers av landegrensene. Desse faktorane bidrar til å gjere avdekking og etterforskning meir krevjande, og det tek lengre tid. Vidare gir det større behov for internasjonalt politisamarbeid. Politiet opplever ei stadig meir profesjonalisert kriminell verksemd, der nettverk og bakmenn driv i fleire bransjar samstundes. Ein veksande del av den totale kriminaliteten rammar IKT-system eller blir utført via internett. Dette bidrar til større saksmengd og større kompleksitet i sakene og gjer etterforskninga meir tid- og ressurskrevjande.

Det er framleis ei utfordring med mørketal og underrapportering innanfor fleire typar alvorleg kriminalitet, bl.a. innanfor vald og overgrep, økonomisk kriminalitet og IKT-kriminalitet. Ei rekkje studiar viser at mange saker som gjeld vald og overgrep, aldri kjem til politiet eller til andre delar av hjelpeapparatet. Det må framleis arbeidast for å avdekke fleire saker og for å sørge for at offera får nødvendig oppfølging.

Som tabellen under viser, har regjeringa sidan 2013 auka bemanninga i politiet med over 2 800 årsverk, der over 1 650 av desse er politiårsverk. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til politiet med 100,4 mill. kroner i 2020 for å leggje til rette for å tilsetje fleire polititenestepersonar. Med dette budsjettforslaget er regjeringa i rute til å nå målsettinga om ei dekning på 2 polititenestepersonar per 1 000 innbyggjarar på nasjonalt plan innan utgangen av 2020. Forslaget har ein samla heilårsverknad på om lag 200 mill. kroner frå 2021. Regjeringa foreslår å løyve 83 mill. kroner til å styrke politiets driftsbudsjett i distrikta, og dermed for eksempel mogleggjere ei styrking av etterforskningskapasitet.

Tabell 1.3 Bemanningsutvikling i politiet

Distrikt/særorgan	Endring 31.12.2013–31.03.2019			
	Politi	Juristar	Sivile	Sum alle
Oslo pd	359	51	10	420
Øst pd	187	32	54	272
Innlandet pd	118	2	8	129
Sør-Øst pd	79	10	-23	66
Agder pd	71	8	7	87
Sør-Vest pd	199	10	19	227
Vest pd	90	21	-10	101
Møre og Romsdal pd	81	6	-17	70
Trøndelag pd	112	10	15	137
Nordland pd	57	8	-19	46
Troms pd	71	5	15	91
Finnmark pd	46	1	30	76
Sum pd	1 469	164	89	1 721
Grensekommisariatet	0	0	0	0
NID	0	0	7	7
KRIPOS	77	5	34	117
Politihøgskolen kap. 442	-8	-1	32	23
Økokrim	13	-2	4	15
Utrykningspolitiet	-13	1	23	12
Politiets fellestjenester (PFT)	3	0	238	241
Politiets IKT-tjenester (PIT)	8	0	288	296
Politiets utlendingsenhet	67	13	174	254
Namsfogden i Oslo (til Oslo pd fra 1.4.2017)	–	–	-113	-113
Politidirektoratet	24	-7	106	123
PST (DSE)	37	3	95	135
Sum POD, særorgan, PST mm.	209	13	892	1 114
Sum	1 679	176	981	2 835

Tabellen viser utviklinga i bemanninga i politiet frå desember 2013 t.o.m. mars 2019, fordelt på stillingskategoriane politi, juristar og sivile. Sjå Del III for fullstendig tabell med status per desember 2013 og mars 2019.

Kjelde: Politidirektoratet

For å styrke den forskningsbaserte kunnskapen rundt temaet forebygging av seksuelle overgrep mot barn, vil det bli satt av 5 mill. kroner. Midlane skal lysast ut og skal omfatte fleire ulike fagområde, jf. omtale under programkategori 06.10.

Regjeringa vil i 2020 leggje til rette for at Rettsgenetisk senter ved Universitetet i Tromsø (RGS) skal kunne utføre DNA-analyser til bruk i strafferechtspleia, i tillegg til avdeling for rettsmedisinske fag ved Oslo universitetssjukehus (OUS). Etable-

ringa vil bl.a. sikre nok kapasitet innan DNA-analyse for etterforskinga til politiet i framtida. Etableringa inneber utgifter for tilpassing av IKT-systema til politiet i 2020.

Førebyggje kriminalitet blant barn og unge

Analysane til politiet har gjennom fleire år vist ein nedgang i den registrerte kriminaliteten blant barn og unge, før det i 2016 og 2017 var ein auke. I 2018 har det vore ein svak nedgang i den registrerte kriminaliteten blant barn under 15 år samanlikna med i 2017, mens nivået er stabilt for dei mellom 15 og 17 år.

I Oslo er politiinnsatsen styrkt i utsette område for å følgje opp unge i risikosona og forhindre rekruttering til miljø som driv med kriminalitet. Innsatsen skal bidra til å halde oppe den styrkte førebyggjande innsatsen frå politiet gjennom at politiet er sterkare til stades i utsette område, tettare oppfølging av unge i risikosona og sterkare samarbeid mellom politiet og dei andre aktørane i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet. Satsinga i Oslo blir vidareført i 2020.

Nokre barn og unge blir registrerte for kriminalitet gjentekne gonger. Nokre få av desse sluttar ikkje med kriminalitet og står for ein stor del av den totale kriminaliteten blant unge. Enkelte er òg sårbare for å bli rekrutterte til kriminelle gjengmiljø. Dei har ofte samansette utfordringar, noko som krev samarbeid mellom ulike offentlege instansar. Det er framleis behov for å vidareutvikle strategiar og tiltak for å førebyggje kriminalitet blant unge gjengangarar.

Det er over tid lagt ned betydeleg innsats i nedkjempinga av dei kriminelle nettverka i Noreg. Regjeringa er oppteken av å oppretthalde innsatsen.

Utfordringar knytte til kriminelle nettverk og gjengar er størst på det sentrale austlandsområdet, men utfordringane treffer også andre politi-

distrikt. Politidirektoratet og Riksadvokaten sette i 2019 i verk ein nasjonal operasjon mot kriminelle nettverk i Noreg. Operasjonen vil bidra til å betre, styrke og koordinere den eksisterande innsatsen på området og vil involvere særorgana og alle politidistrikta.


I statsbudsjettet for 2019 vart det løyvd særskilde midlar til ein styrkt politiinnsats mot ungdomskriminalitet og gjengkriminalitet. Det er foreslått å vidareføre løyvinga i 2020.

Einingar for nedkjemping av dyrevelferdskriminalitet («dyrepoliti»)

For å hindre mishandling av dyr frå menneske, og sikre at kriminaliteten mot dyr ikkje utviklar seg til ny kriminalitet, har regjeringa no etablert totalt fem einingar for nedkjemping av dyrevelferdskriminalitet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til politiet med 2 mill. kroner i 2020 for å etablere ei ny eining for nedkjemping av dyrevelferdskriminalitet i Troms politidistrikt. Regjeringa foreslår også å løyve 1 mill. kroner over Mattilsynets budsjett til formålet.

1.4.3 Saksavvikling i domstolane


Gjennomsnittleg saksbehandlingstid og talet på domstolar som er utanfor eitt eller fleire av Stortingets mål, har vore relativt stabilt over fleire år. Talet på innkomne saker til tingrettane har gått ned dei siste to åra, og dette er ei ny utvikling. Talet på innkomne saker steig i perioden frå 2010 til 2016. Det er for tidleg å seie om nedgangen i innkomne saker er uttrykk for årleg variasjon eller ein meir langvarig trend. Ifølgje Domstoladministrasjonen har både sivile saker og straffesaker blitt meir komplekse og omfattande. Høgsterett framhevar at rettskjeldebiletet stadig blir meir komplekst og internasjonalt.



Figur 1.4 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tingrettane (2014–2018)

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i meddomsrettssaker i tingrettane gjekk ned i 2018, men oversteig Stortingets mål på 3 md. I underkant av halvparten av tingrettane var utanfor målsetjinga om saksbehandlingstid på 3 md., om lag uendra

frå 2017. Tingrettane avvikla nokre fleire saker enn det kom inn i 2018, og dette bidrog til ein liten reduksjon i behaldninga av meddomsrettssaker samanlikna med året før.



Figur 1.5 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i lagmannsrettane (2014–2018)

Ingen av lagmannsrettane nådde Stortingets mål for ankar over dom i straffesaker. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker i lagmannsrettane gjekk noko ned i 2018 etter ein auke i saksbehandlingstida i straffeankane fram til 2017.

Regjeringa har dei siste åra sett i verk mange tiltak for å sikre gode og effektive domstolar, bl.a. lovprosessar, digitalisering og endring av organi-

sering. Regjeringa har òg sett ned Domstolkommisjonen.

Regjeringa har starta delar av straffeprosesslov-arbeidet. I statsråd 21. juni 2019 vart Stortingets vedtak til lov om endringer i straffeprosessloven mv. (ankesiling m.m.) sanksjonert, sjå Prop. 53 L (2018–2019). Lovendringa medfører at òg ankar i dei mest alvorlege straffesakene skal takast med i dagens silingsordning og behandlast på same

måte som straffesaker med lågare strafferamme. Grunnen er at arbeidet til lagmannsrettane bør konsentrerast om saker der det er mogleg at full ny behandling vil føre til eit anna resultat. Forslaget vil effektivisere ankebehandlinga og redusere saksbehandlingstidene.

Regjeringa moderniserer domstolane gjennom utvikling av nye digitale arbeidsmåtar i domstolane og digital kommunikasjon med publikum og andre aktørar i straffesakskjeda. Domstolane går gjennom eit digitalt skifte, bl.a. synleggjort gjennom prosjektet Digitale domstolar. Dette vil føre til ei vesentleg effektivisering av domstolane og bidra til å redusere saksbehandlingstida. Arbeidet er viktig for å oppretthalde høg kvalitet i saksbehandlinga til domstolane, noko som igjen er viktig for at befolkninga skal ha tillit til domstolane. Samfunnet forventar digitale arbeidsmåtar og tenester i møte med offentlege verksemder. Prosjektet Digitale domstolar strekkjer seg over totalt seks år, til 2022.


Prosjektet Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS) har i løpet av 2017 og 2018 etablert ein effektiv, sikker og robust digital felleskomponent for utveksling av data (Justishub) innan straffesakskjeda. Regjeringa foreslår løyve 30 mill. kroner i 2020 til særleg å kople fleire sentrale verksemder i straffesakskjeda på Justishub og å utvikle nye løysingar som gjer det mogleg å utveksle strukturert informasjon mellom fagsystem for eit utval av arbeidsprosessar.

I Oslo tingrett har det over tre år blitt gjennomført eit hurtigspor i saker der det er stor fare for at tiltalte unnlèt seg straffeforfølgning, og bevisbiletet er klart. Ein evalueringsrapport frå juni 2018 viser at prosjektet er vellukka, ved at det fører til raskare dømning og gjennomføring av straff eller utvising. Regjeringa vil forlenge prosjektet vidare i 2020.

Det er stor variasjon i saksinngangen, ikkje berre mellom domstolane, men også i éin og same domstol frå eitt år til eit anna. Det er krevjande å tilpasse kapasiteten til såpass store endringar i saksmengda med ein lite fleksibel og sårbar domstolsstruktur. Dagens domstolsstruktur er til hinder for å oppnå at ressursane i domstolane blir effektivt utnytta. Mange av tingrettane i landet har lita saksmengd og få tilsette. Domstolkommisjonen si delutgreiing om struktur vart levert 1. oktober 2019.

Frå 1. januar 2019 vart fire tingrettar slått saman til éin tingrett, Vestfold tingrett, etter eit lokalt initiativ. Våren 2019 inngjekk Fredrikstad tingrett, Halden tingrett, Sarpsborg tingrett og Moss tingrett på tilsvarande måte ei intensjonserklæring om å slå seg saman til éin tingrett. Det same gjorde Nedre Romerike tingrett og Øvre Romerike tingrett. Forslag om samanslåing i Østfold og på Romerike har vore på høyring. Det blir teke sikte på å gjennomføre samanslåinga i løpet av 2020/2021.

1.4.4 Gjennomføring av straff og varetekt



Figur 1.6 Utvikling i soningskøen for vilkårslause dommar, 2013–2019

I 2013 var soningskøen på over 1 200 dommar. Regjeringa har etablert nye soningsplassar, og dette har hatt god effekt. Per september 2019 var soningskøen på 485 dommar. I forbindelse med nedlegging av om lag 250 fengselsplassar med lågare tryggningsnivå i fyrste halvår 2019 blei innsette overført til andre fengsel. Dette førte til ein mellombels auke i soningskøen. Soningskøen er no på veg nedover. Regjeringa følgjer nøye med på kapasiteten i kriminalomsorga og utviklinga i soningskøen.

Ei viktig årsak til nedgangen er at Noreg leigde fengselsplassar i Nederland frå 2015 til 2018. Samstundes har regjeringa arbeidd for å auke kapasiteten i Noreg, bl.a. med nytt fengsel i Agder, som skal opnast medio 2020. Regjeringa har òg auka kapasiteten på straffegjennomføring med elektronisk kontroll (fotlenkesoning) med 255 plassar til 500 plassar, slik at fleire domfelte kan behalde bustad og arbeid under soninga.

Dei to siste åra har vi sett ein reduksjon i talet på innsetjingar i varetekt og talet på dommar til kriminalomsorga. Nedgangen i vilkårslause dommar og innsettingar i varetekt har òg medverka til å redusere soningskøen.

Kapasiteten i kriminalomsorga må tilpassast endringane i kriminalitetsbiletet. Samstundes som det har vore ein nedgang i talet på innsette i fengsel, blir det gjennomført lengre straffer, og domsinnsette sit lenger i fengsel enn tidlegare. Dette kjem både som følgje av at det samla talet på dømde som får kortare straffer, har gått ned, at dei som er dømde til kortare dommar, oftare får gjennomføre straffa si med elektronisk kontroll, samstundes som utviklinga peikar på meir alvorlege lovbrøt. Denne kriminalitetsutviklinga tilseier at det er større behov for fengselsplassar med høgare tryggningsnivå, og mindre behov for fengselsplassar med lågare tryggningsnivå. For å utnytte ressursane på ein mest mogleg effektiv måte har det vore nødvendig å leggje ned fengselsplassar det ikkje er bruk for.

Kapasitetsutnyttinga i fengsla var høg i perioden 2013–2016. Dette var nødvendig for å redusere soningskøen. I 2018 og første halvår i 2019 har den gjennomsnittlege kapasitetsutnyttinga i fengsla vore i underkant av 90 pst. Kriminalomsorga tilrår kapasitetsutnytting på 90 pst., bl.a. av omsyn til at ein skal kunne stille varetektsplassar til disposisjon for politiet ved behov.

Fengsla har eit omfattande vedlikehaldsetterlep. Dette har vore ei utfordring i fleire år. I ein porteføljeanalyse utført av Multiconsult på oppdrag frå Statsbygg i 2016 er behovet for vedlikehald berekna til å krevje investeringar på om lag

3,8 mrd. kroner. I perioden 2013–2018 er det gjort vedlikehald av fengsla for totalt om lag 1,18 mrd. kroner. Det er likevel framleis behov for ekstraordinært vedlikehald. I 2020 vil regjeringa derfor prioritere vedlikehald og rehabilitering av fengselsbygg. Regjeringa vil særskilt prioritere å oppretthalde viktig kapasitet for bl.a. forvaring og varetekt.

Det er eit kritisk vedlikehaldsetterlep ved Ila fengsel og forvaringsanstalt, som bl.a. har størstedelen av plassar for forvaring. Regjeringa foreslår å løyve 22 mill. kroner for å byrje arbeidet med å rehabiliterare Ila fengsel og forvaringsanstalt i 2020. Kostnads- og styringsramma for prosjektet er høvesvis 353 og 302 mill. kroner, ekskl. inventar og brukarutstyr.

Situasjonen er òg kritisk for Oslo fengsel, som er viktig av omsyn til varetektskapasiteten for politiet i Oslo og det sentrale austlandsområdet. Oslo fengsel er eit av fengsla på Austlandet med størst vedlikehaldsbehov og er samstundes svært viktig for å dekke behovet for varetektskapasitet i Osloområdet. Det er gjennomført ei konseptvalutgreiing (KVU) for ny løysing for Oslo fengsel, som er kvalitetssikra. Regjeringa har teke stilling til konsept for ny løysing og arbeider vidare med det valde konseptet. Regjeringa foreslår å løyve 17,5 mill. kroner i 2020 til planlegging og forprosjektering av nytt Oslo fengsel.

Eit overordna mål er å redusere tilbakefallet til ny kriminalitet og at fleire domfelte går tilbake til utdanning og arbeid etter gjennomført straff. For å hindre tilbakefall vil regjeringa arbeide for meir rehabiliterande straffegjennomføring med større vekt på innhaldet i soninga. Eit viktig tiltak for å betre kvaliteten i kriminalomsorga har vore å auke bruken av straffegjennomføring med elektronisk kontroll. Kapasiteten er auka med 255 plassar i løpet av regjeringsperioden og utgjer i dag om lag 500 plassar. Ordninga gjer det mogleg for domfelte å behalde bustad og arbeid under straffegjennomføringa, og er difor eit viktig verkemiddel i utslusinga av domfelte til samfunnet. Regjeringa har òg prioritert å forbetre innhaldet i soninga gjennom nye moderne fengselsbygg.

Regjeringa byggjer ut kapasiteten i kriminalomsorga og avviklar samstundes enkelte fengsel som er lite eigna for fellesskap blant dei innsette. Ny kapasitet med meir moderne fengselsbygg vil gi fleire innsette tilbod om fellesskap. Dei nye fengselsbygga er òg godt eigna for arbeidsdrift, skule og helseteneste. Dette gjeld dei nye avdelingane ved Ullersmo fengsel og Indre Østfold fengsel, Eidsberg avdeling, og Agder fengsel som vil stå klart i 2020. Desse fengsla skal etter kvart

sikre eit aktivitetstilbod til alle innsette. Som nemnd over foreslår regjeringa å starte forprosjektering av nytt Oslo fengsel. Dette er eit viktig tiltak for å betre soningsforholda for innsette.

Domfelte har aktivitets- eller arbeidsplikt, og kriminalomsorga skal leggje til rette for aktivitetar tilpassa behova til dei innsette. Sjølv om delen av innsette som har eit aktivitetstilbod har auka, har enkelte grupper av innsette særskilde behov for aktivisering som er tilpassa utfordringane deira. Regjeringa har dei siste åra sett i verk fleire tiltak for å betre soningsforholda for innsette med rusproblem og psykisk sjuke innsette. Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) har i 2019 utarbeidd ein tiltaksplan mot isolasjon i kriminalomsorga.

Straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging blir nytta i alle politidistrikta. Konfliktråda har kvart år motteke fleire saker der ungdom er dømde til eller pålagde ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging, og auken frå 2017 til 2018 er på 25 pst. Delen ungdom som fullfører ungdomsstraff og ungdomsoppfølging er aukande. Vi ser derimot òg at tilbakefallsprosenten stig. For å betre kvaliteten i gjennomføringa av ungdomsreaksjonane er det sett i verk ei rekkje tiltak i konfliktråda, bl.a. tiltak for å redusere tida frå ungdommen gjer eit lovbrøt, til straffegjennomføringa startar. Dette arbeidet vil halde fram. Departementet vurderer endringar i konfliktråd-slova for å forbetre kvaliteten i gjennomføringa ytterlegare med tanke på å førebyggje ny kriminalitet og hjelpe ungdommen til eit betre liv.

1.4.5 Offeromsorg

I 2018 behandla Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) om lag 10 pst. færre søknader om valdsoffererstatning enn året før. Samstundes har saksbehandlingstida ved kontoret blitt lengre. Dette har resultert i at behaldninga av ubehandla saker auka i 2018. I 2018 har det vore fleire seksuallovbrøt mot barn. Desse sakstypene er omfatta av ordninga, og auken legg press på valdsoffererstatningsordninga.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Kontoret for valdsoffererstatning med 3,2 mill. kroner, for å bidra til å snu den negative utviklinga i restansebehaldning og saksbehandlingstid.

1.5 Samfunnstryggleikskjeda

Samfunnstryggleik er evna samfunnet har til å verne seg mot og handtere hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar, og som set

liv og helse i fare. For å sikre ei systematisk tilnærming ser regjeringa arbeidet med samfunnstryggleik som ei kjede. Systematisk kunnskapsutvikling som grunnlag for førebyggjande tiltak skal bidra til færre hendingar og eit betre beredskapsarbeid. God beredskap set ansvarlege aktørar i stand til å handtere hendingar og rette opp att samfunnsfunksjonane raskt ved eventuelle hendingar. I alle ledd av kjeda er kontinuerleg læring, forbedring og tilpassing til endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet ein føresetnad for å lukkast.

Samfunnstryggleikskjeda er kjenneteikna av mange aktørar som tek hand om ulike delar av arbeidet, både offentlege aktørar på ulike forvaltningsnivå og private og frivillige organisasjonar. Godt samfunnstryggleiksarbeid stiller høge krav til samordning på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, og til godt samarbeid med private og frivillige aktørar. Samfunnstryggleiken blir påverka av utviklinga i Noreg, men i stor grad òg av globale utviklingstrekk. Digitale sårbarheiter, IKT-kriminalitet, ein endra tryggingsspolitisk situasjon og eit større tal terroranslag internasjonalt er døme på globale utfordringar som òg påverkar Noreg og norsk tryggleik.

Ein viktig føresetnad for god samfunnstryggleik er å ha forståing for dei særskilde utfordringane arbeidet inneber. God samfunnstryggleik handlar om å arbeide systematisk med moglege hendingar som det er usikkert om nokon gong vil inntreffe. Ein årvaken og risikoerkjennande kultur er avgjerande for å lukkast. Dette gjeld generelt, men er særskilt viktig når det gjeld digital tryggleik. Digitaliseringa av samfunnet skaper avhengnader og sårbarheiter som går på tvers av sektorar, ansvarsområde og landegrensar. Dette krev høg kompetanse, systematisk arbeid og samarbeid mellom aktørane i dei digitale kjedene.

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for hovudtyngda av dei sivile rednings- og beredskapsressursane i Noreg. Departementet har ei samordningsrolle og eit pådrivaransvar for samfunnstryggleik i sivil sektor, jf. *Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet* (samfunnstryggleiksinstruksen) fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017. Dette inneber å sikre eit koordinert og ein-skapleg arbeid med samfunnstryggleik på tvers av sektorgrensene. Justis- og beredskapsdepartementet har òg ansvar for administrativ koordinering av redningstenesta, jf. *Organisasjonsplan for redningstjenesten*, som vart fastsett ved kgl.res. 19. juni 2015.

Dei siste åra har utfordringsbiletet endra seg betydeleg og raskt på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Klimaendringar, sårbarheit knytt til teknologi, helseutfordringar, migrasjon, terror, tryggingpolitiske utfordringar og hybride hendingar er døme på slike utfordringar.

Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn* er regjeringas strategi for samfunnstryggleik i eit fireårsperspektiv. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei ny stortingsmelding om samfunnstryggleik våren 2020.

1.5.1 Internasjonalt samarbeid

NATO set i dag tryggleiken og funksjonsevna til sivilsamfunnet høgt på dagsordenen. Sivil beredskap, krisehandtering og robuste samfunnskritiske funksjonar er ein føresetnad for samla beredskap og forsvar i kvart enkelt land og dermed for alliansen som heilskap. Totalforsvarskonseptet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom sivil og militær side for å førebyggje, planleggje for og handtere kriser, væpna konflikt og krig. Regjeringa etablerte i 2016 Totalforsvarsprogrammet, eit program for å vidareutvikle totalforsvaret og auke motstandsdyktigheita i samfunnskritiske funksjonar. Gjennom den store NATO-øvinga Trident Juncture i 2018 vart sentrale delar av Totalforsvarssystemet testa. Øvinga var totalt sett ein suksess og viste god evne til mottak av allierte forsterkingar. Øvinga styrkte samhandlinga mellom aktørane i Totalforsvaret og peika på nokre viktige forbettringspunkt.

Noreg må som ein del av eit Europa i endring aktivt støtte opp under at bl.a. EU framleis prioriterer å sikre eit høgt tryggleiksnivå, samstundes som dei grunnleggjande rettane til enkeltpersonar blir varetekne.

Som ein del av EUs integrerte grenseforvaltning (Integrated Border Management – IBM), er det eit krav at alle Schengen-landa, inkludert Noreg, etablerer eit nytt felleseuropeisk elektronisk inn- og utreisesystem (Entry/Exit System – EES) og eit system for å søke om framreiseløyve for tredjelandsborgarar (borgarar utanfor Schengen-området) som er unnatekne frå visumplikt (European Travel Information and Authorisation System – ETIAS). EU har sett i verk tiltaka på bakgrunn av behovet for å møte veksande truslar mot indre tryggleik i Schengen og utfordringar knytte til veksande migrasjon. Innføring av systema utgjer sentrale tiltak for å hindre ulovleg migrasjon til Schengen-området og vil også bidra i kampen mot ID-misbruk, terrorisme og annan alvorleg, grenseoverskridande kriminalitet. Systemet

er planlagt å vere i drift frå 2020/2021 og vil bidra til ein meir effektiv og sikker yttergrensekontroll. Regjeringa foreslår å løyve 22,6 mill. kroner til arbeidet med grense- og territorialkontroll i 2020, fordelt med 9,6 mill. kroner under politiet og 13 mill. kroner under UDI.

1.5.2 Beredskap mot dei mest alvorlege truslane mot Noregs tryggleik

Den tryggingpolitiske situasjonen i Europa er meir kompleks, og truslane mindre føreseielege enn tidlegare. Noreg må ha beredskap mot og må handtere truslar frå både statlege og ikkje-statlege aktørar, både i det fysiske og i det digitale rommet.

Forholdet mellom stormaktene er òg viktig for Noreg. Meir øving og trening med militære styrkar i Noregs nærleik er eit døme på utviklinga. Etterretningstenester i framande land viser at dei har både evne og vilje til å bruke tilgjengelege middel mot nabolanda sine for å fremme egne interesser.

Aktivitet frå statlege aktørar som kan utgjere ein trussel mot norsk tryggleik, omfattar både tradisjonell etterretning, økonomiske verkemiddel, påverknad og oppkjøp. Metodar som blir nytta, er bl.a. nettverksoperasjonar, kartlegging og rekruttering av innsidarar. PST vurderer i si nasjonale trusselvurdering (*NTV 2019*) at etterretningsteneene i fleire land vil forsøke å rekruttere kjelder og kartleggje personar og verksemdar i Noreg i 2019. Formålet vil vere å skaffe sensitiv informasjon og påverke avgjerder.

I revidert nasjonalbudsjett for 2019 vart det løyvd 162 mill. kroner for å styrke PSTs evne til å innhente informasjon i det digitale rommet. Regjeringa foreslår å løyve 84 mill. kroner til formålet i 2020.

Fleire europeiske land er utsette for alvorlege terrortruslar. Terrorangrepet mot ein moské i Bærum 10. august 2019 viser betydninga av å arbeide kontinuerleg med beredskap mot terror og ekstremisme. Sommaren 2019 skjerpa PST vurderingane knytte til høgreekstreme miljø. Politiets handtering av terrorangrepet i august blir no utreda for å gi nødvendige erfaringar. PST vurderer at ein vekst i innvandrings- og islamfiendtelege grupper i dei norske høgreekstreme miljøa vil vere ei utfordring det kommande året. Personar og grupper som er inspirerte av ekstrem islamistisk ideologi, utgjer ifølgje PSTs trusselvurdering for 2019 framleis den mest alvorlege terrortrusselen mot Noreg.

Sentralisert etterforskning av framandkrigarar har vore eit vellukka tiltak i PSTs kontraterrorarbeid, noko som har medverka til at Noreg er blant dei mest offensive landa i Europa når det gjeld etterforskning av framandkrigarar. Dette har også hatt positiv effekt på den nasjonale radikaliserings situasjonen. I 2019 blir mange framandkrigarar og andre terrordømde lauslatne frå fengsel i Europa. Etter fullført soning skal desse personane reintegrerast i samfunnet. Kapasiteten og intensjonane deira kan utgjere ein tryggleiksrisiko. Det er framleis norske borgarar i både Syria og Irak, og det er ikkje avklart om dei vil returnere til Noreg. Eit tett samarbeid mellom PST, lokalt politi, kriminalomsorg, kommunar og sivilsamfunnet er sentralt både i førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme og når det gjeld reintegrering av personar som har sona dom for terrorrelatert verksemd.

Samlokalisering av nødmeldings- og operasjonssentralane til politiet og brannvesenet er ein del av politireforma og er viktig for effektiv samhandling og rask hjelp. Samlokalisering av politiets operasjonssentralar og brann- og redningsvesenets 110-sentraler er gjennomført i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Øst og Sør-Øst. Samlokalisering av politiets operasjonssentral, brann- og redningsvesenets 110-sentral, og AMK-sentralen er gjennomført i Nordland politidistrikt. Erfaringane frå dei samlokaliserte sentralane er positive.

Politiets innbyggjarundersøking 2018 viser at 92 pst. av Noregs befolkning føler seg trygge der dei bur og ferdast. Resultatet for 2018 viser at politiet nasjonalt svarte på meir enn 95 pst. av alle førespurnader til politiet på nødnummer 112 innan 20 sekund, og dermed nådde resultatkravet. Frå og med 2015 vart det sett nye resultatkrav til responstid. Samanlikna med 2015, er responstida per første tertial 2019 om lag uendra. Politiet innfrir responstidkrava for område som har mellom 2 000 og 20 000 innbyggjarar. I område med meir enn 20 000 innbyggjarar er responstida om lag ett minutt svakare enn kravet. Det same gjeld område med mindre enn 2 000 innbyggjarar.

Politiet behandlar store mengder sensitiv informasjon og utøver viktige oppgåver i samfunnet. God informasjonstryggleik er ein føresetnad for å gjennomføre desse oppgåvene på ein effektiv og sikker måte. Riksrevisjonen har tidlegare påpeika manglar ved informasjonstryggleiken i politiet (Dok. 1 (2012–2013) og Dok. 1 (2013–2014)) og kritisert Justis- og beredskapsdepartementet for utilstrekkeleg oppfølging av manglane. Riksrevisjonen har i 2018/2019 gjennomført ein

ny revisjon av korleis politiet sikrar seg mot dataangrep.

Sjølv om det er løyvd betydelege midlar for å styrke IKT-arbeid i politiet dei siste åra, har politiet framleis eit investeringsetterslep på området, og infrastrukturuområdet blir vurdert som det mest kritiske. Justis- og beredskapsdepartementet vil halde fram med å følgje opp korleis politiet arbeider med å sikre seg mot dataangrep.

Regjeringa signerte i desember 2013 kontrakt med AgustaWestland (no Leonardo SPA) om levering av 16 nye redningshelikopter med opsjon på ytterlegare seks helikopter av typen AW101. Dei nye helikoptera vil ha langt betre rekkjevidd, større fart og betre evne til å operere i dårleg vær enn dagens Sea King-helikopter. Alle dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift i løpet av første halvår 2022. Ein tek sikte på å setje dei første helikoptera i drift første halvår 2020.

Regjeringa har styrka helikopterberedskapen i politiet. Det er i 2019 levert to nye politihelikopter, til erstatning for dei gamle politihelikoptera. Eit tredje helikopter blir levert i løpet av hausten 2019. Dei nye helikoptera har tilstrekkeleg transportkapasitet og vil fungere som eldstøtte- og innsettingsplattform og styrke innsatsevna til politiet i heile Sør-Noreg. Dei vil også kunne plasserast andre stader i Noreg ved behov. Frå 2020 vil dei være stasjonerte på Politiets nasjonale beredskapssenter saman med beredskapstroppen.

Forsvarets Bell 412-helikopter står i dag på Bardufoss med éin times beredskap for politiet. Regjeringa anbefalte i Prop. 151 S (2015–2016) *Kampkraft og bærekraft – Langtidsplan for Forsvaret* å samle Bell 412-helikoptera på Rygge som særskild helikopterkapasitet for spesialstyrkane. For å sikre at beredskapen for politiet er vareteken i Nord-Noreg foreslår regjeringa å setje i verk ei mellombels løysing for politiberedskapen i Nord-Noreg gjennom innleige av sivil helikopterberedskap. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til politiet med 50 mill. kroner i 2020 til drift av den nye løysinga. I tillegg blir det foreslått å overføre 11 mill. kroner frå kap. 1733, post 01 under Forsvarsdepartementets budsjett til formålet.

For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg tek ein sikte på å opprette ein ny redningshelikopterbase i Tromsø basert på sivil innleige. Justis- og beredskapsdepartementet vil setje i gang ein konkurranse og hente inn anbod. Det blir foreslått at denne basen også leggjast til rette for å dekkje det spesielle behovet til politiet og at dette inkluderer dagens beredskap på ein time. Det vil på sikt bli vurdert om det er hensiktsmessig å gå over til Forsvaret som operatør av basen.

Ei slik vurdering vil først kunne gjerast når ein har tilstrekkeleg erfaring med drift med nye helikopter. Det tas sikte på at den nye redningshelikopterbasen setjast i drift i løpet av 2022.

Sivilforsvaret er statens forsterkningsressurs og gir støtte til nød- og beredskapssetatane i heile krisespekteret. I 2019 har Sivilforsvaret bl.a. bidratt i samband med rasfare ved Lillemannen i Møre og Romsdal og ras i Jølster. Per august 2019 er mange av innsatstimane så langt i år knytte til redningsaksjonen i samband med cruiseskipet «Viking Sky» og skogbrann i Rogaland.

Norsk redningsteneste er organisert som eit samvirke mellom ei rekkje offentlege, frivillige og private aktørar. Redningstenesta er ein nasjonal dugnad, og hovudredningssentralane (HRS) i Nord-Noreg (HRS NN) eller Sør-Noreg (HRS SN) leier og koordinerer alle typar redningsaksjonar. Luft- og sjøredningsaksjonar er det i hovudsak HRS som organiserer, leier og koordinerer. HRS delegerer som oftast leiinga og koordineringa av landredningsaksjonar til den lokale redningssentralen (LRS). Talet på hendingar som er registrerte ved HRS, har meir enn dobla seg dei siste ti åra.

For å styrke beredskapen og ivareta Noregs redningsansvar foreslår regjeringa å løyve 6 mill. kroner til å etablere ein forbetra high-frequency-dekning (HF-dekning) i nordområda, inkludert Svalbard. Når dekninga er på plass, vil HRS og kystradiostasjonane kunne ha tovegs-talekommunikasjon med nødstedte og redningsressursar i området, noko som er avgjerande for en effektiv redningsinnsats. Arbeidet vil starte opp i 2020.

Den frivillige innsatsen er svært viktig for regjeringas mål om å sørge for trygg beredskap for samfunnet. Å vidareføre samarbeidet med dei frivillige organisasjonane er viktig for regjeringa.

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Nettet gir nød- og beredskapsaktørar høve til avlyttingssikra og effektiv kommunikasjon i grupper. Nødnett har ein berekna dekningsgrad på 86 pst. av landarealet og nær 100 pst. av befolkninga. Dette er i tråd med Stortingets forventning, jf. Innst. 371 S (2010–2011). Det er om lag 62 000 radioterminalar aktivert for bruk av Nødnett i heile landet, og stadig fleire organisasjonar bruker Nødnett. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), som forvaltar statens eigarskap til Nødnett, gjennomfører tiltak knytte til digitale sårbarheiter og IKT-tryggleik i samband med Nødnett.

Etter tilsyn frå Nasjonalt tryggingssystem (NSM) i 2017 vart det avdekt avvik frå tryggingssystemet i Nødnett. DSB arbeider med å lukke avvik.

Justis- og beredskapsdepartementet følgjer opp saka i styringa av DSB. Regjeringa vidarefører arbeidet med forsterka sikring av skjermingsverdige objekt i Nødnett i 2020.

Det er behov for fleire midlar til tryggleikstiltak og logisk sikring i nødnettssystemet og styrkt evne til å førebyggje, oppdage og handtere tryggleikshendingar. Regjeringa foreslår å løyve 40 mill. kroner til slike tiltak.

Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett t.o.m. 2026, med ein garanti for at nettet kan driftas vidare i ytterlegare fem år. Regjeringa er i gang med ei konseptvalutering om korleis ei framtidig løysing i kommersielle mobilnett kan og bør realiserast, og ei vurdering av overgangen frå dagens Nødnett.

1.5.3 Ny lov om nasjonal tryggleik

Nasjonal tryggleik er dei tryggleiksinteressene som er omfatta av den nye tryggingssystemet. Den nye tryggingssystemet vart sett i verk 1. januar 2019. Hovudformålet med lova er å trygge *dei nasjonale tryggleiksinteressene* våre gjennom å førebyggje, avdekke og motverke verksemd som truar tryggleiken. Det nye regelverket har ei avgrensa utviding av verkeområdet samanlikna med tidlegare regelverk, som berre hadde statstryggleiksområdet som verkeområde. Verkeområdet til den nye lova blir definert som nasjonal tryggleik, og skal i samsvar med forarbeida til lova forståast som statstryggleiksområdet og ein snever del av samfunnstryggleiksområdet.

Den nye lova er bl.a. betre tilpassa samfunnsutviklinga, der ein stor del av dei kritiske funksjonane i samfunnet er digital infrastruktur og er eigde og drivne av private aktørar. I 2019 er det gjort mykje arbeid med implementeringa av lova, bl.a. gjennom utarbeiding av rettleiarar. Det har òg vore arbeid med å setje departementa, verksemdar og eigarar i stand til å forstå regelverket og å rettleie dei i å identifisere rette objekt og sikre desse ved balansert bruk av menneskelege, teknologiske og organisatoriske tiltak. Dette arbeidet vil halde fram i 2020.

Med verknad frå 3. mai 2019, jf. kgl.res. 3. mai 2019, tok Justis- og beredskapsdepartementet over ansvaret for tryggingssystemet og det administrative ansvaret for oppfølginga av NSM, frå Forsvarsdepartementet. NSM er tryggingssystemet og ansvarleg myndigheit for å drive ein nasjonal responsfunksjon for alvorlege digitale angrep og eit nasjonalt varslingsystem for digital infrastruktur etter den nye tryggingssystemet. NSM leverer tekniske løysingar til klareringsmyndigheiter.

tene. Klareringsprosessen er prega av manuelle og papirbaserte løysingar.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til NSM med 20 mill. kroner i 2020 til digitalisering, herunder effektivisering av klareringsprosessen. Dette vil òg betre kvaliteten på avgjerdene.

Oppfølginga av langtidsplanen for forsvarssektoren 2017–2020 inneber vidare at NSM blir styrkt med 5,4 mill. kroner for auke av kapasiteten innan analyse og avdekking av alvorlege angrep mot digital infrastruktur.

1.5.4 Digital tryggleik

I åra som kjem vil samfunnet møte stadig større og meir komplekse IKT-tryggleiksutfordringar. IKT-infrastrukturar og -system blir meir globale, omfattande og integrerte. Fleire einingar blir kopla til internett, bruken av skytenester vil auke, og fleire IKT-funksjonar blir sette ut til tredje-partar.

Regjeringa har utarbeidd ein ny nasjonal strategi for digital tryggleik, inkludert handlingsplan. Strategien tek utgangspunkt i Meld. St. 38 (2016–2017) *IKT-sikkerhet – Et felles ansvar*, og har i tråd med intensjonane i meldinga ei breiare tilnærming enn tidlegare strategiar. Samstundes har Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet utarbeidd ein strategi for digital tryggleikskompetanse.

Justis- og beredskapsdepartementet tek del i finansieringa av program i Forskingsrådet knytte til samfunnstryggleik (SAMRISK) og digital tryggleik (IKT Pluss). Som ein del av denne satsinga foreslås det å løyve 12,5 mill. kroner til forskning på digital tryggleik og effektar av teknologi-utvikling, jf. omtale under programkategori 06.10.

1.5.5 Svalbard

Regjeringa har som mål at Longyearbyen skal vere attraktiv for familiar og eit samfunn som medverkar til å oppfylle og understøtte dei overordna måla i svalbardpolitikken. Nedbemanninga i gruveverksemda til Store Norske Spitsbergen Kulkompani medfører ei stor omstilling for Longyearbyen. Nedbemanninga har samstundes ikkje hatt særleg verknad på den totale sysselsetjinga og innbyggjartalet i Longyearbyen. Andre næringer er i vekst, t.d. reiseliv, med ein større del utlendingar enn tidlegare år.

Klimaendringar har gitt større snømengder og større fare for skred i Longyearbyen. NVE har frå

2016 gjennomført snøskredvarsling for befolkninga i Longyearbyen. NVE gjennomfører òg fysisk sikringsanlegg for skred i Longyearbyen. I 2019 vart det løyvd 45 mill. kroner til NVE til stredsikringstiltak i Longyearbyen. Framdrifta er førebels vurdert å bli forseinka med eitt år samanlikna med opphavelag plan. Det ligg an til arbeidet med Sukkertoppen held fram og vert avslutta i 2021.

Fram til skredsikring er på plass, er dei viktigaste tiltaka varsling og evakuering av befolkninga.

Longyearbyen har hatt mangel på bustader, bl.a. på grunn av skredsituasjonen. Bustadmangelen har gjort at ein i nokre tilfelle ikkje har kunna tilsetje folk i det offentlege, fordi ein ikkje har bustad å tilby. Situasjonen for offentlege tilsette er no tilfredsstillande, etter at Statsbygg har ført opp 60 nye bustader i bustadfeltet Gruvedalen til sin eigen utleigepool. Dei første 30 bustadene blei innflyttingsklare før jul i 2018. Dei siste blei ferdig i 2019. Sysselmannen ba Longyearbyen lokalstyre om ei heilskapleg utgreiing av bustadsituasjonen i Longyearbyen, jf. Prop. 1 S (2018–2019). Lokalstyret sendte rapporten sin til Sysselmannen 4. juli 2019. Dokumentet er ei administrativ utredning og vil seinare bli lagt fram for politiske handtering i lokalstyret.

Longyearbyen er ikkje knytt saman med eit større energisystem, og tilgang på energi er kritisk for annan grunnleggjande infrastruktur. Forsyningstryggleik for energi er derfor spesielt viktig for Longyearbyen. Dagens reservekraftverk gir ikkje tilfredsstillande forsyningstryggleik i Longyearbyen. Olje- og energidepartementet har sett i verk ei brei utgreiing av mogleghetene for framtidig energiforsyning på Svalbard, basert på berekraftige og fornybare løysingar.

Tenestefartøyet til sysselmannen, M/S «Polar-syssel», vart teke i bruk i 2014 og er ein sentral ressurs i rednings- og beredskapssamanheng ved bl.a. fare for skipsforlis, grunnstøytning, oljeutslipp, personskadar m.m. Vekst i cruisetrafikken og annan skipstrafikk gir større behov for inspeksjon, redningsberedskap og oppsyn. I 2016 var sesongen skipet seglar, utvida frå seks til ni månader i året. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2019 vart sesongen for M/S «Polar-syssel» utvida frå ni til ti månader. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på Svalbardbudsjettet med 5 mill. kroner i 2020 for å gjere utvidinga av seglings-sesongen frå ni til ti månader i året permanent.

1.6 Migrasjonskjeda

Migrasjon handlar om menneske som flyttar frå ein stat til ein annan, og omfattar både inn- og utvandring. Vi skil mellom fire hovudtypar migrasjon: arbeids-, utdannings- og familiemigrasjon og flukt. Det er ofte samansette årsaker og motiv når personar vel å søke seg til eit anna land.


Migrasjonskjeda er definert som prosessen frå ein person søker om opphaldsløyve eller vern i Noreg, til opphaldsløyve, busetjing og deltaking i arbeids- og samfunnsliv, eller til avslag og retur til heimlandet eller eit trygt tredjeland for dei som har søkt frå Noreg.

Innanfor ansvarsområdet til Justis- og beredskapsdepartementet involverer oppgåvene i migrasjonskjeda Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE), Utlendingsforvaltningas fageining for landinformasjon (Landinfo), Politidirektoratet (POD), og under dette Politiets utlendingseining (PU), politidistrikta, Nasjonalt ID-senter og Kripas, og Politiets tryggingsteneste (PST). Ein omtale av busetjing og integrering er å finne i Prop. 1 S (2019–2020) for Kunnskapsdepartementet. Vertskommunar for asylmottak er

og sentrale aktørar i migrasjonskjeda. I tillegg er utanriksstasjonane ein del av førstlinja i utlendingsforvaltninga.

1.6.1 Talet på asylsøkarar og migrasjonspotensialet

Talet på asylsøkarar og irregulære migrantar til Europa har totalt sett vore nokså stabilt sidan hausten 2016. Talet på personar som søker vern i Noreg, har dei siste åra vore lågt, og er i 2018 det lågaste sidan 1997. 3 054 personar søkte asyl i Noreg i 2018. Det er 14 pst. færre enn i 2017. Noreg deltok frivillig i EUs relokaliseringsordning i 2016–2017 og tok imot til saman 1 508 asylsøkarar gjennom ordninga. I 2018 behandla Noreg søknader frå 396 einslege mindreårige asylsøkarar på ny etter utledningsforskriften § 8–8 *Tidsbegrenset oppholdstillatelse til enslige, mindreårige asylsøkere over 16 år som får opphold på grunn av mangel på forsvarlig omsorg ved retur*. Ser ein bort frå relokaliseringa og søknader etter § 8–8, gjekk talet på asylsøkarar opp med 15 pst. frå 2017 til 2018.



Figur 1.7 Utvikling i asyltilkomstar, relokaliserte og overføringsflyktningar

Noregs del av asylsøkarane som kom til land i EU/EFTA, var vesentleg mindre i 2018 enn i åra før. Dessutan ligg talet på asylsøkarar per million innbyggjarar i Noreg markert under snittet for EU-landa i 2016–2018, mens det låg over i 2014–2015.

Behovet for løyvingar på feltet er i stor grad avhengig av kor mange personar som søker asyl i Noreg. I regjeringas forslag blir det til dømes fore-

slått å løyve om lag 900 mill. kroner knytt til asylmottak (kap. 490, post 21, 60, 70 og 71) i 2020. Til samanlikning ble det nytta om lag 6,4 mrd. kroner på disse postane i 2016, som følgje av dei store inkomstane av asylsøkarar i 2015.

Det ser ut til at talet på asylsøkarar vil halde seg på eit lågt nivå og i 2019. Per 30. juni var det registrert i underkant av 1 000 asylsøkarar. Det er

forventa at det vil komme 3 000 asylsøkarar til Noreg i 2019, og det same i 2020.

Det lågare talet på asylsøkarar og irregulære migrantar heng bl.a. saman med tiltak som er sette i verk på yttergrensa, europeisk samarbeid med naboland og samarbeid med tredjeland. Bl.a. har samarbeid mellom EU og Tyrkia og land på Vest-Balkan om migrasjonskontroll ført til at færre asylsøkarar har komme til Europa. Betre registrering av personar som kjem over yttergrensene til Schengen-området, og bruk av personkontroll på nokre av dei indre grensene mellom Schengen-landa, har ført til at færre av dei som er komne til Europa, kjem vidare til Noreg.

Øg endringar i regelverket i Noreg har truleg bidratt til at talet på folk som søker asyl, no er lågt. Det er grunn til å anta at signaleffektane av endringar i den norske innvandringspolitikken har medverka til at talet på personar som søker asyl i Noreg, har halde seg på eit lågt nivå. Mange kan i staden ha valt å søke asyl i andre land.

Det er altså gjort mange grep for å kontrollere den irregulære migrasjonen, men dette er ein skjør situasjon som kan endre seg raskt. Faktorar som kan spele inn er konflikter og mangel på stabilitet i ei rekkje land, fattigdom og demografisk utvikling. Talet på flyktingar og irregulære migrantar er framleis stort i nærområda til Europa, og migrasjonspotensialet er dermed stort.

I 2018 var Noregs kvote for overføringsflyktingar totalt på 2 120 plassar. I 2019 er det 3 000 plassar i kvoten. Med dette har Noreg trappa opp innsatsen i flyktingsituasjonar i land ved den sentrale middelhavsruta, som er prioriterte av både FN's høgkommissær for flyktingar (UNHCR) og EU. Det kan komme endringar i fordelinga i løpet av året som følgje av utfordringar i nokre land. Av same årsak kan det blir utfordrande å nå målet om 3 000 plasser i 2019. Ubrukte plassar kan overførast til 2020.

Regjeringa meiner at talet på kvoteplassar skal sjåast i samanheng med talet på asylsøkarar og andre innvandrings- og integreringsutfordringar i Noreg, og eventuell relokalisering av asylsøkarar frå EU. På grunn av det låge talet på asylsøkarar og ein venta nedgang i familieinnvandringa foreslår regjeringa å vidareføre kvoten i 2020 på same nivå som i 2019, med 3 000 plassar. Dette er fleire per innbyggjar enn i dei fleste andre land.

I 2018 har UDI behandla omtrent like mange asylsøknader som det har komme inn, men direktoratet har ikkje fått redusert talet på eldre ubehandla søknader. Samanlikna med 2017 har UDI likevel komme nærmare ambisjonane om at ein

større del av førstegongsvedtaka i asylsaker skal behandlast innan 21 dagar. Det er forventa at UDI vil byggje ned talet ubehandla asylsaker i 2019 og 2020. For å tilpasse seg situasjonen med få asylsøkarar gjennomførte UDI fleire organisasjonsendringar i 2017 og 2018. 2018 vart eit utfordrande år der saksbehandlingstida auka i dei fleste sakstypar samanlikna med 2017. Mykje av årsaka til dette var mellombels effektivitetstap ved nedbygging av saksbehandlarkapasitet og flytting av saksporteføljar. Frå slutten av 2018 har UDI sette i verk tiltak for betre måloppnåing.

1.6.2 Færre personar med plikt til å forlate landet

Talet på utreisepliktige personar i mottak er redusert med 25 pst. i løpet av 2018. Nedgangen i asylsøkarar til Noreg og regjeringas satsing på retur har medverka til at det no er færre å returnere frå mottaka. Det er usikkert kor stor gruppa utreisepliktige utanfor mottak er. Ulike rapportar tyder på at fleire av dei som har forlate mottak, òg har forlate landet.

Dei siste to åra har talet på assisterte returar sokke ein god del. I løpet av 2018 reiste 240 personar med assistert retur, som er ein nedgang på om lag 58 pst. samanlikna med 2017.

I 2018 transporterte politiet ut om lag 5 100 personar utan lovleg opphald, og av desse var 35 pst. pålagde éin eller fleire straffereaksjonar i Noreg. Talet på uttransporterte var 6 pst. lågare i 2018 enn i 2017. Talet på uttransporterte i 2019 ligg an til å bli lågare enn i 2018. Det er ikkje lenger føresetnader for å oppretthalde eit like høgt måltal for tvangsreturnerte. Ifølgje prognosen for 2020 vil politiet uttransportere 4 280 personar utan lovleg opphald. Det er blitt satsa bevisst på retur som kriminalitetsførebyggjande tiltak i politiet og på å gjere utlendingsfeltet til ein integrert del av politiarbeidet i politidistrikta, noko som har gitt gode resultat i kategorien bort- og utviste.

At det blir gjort færre returar, heng i vesentleg grad saman med at det no er langt færre å returnere pga. nedgangen i talet på asylsøkarar og at det vart gjort mange returar i perioden 2014–2016. Ei prioritering av returfeltet har over fleire år gitt gode resultat, men har også ført til ei dreining mot fleire tyngre saker som krev meir ressursar per sak, enn for nokre år tilbake. Sjølv om målgruppa for retur har blitt mindre, har personane blitt meir krevjande å motivere til retur. Ein større del av sakene gjeld no lengeverande personar og personar med særskilde behov. Dette krev meir innsats for å kunne gjennomføre returar.

Ein stor del av dei med utreiseplikt som oppheld seg i mottak, kjem frå land som det er utfordrande å samarbeide med når det gjeld å ta tilbake eigne borgarar. T.d. kan det vere at dei ikkje bidrar til å avklare rett identitet. Regjeringa arbeider derfor med å få til returavtaler eller retursarbeid med aktuelle land. Justis- og beredskapsdepartementet og Utanriksdepartementet har bl.a. utvikla felles landstrategiar for retur til særleg utfordrande opphavsland.

Ei rekkje personar har forsvunne frå mottaka. Det er usikkert kor stor gruppa utreisepliktige utanfor mottak er, og kvar dei oppheld seg. Mange som skal returnerast, unndrar seg uttransporten, og fleire finn måtar å leve og arbeide på i skjul. Det er utfordrande å nå gruppa som forlèt mottak, men framleis oppheld seg i Noreg, med effektive returtiltak samanlikna med dei som bur i mottak.

UDI og PU har styrkt innsatsen for å få til returar av utreisepliktige personar som fører til store kostnader for samfunnet. Dette gjeld personar som bur i særskilde butilbod, tilrettelagde avdelingar i mottak og i fengsel. Arbeidet med denne gruppa vil halde fram i 2020.

1.6.3 Få personar skal ha opphald med feil identitet eller på feil grunnlag

Å kjenne identiteten til personar som oppheld seg i Noreg, er viktig, anten dei har fått opphaldsløyve før dei kom til landet, skal få opphaldsløyve i Noreg eller skal forlate landet. At utlendingsmyndigheitene i størst mogleg grad registrerer rett identitet på personar, gir større tryggleik og for anna offentleg forvaltning. Utlendingar med ukjend bakgrunn og identitet som oppheld seg i landet, kan utgjere ein tryggleiksrisiko og ei kriminalitetsutfordring. Mange som søker om vern i Noreg, legg ikkje fram identitetsdokument som kan stadfeste identiteten dei har oppgitt, eller skjuler identiteten sin bevisst.

Ei rekkje utviklingstiltak er sette i verk dei siste åra for å gi sikrere og meir effektiv kontroll og avklaring av identitet. Betre ID-arbeid har ført til at utlendingsmyndigheitene har avdekt at fleire personar har opphaldsløyve med feil identitet.

Politiet og UDI arbeider med å innføre ny saksflyt for å betre kvaliteten på den innleiande asylsaksbehandlinga. Formålet er bl.a. å leggje større innsats på ID-avklaring til ein tidlegare fase i prosessen, med mål om eit betre grunnlag for identitetsarbeidet for vedtak og returarbeid. Dette vil på sikt kunne føre til at færre personar som søker om vern, får opphald basert på feil grunn-

lag. Regjeringa legg opp til å gjere ferdig det nye inkomstsenteret for asylsøkarar i Østfold i 2020. Politiet har etablert rutinar og systematikk som gir god oversikt over arbeidet med avklaring av ID i asylsaker. Politiet har særleg satsa på å starte ID-arbeidet tidleg i tilkomstfasen og har implementert ei meir etterforskningsbasert tilnærming i denne fasen.

Regjeringa vil vidareføre arbeidet med å kalle tilbake flyktningsstatus og opphaldsløyve når det ikkje lenger er behov for vern, slik flyktningskonvensjonen og utlendingslova opnar for. Arbeidet med å tilbakekalle opphaldsløyve er ressursintensivt.

Det er fleire tilfelle av at personar prøver å misbruke asylinstituttet for å få opphald. Til dømes søker personar vern idet dei blir arresterte for kriminelle handlingar. Det er òg eit problem når personar bevisst gir feil informasjon for å få opphald, at asylsøkarar gir urette opplysningar om nasjonalitet og behovet for vern, og at personar opptre med ein eller fleire falske identitetar eller deler same identitet. Familieinnvandringsregelverket blir forsøkt misbrukt ved proformaekteskap, gjennom gjentakande innvandring og ved feil opplysningar om slektskap.

Ved utgangen av 2018 hadde UDI om lag 4 220 tilbakekallssaker til behandling. Dette er ein auke på om lag 600 saker samanlikna med 2017. I 2018 behandla UDI vidare om lag 800 saker knytte til uriktig identitet og/eller uriktige opplysningar.

Innsatsen for å avsløre personar som har fått opphald i Noreg på falske premisser vil bli styrka i 2020.

1.7 Rettstryggleik og sivil rettspleie

Fleire av ansvarsområda til Justis- og beredskapsdepartementet på det sivilrettslege området er knytte til ordningar og oppgåver som går utover skildringane av dei tre kjedene. Dette gjeld bl.a. domstolane si behandling av sivile saker, sivile forvaltningsoppgåver og gjeremål i politiet og andre sivilrettslege ordningar. Blant dei sivilrettslege ordningane i justissektoren skal verjemålsordninga ta vare på menneske som ikkje kan sørge for sine eigne interesser. Ei anna sivilrettsleg ordning er rettshjelpsordninga, der det offentlege heilt eller delvis dekker advokatbistand i nærmare bestemte saker. Konfliktråda behandlar òg sivile saker og bidrar til at partane saman kjem fram til ei løysing på ein konflikt på ein kostnadseffektiv måte. Eit felles formål for desse ulike ansvarsområda og ordningane er å ta vare på rettstrygglei-

ken til enkeltpersonar, noko som står sentralt for ein rettsstat som Noreg. Dette er viktig for den det gjeld, for samspelet mellom borgarane og for samfunnet som heilskap.

1.7.1 Sivil rettspleie og forvaltningsoppgåver i politiet

Politiet har ansvar for ei rekkje sivile rettspleie- og forvaltningsoppgåver, bl.a. tvangsfullbyrding, gjeldsordning, mellombels sikring, stemnevitnefunksjon og pass-, våpen- og vaktverksemdsforvaltning. Talet på saker innan den sivile rettspleia auka med 6,3 pst. frå 2017 til 2018. Talet på utleggssforretningar representerer den mest vesentlege auken (8 pst. samanlikna med 2017).

Utfierding av pass må vere basert på tilstrekkeleg sikre rutinar, system og lokale. Riksrevisjonen har påpeika svakheiter på dette området i Dokument 1 (2015–2016). Det er dei siste åra gjennomført viktige tiltak for å rette opp svakheitane. Enkelte tiltak er allereie sette i kraft, og fleire vil kome på plass i løpet av hausten 2019. T.d. vil det etablerast todelt saksbehandling. Som følgje av dei kvalitetshevande tiltaka vil kostnadane knytte til produksjon og distribusjon av pass auke i 2020. Eit viktig tiltak er betre tekniske løysingar for saksbehandling av pass og nasjonale ID-kort. Det er utfordringar i dette prosjektet, jf. omtale under programkategori 06.40, punkt 7.6.1. Politidirektoratet jobbar for å kunne lansere nye pass og nasjonale ID-kort i 2020.

1.7.2 Sivile saker i domstolane

Domstolane er den tredje statsmakta og den viktigaste konfliktløysaren i samfunnet, anten saka gjeld arbeidsforhold, familieforhold, økonomi, offentlege vedtak eller andre rettslege tvistar utanfor strafferetten. Konflikatar kan løysast både gjennom mekling og ved dom. Forliksråda er eit rimeleg og effektivt tvisteløysingsorgan der ein stor del av tvistesakene blir endeleg løyste. Avgjerder frå forliksråd kan bringast inn for tingretten.

Tingrettane held seg samla sett innanfor Stortingets mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker, men saksbehandlingstida auka i 2018. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for anke over dom i sivile saker i lagmannsrettane gjekk noko ned frå 2017 til 2018.

Regjeringa sende 12. juli 2018 på høyring forslag til endringar i tvistelova. Høyringsfristen var 20. oktober 2018. Bakgrunnen for forslaga i høyringsnotatet er å fremme formålet med tvistelova,

det vil seie forsvarleg og effektiv saksbehandling. Dette inneber òg betre proporsjonalitet ved at saksbehandlinga og sakskostnadene skal stå i rimeleg forhold til betydninga av saka og verdien av tvistegenstanden. Høyringsvara er i all hovudsak positive til endringar med siktemål om ein meir effektiv domstolsprosess med lågare sakskostnader. Regjeringa har avgjort å forsere delar av arbeidet og har fremma Prop. 133 L (2018–2019) for Stortinget. I proposisjonen foreslår regjeringa å heve verdigrensene i tvistelova for obligatorisk forliksrådsbehandling, behandling etter småkravsprosess og ankeretten i saker med formuesverdiar. Sjå omtale under programkategori 06.20.

Stortinget har i 2019 vedteke Prop. 107 L (2017–2018) Lov om arv og dødsboskifte (arveloven). Endringane har bl.a. til hensikt å støtte et moderne skifteoppgjer. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til domstolane med 8,1 mill. kroner knytt til IKT-tilpassingar som følgje av lovendringa.

1.7.3 Offentleg rettshjelp

Den samla offentlege finansieringa av rettshjelp er omfattande. Utgiftene til rettshjelp i 2018 var tilnærma uendra frå 2017. For nokre sakstypar har søkeren krav på rettshjelp utan omsyn til inntekt eller formue. Det offentlege dekker alle kostnadene i desse sakene. For andre typar saker er det berre søkarar med inntekt og formue opp til eit visst nivå som kan få stønad til rettshjelp. I tilfelle med økonomisk behovsprøving skal det normalt betalast eigendel for rettshjelpa. Inntektsgrensene for fri rettshjelp har vore uendra sidan 2009. Dette har resultert i at stadig færre personar oppfyller dei økonomiske vilkåra for fri rettshjelp. Saker utan behovsprøving har på si side vore upåverka av dei uendra inntektsgrensene. Dette inneber at ein stadig større del av dei totale utgiftene til rettshjelp går til saker utan behovsprøving. Rettshjelp i barnevernssaker og i familietvistar utgjer ein stor del av utgiftene til offentlig rettshjelp.

Regjeringa sette i november 2018 ned eit offentlig utval som skal gå gjennom ordninga for fri rettshjelp. Målet er meir målretta bruk av ressursar og ei innretting av det offentlege tilbodet om rettshjelp som sikrar dei som treng det mest. Utvalet skal innan 1. mai 2020 levere ei utgreiing til departementet.

1.7.4 Verjemålsordninga

Verjemålsforvaltninga skal leggje til rette for at verjer kan hjelpe mindreårige og vaksne som

ikkje er i stand til å vareta egne interesser, og sikre at dei blir i stand til å ta egne avgjerder så langt det lar seg gjere. Ved utgangen av 2018 var det registrert om lag 63 000 personar med verje, i tillegg til om lag 800 representantoppdrag for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Det er ein liten nedgang frå 2017. Verjemålsmyndigheitene forvalta nærmare 21 mrd. kroner fordelte på 31 693 kontoar. Talet på verjer var ved årsskiftet om lag 44 600.

Fleire av dei som har verje, er ikkje i stand til å forstå kva verjemålet inneber. Det er særleg viktig at det blir lagt til rette for at denne gruppa kan vareta frivilligheit og sjølvråderett. Kravet til frivillig verjemål står sentralt både ved oppretting av verjemål og i det løpande verjemålet. I 2018 og 2019 vart det sett i verk fleire tiltak for å tydeleggjere dette kravet, bl.a. vart verjemålslova foreslått endra. Det vart òg sett i verk ein gjennom-

gang for å avdekke ufrivillige verjemål. Verjemålsforvaltninga vil òg i 2020 halde fram utviklinga av forvaltning av verjemålsordninga, med særleg merksemd på individtilpassing og opplæring.

Regjeringa foreslår å løyve 2,5 mill. kroner til automatisering av verjerekneskapskontroll. Dette vil styrke høvet til å avdekke misbruk av midlane til verjehavaren, og det vil effektivisere arbeidet til både verjemålsforvaltninga og verjene.

Omfanget av verjemålsinstituttet gjer det nødvendig å løfte fram framtidfullmakter, som i mange saker kan være eit alternativ til verjeordninga og offentleg medverking. Det er i 2018 og 2019 gjennomført eit forskingsprosjekt som har kartlagt og vurdert erfaringane med framtidfullmakter og korleis ordninga kan forbetrast. Utgreiinga er til oppfølging hos statens sivilrettsforvaltning.

Tabell 1.4 Ansvarsfordeling mellom departementa for tverrsektorielle område i samfunnstryggleiksarbeidet

Samfunns-kritiske funksjonar og område	Hovudansvarleg departement	Utøvande verksemdar/forvaltningsnivå	Andre departement med ansvar
elektronisk kommunikasjonsnett og -tenester (Ekom)	Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)	Nasjonalt kommunikasjonsmyndigheit (Nkom), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Forsvaret, ekomtilbydarar	Justis- og beredskapsdepartementet (JD), Forsvarsdepartementet (FD)
digital tryggleik i sivil sektor	JD	Nasjonalt tryggingsorgan (NSM), Norsk senter for informasjonstryggleik (NorSIS), Datatilsynet, Nkom, DSB, eigarar av kritisk viktige IKT-system, digitale register og arkiv, Direktoratet for IKT og forvaltning (Difi)	KMD, dei andre departementa
satellittbasert kommunikasjon og navigasjon	KMD Samferdselsdepartementet (SD er hovudansvarleg departement for PNT.) ¹	Norsk romsenter, Kongsberg Satellite Services (KSAT), Space Norway AS, Kystverket, Nkom, Statens kartverk	JD, Nærings- og fiskeridepartementet (NFD)
kraftforsyning	Olje- og energidepartementet (OED)	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Kraftforsyningens beredskapsorganisasjon (KBO), Statnett SF, Statkraft, fjernvarmeselskap, kraft- og nettselskap, DSB, Meteorologisk institutt	JD, Klima- og miljødepartementet (KLD)
vatn og avløp	Helse- og omsorgsdepartementet (HOD)	Mattilsynet, Helsedirektoratet (Hdir), Statens helse- og miljøkontroll, Nasjonalt folkehelseinstitutt, Miljødirektoratet, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, vassverkseigarar (offentlege og private vassverk), fylkesmennene, kommunane	KLD

Tabell 1.4 Ansvarsfordeling mellom departementa for tverrsektorielle område i samfunnstryggleiksarbeidet

Samfunns-kritiske funksjo- nar og område	Hovudansvar- leg departement	Utøvande verksemder/forvaltningsnivå	Andre departe- ment med ansvar
forsynings- tryggleik	NFD	Landbruksdirektoratet, Fiskeridirektoratet, DSB, Petroleumstilsynet (Ptil), matvarenæringane, drivstoffnæringane, bygg- og anleggsbransjen, sjøfartsnæringane, transportbransjen, fylkesmennene, kommunane, Forsvaret	Landbruks- og matdepartemen- tet (LMD), SD, HOD, Arbeids- og sosialdeparte- mentet (ASD), JD, FD, OED
transport	SD	Statens vegvesen, Avinor, Bane NOR SF, Luftfartstil- synet, Kystverket, Statens jernbanetilsyn, Sjøfartsdi- rektoratet, hamnevesen, Norges Rederiforbund, NORTRASHIP, Meteorologisk institutt, DSB, fylkes- kommunar, kommunar, transportaktørar	NFD, KLD, JD
finansielle tenester	Finansdeparte- mentet (FIN)	Noregs Bank, Finanstilsynet, finansføretak	
helse og omsorg	HOD	Statens helsetilsyn, Hdir, Nasjonalt folkehelseinsti- tut, Direktoratet for e-helse, Direktoratet for stråle- vern og atomtryggleik, Statens legemiddelverk, Hav- forskingsinstituttet, Mattilsynet, Vitskapskomiteen for mattryggleik, Veterinærinstituttet, arbeids- og velferdsetaten (NAV), Norsk helsenett SF, DSB, Sivil- forsvar, dei regionale helseføretaka, fylkesmen- nene, kommunane, Forsvaret	ASD, LMD, NFD, JD, FD
lov og orden	JD	Politidirektoratet (POD) / politiet, Politiets tryg- gingsteneste (PST), DSB, Sivilrettsforvaltningen, Riksadvokaten, Kriminalomsorgsdirektoratet, Dom- stoladministrasjonen, Sekretariatet for konfliktråda, Datatilsynet, Utlendingsdirektoratet (UDI), Toll- direktoratet/tolletaten, Forsvaret	FIN, FD, KMD, HOD
redningste- neste	JD	Hovudredningssentralane, lokale redningsentralar (i politidistrikta), Frivillige organisasjoners rednings- faglige forum (FORF), frivillige redningsorganisasjo- ner, DSB, Brann- og redningstenesta, Sivilforsvaret, Hdir, regionale helseføretak, Forsvaret, Luftfartstil- synet, Kystverket, Sjøfartsdirektoratet, Næringsli- vets sikkerhetsorganisasjon / industrivern, Red- ningshelikoptertenesta, Nasjonal kommunikasjons- myndigheit, Avinor, Telenor Kystradio, Rednings- selskapet, Luftambulansetenesta HF, Politidirektoratet, fylkesmennene, kommunane	FD, HOD, NFD, SD

Tabell 1.4 Ansvarsfordeling mellom departementa for tverrsektorielle område i samfunnstryggleiksarbeidet

Samfunns- kritiske funksjo- nar og område	Hovudansvar- leg departement	Utøvande verksemder/ forvaltningsnivå	Andre departe- ment med ansvar
styring og kri- seleiing	JD	POD, politiet, PST, DSB, NSM, Hdir, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, Forsvaret, Norsk rikskringkasting (NRK), Statens kartverk, andre etatar, fylkesmennene, kommunane	Statsministerens kontor (SMK), Utanriksdepartementet (UD), FD, HOD, Kulturdepartementet (KUD), KMD, dei andre departementa
forsvar	FD	Forsvaret, NSM, Forsvarets forskingsinstitutt, Forsvarsbygg, Forsvarsmateriell	JD, SD, OED, NFD, HOD, UD
natur og miljø	KLD	Fiskeridirektoratet, Kystverket, Miljødirektoratet, Meteorologisk institutt, NVE, Noregs geologiske undersøking (NGU), Ptil, Norsk polarinstitutt, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, Landbruksdirektoratet, Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Mattilsynet, Veterinærinstituttet, DSB, Forsvaret, fylkesmennene, kommunane	NFD, SD, OED, ASD, LMD, JD, HOD, FD

¹ Jf. SDs koordineringsansvar for sivil radionavigasjonspolitik, inkludert koordinering av oppfølging av regjeringsstrategien for PNT (posisjon, navigasjon og tid).

Oversikta over viser kva ansvar departementa har for 14 sentrale område innan samfunnstryggleik. Områda er tverrsektorielle samfunnsfunksjonar som er viktige for samfunnstryggleiken, som fleire departement har ansvar for, og som er avhengige av kvarandre. Det er peika ut eit hovudansvarleg departement for kvart av områda, jf. *instruks for departementenes arbeid med samfunnsikkerhet* (samfunnstryggleiksinstruksen), fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017. Innanfor hovudansvarsområda sine skal departementa

- sørge for at det blir utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar for dei kritiske samfunnsfunksjonane som departementet har hovudansvar for, og at desse blir vedlikehaldne;
- ha oversikt over tilstanden når det gjeld sårbarheit, for dei områda som departementet har hovudansvar for, og utarbeide status- og tilstandsvurderingar for desse, som blir lagde fram for Stortinget i dei årlege budsjettproposisjonane. Status- og tilstandsvurderingane blir utarbeidd etter ein tidsplan Justis- og beredskapsdepartementet fastset;

- avklare ansvar mellom relevante aktørar, medrekna å identifisere eventuelle gråsoner eller overlappande ansvarsområde. I saker der det er usemje mellom departementa, skal saka leggjast fram for Justis- og beredskapsdepartementet;
- planleggje og gjennomføre felles øvingar og evaluere og følgje opp læringspunkt;
- samarbeide med og leggje fram forslag til beredskapstiltak, beredskapsplanar, regelverk og andre viktige saker for aktuelle departement;
- sørge for erfaringsutveksling og kompetanseheving for aktuelle aktørar
- bistå Justis- og beredskapsdepartementet med informasjonsinnhenting og rapportering.

Innføringa av hovudansvarlege departement inneber ikkje at sektoransvaret eller Justis- og beredskapsdepartementets samordningsrolle blir endra, men det er ei tydeleggjering av ansvaret. Hovudvekta i samordningsansvaret til Justis- og beredskapsdepartementet ligg på samordning mellom to eller fleire område.

1.8 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor gir departementet ei oversikt over oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Justis- og beredskapsdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortings sesjonen 2018–2019 og alle vedtak frå tidlegare stortings sesjonar der rapporteringa ikkje vart avslutta i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), samt dei vedtaka som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 291 (2018–2019) meinte ikkje var kvitterte ut. I enkelte tilfelle kan oppfølginga av vedtaka vere meir omfattande forklart under det aktuelle programområdet i proposisjonen. I desse tilfella vil det vere ein referanse til kor denne teksten finst.

I kolonne 4 i tabellen nedanfor kommer det fram om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket også i budsjettproposisjonen til neste år. Rapporteringa på vedtak som inneber at departementet skal leggje fram ei konkret sak for Stortin-

get, f.eks. ein proposisjon, ei stortingsmelding, ei utgreiing e.l., vil normalt bli avslutta først når saka er lagd fram for Stortinget.

Sjølv om det i tabellen angis at rapporteringa vert avslutta, vil det i ein del tilfelle kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endeleg avslutta. Dette kan til dømes gjelde vedtak med oppmoding til regjeringa om å ivareta særlege omsyn i politikktutforminga på eit område, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Stortinget vil i desse tilfella bli orientert om den vidare oppfølginga på ordinær måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument.

Justis- og beredskapsdepartementet visar til at Kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 291 S (2018–2019) har understreka at det i enkelte tilfelle er nødvendig å fremje forslag om at oppmodingsvedtaket vert oppheva før rapporteringa kan avsluttast. Departementet har i tråd med dette fremja slike forslag. Det blir vist til forslagsdelen i denne proposisjonen.

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avsluttast (ja/nei)
2018–2019	93	Menneskerettar	ja
2018–2019	94	Organisering av domstolar	ja
2018–2019	97	Erstatningsordningar	ja
2018–2019	98	Rettskjelpsordninga	nei
2018–2019	295	Nasjonale plan nød og beredskap	ja
2017–2018	59	Verjemål	ja
2017–2018	202	Diskriminering av transpersonar	ja
2017–2018	320	Konkurskarantene	ja
2017–2018	529	Våpeneigarar	nei
2017–2018	532	Offentleggjering av krenkande bilete av andre	nei
2017–2018	539	Alternativ til fengsling av barn	nei
2017–2018	540	Einslege mindreårige asylsøkarar	nei
2017–2018	541	Tvangsreturnering av barnefamiljar	nei
2017–2018	542	Utvising og innreiseforbod – barn	nei
2017–2018	579	Styrking av lensmannskontor	ja
2017–2018	581	Ikkje leggje ned soningsplassar	ja
2017–2018	586	Politiets arbeid med IKT-kriminalitet	ja
2017–2018	588	Personvernkommissjon	nei

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avsluttast (ja/nei)
2017–2018	589	Valdsoffererstatning	nei
2017–2018	590	Valdsoffererstatning	nei
2017–2018	698	Diskriminering – kjønnsuttrykk	nei
2017–2018	699	Kjøp av seksuelle tenester	nei
2017–2018	710	Totalberedskapskommisjon	ja
2017–2018	786	Inndraging av pass	ja
2017–2018	787	Tiltak mot kjønnslemlesting	ja
2017–2018	788	Utanlandsopphald	nei
2017–2018	789	Tvangsekteskap	ja
2017–2018	790	Ærbarheitsattestar og uskyldskontrollar	ja
2017–2018	795	Eige lovverk for Statens barnehus	nei
2017–2018	796	Organisatorisk plassering av Statens barnehus	ja
2017–2018	798	Regelverk for teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett – vald og overgrep	nei
2017–2018	856	Mishandlingsføresegna	nei
2017–2018	875	Aggressiv marknadsføring av forbrukslån	ja
2017–2018	899	Menneskerettane til utviklingshemma – verjemål	nei
2017–2018	916	Utføring av DNA-analysar ved Rettsgenetisk senter	nei
2017–2018	917	Organisering av Rettsgenetisk senter	ja
2017–2018	918	IKT-løysingar knytte til Rettsgenetiske tenester	nei
2017–2018	919	Krav om leveranse frå Rettsgenetisk senter	nei
2017–2018	1002	Lokalisering av passkontor	ja
2016–2017	96	Krenkingar av representantar frå andre statar	nei
2016–2017	103	Tilbod tunge narkotikamisbrukarar	nei
2016–2017	276	Evaluering av salærsatsen	nei
2016–2017	523	Korrupsjonsføresegnene i straffelova	nei
2016–2017	605	Strategi mot internettrelaterte overgrep	ja
2016–2017	613	Tilrettelagde avhøyr som fører til domfelling	ja
2016–2017	622	Besøksforbod	ja
2016–2017	629	Rettstryggleik for barn som døyr plutsleg og uventa	ja
2016–2017	630	Omvend valdsalarm ved brot på besøksforbod	nei
2016–2017	631	Besøksforbod	nei
2016–2017	743	Au pair	nei
2016–2017	744	Au pair	nei
2016–2017	879	EOS-kontrollova	nei

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avsluttast (ja/nei)
2016–2017	889	Innføring av tenestenummer i kriminalomsorga	ja
2016–2017	923	Handlingsplan mot valdtekt	ja
2016–2017	924	Oppfølging av utsette for valdtekt	ja
2016–2017	925	Overgrepsmottak	ja
2016–2017	926	Kompetanseheving – saker om valdtekt og overgrep	ja
2016–2017	938	Lovfesting av ansvaret for einslege mindreårige asylsøkarar	nei
2016–2017	944	Lagring av IP-data	nei
2016–2017	1035	Forsikringsordningar i bustadhandelen	ja
2016–2017	1036	Bustadkjøpars reklamasjonshøve	ja
2016–2017	1037	Tilstandsrapport ved bustadhandel	ja
2016–2017	1038	Autorisasjonsordning for takstmenn	ja
2016–2017	1039	Marknadsvurdering av takstmann	ja
2016–2017	1042	Bustadhandel – retten ein seljar har til å utbetre manglar	ja
2016–2017	1043	Omvend valdsalarm	nei
2015–2016	47	Bustadtransaksjonar	ja
2015–2016	118	ROSA	ja
2015–2016	123	Opphaldsløyve for offer for menneskehandel	ja
2015–2016	130	Lokale til sosial dumping	nei
2015–2016	444	Religiøse leiarar	nei
2015–2016	818	Avhøyr av mistenkte ved Statens barnehus	ja
2015–2016	921	Tilsyn med drift av asylmottak	nei
2014–2015	462	Foreldingsreglar	nei
2014–2015	618	Offentleglova	ja
2014–2015	645	Kompensasjonsordning 110-sentralar	nei
2012–2013	515	Sivilombodsmannen	nei

1.8.1 Stortingssesjon 2018–2019

Menneskerettar

Vedtak nr. 93, 4. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå anbefalingene i årsmeldingen for 2017 fra Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med hvordan anbefalingene er fulgt opp.»

Dokumenta som ligg til grunn for saka, er årsmeldinga frå Noregs nasjonale institusjon for mennes-

kerettar, jf. Dokument 6 (2017–2018), og Innst. 78 S (2018–2019).

Vedtaket er følgt opp. Departementa har gjennomgått tilrådingane, og kvart departement omtalar i budsjettproposisjonen sin korleis tilrådingane på deira ansvarsområde er følgde opp. Justis- og beredskapsdepartementet omtalar tilrådingane på sine ansvarsområder under programkategori 06.10. På same stad er det ei oversikt over kva departement som har ansvaret for å omtale dei andre tilrådingane.

Organisering av domstolar

Vedtak nr. 94, 4. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen sørge for at domstolene er organisert og finansiert på en måte som ivaretar de krav borgerne etter Grunnloven og EMK har på få avgjort sine saker for domstolene innen rimelig tid.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er årsmeldinga frå Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar, jf. Dokument 6 (2018–2019) og Innst. 78 S (2018–2019).

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa er samd i at det er viktig å sørgje for gode og effektive domstolar. Dette er eit kontinuerlig arbeid. Det er satt i verk mange tiltak for å sikre gode og effektive domstolar, blant anna fleire lovprosessar, digitalisering, endring av organisering og nedsetting av Domstolkommisjonen, jf. omtale i programkategori 06.20.

Erstatningsordningar

Vedtak nr. 97, 4. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen om å ta initiativ overfor KS for å utarbeide en beste praksis-anbefaling for frivillige kommunale og fylkeskommunale erstatningsordninger.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8: 165 S (2017–2018) og Innst. 79 D (2018–2019).

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet har teke initiativ overfor KS, som har sett i gang arbeidet med å utarbeide beste praksis-retningslinjer.

Rettskjeldsordninga

Vedtak nr. 98, 4. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med den pågående utredningen av rettskjeldsordningen komme tilbake til Stortinget med tiltak i oppfølgingen av denne for å gjøre ordningen betre, mer effektiv og treffsikker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8: 152 S (2017–2018) og Innst. 71 S (2018–2019).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa sette i oktober 2018 ned eit offentleg utval som skal foreta ein gjennomgang av rettskjeldsordninga. Utvalet skal levere utgreininga 1. mai 2020, jf. omtale under programkategori 06.70, kap. 470.

Nasjonal plan nød og beredskap

Vedtak nr. 295, 17. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en nasjonal plan for å etablere regionale øvings- og beredskapssentre for samtrening og kompetansebygging mellom nød- og beredskapssetatene.»

Dokumenta som ligg til grunn for saka, er Prop. 1 S (2018–2019) og Innst. 6 S (2018–2019).

Vedtaket er følgt opp. Arbeidet med regionale øvings- og beredskapssentre for nød- og beredskapssetatane er omtalt under pkt. 7.4 i programkategori 06.40.

1.8.2 Stortingssesjon 2017–2018

Verjemål

Vedtak nr. 59, 4. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere vergemålsordningen og foreslå andre måter å forvalte midlene under ordningen på som kan gi en avkastning som bidrar til å opprettholde pengeverdien.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 2 S (2017–2018) frå finanskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Spørsmålet om ordninga for forvaltning av formuen til personar under verjemål blei grundig vurdert i samband med at verjemålslova frå 2010 blei vedtatt, sjå Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) kapittel 8 og Prop. 46 L (2010–2013) punkt 4.3. Departementet kan ikkje sjå at det er grunn til å gjere andre vurderingar av dette spørsmålet i dag. Formuen til personar med verje bør ikkje forvaltast på ein måte som inneber ein risiko for tap. Departementet meiner derfor at ein bør halde fast ved ei bankløysing slik det er reglar om i den gjeldande lova, og at ein heller bør søkje å oppnå ei betre avkastning på andre måtar. Personane med verje bør kunne velje bankprodukt som gir ei høgare avkastning innanfor den gjeldande ordninga. Departementet har vidare hatt på høyring eit framlegg om endringar i reglane om forvaltning av arv eller gåve etter verjemålslova § 95 (høyringsbrev 14. november 2018).

Diskriminering av transpersonar

Vedtak nr. 202, 12. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere å fremme forslag om å endre straffeloven § 185, slik at også transpersoner gis strafferettslig vern mot diskriminerende og hatefulle ytringer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 1 S (2017–2018) og Innst. 14 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet sende 4. juli 2018 på høyring forslag til lovendingar for å følgje opp vedtaket. Sjå også vedtak nr. 698, 7. mai 2018.

Konkurskarantene

Vedtak nr. 320, 15. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen sørge for at informasjon om konkurskarantene blir offentlig tilgjengelig, og vurdere om det er annen informasjon om lovbrudd som er relevant for næringsvirksomheten som bør gjøres offentlig tilgjengelig.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 15 S (2017–2018) frå finanskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet sende 7. mars 2019 på høyring eit forslag til endringar i forskrift 23. august 1993 nr. 824 om konkursregisteret og om kunngjøringar etter konkursloven.

Våpeneigarar

Vedtak nr. 529, 8. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan våpeneiere som rammes av forbudet mot enkelte typer halvautomatiske rifler, kan kompenseres.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 165 L (2016–2017), Innst. 146 L (2017–2018) og Lovvedtak 34 (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med ei vurdering av korleis våpeneigarar som vert ramma av forbudet kan kompenseras når forskriftene til våpenlova er utarbeida.

Offentleggjing av krenkande bilete av andre

Vedtak nr. 532, 8. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen utarbeide et lovforslag som tydeliggjør at det er ulovlig uten samtykke å dele eller på annen måte offentliggjøre bilder av andre som har avslørende, nedverdiggende eller krenkende karakter, og som eksplisitt forbyr hevnporno, samt vurdere behovet for endring i strafferammen for denne typen lovbrudd.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:79 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jan Böhler, Lene Vågsli og Maria Aasen-Svensrud om ny straffebestemmelse som tydeliggjør at det er ulovlig å dele eller offentliggjøre bilder som er avslørende, nedverdiggende eller krenkende for den eller de som avbildes og som øker strafferammen for å spre denne typen bilder uten samtykke* og Innst. 139 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende 26. juni 2018 på høyring forslag til lovendingar for å følgje opp vedtaket. Departementet tek sikte på å vurdere behovet for lovending før utløpet av noverande stortingsperiode.

Alternativ til fengsling av barn

Vedtak nr. 539, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede og legge fram forslag til flere alternativer til å fengsle barn i forbindelse med uttransportering etter utlendingsloven.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er til behandling. Departementet tek sikte på å sende ei utgreiing og forslag til endringar i utlendingelova på høyring i løpet av 2019.

Einslege mindreårige asylsøkarar

Vedtak nr. 540, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det snarest etableres reelle alternativer til frihetsberøvelse av enslige mindreårige asylsøkere, som ivaretar hensynet til barnets beste.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet tek sikte på å sende sine vurderingar på høyring i løpet av 2019.

Tvangsreturnering av barnefamilier
Vedtak nr. 541, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede bruk av elektronisk kontroll (elektronisk fotlenke) som et alternativ til frihetsberøvelse som internering av barnefamilier som skal tvangsreturneres, slik at frihetsberøvelse av barnefamilier bare benyttes som en siste utvei når andre alternativer er utprøvd eller vurdert. Der myndighetene kommer til at frihetsberøvelse er nødvendig, etter å ha prøvd eller vurdert andre alternativer, skal frihetsberøvelsen skje på et eget barne- og familieinternat som er familie- og barnevennlig, og som ivaretar barnets behov. Det fremmes en sak for Stortinget snarest mulig.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Politidirektoratet gjennomførte i 2018 ei utgreiing for departementet, og departementet tek sikte på å sende sine vurderingar på høyring i løpet av 2019.

Utvising og innreiseforbod – barn
Vedtak nr. 542, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede og fremme eventuelle forslag om endring av utlendingsloven som gjør det mulig for utlendingsforvaltningen å supplere bruk av utvisning og innreiseforbud med et bredere sett av reaksjonsformer når særlige forhold tilsier det, som hensynet til barns beste.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Dokument 8:42 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Karin Andersen og Torhild Bransdal om andre reaksjonsformer enn utvisning og innreiseforbud ved brudd på utlendingsloven* og Innst. 140 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet tek sikte på å sende sitt forslag på høyring i løpet av 2019.

Styrking av lensmannskontor
Vedtak nr. 579, 5. april 2018

«Stortinget ber regjeringen sørge for en reell styrking av de lensmannskontorene som står igjen etter gjennomføringen av politireformen.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Dokument 8:10 S (2017–2018) *om styrking av det lokale politiet* og Innst. 143 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp. Det har vore ein betydeleg auke i løyvingane til politiet sidan regjeringa tiltrådte i 2013. Med budsjettforslaget for 2020 er politiets budsjett totalt auka med om lag 4,4 mrd. kroner. Over 3,3 mrd. kroner på politiets driftsbudsjett. Som det går fram av Granavolden-plattformen har regjeringa også prioritert auka midlar til politidistrikta framfor Politidirektoratet. Politimesteren er ansvarleg for å disponere tildelte ressursar på ein måte som samla sett gir best polititeneser i politidistriktet. Tiltak i politireforma gjennomførast no for å betre kvaliteten i polititenesene og utnytte ressursane best mogleg. Departementet viser også til at styrking av lensmannskontora vil bli omtala i ei melding om politiet som vil bli lagt fram for Stortinget hausten 2019.

Ikkje legge ned soningsplassar
Vedtak nr. 581, 5. april 2018

«Stortinget ber regjeringen om at det ikke gjennomføres nedleggelse av soningsplasser eller soningstilbud på Vestlandet før Stortinget er forelagt konsekvensene ved en eventuell videreføring av driften, herunder avdeling Osterøy ved Bergen fengsel. For å sikre en bred utredning av konsekvensene, inkluderes avdeling Osterøy ved Bergen fengsel i den pågående KVVU-en for Kriminalomsorgens Region vest.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:91 S (2017–2018) og Innst. 190 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp. Departementet har gitt Kriminalomsorgsdirektoratet i oppdrag å gjennomføre ein KVVU for straffegjennomføringskapasitet på Vestlandet som omfattar fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Denne vil bli kvalitetssikra i løpet av 2019. Det som gjeld Bergen fengsel, Osterøy avdeling er følgt opp, jf. Prop. 1 S (2018–2019), vedtak nr. 1009, 15. juni 2018.

Politiets arbeid med IKT-kriminalitet

Vedtak nr. 586, 10. april 2018

«Stortinget ber regjeringen legge fram en plan som synliggjør politiets arbeid med IKT-kriminalitet og hvordan dette skal finansieres.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Meld. St. 38 (2016–2017) *IKT-sikkerhet – Et felles ansvar* og Innst. 187 S (2017–2018).

Vedtaket er fulgt opp. I 2019 opna det nasjonale cyberkriminalitetssenteret (NC3) ved Kripos og det er etablert einingar for digitalt politiarbeid i politidistrikta. Politiet er meir til stades på internett. I januar 2019 la regjeringa fram ein ny nasjonal strategi for digital sikkerhet, der arbeidet med å nedkjempe IKT- og datarelatert kriminalitet er eitt av fem prioriterte område. Departementet viser også til at det i melding til Stortinget hausten 2019 vil bli lagt fram ein gjennomgang av politiets pågående utviklingsarbeid for å møte IKT-relatert kriminalitet.

Personvernkommissjon

Vedtak nr. 588, 10. april 2018

«Stortinget ber regjeringa sjå til at mandatet til den varsla personvernkommissjonen inkluderer eit særleg oppdrag om å vurdere stoda for personvernet til barn, og å kome med tiltak for å styrke dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:68 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande, Abid Q. Raja, Carl-Erik Grimstad, André N. Skjelstad, Terje Breivik, Grunde Almeland, Jon Gunnes og Ketil Kjenseth om tiltak for å ivareta barns personvern* og Innst. 174 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa arbeider med å etablere ein personvernkommissjon og vil følge opp vedtaket ved utforminga av mandatet.

Valdsoffererstatning

Vedtak nr. 589, 23. april 2018

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med oppfølgingen av NOU 2016: 9 komme tilbake til Stortinget med en vurdering av behovet for å endre regelverket slik at voldsoffererstatningsordningen omfatter voldsofre fra eldre saker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Lene Vågslid, Jan Böhler og Maria-Karine Aasen-Svensrud, jf. Dokument 8:88 S (2017–2018), og Innst. 160 S (2017–2018) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Sjå samla svar under vedtak nr. 590, 23. april 2018 under.

Valdsoffererstatning

Vedtak nr. 590, 23. april 2018

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med oppfølgingen av NOU 2016: 9 sikre at voldsoffererstatningsordningen omfatter voldsofre fra eldre saker og gjenopptakelsessaker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Lene Vågslid, Jan Böhler og Maria-Karine Aasen-Svensrud, jf. Dokument 8:88 S (2017–2018), og Innst. 160 S (2017–2018) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. NOU 2016: 9 *Rettferdig og forutsigbar – voldsskadeerstatning* ligg til behandling i departementet. For å betre underlaget i arbeidet med ny lov har departementet utlyst to forskings- og utgreiingsoppdrag; ei strukturert kartlegging av ordninga og ein analyse av verknaden ordninga har for dei som får erstatning. Det første vart levert i august 2018, og det andre skal leverast hausten 2019. Auka kunnskap om brukar- og samfunnseffektane er framheva i mandatet. Sjå omtale under programkategori 06.70.

Diskriminering – kjønnsuttrykk

Vedtak nr. 698, 7. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å utvide straffelovens bestemmelser om hatefulle ytringer, hatkriminalitet og diskriminering slik at de også omfatter hatefulle ytringer som fremsettes, eller diskriminering som utøves, på grunn av en persons kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:109 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Anette Trettebergstuen, Kari Henriksen, Masud Gharakhani, Lene Vågslid, Jan Böhler og Maria-Karine Aasen-Svensrud om å inkludere kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk i straffelovbestemmelsene om diskriminering og hatkriminalitet* og Innst. 238 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende 4. juli 2018 på høyring forslag til lovendringar for å følgje opp vedtaket. Departementet tek sikte på å vurdere behovet for lovendring før utløpet av noverande stortingsperiode.

Kjøp av seksuelle tenester

Vedtak nr. 699, 7. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av straffeloven som sikrer at forsøk på kjøp av seksuelle tjenester er straffbart.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:123 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jorunn Gleditsch Lossius, Knut Arild Hareide, Geir Jørgen Bekkevold og Trude Brosvik om å sikre at forsøk på kjøp av seksuelle tjenester er straffbart* og Innst. 236 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende 25. mai 2018 på høyring forslag til lovendringar for å følgje opp vedtaket. Departementet tek sikte på å vurdere behovet for lovendring før utløpet av noverande stortingsperiode.

Totalberedskapskommisjon

Vedtak nr. 710, 22. mai 2018

«Stortinget ber regjeringa vurdere å sette ned ein totalberedskapskommisjon når viktige reformarbeid i justissektoren er avslutta.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Dokument 8:81 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jenny Klinge, Liv Signe Navarsete og Trygve Slagsvold Vedum om å sette ned en totalberedskapskommisjon* og Innst. 262 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa etablerte i 2016 totalforsvarsprogrammet. Målet med programmet er bl.a. å vidareutvikle totalforsvaret. Programmet skal avsluttast i 2020, og regjeringa vil då vurdere korleis ein på best måte kan ta arbeidet med totalforsvaret vidare. I samband med dette vil regjeringa vurdere om det er behov for ein totalberedskapskommisjon.

Inndraging av pass

Vedtak nr. 786, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen sikre fortgang i det pågående arbeidet med å forenkle rutiner for inndragelse av pass i tilfeller der det er risiko for at barn etterlates i utlandet under uforsvarlige forhold.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket er følgt opp gjennom forslag til lovendringar som er fremma i Prop. 126 L (2018–2019) *Endringer i passloven og ID-kortloven (utstedelse og nektelse av reisedokumenter til mindreårige mv.)*. Det er foreslått ein ny heimel for å nekte reisedokument til mindreårige når det er grunn til å tru at den mindreårige vil bli utsett for straffbare forhold i utlandet eller for forhold der som kan medføre fare for liv eller helse.

Tiltak mot kjønnslemlesting

Vedtak nr. 787, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere nye tiltak mot kjønnslemlestelse, herunder tydeliggjøre foreldrenes ansvar for å avverge og anmelde slike alvorlige straffbare forhold.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet sende i desember 2018 på høyring forslag til lovendringar for å følgje opp vedtaket. I høyringsnotatet foreslår departementet at plikta til å avverje kjønnslemlesting i straffelova blir utvida til å gjelde alle, ikkje berre særskilde yrkesgrupper som i dag. Etter forslaget gjeld avverjingsplikta også for foreldra, men dei vil ikkje vere forplikta til handlingar som kan utsette dei næraste for straff.

Utanlandsopphald

Vedtak nr. 788, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen foreslå tydeliggjøring av hjemler i straffeloven som holder foreldre

ansvarlige dersom barn sendes på utenlandsopphold mot sin vilje.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket er under behandling. Regjeringa sette i februar 2019 ned ei ekspertgruppe som skal gi råd om korleis ein kan førebyggje at barn og unge blir etterlatne i utlandet utan at dei ønskjer det. Justis- og beredskapsdepartementet tek sikte på å vurdere behovet for lovendring når rapporten frå gruppa er ferdig. Rapporten skal vere ferdig våren 2020.

Tvangsekteskap

Vedtak nr. 789, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringa om å gjennomgå lovgivinga mot tvangsekteskap og vurdere om det vil være hensiktsmessig å forbedre og utvide den slik at straffeloven § 253 får en tilføyelse som klargjør og omtaler ordene «utilbørlig press» på en mer utfyllende og opplysende måte, og hvor det presises at når den reelle frivilligheten begrenses, kan dette alene gi straffskyld, uansett hvilke former den emosjonelle påvirkningen har.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet sende i desember 2018 på høyring forslag til lovendringar for å følgje opp vedtaket. I høyringsnotatet peiker departementet på at ein lovendring i utgangspunktet ikkje er formålstenleg. Det foreslåast likevel to alternative lovendringar for å klargjere og presisere vilkåret om «utilbørlig press».

Ærbarheitsattestar og uskyldskontrollar

Vedtak nr. 790, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringa vurdere i hvilken grad dagens straffelovgivning rammer ærbarheitsattester og uskyldighetskontroller før inngåelse av ekteskap, og eventuelt fremme forslag om å utvide lovverket slik at kvinner gis tilstrekkelig lovbeskyttelse mot slike undersøkelser, også når dette skjer på andre måter enn ved hjelp av helsepersoneell.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet har vurdert spørsmålet, men meiner at det ikkje er ønskeleg å foreslå endringar i gjeldande rett. Dei mest straffverdige tilfella vil rammas av gjeldande straffelovgjeving, for eksempel straffeboda om tvang, truslar eller kroppskrenking eller nokre av føresegnene i seksuallovbrotkapittelet.

Eige lovverk for Statens barnehus

Vedtak nr. 795, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringa fremme forslag om et eget lovverk for Statens barnehus som sikrer ivaretagelse av hele mandatet til Statens barnehus.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Arbeidet med å gjere Statens barnehus så godt som mogleg følgjer opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og dei tiltaka som er knytte til denne. Dette gjeld både arbeidet med å vurdere behovet for eit eige lovverk for å vareta mandatet, og anna regelverksarbeid. Regelverksarbeidet er omfattande og tidkrevjande. Politidirektoratet set i gang ei evalueringa av Statens barnehus hausten 2019. Før denne evalueringa er ferdig vil departementet ikkje sette i gang med å vurdere eit eige lovverk knytt til barnehusa.

Organisatorisk plassering av Statens barnehus

Vedtak nr 796, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringa om å vurdere Statens barnehus som egne enheter i en organisatorisk plassering i politidistriktene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp. Politidirektoratet har vurdert den organisatoriske plasseringa av Statens barnehus i politidistrikta og komme til at det ikkje er formålstenleg å gi sentrale føringar for organisatorisk plassering av Statens barnehus. Det blir såleis opp til politimeisteren å avgjere kva

organisering av Statens barnehus som er mest gunstig ut frå lokale forhold.

Regelverk for teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett – vald og overgrep

Vedtak nr. 798, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede, for så å fremme et lovforslag, for å revidere og samordne regelverket knyttet til taushetsplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett, herunder reglene om samarbeid mellom ulike tjenester og etater, samt reglene om samtykke, slik at flere saker som gjelder vold og overgrep, vil kunne avdekkes og følges opp på en god måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Arbeidet med regelverket må sjåast i samanheng med anna regelverk på området, til dømes regelverk for barnehusa og for dei ulike samarbeidsformene som det vil vere nødvendig å utvikle i tilknytning til forvaltningsaktørar og politi – og andre som arbeider med avhøyr og oppfølging/behandling av barn som er utsette for overgrep, og barn som utøvarar. Arbeidet med regelverket vil vere ferdig i 2019 eller 2020.

«Mishandlingsbestemmelsen»

Vedtak nr. 856, 6. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen sikre at praksis i forvaltningen i saker angående utlendingsloven § 53 første ledd (mishandlingsbestemmelsen) er i tråd med lovgivers intensjon, og melde tilbake til Stortinget så raskt som mulig de vurderinger og eventuelle endringer som er gjort.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 68 L (2017–2018) og Innst. 357 L (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet har starta på ei utgreiing, og motteke innspel frå Utlendingsdirektoratet og Utlendingsnemnda.

Aggressiv marknadsføring av forbrukslån

Vedtak nr. 875, 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget senest høsten 2018 med et forslag om å forby aggressiv markedsføring av forbrukslån.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 371 S (2017–2018).

Regjeringa foreslår at vedtaket opphevast, jf. forslag til vedtak. Aggressiv marknadsføring av forbrukslån må reknast for å vere forbode etter dei alminnelege reglane i marknadsføringslova, jf. særleg forbodet mot «urimelig handelspraksis» i § 6. Det er i forskrift 5. april 2017 nr. 437 om markedsføring av kreditt gitt reglar som stiller meir konkrete krav til innhaldet i og framgangsmåten ved marknadsføring av kreditt. Departementet vil i etterkant av arbeidet med den nye finansavtalelova vurdere om reglane bør bli strengare. Det kan bl.a. vere aktuelt å vurdere eit forbod mot marknadsføring i sosiale medium og strengare reglar når det gjeld tilleggsfordelar som er knytte til eit kredittprodukt. Slike forslag må eventuelt greiast ut nærmare og sendast på høyring. Kongen er med heimel i finansavtalelova § 46 og marknadsføringslova § 6 gitt fullmakt til å gi reglar om marknadsføring av forbrukslån i forskrift.

Menneskerettane til utviklingshemma – verjemål

Vedtak nr. 899, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der erfaringene med vergemålsloven gjennomgås og foreslå nødvendige lovendringer som sikrer den enkelte vergetrengendes medbestemmelse og rettssikkerhet.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 377 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Verjemål vert behandla i meldinga i samsvar med ordlyden i oppmodingsvedtaket. Sjå elles omtalen av oppmodingsvedtak 894 i Prop. 1 S for Kulturdepartementet.

Utføring av DNA-analyser ved Rettsgenetisk senter
Vedtak nr. 916, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen så raskt som mulig legge til rette for at Rettsgenetisk senter (RGS) ved UiT Norges arktiske universitet kan utføre DNA-analyser for bruk i strafferettspleien.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:191 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Cecilie Myrseth, Olaug V. Bollestad, Torgeir Knag Fylkesnes, Sandra Borch, Martin Henriksen, Ingvild Kjerkol og Lene Vågslid om DNA- og sporanalyser ved Rettsgenetisk senter* og Innst. 390 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet held fram arbeidet med å gjennomføre stortingsvedtaket med sikte på at RGS kan byrje å levere analyser våren 2021.

Organisering av Rettsgenetisk senter
Vedtak nr. 917, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen sørge for at Rettsgenetisk senter (RGS) forblir underlagt UiT Norges arktiske universitet, slik at dette blir et uavhengig fagmiljø, og at sammenhengen mellom forskning, utdanning og praktisk rettet analysearbeid blir ivaretatt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:191 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Cecilie Myrseth, Olaug V. Bollestad, Torgeir Knag Fylkesnes, Sandra Borch, Martin Henriksen, Ingvild Kjerkol og Lene Vågslid om DNA- og sporanalyser ved Rettsgenetisk senter* og Innst. 390 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp. Vi viser til omtale av vedtak nr. 916, 12. juni 2018.

IKT-løysingar knytte til rettsgenetiske tenester
Vedtak nr. 918, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at man utvikler og utvider dagens tekniske IKT-løysingar, slik at politiet/Kripas kan kommunisere med flere leverandører av rettsgenetiske tenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:191 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Cecilie Myrseth, Olaug V. Bollestad, Torgeir Knag Fylkesnes, Sandra Borch, Martin Henriksen, Ingvild Kjerkol og Lene Vågslid om DNA- og sporanalyser ved Rettsgenetisk senter* og Innst. 390 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet held fram med arbeidet med å tilretteleggje for IKT-løysingar slik at politiet/Kripas kan kommunisere med fleire leverandørar.

Krav om leveranse frå Rettsgenetisk senter
Vedtak nr. 919, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at Rettsgenetisk senter (RGS) kan levere fra 10 til 25 prosent av de analysene det er behov for.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:191 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Cecilie Myrseth, Olaug V. Bollestad, Torgeir Knag Fylkesnes, Sandra Borch, Martin Henriksen, Ingvild Kjerkol og Lene Vågslid om DNA- og sporanalyser ved Rettsgenetisk senter* og Innst. 390 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet held fram med arbeidet med å tilretteleggje for at RGS kan levere frå 10 til 25 prosent av analysene det er behov for.

Lokalisering av passkontor
Vedtak nr. 1002, 15. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at minst 90 pst. av innbyggerne i hvert politidistrikt har maksimalt 45 minutters kjøretid til nærmeste passkontor, slik at servicetilbudet overfor publikum blir opprettholdt på en best mulig måte. Det kan gjøres unntak ved endelig beslutning knyttet til struktur og antall utstedelsessteder for pass der kvalitet og volum ikke tilfredsstiller internasjonale krav. Det må være et høyere antall utstedelsessteder enn i Politidirektoratets forslag.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 85 S (2017–2018) og Innst. 400 S (2017–2018).

Regjeringa foreslår at vedtaket opphevast, jf. forslag til vedtak. Vedtaket vart omtalt i Prop. 1 S (2018–2019) og Prop. 28 S (2018–2019). I Innst. 291 S (2018–2019) er vedtaket ikkje utkvittert. Justis- og beredskapsdepartementet legg til grunn at intensjonen bak vedtaket er å sikre god brukartilgjengelegheit i områder med lang reiseveg til nærmaste pass- og ID-kontor. Politidirektoratet har derfor fått i oppdrag å etablere ei mobil løysing for betre tilgjengelegheit i område med lang reiseveg. Det er eit mål at løysinga skal lanse- rast i 2020. Politidirektoratet skal komme tilbake med ei konkretisering, kostnadsberekning og vurdering av ulike alternativ for ei slik løysing. For meir utfyllande omtale, sjå punkt 7 i programkate- gori 06.40.

1.8.3 Stortingssesjon 2016–2017

Krenkingar av representantar frå andre statar

Vedtak nr. 96, 2. desember 2016

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endringer i straffeloven 2005 § 184 a.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:88 L (2015–2016) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Bård Vegar Solhjell, Audun Lysbakken, Heikki Eidsvoll Holmås og Snorre Serigstad Valen om opphevelse av straffeloven § 184 bokstav a vedrørende krenkelser av representanter fra andre stater* og Innst. 85 L (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende i desember 2018 på høyring forslag til lovendingar for å følgje opp vedtaket. I høyringsnotatet foreslår departemen- tet å fjerne alternativet «opptre fornærmelig» i straffebodet. Departementet foreslår alternativt eit vilkår om at berre rettsstridige krenkingar kan gi straff, slik at det blir gjort klart at ein ikkje kan straffe ytringar som er verna av ytringsfridomen, sjå Grunnlova § 100 og den europeiske menneske- rettskonvensjonen (EMK) artikkel 10.

Tilbod tunge narkotikamisbrukarar

Vedtak nr. 103, 2. desember 2016

«Stortinget ber regjeringen om å komme til Stor- tinget på egnet måte med en vurdering av det samlede straffereaksjons- og behandlingstilbudet for tunge narkotikamisbrukere, og om innretnin- gen av disse bør endres.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 75 S (2016–2017), jf. Prop. 105 L (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet har, i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, lyst ut eit for- skingsprosjekt som skal vurdere det samla straffe- reaksjons- og behandlingstilbudet for tunge nar- kotikamisbrukarar og om innretninga av desse bør endrast. Utgreiinga skal vere ferdig i løpet av mars 2020. Vi viser elles til at regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal komme med for- slag til gjennomføring av ei rusreform. Utvalet skal levere utgreiinga si innan utgangen av 2019.

Evaluering av salærsatsen

Vedtak nr. 276, 16. desember 2016

«Stortinget ber regjeringen evaluere endringen av salærforskriften hva gjelder godtgjørelse ved reisefravær i løpet av tre år og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 1 S (2016–2017) og Innst. 6 S (2016–2017) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Forskrift- sendringa knytt til godtgjersle ved reisefråvære tredde i kraft 1. januar 2017. Justis- og beredskaps- departementet har tildelt oppdrag om evauering av endringa til eksterne konsulentar våren 2019. Evalueringa skal liggje føre i desember 2019. Vi viser til omtale under programkategori 06.60, kap. 466 i del II.

Korrupsjonsføresegnene i straffelova

Vedtak nr. 523, 23. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av straffeloven som innebærer at for overtredelser av straffelovens korrupsjonsbestem- melser kan foretaket også straffes når handlingen er utført av noen som gjennom sine forbindel- ser med selskapet må assosieres med det. Det må vurderes straffefrihet for selskap som har gjort det de kan for å forebygge korrupsjon.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 191 L (2016–2017) frå justiskomiteen om utvida ansvar for ansvaret selskap har for korrup- sjonshandlingar.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet har gitt ein fagperson i

oppdrag å drøfte dei aktuelle spørsmåla og komme med forslag til lovendingar. Rapporten vil truleg bli send på høyring våren 2020.

Strategi mot internettrelaterte overgrep
Vedtak nr. 605, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringa utvikle en egen strategi for å forebygge og bekjempe internettrelaterte overgrep, som sikrer økt kompetanse og betre verktøy i politiet.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*.

Vedtaket er følgt opp. Det er sett i gang eit arbeid med ein strategi mot nettrelaterte overgrep mot barn. Strategien har ein heilskapleg, tverrsektoriell og kunnskapsbasert tilnærming til tematikken og behovet for forebyggjande tiltak. Tiltaket er i startfasen, og relevante departement og andre aktørar vil bli inviterte inn for å komme med innspel.

Tilrettelagde avhøyr som fører til domfelling.
Vedtak nr. 613, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringa arbeide med å forbedre tilgangen på relevant statistikk over hvor mange tilrettelagte avhør som medfører domfellelse.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er behandlinga av Prop. 12 S (2016–2017) Innst. 247 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet har gitt Statistisk sentralbyrå i oppdrag å gjennomføre eit forskingsprosjekt som skal gi betre kunnskap om kva som skjer med meldingar om saker som gjeld vald og seksuelle overgrep mot barn. Oppdraget er forseinka. Årsaka er at slike saker blir behandla i ulike datasystem avhengig av kor dei er i straffesakskjeda. Sakene som er melde til politiet, etterforska, påtaleavgjorde og/eller med ei domfelling, må i nokre tilfelle følgjast gjennom fleire årgangar. Rapporten frå SSB skal vere ferdig i løpet av 2019.

Besøksforbod
Vedtak 622, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringa evaluere besøksforbuddet, herunder hvordan politiet følger opp brudd på besøksforbud.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 12 S (2016–2017) og Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*.

Vedtaket er følgt opp. Velferdsforskningsinstituttet NOVA har på vegne av regjeringa evaluert ordninga med besøksforbod. Evalueringa viser bl.a. at handhevinga av ordninga varierer både i og mellom dei ulike politidistrikta. Rapporten frå evalueringa vart ferdigstilt i januar 2019 og blir følgt opp av Politidirektoratet og Riksadvokatembetet. Sjå programkategori 06.40 for meir informasjon om evalueringa.

Rettstryggleik for barn som døyr plutselig og uventa
Vedtak nr. 629, 25. april 2017.

«Stortinget ber regjeringa om å vurdere om rettssikkerheten for barn som dør plutselig og uventet, er ivare tatt på en tilstrekkelig måte, eller om det bør vurderes ytterligere tiltak, og utrede muligheten for å innføre obligatorisk dødsundersøkelse ved plutselig og uventet død.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:54 S (2014–2015) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kjell Ingolf Ropstad, Olaug V. Bollestad og Geir Jørgen Bekkevold om tiltak for å bekjempe vold mot barn* og Innst. 315 S (2014–2015), jf. vedtak nr. 630, 8. juni 2015. Nytt einslydande vedtak vart gjort i samband med behandlinga av Prop. 12 S (2016–2017) Innst. 247 S.

Vedtaket er følgt opp. Ei eventuell innføring av obligatorisk dødsstadsundersøking ved plutselig og uventa barnedødsfall vil utfordre både Grunnlova § 102 og EMK artikkel 8. Regjeringa vil derfor ikkje følgje opp vedtaket i det vidare. Politiet har likevel plikt til å setje i gang etterforskning når barn døyr plutselig og uventa, med unntak av tilfelle der dødsårsaka openbert er naturleg.

Omvend valdsalarm ved brot på besøksforbod
Vedtak nr. 630, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om å utvide muligheten til å ilegge omvendt valdsalarm til blant annet til tilfeller ved brudd på besøksforbud.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om *Opptrappingsplan mot vold og overgrep* (2017–2021).

Vedtaket er under behandling. På bakgrunn av dei menneskerettslege spørsmåla vedtaket reiser, har departementet venta på ei ekstern nordisk utgreiing om menneskerettslege rammer for kontakts- og opphaldsforbod. Utgreiinga vart publisert i juli 2019. Departementet tek sikte på å vurdere behovet for lovendringar i løpet av inneverande stortingsperiode. Bruk av ordninga med omvend valdsalarm er ressurskrevjande og fordrer eit tett samarbeid mellom politiet og øvrig tenesteapparat. Mange av dei potensielle «brukarane» av omvend valdsalarm har tilleggsproblematikk utover at dei utgjør ein trussel for den som er utsett for vald.

Besøksforbod
Vedtak nr. 631, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om å utvide muligheten til å ilegge besøksforbud utover ett år, og utrede muligheten for å ilegge besøksforbud med begrensninger til å bevege seg i et større geografisk område.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om *Opptrappingsplan mot vold og overgrep* (2017–2021).

Vedtaket er under behandling. Det visast til omtale under vedtak nr. 630, 25. april 2017.

Au pair
Vedtak nr. 743, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en lovendring som sikrer at familier ikke får motta au pair dersom en person i familien er ilagt straff, eller særreaksjon for forhold som kan føre til fengselsstraff, for handlinger mot en au pair.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:54 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kirsti Bergstø og Karin Andersen om avvikling av aupair-ordningen og strengere reaksjoner mot vertsfamilier som utnytter au pairer* og Innst. 305 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa sende 29. mai 2018 på høyring eit forslag til endring av utlendingslova som fastset ein tilgang til å gi varig karantene for vertsfamiliar som utnyttar au pairar. Departementet går no gjennom høyringsfråsegnene og tek sikte på å fremme eit lovforslag for Stortinget i løpet av inneverande stortingssesjon.

Au pair
Vedtak nr. 744, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en lovendring for å sikre at vertsfamilier som grovt eller gjentatte ganger bryter lover eller regler som skal beskytte au pairer, kan miste retten til å ha au pair for alltid.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:54 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kirsti Bergstø og Karin Andersen om avvikling av aupairordningen og strengere reaksjoner mot vertsfamilier som utnytter au pairer* og Innst. 305 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Det visast til omtale under vedtak 743, 2. juni 2017.

EOS-kontrollova
Vedtak nr. 879, 13. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen så snart som mulig komme med forslag til en endring i offentliglova § 5 tilsvarende § 16 fjerde ledd i forslag til EOS-kontrolloven.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 431 L (2016–2017) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om endringar i EOS-kontrollova.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende 4. juli 2018 på høyring eit utkast til endringar i offentliglova. Eitt av forslaga der er ei slik endring i offentliglova § 5 som Stortinget har bede om. Eit lovforslag vil bli fremja for Stortinget i inneverande stortingsseksjon.

Innføring av tenestenummer i kriminalomsorga

Vedtak nr. 889, 13. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen informere Stortinget på egnet måte om regjeringens konklusjoner i saken om innføring av tenestenummer for ansatte i kriminalomsorgen, senest høsten 2017.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 413 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp. Bruk av tenestenummer for tilsette i kriminalomsorga er planlagt innført hausten 2019.

Handlingsplan mot valdtekt

Vedtak nr. 923, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa leggje fram ein ny handlingsplan mot valdtekt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:127 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kjell Ingolf Ropstad, Anders Tryvand, Olaug V. Bollestad og Geir Jørgen Bekkevold om tiltak for å bekjempe valdtekt* og Innst. 342 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp. Handlingsplanen vart lagd fram for Stortinget i mars 2019. Handlingsplanen er utarbeidd av Justis- og beredskapsdepartementet i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Politidirektoratet har motteke supplerande tildelingsbrev om oppgåva med å koordinere arbeidet med oppfølging av planen og rapportering av oppnådde resultat. Omtalen i dette avsnittet gjeld òg vedtaka 924, 925 og 926.

Oppfølging av utsette for valdtekt

Vedtak nr. 924, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa komme med tiltak som sikrar en meir samstemd oppfølging av valdtektsofre i møte med offentlige myndigheter, rettsapparat, politiet og helsevesenet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:127 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kjell Ingolf Ropstad, Anders Tryvand, Olaug V. Bollestad og Geir*

Jørgen Bekkevold om tiltak for å bekjempe valdtekt og Innst. 342 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp. Sjå omtalen under vedtak nr. 923, 14. juni 2017. Regjeringa sin handlingsplan mot valdtekt (2019–2022) har hjelpetilbodet etter valdtekt som eige innsatsområde. Tilbodet skal gjerast godt kjend, og dei som er fornærma skal møte eit hjelpeapparat med høg kompetanse i alle delar av landet. Innsatsområdet inneheld sju ulike tiltak for å nå dette målet.

Overgrepsmottak

Vedtak nr. 925, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa sikre valdtektsofre over hele landet tilgang til valdtektsmottak, samt sikre full finansiering av valdtektsmottakene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:127 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kjell Ingolf Ropstad, Anders Tryvand, Olaug V. Bollestad og Geir Jørgen Bekkevold om tiltak for å bekjempe valdtekt* og Innst. 342 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp. Sjå omtalen under vedtak nr. 923, 14. juni 2017. Det er etablert overgrepsmottak over heile landet med tilbod om medisinsk hjelp og rådgiving.

Kompetanseheving – saker om valdtekt og overgrep

Vedtak nr. 926, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa iverksette fleire tiltak som sikrar kompetanseheving hos politiet og rettsapparatet når det gjelder saker om valdtekt og overgrep.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:127 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kjell Ingolf Ropstad, Anders Tryvand, Olaug V. Bollestad og Geir Jørgen Bekkevold om tiltak for å bekjempe valdtekt* og Innst. 342 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp. Sjå omtalen under vedtak nr. 923, 14. juni 2017. Regjeringa sin handlingsplan mot valdtekt (2019–2022) har eit særskild innsatsområde for etterforskning og behandling i rettsapparatet. Det er i alt tolv tiltak i planen som byggjer opp under målet om rask etterforskning med strenge krav til kvalitet. Handlingsplanen har samstundes eit eget innsatsområde for kunnskap og kompetanse, med i alt fem tiltak for meir kompetanse om vald og valdtekt i alle sektorar.

Lovfesting av ansvaret for einslege, mindreårige asylsøkarar

Vedtak nr. 938, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om lovfesting av ansvaret for enslige mindreårige asylsøkere, hvilken omsorg disse barna har krav på og hvilke krav som stilles til mottak med enslige mindreårige asylsøkere.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:100 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Rigmor Andersen Eide, Hans Fredrik Grøvan, Geir Jørgen Bekkevold og Kjell Ingolf Ropstad om styrket innsats mot at barn utnyttes i menneskehandel* og Innst. 397 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Departementet tek sikte på å sende ut eit høyringsnotat med forslag om oppfølging av vedtaket i løpet av våren 2020.

Lagring av IP-data

Vedtak nr. 944, 15. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede om det rettslige handlingsrommet for generell lagring av IP-adresser og relevant trafikkdata bør utvides, som et nødvendig virkemiddel i kampen mot kriminalitet, herunder overgrep mot barn. Utredningen må inkludere hvordan hensynet til personvern og internasjonale forpliktelser kan ivaretas.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Dokument 8:126 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Knut Arild Hareide, Kjell Ingolf Ropstad og Hans Fredrik Grøvan om utvidet lagringsplikt av IP-adresser for å beskytte barn mot overgrep* og Innst. 407 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Departementet har sett i gang eit arbeid med å greie ut generell lagringsplikt for IP-adresser. I samband med dette må ein bl.a. vurdere om tiltaket kan gjennomførast innanfor ramma av Grunnlova og Noregs internasjonale forpliktingar. Vidare må ein vurdere korleis ei slik lagringsplikt kan bli effektiv på tvers av ulike tekniske løysingar som internettildarar nyttar, særleg ulike teknikkar som gjer at mange abonnentar kan nytte den same IP-adressa samstundes.

Forsikringsordningar i bustadhandelen

Vedtak nr. 1035, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede en omlegging av forsikringsordningene i bolighandelen, der hovedprinsippet er at den som skal ha fordel av utbetalingen (boligkjøper), også er den som velger forsikringsselskap, forsikringens dekningsområder og vilkår ut over minimumsvilkår.»

Vedtaket er følgt opp gjennom Prop. 44 L (2018–2019), jf. Innst. 270 L (2018–2019) og endringslov 20. juni 2019 nr. 20.

Bustadkjøpars reklamasjonshøve

Vedtak nr. 1036, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen om å fremme forslag for Stortinget som sikrer at kravet til vesentlighet ved reklamasjoner utformes slik at stigende priser på tomter og boliger ikke automatisk forringer boligkjøperes reklamasjonsmuligheter.»

Vedtaket er følgt opp gjennom Prop. 44 L (2018–2019), jf. Innst. 270 L (2018–2019) og endringslov 20. juni 2019 nr. 20.

Tilstandsrapport ved bustadhandel

Vedtak nr. 1037, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere insentiver i regelverket rundt bolighandelen som kan øke bruken av felles, standardiserte tilstandsrapporter ved bolighandelen, slik at selgeres og kjøperes forventninger avklares bedre i en tidlig fase og reklamasjoner kan unngås.»

Vedtaket er følgt opp gjennom Prop. 44 L (2018–2019), jf. Innst. 270 L (2018–2019) og endringslov 20. juni 2019 nr. 20.

Autorisasjonsordning for takstmenn

Vedtak nr. 1038, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere å innføre en autorisasjonsordning for takstmenn og sikre takstmannens uavhengighet, rolle og tillit i bolighandelen og ved reklamasjoner.»

Vedtaket er fulgt opp gjennom Prop. 44 L (2018–2019), jf. Innst. 270 L (2018–2019) og endringslov 20. juni 2019 nr. 20.

Marknadsvurdering av takstmann

Vedtak nr. 1039, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere å gjeninnføre boligkjøpernes adgang til å få en markedsvurdering utført av takstmannen til støtte for sin kjøpsvurdering.»

Vedtaket er fulgt opp gjennom Prop. 44 L (2018–2019), jf. Innst. 270 L (2018–2019) og endringslov 20. juni 2019 nr. 20.

Bustadhandel – retten ein seljar har til å utbetre manglar

Vedtak nr. 1042, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere å fjerne selgers rett til å utbedre mangler etter avhendingsloven § 4–10, og fremme forslag til Stortinget om dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:123 S (2016–2017) og Innst. 477 S (2016–2017) frå familie- og kulturkomiteen om tiltak for å styrke forbrukarrettar i handel med bustad.

Vedtaket er fulgt opp gjennom Prop. 44 L (2018–2019), jf. Innst. 270 L (2018–2019) og endringslov 20. juni 2019 nr. 20.

Omvend valdsalarm

Vedtak nr. 1043, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede om omvendt valdsalarm bør kunne benyttes som et straffeprosessuelt virkemiddel, og rammene for slik bruk og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med eventuelle forslag om dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:108 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Lene Vågslid, Stine Renate Håheim, Lise Christoffersen, Sonja Mandt, Tove Karoline Knutsen, Christian Tynning Bjørnø og Kari Henriksen om å styrke oppfølgingen i reetableringsfasen for personer utsatt for vold i nære relasjoner* og Innst. 475 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. På bakgrunn av dei menneskerettslege spørsmåla vedtaket reiser, har departementet venta på ei ekstern nordisk utgreiing om menneskerettslege rammer for kontakts- og opphaldsforbod. Utgreiinga vart publisert i juli 2019. Departementet tek sikte på å vurdere behovet for lovendingar i løpet av inneverande stortingsperiode. Sjå også omtale av vedtak nr. 630 og 631, 25. april 2017.

1.8.4 Stortingssesjon 2015–2016

Bustadtransaksjonar

Vedtak nr. 47, 26. november 2015

«Stortinget ber regjeringen vurdere tiltak som bidrar til tryggere boligtransaksjoner for både kjøper og selger, herunder det varslede arbeidet om takstmenn, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:68 S (2014–2015) og Innst. 46 S (2015–2016).

Vedtaket er fulgt opp gjennom Prop. 44 L (2018–2019), jf. Innst. 270 L (2018–2019) og endringslov 20. juni 2019 nr. 20. Dei nye reglane i avhendingslova inneber mellom anna at seljaren får eit insentiv til å leggje fram ein grundig tilstandsrapport, og dei oppmodar kjøparen til å setje seg inn i rapporten. Etter dei nye reglane kan det setjast krav til innhaldet i tilstandsrapportane og til dei bygningssakkunnige. Ved å klargjere ansvaret som partane har, og leggje til rette for meir og betre informasjon før salet vil lovendingane kunne føre til tryggare bustadhandel.

ROSA

Vedtak nr. 118, 7. desember 2015

«Stortinget ber regjeringen styrke ROSA og vurdere å gjøre det om til et permanent tiltak og sikre økonomisk forutsigbarhet for tiltaket.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:91 S (2014–2015) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Ingolf Ropstad, Olaug V. Bollestad, Line Henriette Hjemdal, Geir Jørgen Bekkevold og Rigmor Andersen Eide om bekjempelse av vår tids slaveri* og Innst. 62 S (2015–2016).

Vedtaket er fulgt opp. ROSA er blitt eit permanent tiltak for ofre for menneskehandel. Dei siste

åra har løyvingane til ROSA auka jamleg, slik at det i dag er eit fullgodt tilbod til ofra.

Oppholdsløyve for offer for menneskehandel

Vedtak nr. 123, 7. desember 2015

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å gi mennesker, hvor det er sannsynliggjort at de er ofre for menneskehandel, oppholdstillatelse i Norge.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:91 S (2014–2015) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Ingolf Ropstad, Olaug V. Bollestad, Line Henriette Hjemdal, Geir Jørgen Bekkevold og Rigmor Andersen Eide om bekjempelse av vår tids slaveri* og Innst. 62 S (2015–2016).

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet har foretatt ein gjennomgang og vurdering av regelverket om oppholdstillatelse til ofre for menneskehandel og sende 25. juni 2019 på høyring forslag om endringar i utlendingsforskrifta, med høyringsfrist 13. september 2019. Departementet foreslår endringar i utlendingsforskrifta som inneber ein utvida adgang til å gi oppholdstillatelse til ofre for menneskehandel som avgir forklaring i straffesak. Det framgår også av høyringsbrevet at departementet vil vurdere unnatak frå Dublin-prosedyren for ofre for menneskehandel som har hatt eller fyller vilkåra for begrensa oppholdstillatelse etter utlendingsforskrifta § 8–3 annet ledd, slik at desse kan få sin asylsak realitetsbehandla i Noreg.

Lokale til sosial dumping

Vedtak nr. 130, 7. desember 2015

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å endre straffeloven slik at den som leier ut lokaler og forstår at lokalet blir brukt til sosial dumping eller utviser grov uaktsomhet i denne sammenheng, skal kunne straffes.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:117 S (2014–2015) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Jenny Klinge og Per Olaf Lundteigen om endring av straffelova slik at utleigar kan haldast ansvarleg ved ulovleg verksemd i lokale som blir leigd ut* og Innst. 63 S (2015–2016). Kontroll- og konstitusjonskomiteen har i Innst. 275 S (2017–2018) merka seg at oppfølginga har teke usedvanleg lang tid.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende i desember 2018 på høyring forslag til lovendringar for å følgje opp vedtaket, med høyringsfrist 15. april. 2019.

Religiøse leiarar

Vedtak nr. 444, 12. januar 2016

«Religiøse ledere som gjennom sin virksomhet bidrar til å svekke integreringen, bør ikke få innvilget oppholdstillatelse.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:37 S (2015–2016) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Trond Helleland, Harald T. Nesvik, Knut Arild Hareide, Marit Arnstad og Trine Skei Grande om et felles løft for god integrering.*

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet greier i samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet ut om og i tilfelle på kva måte det kan vera formålstenleg med særskilde tiltak i reglane om oppholdsløyve for å nå formålet bak vedtaket. Departementet har fått synspunkt på forslag til moglege tiltak frå underliggende organ og andre departement som må utgreiast nærmare.

Avhøyr av mistenkte ved Statens barnehus

Vedtak nr. 818, 8. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen vurdere om avhør av barn og unge under 16 år som er mistenkt for seksuelle overgrep, skal gjennomføres ved Statens barnehus.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:55 S (2015–2016) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kjell Ingolf Ropstad, Olaug V. Bollestad og Geir Jørgen Bekkevold om behandling av barn og unge som begår overgrep* og Innst. 349 S (2015–2016).

Vedtaket er følgt opp. Enkelte barnehus har erfaring med avhøyr av unge overgripingar. Politidirektoratet har berkna kostnadene knytte til implementering av eit slik tilbod på landsbasis i rapporten *Kostnader knyttet til tiltak i Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* frå oktober 2018. Regjeringa vil komme tilbake til i kommande budsjettforslag korleis dette skal prioriterast.

Tilsyn med drift av asylmottak
Vedtak nr. 921, 16. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen etablere en uavhengig tilsynsordning for asylmottaksdrift.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 30 (2015–2016) og Innst. 399 S (2015–2016).

Vedtaket er til behandling. Ei eventuell etablering av uavhengig tilsyn for asylmottak kan ha store økonomiske og administrative konsekvensar, og det er viktig at vedtaket er grundig utgreidd. Departementet vil komme tilbake til korleis vedtaket skal følgjast opp.

1.8.5 Stortingssesjon 2014–2015

Foreldingsreglar

Vedtak nr. 462, 17. mars 2015

«Stortinget ber regjeringen fremme sak om foreldelsesregler for forsettlige handlinger som har døden til følge.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:4 L (2014–2015) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Jenny Klinge og Heidi Greni om fjerning av foreldingsfristen for brot på straffelova § 148 første ledd første punktum andre straffalternativ (mordbrannparagrafen) og Innst. 172 L (2014–2015).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende i desember 2018 på høyring forslag til lovendringar for å følgje opp vedtaket. I høyringsnotatet foreslår departementet bl.a. at straffansvaret etter §§ 175 (grov tortur), 274 (grov kroppsskade), 283 (grov mishandling i nære relasjonar), 285 (grov kjønnslemlesting) og 328 (grovt ran) ikkje blir forelda viss ei dødsfølgje inngår i vurderinga av om eit lovbrott er grovt. Eventuelle meirutgifter ved forslaget er truleg avgrensa.

Offentleglova

Vedtak nr. 618, 8. juni 2015

«Stortinget ber regjeringen om å evaluere endringen av offentleglova § 16 første ledd tredje punktum på egnet måte i løpet av tre år.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:85 L (2014–2015) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Ingjerd Schou, Helge André Njåstad, Geir S. Toskedal, Ola Elvestuen og Jorodd Asphjell om endring av offentleglova (unnta fra innsynsretten byrådsnotater og drøftingsdokumenter til byrådskonferanser og forberedende byråd i kommuner/fylkeskommuner med parlamentarisk styreform)* og Innst. 320 L (2014–2015).

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet vil følgje opp vedtaket ved å sende på høyring ei sak om moglege endringar i offentleglova som følgje av den evalueringa av lova som allereie er gjort. Denne evalueringa vart gjort etter framlegget om evaluering av lova i Innst. O. nr. 41 (2005–2006). Dette framlegget vart vedteke av Stortinget 9. mai 2006. I dette høyringsnotatet vil høyringsinstansane òg bli bedne om å melde tilbake korleis endringa i offentleglova § 16 første ledd tredje punktum har verka, for dermed å bidra til å gjennomføre evalueringa.

Kompensasjonsordning 110-sentralar

Vedtak nr. 645, 10. juni 2015

«Stortinget ber regjeringen utforme en kompensasjonsordning for 110-sentraler som blir nedlagt med ny struktur, og komme tilbake til Stortinget med forslag til en slik ordning på egnet måte.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 61 LS (2014–2015) og Innst. 306 S (2014–2015).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet vurderer om det skal utformast ei kompensasjonsordning for 110-sentralar som blir nedlagde som følgje av at politiet sine operasjonssentralar og brannvesenet sine 110-sentralar blir samlokaliserte. Prinsipielt sett er det eit kommunalt ansvar å etablere og drifte slike sentralar. Det er allereie løyva betydelege midlar til samlokalisering for å skape ei betre nødmeldingsteneste til befolkninga, og denne samlokaliseringa er gjennomført og under planlegging.

1.8.6 Stortingssesjon 2012–2013

Sivilombodsmannen

Vedtak nr. 515, 6. juni 2013

«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovforslag for å styrke Sivilombudsmannens rolle

overfor forvaltningen ved å tillate at Sivilombudsmannen opptrer som hjelpeintervenient ved søksmål.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er dokument 8:122 S (2012–2013) og Innst. 379 S (2012–2013).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet tek sikte på å sende på høyring forslag til lovendringar hausten 2019 for å følgje opp vedtaket i løpet av inneverande stortingssesjon.

Utgifter fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)					
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
Administrasjon					
400	Justis- og beredskapsdepartementet	561 522	561 842	595 424	6,0
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>561 522</i>	<i>561 842</i>	<i>595 424</i>	<i>6,0</i>
Rettsvesen					
61	Høyesterett	111 387	112 195	116 138	3,5
410	Domstolene	2 593 731	2 619 299	2 683 505	2,5
414	Forliksråd og andre domsutgifter	251 452	266 576	268 484	0,7
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>2 956 570</i>	<i>2 998 070</i>	<i>3 068 127</i>	<i>2,3</i>
Kriminalomsorg					
430	Kriminalomsorgen	4 903 581	4 803 427	5 180 962	7,9
432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	262 454	246 704	191 272	-22,5
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>5 166 035</i>	<i>5 050 131</i>	<i>5 372 234</i>	<i>6,4</i>
Politi og påtalemyndighet					
440	Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	18 538 073	19 768 159	20 243 302	2,4
442	Politihøgskolen	634 189	629 942	633 984	0,6
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	905 096	890 938	982 580	9,9
445	Den høyere påtalemyndighet	257 551	262 057	277 795	6,0
446	Den militære påtalemyndighet	8 240	8 909	9 058	1,7
448	Grensekommisæreren	5 480	5 636	5 745	1,9
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>20 348 629</i>	<i>21 565 686</i>	<i>22 152 464</i>	<i>2,7</i>
Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap					
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	889 810	774 460	1 573 440	103,2
452	Sentral krisehåndtering	26 061	26 398	26 849	1,7
453	Sivil klareringsmyndighet	28 750	31 927	32 527	1,9

(i 1 000 kr)					
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
454	Redningshelikoptertjenesten	2 186 971	3 785 162	3 015 384	-20,3
455	Redningstjenesten	315 033	415 045	431 875	4,1
456	Nød- og beredskapskommunikasjon	730 705	627 043		-100,0
457	Nasjonal Sikkerhetsmyndighet			370 306	
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>4 177 330</i>	<i>5 660 035</i>	<i>5 450 381</i>	<i>-3,7</i>
	Andre virksomheter				
460	Spesialenheten for politisaker	47 334	47 451	48 316	1,8
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 057 160	1 183 838	1 068 646	-9,7
467	Norsk Lovtidend	5 761	4 340	4 404	1,5
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	16 758	17 179	20 230	17,8
469	Vergemålsordningen	389 763	402 675	398 393	-1,1
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>1 516 776</i>	<i>1 655 483</i>	<i>1 539 989</i>	<i>-7,0</i>
	Fri rettshjelp, erstatninger, konfliktråd m.m.				
470	Fri rettshjelp	659 909	662 141	677 293	2,3
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning	238 296	196 779	203 076	3,2
473	Statens sivilrettsforvaltning	350 920	372 579	436 621	17,2
474	Konfliktråd	152 832	173 216	174 618	0,8
475	Bobehandling	120 469	112 471	156 824	39,4
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>1 522 426</i>	<i>1 517 186</i>	<i>1 648 432</i>	<i>8,7</i>
	Svalbardbudsjettet				
480	Svalbardbudsjettet	340 829	360 484	375 808	4,3
	<i>Sum kategori 06.80</i>	<i>340 829</i>	<i>360 484</i>	<i>375 808</i>	<i>4,3</i>
	Beskyttelse og innvandring				
490	Utlendingsdirektoratet	2 401 832	2 020 312	2 166 493	7,2
491	Utlendingsnemnda	318 157	299 952	297 941	-0,7
	<i>Sum kategori 06.90</i>	<i>2 719 989</i>	<i>2 320 264</i>	<i>2 464 434</i>	<i>6,2</i>
	Integrering og mangfold				

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
495	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	995			
496	Bosetting av flyktninger og tiltak for innvandrere	4 548 555			
497	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere	30 005			
	<i>Sum kategori 06.95</i>	<i>4 579 555</i>			
	<i>Sum utgifter</i>	<i>43 889 661</i>	<i>41 689 181</i>	<i>42 667 293</i>	<i>2,3</i>

Inntekter fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap./ post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
	Administrasjon				
3400	Justis- og beredskapsdepartementet	5 895	5 483	6 631	20,9
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>5 895</i>	<i>5 483</i>	<i>6 631</i>	<i>20,9</i>
	Rettsvesen				
3410	Domstolene	366 458	288 551	289 348	0,3
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>366 458</i>	<i>288 551</i>	<i>289 348</i>	<i>0,3</i>
	Kriminalomsorg				
3430	Kriminalomsorgen	121 975	117 615	120 772	2,7
3432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	1 093	1 058	1 087	2,7
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>123 068</i>	<i>118 673</i>	<i>121 859</i>	<i>2,7</i>
	Politi og påtalemyndighet				
3440	Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	1 811 565	2 089 376	2 250 733	7,7
3442	Politi høgskolen	48 172	35 150	36 093	2,7
3444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	18 407	20 000	17 640	-11,8
3445	Den høyere påtalemyndighet	2 000	3 000	3 096	3,2
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>1 880 144</i>	<i>2 147 526</i>	<i>2 307 562</i>	<i>7,5</i>
	Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap				
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	237 168	179 458	751 001	318,5
3454	Redningshelikoptertjenesten	25 877	26 627	27 479	3,2

(i 1 000 kr)					
Kap./ post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
3455	Redningstjenesten	4 280			
3456	Nød- og beredskapskommunikasjon	568 270	493 879		-100,0
3457	Nasjonal Sikkerhetsmyndighet			33 815	
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>835 595</i>	<i>699 964</i>	<i>812 295</i>	<i>16,0</i>
	Andre virksomheter				
3469	Vergemålsordningen	3 930	4 183	4 295	2,7
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>3 930</i>	<i>4 183</i>	<i>4 295</i>	<i>2,7</i>
	Fri rettshjelp, erstatninger, konfliktråd m.m.				
3470	Fri rettshjelp	3 682	9 180	9 447	2,9
3473	Statens sivilrettsforvaltning	319	5	5	0,0
3474	Konfliktråd	1 500	701	723	3,1
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>5 501</i>	<i>9 886</i>	<i>10 175</i>	<i>2,9</i>
	Beskyttelse og innvandring				
3490	Utlendingsdirektoratet	461 046	384 702	539 066	40,1
	Integrering og mangfold				
3495	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	997			
	<i>Sum kategori 06.95</i>	<i>997</i>			
	<i>Sum programområde 06</i>	<i>3 682 634</i>	<i>3 658 968</i>	<i>4 091 231</i>	<i>11,8</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>3 682 634</i>	<i>3 658 968</i>	<i>4 091 231</i>	<i>11,8</i>

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

2 Nærmare om budsjettforslaget

Programområde 06 Justissektoren Programkategori 06.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 06.10 fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–25	Driftsutgifter	513 033	494 658	512 027	3,5
50–59	Overføringer til andre statsregnska- per	24 956	42 551	56 193	32,1
70–89	Overføringer til private	23 533	24 633	27 204	10,4
	Sum kategori 06.10	561 522	561 842	595 424	6,0

Utgifter under programkategori 06.10 fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
400	Justis- og beredskapsdepartementet	561 522	561 842	595 424	6,0
	Sum kategori 06.10	561 522	561 842	595 424	6,0

Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politi- og påtalemakta, redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap, utlendingsforvaltinga m.m. Justis- og beredskapsdepartementet er samordningsdepartement for norsk politikk i polarområda og for svalbardbudsjettet. Justis- og beredskapsdepartementet har eit særleg ansvar for å medverke til eit oversiktleg lovverk med samanheng og god lovstruktur. Alle lovforslag utanom for skattelover skal leggjast fram for Justis- og beredskapsdepartementet for lovteknisk gjennomgang. Justis- og beredskapsdepartementet gir òg råd til andre departement om lovarbeid.

Omtale av oppmodingsvedtak nr. 93, 4. desember 2018 – Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar (NIM)

4. desember 2018 gjorde Stortinget dette oppmodingsvedtaket (nr. 93):

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå anbefalingene i årsmeldingen for 2017 fra Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med hvordan anbefalingene er fulgt opp.»

Etter lov 22. mai 2015 nr. 33 om Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter § 3 første ledd bokstav a skal NIM «bidra til å styrke gjennomfø-

ringen av menneskerettighetene, særlig ved å [...] overvåke og rapportere om menneskerettighetenes stilling i Norge, herunder legge frem anbefalinger for å sikre at Norges menneskerettslige forpliktelser oppfylles», og etter bokstav b skal NIM «rådgi Stortinget, regjeringen, Sametinget og andre offentlige organer og private aktører om gjennomføringen av menneskerettighetene». Dei ansvarlege departementa vil ha som rutine å gjennomgå tilrådingane i årsmeldinga frå NIM, og råda frå NIM vil vere viktige og velkomne innspel når departementa og regjeringa tek stilling til kva som vidare bør gjerast på eit saksområde. Årsmeldinga til NIM for 2017 inneheld 36 tilrådingar.

Justis- og beredskapsdepartementet har gjennomgått tilrådingane på sitt ansvarsområde og vurdert dei slik det går fram nedanfor. Etter omtalen av tilrådingane på ansvarsområdet til Justis- og beredskapsdepartementet er det teke inn ei oversikt over kva departement som er ansvarlege for å omtale dei andre tilrådingane frå årsmeldinga til NIM i sine budsjettproposisjonar.

Bruk av tvangsmiddel etter straffeprosesslova § 222 d og politilova § 17 d

Tilråding frå NIM (s. 33 i årsmeldinga):

«Regjeringen bør utrede i hvilken utstrekning tvangsmiddelbruk i medhold av straffeprosessloven § 222d og politiloven § 17d er forenlig med Grunnloven § 102, andre punktum.»

Det følgjer av regjeringsplattforma at regjeringa vil setje ned eit offentleg utval som skal evaluere dagens politimetodar. Det vil vere naturleg at ei slik evaluering tek opp bruken av skjulte tvangsmiddel etter straffeprosesslova § 222 d og politilova § 17 d, medrekna om metodebruken skjer innanfor ramma av Grunnlova. Samstundes blir det framheva at forholdet til Grunnlova vart vurdert før forslaga til dei nemnde føresegnene vart fremma for Stortinget, sjå Prop. 68 L (2016–2017) *Endringer i straffeprosessloven mv. (skjulte tvangsmidler)* og NOU 2009: 15 *Skjult informasjon – åpen kontroll*.

Teieplikt og innsyn

Tilråding frå NIM (s. 39 i årsmeldinga):

«Myndighetene bør foreta en helhetlig gjennomgang av taushetspliktbestemmelsene i norsk lovgivning og av forvaltningens praktisering av innsynslovgivningen.»

I tidsrommet frå sommaren 2018 til hausten 2019 blir det gjennomført ein gjennomgang av reglane om teieplikt innanfor store delar av forvaltninga. Dette skjer i samband med at det blir utarbeidd ei utgreiing som dannar grunnlag for ein heilskapleg og praktisk orientert rettleiar om når det ligg føre teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett. Arbeidet blir gjennomført av professor Morten Holmboe, og utgreiinga vil liggje føre hausten 2019.

Dei generelle teiepliktreglane i forvaltningslova vart gjennomgått av forvaltningslovutvalet i samband med deira arbeid. I utgreiinga deira, NOU 2019: 5, er det bl.a. gjort framlegg om å endre reglane om deling av opplysningar som er omfatta av teieplikt. Dette framlegget vil bli følgd opp.

Teiepliktreglane i straffeprosesslova blir gjennomgått i samband med oppfølginga av NOU 2016: 24 *Ny straffeprosesslov*.

Når det gjeld korleis forvaltninga praktiserer innsynslovgivinga, har både Riksrevisjonen og Pressens offentlighetsutvalg gjennomført omfattande undersøkingar av dette dei seinare åra. For nokre få år sidan vart det òg gjennomført ei evaluering av offentleglova, der hovudformålet var å finne ut om Stortingets mål om større openheit var oppnådd. I etterkant av desse undersøkingane har det blitt sett i verk ei rekkje tiltak for at regelverket skal bli praktisert på ein betre måte.

Offentlegheit og innsyn i rettsstellet, kjeldevern

Tilråding frå NIM (s. 40 i årsmeldinga):

«Spørsmålene om offentlighet og innsyn i rettspleien generelt, og strafferetten spesielt, samt spørsmål om kildevern bør utredes nærmere og helhetlig i lys av de menneskerettslige krav som følger av Grunnloven og EMK. Kildevernbestemmelsen i ny straffeprosesslov bør tydelig få frem den høye terskelen Grunnloven og EMK setter for inngrep i kildevernet.»

Justis- og beredskapsdepartementet sende i juni 2016 på høyring ei utgreiing frå Tron L. Sundet om offentlegheit innanfor rettsstellet, saman med eit tilleggsnotat frå Domstoladministrasjonen. Høyringa hadde frist 1. november 2016 og er til behandling i departementet.

Reglane om kjeldevern må i første rekkje sjåast i samanheng med andre bevisreglar i straffeprosesslova og tvistelova. Det er naturleg at reglane om innsyn og offentlegheit innanfor rettsstellet blir vurderte heilskapleg i samband med

oppfølginga av utgreinga til straffeprosessutvalet, NOU 2016: 24 *Ny straffeprosesslov*.

På bakgrunn av forslaget til nye kjeldevernreglar frå straffeprosessutvalet og svara som kom under høyringa av NOU 2016: 24, sende departementet eit forslag til endringar i kjeldevernreglane i gjeldande straffeprosesslov og tvistelov på høyring 24. september 2018. Høyringsfristen var 1. februar 2019. Forslaget er til oppfølging i departementet og skal sjåast i samanheng med forslaget frå Kulturdepartementet til ny medieansvarslov. Dette forslaget vart sendt på høyring 9. mai 2018 med høyringsfrist 10. oktober 2018.

Hatefulle ytringar og hatkriminalitet

Tilråding frå NIM (s. 50 i årsmeldinga):

«Myndighetene bør sørge for at hvert politidistrikt prioriterer hatefulle ytringer og hatkriminalitet i henhold til det som er fastslått i Regjeringens strategi mot hatefulle ytringer. NIM anbefaler at man prioriterer å bygge opp et fagmiljø på feltet ved blant annet å etablere hatkrimgrupper i flere politidistrikt. Dette arbeidet bør også prioriteres på ulike andre nivåer innenfor politi og påtalemyndighet.»

Regjeringa la i 2016 fram ein strategi og to handlingsplanar som inneheld særskilte tiltak mot hatkriminalitet. Desse er regjeringas strategi mot hatefulle ytringar (2016–2020), regjeringas handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsutrykk (2017–2020) og regjeringas handlingsplan mot antisemittisme (2016–2020). Regjeringa ønskjer at dette fagfeltet skal ha høg prioritet, og det følger òg av Riksadvokatens mål- og prioriteringsrundskriv dei seinare åra at arbeidet mot hatkriminalitet skal ha særskild merksemd og skal prioriterast i alle politidistrikt. Det kan likevel vere ulike behov frå politidistrikt til politidistrikt, og ei øyremerking av ressursar vil føre til at distrikta får mindre rom til å prioritere ressursane der det er størst behov. På bakgrunn av dette meiner regjeringa at det bør vere opp til kvart enkelt politidistrikt å vurdere om dei skal opprette ei eiga faggruppe for hatkriminalitet.

Tilråding frå NIM (s. 52 i årsmeldinga):

«Myndighetene bør koordinere og ansvarliggjøre ulike aktører for å sikre at det utarbeides god nasjonal statistikk over hatefulle ytringer (og

annen hatkriminalitet) innenfor politi, påtalemyndighet og domstoler. NIM anbefaler at hatefulle ytringer registreres etter klare og like retningslinjer nasjonalt, og at myndighetene forsikrer seg om at de ulike politidistrikter har nødvendig kompetanse på dette. NIM anbefaler at statistikken inkluderer både antall anmeldelser og (detaljert informasjon om) utfallet av disse anmeldelsene.»

Det er viktig at det ligg føre god kunnskap i alle politidistrikta i landet om korleis føresegnene om hatkriminalitet i straffelova skal komme til bruk. For å sikre at dette fagområdet blir handtert likt, utarbeidde Politidirektoratet i 2018 ein rettleiar for registrering av hatkriminalitet til bruk i politidistrikta. At saka blir rett koda allereie når ho blir registrert, bidrar òg til betre flyt i saksbehandlninga.

I politiets STRASAK-rapport for 2018 er det ein særskild omtale av hatkriminalitet og utviklinga innanfor dette fagfeltet dei siste fem åra (2014–2018). Her er det ei oversikt over talet på meldingar til politiet, påtaleavgjorde saker og rettskraftige reaksjonar. Oppklaringsprosenten på saksfeltet ligg på 50. Dette er om lag same tal som for alle lovbrøt. Statistikken viser vidare at det har vore ei positiv utvikling i oppklaringsprosenten dei siste fem åra.

Einslege mindreårige asylsøkarar

Tilråding frå NIM (s. 58 i årsmeldinga):

«Norske myndigheter må gi enslige mindreårige asylsøkere over 15 år et omsorgstilbud som både kvalitativt og rettighetsmessig er likeverdig det tilbudet som gis til enslige mindreårige asylsøkere under 15 år og øvrige barnevernsbarn.»

Noreg har eit omsorgstilbod til einslege, mindreårige asylsøkarar som er tilpassa alderen deira. Det er fleire tilsette i mottak for einslege mindreårige enn det er i ordinære mottak. Det er også færre tilsette i mottak for einslege mindreårige over 15 år enn i omsorgsentra for einslege mindreårige under 15 år. Omsorga mottaket gir til einslege mindreårige i alderen 15–18 år, er særskild utvikla for å møte behova til denne gruppa. Mottaka skal òg ta omsyn til dei særlege behova til kvart enkelt barn. Utlendingsdirektoratet (UDI) arbeider systematisk for å sikre at einslege mindreårige over 15 år i mottak får eit forsvarleg omsorgstilbod, og regjeringa har dei siste åra gjennomført ei rekkje med tiltak for å sikre dette. Til dømes

har UDI dei siste åra fått tildelt ekstra midlar til å auke bemanninga og styrke den barnefaglege kompetansen i mottak for einslege mindreårige. UDI har med det fått fleire profesjonelle omsorgsarbeidarar i mottaka. Dette har hjulpet gruppa til å få eit styrkt tilbod i form av tettare oppfølging og betre omsorg. Ei eventuell avgjerd om å overføre ansvaret for einslege mindreårige asylsøkarar mellom 15 og 18 år til barnevernet vil ha vesentlege økonomiske konsekvensar.

Tilråding frå NIM (s. 61 i årsmeldinga):

«Myndighetene må foreta konkrete, individuelle vurderinger av barnets beste, slik Grunnloven og FNs barnekonvensjon krever, når de vurderer om enslige mindreårige asylsøkere skal få ordinært opphold på humanitært grunnlag eller en tidsbegrenset tillatelse.»

Med verknad frå 1. februar 2018 er det presisert i eit nytt tredje ledd i utlendingsforskrifta § 8–8 at det å avgrense kor lenge løyvet varer, slik at det gjeld til utlendingen fyller 18 år, skal vere forsvarleg ut frå omsynet til det beste for barnet. Samstundes vart det i eit nytt andre ledd i føresegna presisert ei rekkje omstende ved situasjonen til barnet som det skal leggjast vekt på når ein vurderer kva for type løyve som skal givast.

Internering av barn etter utlendingslova

Tilråding frå NIM (s. 65 i årsmeldinga):

«Unntaket fra de foreslåtte maksimalfristene i utlendingsloven for å internere barn bør snevres inn, slik at det samsvarer bedre med våre folkerettslige forpliktelser. Norske myndigheter bør prioritere arbeidet med etablering av en permanent familieenhet utenfor Trandum.»

Utlendingslova fekk ein ny § 106 c som tredje i kraft 15. mai 2018. I sjetle ledd fastset føresegna maksimalfristar ved internering av barn. Internering kan ikkje avgjerast for lenger enn tre døgn om gongen. Samla interneringstid skal heller ikkje vere lengre enn tre døgn, med mindre det ligg føre særlege og sterke grunnar, og interneringstida kan aldri overstige ni døgn.

Det er allereie oppretta eit senter for internering av barnefamiliar som skal uttransporterast. Senteret held førebels til på Haraldvangen. Senteret har eit meir sivilt preg og eit lågare tryggingnivå enn Trandum. Det er ikkje synlege

gjerd, og personalet går ikkje med uniform. Senteret har kapasitet til to barnefamiliar, eller ti personar totalt. Etter at senteret vart oppretta i desember 2017, blir ingen barnefamiliar internererte på Trandum.

Vald og overgrep i samiske samfunn

Tilråding frå NIM (s. 86 i årsmeldinga):

«Myndighetene bør iverksette en særskilt handlingsplan mot vold og overgrep i samiske samfunn. En slik handlingsplan må sørge for mer forskning på temaet, slik at tiltakene som settes inn, er egnet til å beskytte mot og forebygge vold og overgrep. Handlingsplanen bør forankres i det samiske samfunn, ved bruk av fagpersoner, sivile organisasjoner og Sametinget.»

Regjeringa har vedteke at det skal utarbeidast ein nasjonal handlingsplan mot vald i nære relasjonar med ein eigen del om vald og overgrep i samiske samfunn. Arbeidet med handlingsplanen vil ta til hausten 2019. Justis- og beredskapsdepartementet vil leie arbeidet med planen, og fleire departement og direktorat vil bidra. Justis- og beredskapsdepartementet vil gå i dialog med Sametinget om korleis Sametinget og andre samiske aktørar kan ta del i arbeidet med handlingsplanen. Handlingsplanen vil ta for seg tema som heilskapleg og koordinert politikk, førebygging, vern og hjelp til dei utsette og straffefølgjing og behandling av gjerningspersonar.

Når det gjeld forskning, har Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) fått midlar til eit forprosjekt for ytterlegare forskning om vald i nære relasjonar i samiske samfunn. Den vidare forskinga vil vere del av ein ny periode (2019–2024) for NKVTS sin del av Justis- og beredskapsdepartementets forskingsprogram om vald i nære relasjonar.

Vald og overgrep mot eldre som bur heime

Tilråding frå NIM (s. 87 i årsmeldinga):

«Myndighetene bør iverksette effektive tiltak på systemnivå for å forebygge og forhindre at hjemmeboende eldre utsettes for vold og overgrep, herunder bør kommunene iverksette handlingsplaner mot vold i nære relasjoner som har konkrete og egnede tiltak rettet mot gruppen eldre.»

Tiltak retta mot eldre som blir utsette for vald i nære relasjonar, vil vere del av den nye handlings-

planen mot vald i nære relasjonar som er omtalt under tilrådinga ovanfor.

Forsking som er gjort dei seinare åra kring vald mot eldre, vil gi viktige innspel til handlingsplanen. Gjennom studiar som er gjennomførte ved NKVTS, har vi fått meir kunnskap både om omfanget av vald og overgrep mot eldre og om kva for relasjonar dei har til valdsutøveren. Studien til NKVTS har synleggjort klare samanhengar mellom det å vere utsett for vald, uhelse og fysisk og sosial fungering.

Når det gjeld kommunale handlingsplanar, viser ein gjennomgang frå NKVTS at éin av fire kommunale handlingsplanar mot vald ikkje har rekna med eldre som målgruppe. Sjølv i dei planane der eldre er nemnde som målgruppe, er det få tiltak som rettar seg særskilt mot den eldre delen av befolkninga.

NKVTS har no eit prosjekt der dei undersøker korleis kommunane bruker kommunale handlingsplanar, kva for nytte dei har av slike planar, og korleis dei går fram for å lage dei. Rapporten skal lanserast 24. september 2019 og vil bidra med nyttig kunnskap om korleis dei kommunale handlingsplanane mot vald i nære relasjonar kan vidareutviklast – også når det gjeld eldre som målgruppe.

Oppfølging av samerettsutvalet II

Tilråding frå NIM (s. 101 i årsmeldinga):

«Gjennom konsultasjoner med Sametinget og berørte samiske interesser fremme lovforslag om anerkjennelse, kartlegging og beskyttelse av samenes rettigheter til land og vann sør for Finnmark samt forvaltningsordninger som sikrer samisk innflytelse over ressursforvaltningen i disse områdene i tråd med ILO konvensjon nr. 169 og øvrig folkerett.»

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å følgje opp NOU 2007: 13 *Den nye sameretten* (samerettsutvalet 2). Staten har ei folkerettsleg plikt til å konsultere med samane i saker som vil kunne gjelde samiske interesser direkte. I dag er plikta gjennomført i norsk rett gjennom *Prosedyrer for konsultasjoner mellom statlige myndigheter og Sametinget*, frå 2005.

Regjeringa fremma hausten 2018 Prop. 116 L (2017–2018) *Endringer i sameloven mv. (konsultasjoner)*. Lovreglane som er foreslått om konsulta-

sjonar, byggjer på folkerettslege reglar og dagens konsultasjonsprosedyrar. Fleirtalet i kommunal- og forvaltningskomiteen innstilte på at lovforslaget måtte sendast på høyring (Innst. 253 L (2018–2019)). I tillegg bad komiteen om at utkastet til rettleiar om konsultasjonar for kommunar og fylkeskommunar skulle sendast på høyring samstundes. Den 9. mai 2019 gjorde Stortinget oppmødingsvedtak i tråd med innstillinga frå komiteen (vedtak nr. 508 (2018–2019)). Stortinget vedtok å sende saka tilbake til regjeringa og oppmoda regjeringa om å sende forslag til endringar i same-lova, Prop. 116 L (2017–2018), ut på høyring før saka blir fremma for Stortinget til ny behandling.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider no med ein rettleiar for konsultasjonar og tek sikte på å sende både proposisjonen og utkastet til rettleiar på høyring hausten 2019. Kva for tiltak som skal setjast i verk for å sikre samiske rettar til land og vatn og samisk innverknad på ressursforvaltninga, er framleis til vurdering.

Sakshandsaming i straffesaker om valdtekt og mishandling i nære relasjonar

Tilråding frå NIM (s. 129 i årsmeldinga):

«NIM støtter Riksadvokatens ambisjon om å følge opp kvalitetsundersøkelsen med nye undersøkelser i årene fremover. Det vil gi grunnlag for å måle utviklingen og virkningen av tiltak som er iverksatt på grunnlag av tidligere funn. Det bør iverksettes tiltak for å avhjelpe de systemiske svakheter ved behandlingen av voldtektssaker og saker om mishandling i nære relasjoner som undersøkelsen har avdekket.»

På oppdrag frå Riksadvokaten gjennomførte statsadvokatane i 2016 ei nasjonal undersøking av etterforskningskvaliteten og påtalearbeidet i saker om valdtekt og mishandling av nærstående. Resultata blir følgde opp med fagleiinga til statsadvokatane i politidistrikta. Rapporten har òg gitt referansar for regjeringas handlingsplan mot valdtekt frå mars 2019. Handlingsplanen har eigne tiltak for å styrke etterforskinga i valdtektssaker. Justis- og beredskapsdepartementet støtter Riksadvokatens ambisjon om å følgje opp kvalitetsundersøkinga med nye undersøkingar i åra framover. På linje med dette vil Riksadvokaten i 2020 gjennomføre ei ny undersøking av etterforskningskvaliteten i valdtektssaker for å belyse endringar over tid.

Isolasjon i arrest og varetekt

Tilråding frå NIM (s. 133 i årsmeldinga):

«NIM fastholder tidlige anbefalinger om å endre både regelverk og praksis for å sikre at personer i arrest eller varetekt ikke isoleres i større utstrekning enn det som er strengt nødvendig. Våre anbefalinger er ennå ikke fulgt opp i tilstrekkelig grad.»

Justis- og beredskapsdepartementet sende i juni 2018 på høyring forslag til endringar i straffeprosesslova og politiarrestforskrifta. I høyringsnotatet er det skissert to alternative forslag, som inneber at personar som er gripne av politiet, som utgangspunkt må framstillast for retten anten den andre dagen eller 48 timar etter at dei vart gripne. Forslaget er ei oppfølging av forslag frå straffeprosessutvalet, jf. NOU 2016: 24 *Ny straffeprosesslov* side 327–329 og vil medføre ei innstramming i forhold til gjeldande rett. Når det gjeld endringar i politiarrestforskrifta, blir det bl.a. foreslått å regulere høvet til samkvem med andre innsette og besøk utanfrå. Vidare blir det opna for at tilsette kan få med seg personlege eignedelar på cella. Desse forslaga er oppfølgingar av innspel frå bl.a. Sivilombodsmannen og NIM. Det vidare arbeidet med å følgje opp høyringsnotatet går føre seg i departementet.

Straffeprosessutvalet har også foreslått fleire endringar i reglane om bruk av isolasjon under varetekt. Det overordna formålet med forslaga er å redusere bruken av isolasjon, jf. NOU 2016: 24 side 325. Fleire høyringsinstansar har understreka kor viktig det er at straffeprosesslova speglar det menneskerettslege utgangspunktet om at isolasjon berre skal brukast når det er strengt nødvendig. Departementet vil i samband med oppfølginga av NOU 2016: 24 sjå nærmare på endringar i reglane om bruk av isolasjon.

Utelukking frå fellesskap i fengsel

Tilråding frå NIM (s. 135 i årsmeldinga):

«Kriminalomsorgen bør prioritere implementeringen av retningslinjene for utelukkelse fra fellesskap. Kriminalomsorgen bør foreta en gjennomgang av beslutninger om utelukkelse på grunn av bemannings- og bygningsmessige forhold for å vurdere i hvilken grad beslutningene faktisk er forbeholdt akutte tilfeller, og ikke skyldes varige ressurs- og bemanningsproblemer.»

Den 15. mars 2017 vart nye retningslinjer for utelukking etter straffegjennomføringslova sette i kraft. Retningslinjene inneheld ikkje noko nytt materielt sett, men dei presiserer korleis gjeldande regelverk skal praktiserast. I tillegg fører dei inn strengare rapporteringsrutinar.

Kriminalomsorga vurderer det slik at det ikkje er grunnlag for å konstatere at retningslinjene ikkje har hatt ønskt effekt. Iverksettinga av retningslinjene er framleis i prosess. Dermed er det noko for tidleg å konkludere når det gjeld resultat. Kriminalomsorgsdirektoratets vurdering er at auken i heile utelukkingar dels kjem av ein auke i registreringa av faktisk utelukking og dels har å gjere med tilhøve ved dei innsette (meir utfordrande).

Talet på utelukkingar som heng saman med tilhøve ved bygningar eller ved bemanning, gjekk ned frå 2016 til 2017. Departementet vil følgje utviklinga nøye. Kriminalomsorgsdirektoratet har jamvel utarbeidd ein plan for tiltak mot isolasjon i kriminalomsorga. Fleire av tiltaka vil bli sette i verk allereie i 2019.

Justis- og beredskapsdepartementet har sett i gang eit arbeid for å gå gjennom reglane for utelukkingar og tvangsmiddel i kriminalomsorga.

Langtidsisolasjon i Ila fengsel

Tilråding frå NIM (s. 136 i årsmeldinga):

«Sentrale myndigheter bør iverksette tiltak for å sikre at langtidsisolerte ved Ila fengsel og forvaringsanstalt får et behandlingstilbud og at deres isolasjon avbrytes.»

Etablering av ei nasjonal forsterka fellesskapsavdeling ved Ila fengsel og forvaringsanstalt var ei av prioriteringane i 2019-budsjettet og ei av dei større satsingane med 18,3 millionar kroner. Det blir arbeidd for å etablere avdelinga raskast mogelg, og arbeidet går etter planen.

Kriminalomsorga har ansvaret for straffegjennomføringa, og helsetenesta har ansvaret for behandling av psykisk sjuke, òg for dei som er i fengsel. Det ligg i oppdragsbrevet frå Helse- og omsorgsdepartementet til dei regionale helseforetaka for 2018 at tilbodet innanfor psykisk helsevern til innsette skal styrkast.

For å auke kompetansen på psykisk sjuke hos fengselsbetjentane planlegg Kriminalomsorgas utdanningsssenter å auke utdanningstilbodet i fengselspsykiatri. Det er òg viktig å arbeide for å få fleire innsette i aktivitet.

Regjeringa har som mål å styrke tilbodet til innsette med psykiske lidingar. Dette krev nært samarbeid mellom bl.a. Justis- og beredskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Det er kontakt mellom departementa om dei aktuelle utfordringane.

Andre tilrådingar i NIMs årsmelding

Tabellen nedanfor viser kva departement som er ansvarleg for å omtale dei andre tilrådingane frå NIM i sine budsjettproposisjonar.

Sidetal i årsmeldinga	Tema for tilrådinga	Ansvarleg departement
20	Utgreiingsinstruksen – menneskerettslege spørsmål	Finansdepartementet
31	Lysne II-utvalet – digitalt grenseforsvar	Forsvarsdepartementet
36	NOU 2017: 7 om mediemangfald	Kulturdepartementet
38	Ytringsfridom og teknologisk utvikling, ny medieansvarslov mv.	Kulturdepartementet
42	Varsling og ytringsfridom i arbeidslivet	Arbeids- og sosialdepartementet
68	Statslause barn, framlegg til endringar i statsborgarlova	Kunnskapsdepartementet
77	Ny barnevernslov – omfang av samvær	Barne- og familiedepartementet
82	Vald og seksuelle overgrep mot barn, omsorgssvikt	Barne- og familiedepartementet
86	Saker om overgrep i Tysfjord kommune	Kommunal- og moderniseringsdepartementet
97	Elektrokonvulsiv behandling	Helse- og omsorgsdepartementet
101	Tilrådingar frå samerettsutvalet II – minerallovgiving	Nærings- og fiskeridepartementet
103	Tana-avtalen om fiskerettar – samisk deltaking i og innverknad på prosessar	Klima- og miljødepartementet
106	FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne – diskriminering av samar med nedsett funksjonsevne	Kulturdepartementet
107	Rettane til sjøsamane	Nærings- og fiskeridepartementet
114	Haldningar til nasjonale minoritetar	Kulturdepartementet
114	Framlegg frå tater-/romaniutvalet	Kunnskapsdepartementet
114	Likestillings- og diskrimineringsombodet og Sivilombudsmannen – styrking, finansiering mv.	Kulturdepartementet
124	Næringsliv og menneskerettar	Utanriksdepartementet
138	FN-konvensjonen om vern mot tvungen forsvinning	Utanriksdepartementet

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	474 504	464 378	477 434
23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, <i>kan overføres</i>	38 529	30 280	34 593
50	Norges forskningsråd	24 956	42 551	56 193
70	Overføringer til private	9 918	10 206	12 315
71	Tilskudd til internasjonale organisasjoner	13 615	14 427	14 889
	Sum kap. 0400	561 522	561 842	595 424

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker lønn og godtgjersle til tilsette i departementet og lønns- og driftsutgifter til råd og utval. Løyvinga skal òg dekke driftsutgifter i tillegg til investeringar og utviklingstiltak. Unntaksvis kan løyvinga på posten nyttast til enkelte driftsutgifter i domstolane og ytre etat.

Talet på årsverk som er lønte på kap. 400, post 01, per 31. desember 2018, var 315,3 (ekskl. tilsette i permisjon utan lønn).

I tillegg til årsverka som er lønte på kap. 400, er om lag 27 årsverk i departementet lønte på andre budsjettkapittel under Justis- og beredskapsdepartementet. I 2019 er om lag seks personar beordra til arbeid i departementet, eller dei hospiterer i departementet.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 5,7 mill. kroner fordi Justis- og beredskapsdepartementet har overteke ansvaret for tryggingslova og den administrative styringa av NSM.

Regjeringa foreslår å overføre 0,45 mill. kroner til Utanriksdepartementet som følgje av utgifter til oversetting av Schengen rettsakter.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01, mot meirinntekter på kap. 3400, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 477,4 mill. kroner.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, kan overføres

Sektorprinsippet i norsk forskingspolitikk inneber at departementet har eit overordna ansvar for for-

sking på og for sin sektor og sine ansvarsområde. Departementet har både eit ansvar for langsiktig forskning for sektoren – det breie sektoransvaret – og eit ansvar for forskning som skal dekke departementets eige behov for kunnskapsgrunnlag for politikktutvikling og forvaltning.

Løyvinga på post 23 skal bli brukt til forskning, oppfølging av stortingsmeldingar eller offentlege utgreiingar, evalueringar og anna innhenting av kunnskap på justis- innvandring og beredskapsfeltet. Justis- og beredskapsdepartementet prioriterer forskning på fire felt: 1) digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap, 2) straffesakskjeda og førebygging av kriminalitet, 3) innvandring og 4) regelverk og rettsvitenskapleg forskning.

I 2019 vart det gitt ei løyving på knappe 30 mill. kroner på posten. Dei største prosjekta handlar om digital tryggleik, inkludert ei årleg løyving til Center for Cyber and Information Security ved NTNU og ei årleg løyving til Simula@UiB, brannforskning, forskning på terrorisme og radikaliserings, vald i nære relasjonar og migrasjon.

Regjeringa har i langtidspanen for forskning og høgare utdanning vedteke opptrappingsplanen *Teknologiløft*, som bl.a. skal nyttast til å styrke forskinga på digitaliseringa i samfunnet.

For å realisere denne styrkinga foreslår regjeringa å flytte 2,5 mill. kroner frå post 23 til post 50, for å skape grunnlag for langsiktig forskingsprogram i regi av Noregs forskingsråd.

For å styrke den forskingsbaserte kunnskapen rundt temaet førebygging av seksuelle overgrep mot barn, vil det bli sett av 5 mill. kroner. Midlane skal lysast ut og skal omfatte fleire ulike fagområde.

Det er behov for auka overføring av kompetanse på forvaltning av migrasjon til opphavs- og

transittland for migrasjon og retur. Opplæring kan enten gis ved at norske tenestepersonar reiser til aktuelle land eller regioner eller at representantar frå aktuelle land inviteras til Noreg. For å styrke dette arbeidet blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 400, post 23, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 490, post 72 med 1 mill. kroner.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 34,6 mill. kroner.

Post 50 Norges forskningsråd

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Regjeringa har fastsett fem mål for Noregs forskingsråd. Desse er

- auka vitskapeleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- møte store samfunnsutfordringar

- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd eit styringsystem for departementa si styring av Forskingsrådet. Justis- og beredskapsdepartementet styrer midlane til Forskingsrådet i tråd med dette. Samla resultat av verksemda til Noregs forskingsråd i 2018 er omtalt i budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2020.

Løyvingane frå Justis- og beredskapsdepartementet til Noregs forskingsråd skal i all hovudsak ta vare på det breie sektoransvaret for forskning og bidra til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innan sektorområda til departementet, der Noregs forskingsråd er programstyrar. I 2019 vart det gitt ei samla løyving på knappe 25 mill. kroner til desse prosjekta:

Tabell 2.1 Tildelingar til Noregs forskingsråd

Prosjekt	Beløp (1 000 kr) 2018-tal
SAMRISK II	14 000
VAM (velferd, arbeid og migrasjon)	6 956
IKTPLUSS	3 000
UTENRIKS	1 000
Sum	24 956

Forskinga i desse programma har gitt ny og viktig kunnskap om spørsmål knytte til digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap, migrasjon og norsk europapolitikk. Innanfor samfunnstryggleik er det no er blitt bygd større kapasitet og samanheng i forkinga ved å finansiere større og langsiktige forskingsprosjekt. Programma i Forskingsrådet bidrar vidare til god arbeidsdeling mellom nasjonale, nordiske og europeiske konkurransearenaer gjennom koordinering av innsatsområde og utlysingar. Dette gir gode samspeleffektar og bidrar til at norske miljø hevdar seg godt i konkurransen om internasjonale forskingsmidlar.

I 2019 vart løyvinga på posten auka med 17 mill. kroner for å styrke forkinga på digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap.

I oktober 2018 la regjeringa fram Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Langtidsplanen inneheld tiårige mål og prioriteringar og tre opptrappingsplanar for perioden 2019–2022. For nærmare

omtale av regjeringas forslag til oppfølging av langtidsplanen i 2020 og den samla FoU-innsatsen, sjå del III, kap. 5, i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

I Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning har regjeringa vedteke opptrappingsplanen *Teknologiløft*, som bl.a. skal nyttast til å styrke forkinga på digitaliseringa i samfunnet.

Aukande digitalisering fører til endringar i risikobileta i samfunnet. Sårbarheita aukar bl.a. på bakgrunn av kompleksiteten i IKT-system. Det er nødvendig med meir kunnskap om kva for konsekvensar teknologiutviklinga har for samfunnet. Befolkninga, næringslivet og forvaltninga må ha tillit til at dei digitale tenestene i samfunnet fungerer, og at dei ikkje har ei ukjend, innebygd risiko. Regjeringa vil derfor styrke forkinga på konsekvensane av den digitale utviklinga innan ei rekke felt, både tekniske, regulatoriske, juridiske, organisasjonsmessige og kulturelle.

På denne bakgrunnen foreslår regjeringa å auke løyvinga på posten med 10 mill. kroner for å

styrke forskinga på digital tryggleik og teknologi-utvikling.

Styrkinga av posten blir forsterka med 2,5 mill. kroner som blir overførte frå post 23.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 56,2 mill. kroner.

Post 70 Overføringer til private

Løyvinga skal dekke tilskot til Norsk senter for informasjonstryggleik (NorSiS), som del av departementet sitt arbeid med å førebu IKT-trygging i sivil sektor.

Vidare skal løyvinga dekke tilskot til Human Rights Service (HRS) på 1,8 mill. kroner, som foreslås overført frå Kunnskapsdepartementets budsjett. Tilskotet skal medverke til å gi betre kunnskap om innvandring og integrering i befolkninga, inkludert kunnskap om moglegheiter og utfordringar i denne samanhengen. Jamfør elles liknande tilskot til andre organisasjonar med dels same føremål, omtala i Kunnskapsdepartementet sin fagproposisjon under kap. 291, post 71. Regjeringa foreslår på denne bakgrunn å auke løyvinga på kap. 400, post 70 med 1,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 291, post 71.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 12,3 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til internasjonale organisasjonar

Løyvinga skal dekke Noregs tilskot/kontingentar til internasjonale organisasjonar og samarbeid på saksområda til Justis- og beredskapsdepartementet, i hovudsak desse:

- Den internasjonale domstolen i Haag
- Haagkonferansen for internasjonal privatrett
- World Intellectual Property Organization (WIPO)
- Det internasjonale instituttet i Roma for einsarta privatrett (UNIDROIT)
- The Group of States Against Corruption (GRECO)
- tilskot til Rådssekretariatet og Fellesorganet i samband med Schengen-samarbeidet
- Interoperability Solutions for European Public Administration (ISA)
- Austersjøområdet
- Sikrere internett pluss
- Nordisk samarbeidsråd for kriminologi
- finansielt bidrag til kommisjonen for deltaking i Schengen-komiteane
- The European Network and Information Security Agent (ENISA)

Regjeringa foreslår ei løyving på 14,9 mill. kroner.

Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Diverse inntekter	4 654	5 483	5 631
02	Refusjon av ODA-godkjente utgifter	1 241		1 000
	Sum kap. 3400	5 895	5 483	6 631

Post 01 Diverse inntekter

Post 01 blir nytta til å føre inntekter frå departementets eiga kantinedrift i Nydalen, refusjonar knytte til departementets rolle som programpartnar i EØS-midlane og ymse inntekter. Desse inntektene varierer årleg. Refusjonar frå Utanriksdepartementet for den ODA-godkjende delen på 3 pst. av bidraget til World Intellectual Property utgjer om lag 100 000 kroner av inntektene.

Regjeringa foreslår at meirinntektene på kap. 3400, post 01, kan nyttast til å overskride løyvinga

på kap. 400, post 01, tilsvarande, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 5,6 mill. kroner.

Post 02 Refusjon av ODA-godkjente utgifter

Visse utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til tredjeland og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og transittland og vel-

ordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 400, post 23.

Programkategori 06.20 Rettsvesen

Utgifter under programkategori 06.20 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–25	Driftsutgifter	2 956 570	2 998 070	3 068 127	2,3
	Sum kategori 06.20	2 956 570	2 998 070	3 068 127	2,3

Utgifter under programkategori 06.20 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
61	Høyesterett	111 387	112 195	116 138	3,5
410	Domstolene	2 593 731	2 619 299	2 683 505	2,5
414	Forliksråd og andre domsutgifter	251 452	266 576	268 484	0,7
	Sum kategori 06.20	2 956 570	2 998 070	3 068 127	2,3

1 Innleiing

Programkategori 06.20 omfattar Høgsterett, lagmannsrettane, tingrettane, Oslo byfutembete, jordskifterettane, forliksråda, Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark og Domstoladministrasjonen.

1.1 Straffesakskjeda

Domstolane er det andre leddet i straffesakskjeda og får tilsendt saker frå påtalemakta. Dei alminnelege domstolane har ansvar for å vareta rettstryggleiken ved å avseie dommar og treffe avgjerder i straffesaker innan rimeleg tid og med høg kvalitet. Dette stiller krav til effektivitet og god saksflyt i domstolane.

Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for både straffesaker og sivile saker (tvistesaker) blir vedtekne årleg gjennom Stortingets behandling av Prop. 1 S. I tillegg er det enkelte lovbestemte fristar.

Målet for programkategori 06.20 Rettsvesen er:

- ei meir effektiv straffesakskjede

1.2 Sivile saker

Dei alminnelege domstolane behandlar òg sivile saker, under dette tvistesaker, gjeldsordningssaker, konkurssaker, skiftesaker, skjønnsaker, mellombels sikring m.m. Forliksråda er eit rimeleg og effektivt tvisteløysingsorgan som meklar mellom partar i sivile saker og kan avseie dom i enkelte saker. Ein stor del av sakene blir endeleg avgjorde i forliksrådet. Avgjerder frå forliksråd kan bringast inn for tingretten. Jordskiftedomstolane er særdomstolar som behandlar ei rekkje spørsmål knytte til fast eigedom etter jordskiftelova. Jordskifteretten er første instans, og lagmannsretten er ankeinstans. Finnmarkskommisjonen skal greie ut bruks- og eigarrettar til den grunnen som Finnmarkseigedommen overtok då Finnmarkslova tok til å gjelde 1. juli 2006. Utmarksdomstolen for Finnmark er ein særdomstol som behandlar

tvistar som kan oppstå etter at Finnmarkskommisjonen har greidd ut rettsforholda i eit område.

2 Prioriteringar i budsjettet

Regjeringa foreslår desse prioriteringane i 2020-budsjettet innanfor programkategori 06.20:

- 36 mill. kroner til vidareføring av prosjektet Digitale domstolar, der alt av saksbehandlinga i utvalte tingrettar, alle lagmannsrettane og Høgsterett skal digitaliserast. Totalt vil det vere løyvd 141 mill. kroner i investeringsmidlar til prosjektet sidan 2017.
- Gevinstar frå prosjektet Digitale domstolar er talfesta til om lag 32 mill. kroner i 2020. Det blir foreslått at domstolane beheld desse gevinstane. Gevinstane skal nyttast til å styrke kapasiteten i domstolane ytterlegare og dekke høgare driftsutgifter (lagring, vedlikehald m.m.) i samband med realiseringa av prosjektet.
- 8,1 mill. kroner til tilpassing av domstolanes IKT-system knytt til innføring av ny arvelov.
- 4,4 mill. kroner til domstolane og 3,6 mill. kroner til politi- og påtalemakta til vidareføring av prosjektet med hurtigbehandling av straffesaker i Oslo.
- 2 mill. kroner til vidareføring av prøveprosjektet med opptak i retten.
- 0,5 mill. kroner til auka utgreiararkapasitet i Høgsterett.
- 1 mill. kroner til vakthald og sikring i Høgsterett.

3 Domstolskommisjonen

Regjeringa sette i 2017 ned eit utval for å greie ut om korleis domstolane bør organiserast for å vere best mogleg rusta til å vareta forventningar om effektivitet og kvalitet i tillegg til sjølvstende gjennom endra samfunnstilhøve. Utvalet skal identifisere kva for sentrale utfordringar domstolane står overfor i åra som kjem.

Utgreiinga skal sikte på ei organisering og oppgåveløysing som er fleksibel, sikrar openheit og tilgjengelegheit og set domstolane i stand til å møte framtidig endring i samfunnet. Domstolane må òg rekruttere godt, og ha fagleg og organisatorisk utvikling. Utvalet skal undersøke korleis desse omsyna er varetekne i dag.

Utvalet framskunda utgreiinga om struktur og leverte delutgreiinga 1. oktober 2019. Utvalet skal leggje fram endeleg utgreiing i august 2020.

4 Regelutvikling

Regjeringa ønskjer gode reglar som bidrar til at saker blir avvikla effektivt og med høg kvalitet. Departementet har arbeidd med endringar i dei to sentrale prosessregelverka tvistelova og straffeprosesslova for bl.a. i større grad å leggje til rette for meir effektiv domstolsbehandling.

4.1 Endringar i straffeprosesslova

Ein god straffeprosess skal bidra til kvalitet, effektivitet og rettstryggleik i rettsstellet, og skal opne for rasjonell bruk av moderne informasjonsteknologi. Prosessordninga må vere tilpassa mangfaldet av saker som den teknologiske utviklinga, den sosiale mobiliteten og samfunnsutviklinga elles gir opphav til.

Regjeringa oppnemnde i 2014 straffeprosessutvalet, som fekk i oppdrag å utarbeide ei ny straffeprosesslov. Utgreiinga vart levert i november 2016, NOU 2016: 24 *Ny straffeprosesslov* har vore på høyring og er no til oppfølging i departementet. Regjeringa vil følgje opp fleire av endringsforslaga frå NOU 2016: 24 og andre viktige reformer innan straffeprosessen med endringar i den gjeldande straffeprosessloven.

Regjeringa har starta delar av straffeprosesslovarbeidet. I statsråd 21. juni 2019 vart Stortingets vedtak til lov om endringar i straffeprosessloven mv. (ankesiling m.m.) sanksjonert, sjå Prop. 53 L (2018–2019). Lovendringa medfører at òg ankar i dei mest alvorlege straffesakene skal takast med i dagens silingsordning og behandlast på same måte som straffesaker med lågare strafferamme. Grunnen er at arbeidet til lagmannsrettane bør konsentrerast om saker der det er mogleg at ny full behandling vil føre til eit anna resultat. Forslaget vil effektivisere ankebehandlinga og redusere saksbehandlingstidene. Det planleggast for at endringa skal tre i kraft 1. januar 2020.

Regjeringa sende 21. juni 2018 på høyring forslag om å stramme inn fristen for framstilling av varetektsfengsla personar. Høyringsfristen var 1. oktober 2018, og saka er til behandling i departementet. Fleirtalet av høyringsinstansane var positive til endringsforslaget.

4.2 Endringar i tvistelova

Regjeringa sende 12. juli 2018 på høyring forslag til endringar i tvistelova. Høyringsfristen var 20. oktober 2018.

Bakgrunnen for forslaga i høyringsnotatet er å fremme formålet med tvistelova, det vil seie for-

svarleg og effektiv saksbehandling. Dette inneber òg betre proporsjonalitet ved at saksbehandlinga og sakskostnadene skal stå i eit rimeleg forhold til betydninga av saka og verdien av tvistegjenstanden. Høyringsvara er i all hovudsak positive til endringar med siktemål om ein meir effektiv domstolsprosess med lågare sakskostnader.

Regjeringa har avgjort å forsere delar av arbeidet og har fremma Prop. 133 L (2018–2019) for Stortinget. I proposisjonen foreslår regjeringa å heve verdigrensene i tvistelova for obligatorisk forliksrådsbehandling frå 125 000 kroner til 200 000 kroner og behandling etter småkravprosess og ankeretten i saker med formuesverdiar frå 125 000 kroner til 250 000 kroner.

Regjeringa planlegg å sende ut eit nytt høyringsnotat som bl.a. omhandlar forslag om eit meir spissa lovforslag der lagmannsrettane får noko større rett til å sile sivile saker. Regjeringa tek sikte på å fremme ein proposisjon om endringar i tvistelova i 2020.

4.3 Ny arvelov

Stortinget har vedteke Prop. 107 L (2017–2018) Lov om arv og dødsboskifte (arveloven). Lova blei sanksjonert 14. juli 2019 (Lovvedtak 55 (2018–2019)). Arvelova er ei ny lov på nærmare 200 føre-

segner som gir ei samla og modernisert regulering av arv og dødsbuskifte. Lova styrker blant anna stillinga til livsarvingane og gir meir fleksible reglar for den som vil testamentere større eigendelar. Lova er utarbeidd som ein del av Klarspråk-prosjektet og utvikla med tanke på borgarane sin eigen bruk av lova.

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset. Det å sette lova i kraft krev enkelte endringar i domstolanes IKT-system, og regjeringa foreslår å løyve 8,1 mill. slik at lova kan settast i kraft i 2020.

4.4 Utgreiing av særdomstol for barne- og familiesaker

Regjeringa har avgjort korleis særdomstolsutvalet sitt forslag i NOU 2017: 8 *Særdomstoler på nye områder?* skal følgjast opp. For å styrke fagkompetansen skal det arbeidast vidare med å samle foreldretvistane og rettsleg overprøving av barnevernssakene i nokre tingrettar. Oppfølginga vil inngå som del av arbeidet til Domstolkommisjonen og regjeringa si oppfølging av dette. Fylkesnemndene består som forvaltningsorgan som fattar vedtak i barnevernssakene. Det blir ikkje innført lovbestemte obligatoriske kompetansekrav for dommarar i tilknytning til desse sakene.

Kap. 61 Høyesterett

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	111 387	112 195	116 138
	Sum kap. 0061	111 387	112 195	116 138

I 2018 kom det fleire ankar over dom i sivile saker til Høgsterett enn året før, ein auke på 6 pst. (frå 393 saker i 2017 til 416 saker i 2018). Av ankar over dom i straffesaker fekk Høgsterett inn omtrent like mange saker i 2018 som året før (403 saker i 2018 mot 407 i 2017).

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker faste og variable lønnskostnader og andre driftsutgifter som følgjer av verksemda til Høgsterett. Bemanninga i Høgsterett utgjorde 20 høgsterettsdommarårsverk og 55 andre årsverk per 1. juli 2019. Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,3 mill. kroner som følgje av

lønnsauken for dommarar i Høgsterett med verknad frå 1. oktober 2018, jf. omtale i Innst. 154 S (2018–2019).

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 61, post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3061, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner for å utvide utgreiareininga med ein person (halvårseffekt). Vidare blir det foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner for at Høgsterett kan oppretthalde dagens nivå på vakthald og sikring.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 116,1 mill. kroner.

Kap. 410 Domstolene

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	2 509 467	2 540 629	2 596 717
21	Spesielle driftsutgifter	81 265	71 935	84 135
22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overføres</i>	2 999	6 735	2 653
	Sum kap. 0410	2 593 731	2 619 299	2 683 505

Domstolane er uavhengige. Verken Stortinget, regjeringa eller andre myndigheiter kan instruere eller påverke domstolane i den dømmende verksemda. Domstoladministrasjonen har ansvar for å vareta og støtte opp under domstolane og sjølvstendet til dommarane. Domstolane skal avgjere dei sakene dei får til behandling, forsvarleg og til rett tid.

Domstoladministrasjonen er den sentrale administrasjonen av domstolane og jordskifterettane i Noreg. Domstoladministrasjonen har det overordna administrative ansvaret for domstolane og skal arbeide for at domstolane til ein kvar tid møter krava og forventningane samfunnet stiller til dei. Domstoladministrasjonen fordeler ressursane til domstolane.

Retningslinjer for Domstoladministrasjonen

Stortinget fastset rammer og mål for budsjett og lover for verksemda i domstolane.

Nedanfor følgjer Justis- og beredskapsdepartementets forslag til generelle retningslinjer for verksemda til Domstoladministrasjonen for 2020.

Domstoladministrasjonen skal

- leggje til rette for brukarorientering og utvikling i domstolane som gir reell tilgang til domstolane og riktige avgjerder til rett tid
- sørge for effektiv ressursutnytting gjennom felles praksis og større satsing på aktiv saksstyring og utnytte moglegheitene til effektiv saksavvikling som allereie ligg i lovverket
- leggje til rette for systematisk kvalitetsutvikling
- leggje til rette for at domstolane oppfyller Stortingets mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid

- sørge for sikre og stabile IKT-løysingar i ein digital rettsprosess
- sikre systematisk og målretta rekruttering og kompetanseutvikling for leiarar og medarbeidarar i domstolane og Domstoladministrasjonen
- sikre at oppgaveløysinga i domstolane skjer i forsvarleg trygge rammer
- sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for regjeringa og Stortinget.

Mål for saksbehandlingstid i tingrettane og lagmannsrettane

Måla for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tingrettane og lagmannsrettane for både straffesaker og sivile saker (tvistesaker) blir vedtekne årleg gjennom Stortingets behandling av Prop. 1 S. Måla gjeld samla for domstolane og for kvar enkelt domstol.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid og talet på domstolar som er utanfor eitt eller fleire av Stortingets mål har vore relativt stabilt over fleire år. Ei ny utvikling er at talet på innkomne saker til tingrettane, både straffesaker og sivile saker, har gått ned dei siste to åra. Talet på innkomne saker steig i perioden frå 2010 til 2016. Det er for tidleg å seie om nedgangen i innkomne saker er uttrykk for årleg variasjon eller ein meir langvarig trend. Ifølgje Domstoladministrasjonen har både sivile saker og straffesaker blitt meir komplekse og omfattande. Høgsterett framhevar at rettskjeldebiletet stadig blir meir komplekst og internasjonalt.

Tabell 2.2 Stortingets mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid

Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid	Mål i måneder	
	Tingrettane	Lagmannsrettane
sivile saker (tvistesaker)	6	6
straffesaker (meddomsrettssaker)	3	3
straffesaker (einedommarsaker)	1	–

Boks 2.1 Stortinget har sett mål for domstolane i desse sakstypane

Tingrettane

Sivile saker:

- *Tvistesaker*: rettsleg (sivil) tvist som normalt blir behandla etter reglane i tvistelova

Straffesaker:

- *Meddomsrettssaker*: ordinære straffesaker der både skuld og straff skal avgjerast. Retten blir sett med éin fagdommar og to meddommarar.
- *Einedommarsaker*: avgjerder i straffesaker (inkludert avgjerder som er tekne under etterforskinga) som blir avgjorde av éin dommar.

Lagmannsrettane

Sivile saker:

- *Anke over dom i tvistesak*: ein sivil dom som blir anka.

Straffesaker:

- *Meddomsrettssaker – bevisanke*¹: straffesaker ved anke over skuldspørsmålet. Retten blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.
- *Meddomsrettssaker – avgrensa anke*: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på over seks år. Retten blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.
- *Fagdommarsaker*: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på inntil seks år pluss straffesaker ved anke over lovbruk eller saksbehandling (uansett strafferamme). Retten blir sett med tre fagdommarar.

¹ Tidlegare vart desse sakene med strafferamme på over seks år avgjorde av ein jury (lagrettesaker med tre fagdommarar og ti lagrettsmedlemmer), og sakene med strafferamme på inntil seks år avgjorde med ein meddomsrett med tre fagdommarar og fire meddommarar. Juryordninga vart avvikla 1. januar 2018. Med lovendringa blir alle straffesaker i lagmannsretten, med unntak av fagdommarsakene, avgjorde av ein meddomsrett med to fagdommarar og fem meddommarar. Saker som vart anka til lagmannsretten før 1. januar 2018 følgde den gamle ordninga. Saker som blir anka seinare blir behandla i tråd med dei nye reglane. Etter 31. desember 2018 har alle ankesaker blitt behandla i tråd med dei nye reglane.

Riksrevisjonen gjennomfører ei undersøking av saksbehandlingstid og effektivitet i tingrettane og lagmannsrettane. Dei skal leggje fram rapporten 22. oktober 2019.

Regjeringa viser til oppmodingsvedtak nr. 94, 4. desember 2018 der «Stortinget ber regjeringa sørge for at domstolene er organisert og finansiert på en måte som ivaretar de krav borgerne etter Grunnloven og EMK har på å få avgjort sine saker for domstolene innen rimelig tid». Regjeringa er samd i at det er viktig å sørge for gode og

effektive domstolar. Det er sett i verk mange tiltak for å sikre det, bl.a. lovprosessar, digitalisering, endring av organisering og å setje ned Domstolkommisjonen. Vedtaket er følgt opp.

Straffesaker i tingrettane og lagmannsrettane


Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i meddomsrettssaker i tingrettane gjekk ned frå 3,3 md. i 2017 til 3,2 md. i 2018 (sjå figur 2.1), men oversteig Stortingets mål på 3 md. Av tingrettene var

27 domstolar utanfor målsetjinga om saksbehandlingstid på 3 md. Det er to færre enn i 2017. Samstundes fekk tingrettane 3 pst. færre innkomne meddomsrettssaker i 2018 samanlikna med 2017. Tingrettane avvikla nokre fleire saker enn det kom inn, og dette bidrog til ein liten reduksjon i beholdninga av meddomsrettssaker ved årsskiftet 2018/2019 samanlikna med året før.


Alle tingrettane, unntatte éin, nådde Stortingets mål i einedommarsaker. Gjennomsnittleg

saksbehandlingstid i einedommarsaker har vore stabil på om lag 0,4 md. over tid.

Ingen av lagmannsrettane nådde Stortingets mål for ankar over dom i straffesak. Det har vore krevjande å nå målet på 3 md. Det vil bli vurdert å endre målet. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker i lagmannsrettane gjekk noko ned i 2018, etter ein auke i saksbehandlingstida i straffeankane fram til 2017 (sjå figur 2.2).



Figur 2.1 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tingrettane (2014–2018)



Figur 2.2 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i lagmannsrettane (2014–2018)

I tillegg til at Stortinget har fastsett mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid, har straffeprosesslova § 275 fristar for saksbehandlinga i straffesaker. I saker der den sikta var under 18 år på handlingstidspunktet, eller er varetektsfengsla

når saka blir fastsett i tid og stad, gjeld særskild frist for når hovudforhandlinga skal starte opp. I 2018 vart 51 pst. av fristsakene i tingrettane og 18 pst. av fristsakene i lagmannsrettane starta opp

innan lovfristen, mot høvesvis 55 pst. og 24 pst. i 2017.

Tvistesaker i tingrettane og lagmannsrettane

Tingrettane held seg samla sett innanfor Stortingets mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker (sjå figur 2.1). Den samla gjennomsnittlege saksbehandlingstida i tvistesaker var på 5,5 md. i 2018, ein auke på 0,3 md. frå 2017. Dei fleste tingrettane når Stortingets mål for saksbehandlingstid i tvistesaker. I 2018 var det ein reduksjon i talet på innkomne tvistesaker på 6 pst. Tingrettane behandla fleire saker enn det kom inn i 2018, og behaldninga av saker vart redusert.


Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for anke over dom i sivile saker i lagmannsrettane gjekk noko ned frå 2017 til 2018, frå 6,4 md. til 6,3 md. (sjå figur 2.2). Talet på ankar over dom i sivile saker gjekk noko ned i 2018 samanlikna med året før. Lagmannsrettane har behandla færre saker enn det kom inn, og behaldninga av saker har vakse.

Domstolsstruktur og organisering


Regjeringa ønskjer eit likeverdig domstolstilbod i heile landet. Regjeringa vil styrke moglegheita domstolane har til å vidareutvikle eigen kompe-

tanse og kvalitet, betre ressursutnyttinga i domstolane og gjere domstolane betre eigna til å tilpasse seg variasjonar i saksmengd og type. Dagens domstolsstruktur hindrar effektiv utnytting av ressursane i domstolane. Mange av tingrettane i landet har lita saksmengd og få tilsette. Det er avgrensa moglegheiter til å fordele om ressursar til domstolar med lang saksbehandlingstid eller til nye viktige tiltak. Det er stor variasjon i saksinngangen, ikkje berre mellom domstolane, men også i ein og same domstol frå eitt år til eit anna. Det er krevjande å tilpasse kapasiteten til såpass store endringar i saksmengda med ein lite fleksibel og sårbar domstolsstruktur. Regjeringa fekk Domstolkommisjonens delutgreiing om struktur 1. oktober 2019.

Innstillingsrådet for dommarar varsla i 2018 om at rekrutteringa til norske domstolar er ei utfordring fordi det ved fleire utlysingar er for få kvalifiserte søkarar. Dette gjeld særleg jordskifte-rettane, alminnelege dommarembete i mindre sentrale strøk og embete som domstolsleiar. I fleire tilfelle har det ikkje vore mogleg å oppfylle krava i domstollova om å innstille tre kvalifiserte søkarar til eit embete. Større domstolar med større fagmiljø og høve for moderat spesialisering kan vere meir attraktive, og dermed betre rekrutteringsgrunnlaget.



Figur 2.3 Saksinngang meddomsrettssaker 2018 vs. 2017 (prosentvis endring)



Figur 2.4 Saksinngang tvistesaker 2018 vs. 2017 (prosentvis endring)

Frå 1. januar 2019 vart fire tingrettar slått saman til éin tingrett: Vestfold tingrett. Det var eit lokalt initiativ som førte til samanslåinga. Våren 2019 inngjekk Fredrikstad tingrett, Halden tingrett, Sarpsborg tingrett og Moss tingrett på tilsvarande måte ein avtale om å slå seg saman til éin tingrett. Det same gjorde Nedre Romerike tingrett og Øvre Romerike tingrett. Forslag om samanslåing i Østfold og på Romerike har vore på høyring. Det blir teke sikte på å gjennomføre samanslåingane i løpet av 2020/2021. Domstoladministrasjonen og departementet vil halde fram med å følgje opp lokale prosessar om endringar i domstolsstrukturen. Samanslåing av domstolar vil bli vedteken om det er lokal semje, og der det er andre særlege grunnar til det.

Frå 2017 har det blitt etablert fleire faste ordningar med felles leiing. Felles leiing inneber at ein domstolleiar leier meir enn éin domstol. Erfaring viser at felles leiing bl.a. gir redusert sårbarheit, potensial for betre ressursutnytting og meir effektiv saksavvikling, samstundes som kontorstadene kan oppretthaldast. Per 1. oktober 2019 er det etablert fast felles leiing for til saman 15 tingrettar med syv sorenskriverar og fem faste felles jordskifterettsleiarar for til saman ti jordskifterettar. I tillegg har styret i Domstoladministrasjonen vedteke felles leiing i ytterlegare fire tingrettar. Når domstolleiarstillingar i tingrettar og jordskifterettar blir ledige, vurderer Domstoladministrasjonen i kvart enkelt tilfelle om vilkåra for felles leiing er til stades.

Domstoladministrasjonen har vedteke å samle rekneskaps- og lønnsfunksjonane for domstolane i Trondheim. Arbeidet med etableringa av eininga

er sett i gang i 2019. Overføringa av oppgåvene frå domstolane til eininga vil starte i 2020 og bli gjennomført i løpet av 2021. Utgreiinga har avdekt at det er mogleg å effektivisere og redusere kostnader bl.a. ved (1) å redusere mengda papirbilag og manuelt arbeid gjennom digitalisering av prosessar og automatisering av kontrollar og (2) ved å etablere ein meir effektiv tenesteproduksjon i ei større eining.

Avvikling av juryordninga

Juryordninga er no avvikla. I 2018 var det ei overgangsordning, og den siste jurysaka vart gjennomført. Frå 1. januar 2019 blir alle bevisankar og avgrensa ankar behandla i lagmannsretten med meddomsrett med to fagdommarar og fem meddommarar. Lovendringane vil spare ressursar for lagmannsrettene på sikt, og domstolane beheld desse gevinstane.

Prosjekt for hurtigbehandling av straffesaker i Oslo tingrett

I september 2016 starta eit toårig prosjekt med hurtigbehandling av straffesaker i Oslo. Ein evalueringsrapport frå mars 2019 viser at prosjektet er vellukka. Regjeringa vil, ifølgje Granavold-plattformen, at prosjektet skal halde fram og utvidast til fleire domstolar. Regjeringa forlenger prosjektet i Oslo ut 2020, og vil deretter vurdere utviding til andre tingrettar i landet.

Hurtigbehandlinga gjeld straffesaker der det er fare for unndraging og bevisbiletet er klart. Dette gjer at fleire straffesaker kan gjennomførast

utan utsetjing, og fleire straffbare handlingar blir straffeforfølgde. Dommane blir avsagde i Oslo tingrett kort tid etter pågriping, og det blir raskt avgjort om ein eventuell anke skal behandlast i Borgarting lagmannsrett. Straffa blir sona rett etter rettskraftig dom, med frådreg for tida i varetekt. Er utvisingsvedtak med innreiseforbod aktuelt, blir det raskt gjort vedtak om dette, og den dømde blir returnert ut av landet. Dermed kjem utanlandske lovbrytarar raskare ut av landet, og ein hindrar nye brotsverk i Noreg.

I 2020 kostar prosjektet totalt 8 mill. kroner, der 4,4 mill. kroner er knytte til større ressursbehov i Oslo tingrett og Borgarting lagmannsrett. Dei resterande kostnadene på 3,6 mill. kroner er knytte til meirarbeid i politi- og påtalemakta. Sjå omtale under programkategori 06.40.

Digitalisering av domstolane

Regjeringa moderniserer domstolane. Moderniseringa skjer gjennom utvikling av nye arbeidsmåtar i domstolane og digital kommunikasjon med publikum og andre aktørar i straffesakskjeda. Domstolane går gjennom eit digitalt skifte, bl.a. synleggjort gjennom prosjektet Digitale domstolar. Dette vil føre til ei vesentleg effektivisering av domstolane og bidra til å redusere saksbehandlingstida i domstolane. Arbeidet er viktig for å oppretthalde høg kvalitet i saksbehandlinga til domstolane, noko som igjen er viktig for at befolkninga skal ha tillit til domstolane. Samfunnet forventar digitale arbeidsmåtar og tenester i møte med offentlege verksemder.

Sentralt i arbeidet med digitalisering er prosjekta Digitale domstolar, Elektronisk samhandling i straffesakskjeda (ESAS, tidlegare kalla Stifinnar II) og Opptak i retten (lyd- og biletopptak i retten). Prosjektet «Etablering av saksbehandlingssystem i domstolane» er ferdigstilt og har vore eit viktig grunnlag for det omfattande digitaliseringsarbeidet domstolane no er inne i.

Digitale domstolar vart sett i gang i 2017. Prosjektet strekkjer seg over totalt seks år (frå 2017 til 2022). Prosjektet omfatta i første omgang dei tolv største tingrettane, lagmannsrettane og Høgsterett. I tillegg er domstolar der det er avgjort å innføre permanent felles leiing eller avgjort samanslåing, fasa inn i satsinga. Dette gjer at fleire domstolar enn det som opphavelig var planen, deltek i prosjektet. På sikt er det naturleg at alle domstolane bli del av prosjektet Digitale domstolar. Domstolane som er omfatta av prosjektet, skal få på plass ein fulldigital (papirlaus) rettsprosess innan seks år.

I 2019 er arbeidet intensivert med å utvikle nye digitale arbeidsformer som støttar ein heildigital rettsprosess. Det er òg investert mykje i utstyr for å støtte saksbehandlinga i domstolane og i rettssalane for å auke kapasiteten til å gjennomføre digitale rettsmøte. Arbeidet med å utvikle og ta i bruk løysingar som sikrar god elektronisk samhandling med sentrale aktørar har vore ei hovudsatsing. Frå september 2018 vart det obligatorisk for advokatar å bruke Aktørportalen for å kommunisere digitalt med domstolane innan verkeområdet til portalen. Bruk av Aktørportalen inneber at domstolane kan samhandle elektronisk med advokatar i sivile saker, og at advokatar kan sende inn salærkrav elektronisk i straffesaker.

Prosjektet Digitale domstolar vil gi samfunnsøkonomiske gevinstar, både for domstolane og for andre aktørar.

Domstolane er avhengige av ei stor mengd teknisk utstyr i den daglege drifta. Domstolane har framleis etterslep på investeringar i teknisk utstyr.

Lyd- og biletopptak under hovudforhandlinga vil styrke høvet til å etterprøve rettsforhandlingane, og dermed styrke rettstryggleiken. Domstoladministrasjonen har sidan 2016 hatt eit prøveprosjekt med lyd- og biletopptak. Formålet er å finne fram til gode og rimelege tekniske løysingar og gode arbeidsprosessar for å kunne vurdere å innføre lyd- og biletopptak ved alle domstolane i landet. Eit offentleg utval har i NOU 2016: 24 *Ny straffeprosesslov* foreslått å innføre lyd- og biletopptak under hovud- og ankeforhandlingar i straffesaker. Prøveprosjektet vil gi nyttig informasjon i straffeprosessarbeidet.

Prøveprosjektet har omfatta Nord-Troms tingrett og Hålogaland lagmannsrett. I 2019 vart prosjektet utvida til å omfatte Gulating lagmannsrett og Jæren tingrett. Utvidinga vil sikre betre erfaringsgrunnlag knytt til gjenbruk av forklaringar ved at opptak av forklaringar som vart gitt under hovudforhandlinga, kan bli spelte av, i staden for at ein har direkte forklaringar i ankeforhandlinga.

Ein føresetnad for slik avspeling i prøveprosjektet med lyd- og biletopptak var lov- og forskriftsendringar som tok til å gjelde hausten 2018, jf. Prop. 63 L (2017–2018) *Endringer i straffeprosessloven og tvisteloven (opptak og gjenbruk av forklaringar i retten mv.)*. Gjenbruk av forklaringar utfordrar sentrale prinsipp i norsk prosessrett, som direkte bevisføring. Det er derfor gode grunnar til at ein samlar erfaring over tid før dette vurderast innført i større omfang.

Prosjektet Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS) har i løpet av

2017 og 2018 etablert ein effektiv, sikker og robust digital felleskomponent for utveksling av data (Justishub) innan straffesakskjeda. Prosjektet vart gjennomført i tett samarbeid mellom Domstolsadministrasjonen, Kriminalomsorgsdirektoratet og Politidirektoratet (som også varetar behovet til Den høgare påtalemakta).

Etableringa av Justishub legg til rette for ei meir effektiv straffesakskjede og auka rettstryggleik. Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner i 2020 til å koble fleire sentrale verksemder i straffesakskjeda på Justishub og å utvikle nye løysingar som gjer det mogleg å utveksle strukturert informasjon mellom fagsystem for valde arbeidsprosessar, jf. omtale under kategori 06.40.

Skuldevne, samfunnsvern og rettspsykiatrisk sakkunne

Prop. 154 L (2016–2017) *Endringer i straffeloven og straffeprosessen mv. (skyldevne, samfunnsvern og sakkyndighet)* følgjer opp utgreiinga frå tilreknelegutvalet og deira utgreiing NOU 2014: 10 *Skyldevne, sakkyndighet og samfunnsvern*. Lovendringane skal gjere identifiseringa av lovbrutarar som ikkje bør straffast – dei utilreknelege som ikkje kan klandrast for handlingane sine – meir treffsikker. Vidare skal lovendringane styrke samfunnsvernet og auke kvaliteten i rettspsykiatrisk sakkunnigarbeid. Lovforslaget vart vedteken av Stortinget i juni 2019.

Nasjonal eining for rettspsykiatrisk sakkunne (NERS) vart etablert 30. oktober 2018 etter modell av pilotprosjektet ved Kompetansesenteret for tryggleiks-, fengsels- og rettspsykiatri på Brøset. Hovudmandatet til eininga er å formidle sakkunne av høg kvalitet til påtalemakta og domstolane og å føre statistikk. Per 28. november 2018 har NERS motteke og behandla 1 124 rekvisisjonar frå påtaleeininger sidan pilotprosjektet starta opp i 2015. Vurderinga er at verksemda så langt fungerer etter formålet.

Rettsmekling

Rettsmekling bidrar til raskare, billigare og meir skånsam tvisteløysing. Partane får sjølv ansvar for å løyse konflikten gjennom mekling og forlik.

Talet på rettsmeklingsmøte har vore relativt stabilt dei siste åra. Det har også talet på saker som er forlikte som resultat av rettsmekling. Delen saker som endar med forlik etter rettsmekling har dei siste åra lege relativt stabilt på rundt 64–66 pst. Det er stor variasjon mellom domstolane når det gjeld talet på rettsmeklingsmøte og

forliksprosent. Bl.a. har gode fagmiljø og engasjement for mekling i ein del større domstolar gitt gode resultat.

Av tvistesakene som vart avgjorde i 2018, vart det halde rettsmeklingsmøte i 22 pst. (1 830 saker) i første instans og 8 pst. (143 saker) i andre instans.

Saksavvikling jordskiftedomstolane

Jordskifterettane fekk inn 1 169 saker i 2018. Det er ein reduksjon på 12 pst. samanlikna med 2017. 1 352 saker vart avgjorde, noko som er ein auke på 5 pst. samanlikna med året før. Låg saksinnang og eit høgare tal avgjorde saker gjorde at saksrestansen vart markant redusert (–9 pst.).

Jordskifterettane tok i bruk ny jordskiftelov og nytt saksbehandlingssystem 1. januar 2016. 94 pst. av dei avslutta sakene i 2018 er avvikla i samsvar med ny jordskiftelov. Sakene som er avvikla etter den nye lova (1 259 av 1 352 avgjorde saker), har gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 15 md. (464 dagar). Jordskifterettane avviklar i tillegg framleis ein del eldre saker etter gammal jordskiftelov. Basert på tilbakemeldingar frå jordskifterettane vil dei fleste «gamle» sakene vere avvikla innan 2020.

Domstolslokale

Domstoladministrasjonen forvaltar litt meir enn 100 leigeobjekt med om lag 450 rettssalar. Fleire domstolar har lokale som ikkje er formålstenlege. Dette påverkar både brukarar og tilsette, og dermed saksavviklinga i domstolane.

Rehabilitering av Bergen tinghus

Etter konseptvalutgreiing (KVU) og ekstern kvalitetssikring (KS1) avgjorde regjeringa i juni 2017 at rehabilitering av Bergen tinghus og bruk av lokale i tilstøytande bygning skal leggjast til grunn som konseptval for det vidare arbeidet med ny tinghusløysing i Bergen. I første halvår 2018 vart konseptet vidareutvikla fram til ny ekstern kvalitetssikring (KS1 trinn 2). Rapporten frå ekstern kvalitetssikring (KS1 trinn 2-rapporten) vart overlevert til Justis- og beredskapsdepartementet i mars 2019. Regjeringa har avgjort at forprosjekt for Bergen tinghus ikkje skal gjennomførast i 2019 eller 2020, på grunn av den store mengda byggjeprojekt som er planlagde i statleg sektor. Departementet skal i samarbeid med Domstoladministrasjonen og Statsbygg vurdere førebelse tiltak (bl.a. sikringstiltak) som skal gjennomførast før byggje-

prosjektet ev. kan starte opp. Dersom det er behov, vil løyvinga på 6 mill. kroner løyvd i statsbudsjettet for 2018, som skulle dekke «utgifter i forbindelse med forprosjektering av ny tinghusløyving i Bergen», jf. omtale i Innst. 6 S (2017–2018), bli brukt til førebelse tiltak.

Nytt tinghus i Drammen

I 2016 og 2017 vart det løyvd midlar til utgreiing og forprosjektering av nytt tinghus i Drammen. I 2018 vart det gjennomført ein prosjektavklaringsfase for ny tinghusløyving i Drammen. I 2019 og 2020 blir arbeidet vidareført med eit forprosjekt.

Tryggingstiltak i domstolane

Grunnsikring i domstolane har dei siste åra vore eit prioritert område. Grunnsikring omfattar bl.a. å etablere ei indre sone der berre dommarar og andre tilsette i domstolen kan ferdast fritt, overfallsalarmar og innsyn i rettssalar. Dette vil møte utfordringane i samband med auken i rettssaker med alvorlege brotsverk og høgt konfliktnivå. Overfallsalarm og innsyn i rettssalane er langt på veg etablert i alle domstolar, men soneskilje manglar enno i nokre få lokale. Arbeidet med å ferdigstille grunnsikringa i domstolane vil halde fram i 2020.

I Prop. 62 L (2017–2018) foreslo regjeringa ein generell heimel for tryggingsskontroll i domstolane for å klargjere at domstolane har rett til å bruke slik kontroll. Lovendringa vart vedteken i Stortinget og tok til å gjelde frå september 2018.

Per i dag er det permanent tryggleiks- og tilgangsskontroll i Høgsterett og Oslo tinghus. Tryggleiks- og tilgangsskontroll vil sikre tilsette og brukarar mot at gjenstandar som kan skade andre, f.eks. våpen og eksplosivar, blir innførte. Tiltaket skaper tryggleik for gjennomføring av både straffesaker og sivile saker. Domstoladministrasjonen vurderer å etablere tryggleiks- og tilgangsskontroll i fleire store tinghus. Spørsmål knytte til tryggingstiltak i tinghusløyvingane i Bergen og Drammen blir vurderte gjennom utgreiingane som er omtalte ovanfor.

Informasjonstryggleik

Domstoladministrasjonen har overordna ansvar for informasjonstryggleik, under dette IKT-tryggleik i domstolane. I 2018 vart det utført ein internrevisjon av styringssystemet for informasjonstryggleik i domstolane og Domstoladministrasjonen. Revisjonen avdekte behov for å setje i

verk fleire tiltak for å betre styringssystemet. Med utgangspunkt i strategien for domstolane vil arbeidet med informasjonstryggleik få større vekt, og arbeidet vil vere basert på relevante føringar, standardar og kjende rammeverk.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker alle ordinære driftsutgifter i Domstoladministrasjonen, inkl. faste og variable lønnsutgifter og lønnsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar i tingrettane, jordskifterettane og lagmannsrettane.

Bemanninga i Domstoladministrasjonen utgjorde 95 årsverk per 1. juli 2019. Bemanninga ved tingrettane utgjorde 376 dommarårsverk, 161 dommarfullmektigårsverk og 690 andre årsverk per 1. juli 2019. Bemanninga ved lagmannsrettane utgjorde 180 dommarårsverk og 116 andre årsverk per 1. juli 2019. Bemanninga ved jordskifterettane utgjorde 80 dommarårsverk og 149 andre årsverk per 1. juli 2019. Løyvinga skal vidare dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar knytte til dei enkelte domstolane. Løyvinga dekker òg utgifter til Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark, Tilsynsutvalet for dommarar og Innstillingsrådet for dommarar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 23,7 mill. kroner som følgje av lønnsauken for dommarer i tingrettane og lagmannsrettene med verknad frå 1. oktober 2018.

Det blir det foreslått å redusere løyvinga med 0,4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga over kap. 440, post 01 til vidareføring av JustisCert (justissektoren sitt responsmiljø for å førebyggje og koordinere handteringa av alvorlege IKT-hendingar).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner til å behandle saker om tilbakekall av statsborgarskap, jf. omtale under kat. 06.90.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01 mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 02 og 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2 596,7 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret, jf. kap. 3410, t.d. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforretningar, registrering m.m. under offentleg bubehandling og forkyning som

er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar, vitne og rettsvitne m.m. dekte. Løyvinga dekker òg arbeidsgivaravgift av godtgjersle til meddommarar og tolkar i sivile saker der partane sjølv dekker godtgjersla.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 84,1 mill. kroner.

Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, kan overførast

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke

det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene skal først i eigne saksrekneskapar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22 mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 4,1 mill. kroner basert på nedgang i kostnader knyta til å krevje inn sideutgifter i jordskiftedomstolene.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,7 mill. kroner.

Kap. 3410 Domstolene

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Rettsgebyr	332 275	257 022	260 596
02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene	23 784	23 753	24 390
03	Diverse refusjoner	7 505	1 860	1 910
04	Vernesaker jordskiftedomstolene	2 894	5 916	2 452
	Sum kap. 3410	366 458	288 551	289 348

Post 01 Rettsgebyr

Rettsgebyr (R) er eit grunngebyr som dannar utgangspunkt for utrekning av betaling for tenester i offentlig verksemd. Gebyret som blir betalt er sett saman av grunngebyret R og ein multiplikator.

Regjeringa foreslår å auke rettsgebyret (R) frå 1 150 kroner til 1 172 med verknad frå 1. januar 2020. Dette er i tråd med berekna prisvekst for 2020.

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med tvistesaker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 260,6 mill. kroner.

Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten omfattar inntekter ved at partane i saka betaler gebyr.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01 mot tilsvarende meir-

inntekter over kap. 3410, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 24,4 mill. kroner.

Post 03 Diverse refusjoner

Posten dekker refusjonar som blir brutto inntektsførte ved domstolane i første instans og lagmannsrettane, bl.a. refusjonar etter avrekning av energitgifter m.m.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til at meirinntektene over kap. 3410, post 03 kan nyttast til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01 tilsvarende, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1,9 mill. kroner.

Post 04 Vernesaker jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten samsvarar med tilsvarende utgifter over kap. 410, post 22.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22 mot tilsvarende meir-

rinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 3,4 mill. kroner basert på nedgang i inntekter knyta til å krevje inn sideutgifter i jordskiftedomstolene.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,5 mill. kroner.


Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	217 343	227 694	231 486
21	Spesielle driftsutgifter	34 109	38 882	36 998
	Sum kap. 0414	251 452	266 576	268 484

Forliksråda tok i 2018 imot 81 125 saker og behandla 76 487. Gjennomsnittleg saksbehand-

lingstid var 67 dagar. Figur 2.5 viser utviklinga i saksbehandlinga frå 2014 til 2018.



Figur 2.5 Saksavvikling i forliksråda 2014–2018

Utviklinga over år viser at talet på forlikssklagar minkar, men talet gjekk noko opp i 2018. Truleg er dette knytt til ein auke i flyklagesaker i Bærum konfliktråd.

Stortinget vedtok 22. juni 2018 å innføre oppfriskingsadgang av fråværsdommar som er avsagde i forliksrådet. Endringa gjeld frå 1. januar 2019.

Departementet har òg fremma Prop. 133 L (2018–2019) der verdigrensa for obligatorisk forliksrådsbehandling blir foreslått endra frå 125 000 kroner til 200 000 kroner, jf. punkt. 4.2. Forslaget vil føre til anslagsvis 500 fleire saker for forliksråda.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, enkelte sakkunnige, vitne, rettsvitne m.m. og reiseutgiftene deira. Vidare dekker løyvinga utgifter til tolkar i sivile saker der partane har krav på tolk. Løyvinga på posten dekker òg utgifter til vitne som møter eller på annan måte gir forklaring til Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, og nødvendige blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 231,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekker utgifter til godtgjersle og køyre-godtgjersle til medlemmer av forliksråda og utgifter til nødvendige kompetansehevande tiltak.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner knytt til auka saksinngang i Bærum forliksråd.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 4 mill. kroner basert på forventa utvikling på posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 37 mill. kroner.

Programkategori 06.30 Kriminalomsorg

Utgifter under programkategori 06.30 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–25	Driftsutgifter	5 032 831	4 896 248	5 063 359	3,4
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	34 947	55 442	195 036	251,8
60–69	Overføringer til kommuner	73 713	69 000	83 608	21,2
70–89	Overføringer til private	24 544	29 441	30 231	2,7
Sum kategori 06.30		5 166 035	5 050 131	5 372 234	6,4

Utgifter under programkategori 06.30 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
430	Kriminalomsorgen	4 903 581	4 803 427	5 180 962	7,9
432	Kriminalomsorgens høyskole og utdanningssenter	262 454	246 704	191 272	-22,5
Sum kategori 06.30		5 166 035	5 050 131	5 372 234	6,4

1 Innleiing

Programkategori 06.30 Kriminalomsorga er kap. 430 Kriminalomsorgen og kap. 432 Kriminalomsorgens høyskole og utdanningssenter KRUS.

Kategorien omfattar Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI), regionalt nivå med 5 regionadministrasjonar, lokalt nivå med 37 fengsel og 15 friomsorgskontor, 2 senter for narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS. KDI står for den faglege og administrative leiinga av kriminalomsorga.

Kriminalomsorga er eit av dei siste ledda i straffesakskjeda. Kriminalomsorga skal sjå til at dei domstolane dømmer til straff, gjennomfører straffa, og dei skal stille varetekts plassar til disposisjon for politiet. Mengda med oppgåver som kjem til kriminalomsorga, avheng av aktivitetane

og prioriteringane til politiet og påtalemakta (programkategori 06.40) og domstolane (programkategori 06.20). Fleire oppklarte saker hos politiet og raskare behandling hos påtalemakta og domstolane vil gi større behov for kapasitet hos kriminalomsorga. Godt tilbakeføringsarbeid, effektiv førebyggjande innsats og meir bruk av administrative sanksjonar vil derimot bidra til å redusere behovet for kapasitet i kriminalomsorga.

Kriminalomsorga gjennomfører straff både i fengsel og i samfunnet. Straffa skal gjennomførast på ein måte som tek omsyn til formålet med straffa, motverkar nye straffbare handlingar, er tryggande for samfunnet og innanfor desse rammene sikrar dei innsette og domfelte tilfredsstillande forhold. Ved varetektsfengsling skal kriminalomsorga leggje forholda til rette for å motverke dei negative følgjene av isolasjon.

Vilkårslaus fengselsstraff blir i utgangspunktet gjennomført i fengsel. I enkelte tilfelle kan kriminalomsorga avgjere at vilkårslaus fengselsstraff skal gjennomførast utanfor fengsel. Dette gjeld overføring frå fengsel til soning i heimen (straffegjennomføringslova § 16 første ledd), straffegjennomføring med elektronisk kontroll (EK) (§ 16

andre ledd), straffegjennomføring gjennom bøteneste (§ 16 bokstav a), straffegjennomføring i institusjon (§ 12) og straffegjennomføring på sjukehus (§ 13). Kriminalomsorga gjennomfører også straff i samfunnet gjennom narkotikaprogram med domstolskontroll, samfunnsstraff og program mot ruspåverka køyring.

Kap. 430 Kriminalomsorgen

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	4 683 058	4 559 896	4 780 033
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 430 post 01</i>	87 319	89 648	92 054
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	34 947	55 442	195 036
60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i>	73 713	69 000	83 608
70	Tilskudd	24 544	29 441	30 231
Sum kap. 0430		4 903 581	4 803 427	5 180 962

Ei god kriminalomsorg krev både rett samansett kapasitet og eit godt og rehabiliterande innhaldsarbeid. Regjeringa har bygd ut ny fengselskapasitet som gir betre soningstilhøve for innsette. Regjeringa har òg sørgd for at soningskøen er sterkt redusert og har i tillegg auka bruken av straffegjennomføring med elektronisk kontroll (fotlenkesoning) som gir den domfelte høve til å behalde bustad og arbeid. Regjeringa har også gjort grep for å tilpasse kapasiteten i kriminalomsorga til behovet. Ei viktig prioritering i åra framover blir å byggje ned vedlikehaldsetterslepet i kriminalomsorga for å oppretthalde viktig kapasitet på høgt tryggingnivå.

Regjeringa foreslår derfor følgjande større satsingar i 2020:

- rehabilitering av Ila fengsel og forvaringsanstalt – 22 mill. kroner


- forprosjektering av nytt Oslo fengsel – 17,5 mill. kroner
- investeringar i sikringsutstyr og vedlikehald mv. – 19,9 mill. kroner
- ekstra løyving til digitaliseringsprosjektet ved Agder fengsel – 11,4 mill. kroner

Eit anna større tiltak som blir slutført i 2020, er nytt fengsel i Agder.

2 Rett samansett kapasitet

2.1 Redusert soningskø

Då regjeringa overtok i 2013, var soningskøen på over 1 200 dommar. Pr. september 2019 var soningskøen redusert til om lag 485 dommar, jf. figuren under.




Figur 2.6 Utvikling i soningskøen for vilkårslause dommar, 2013–2019

Ei viktig årsak til nedgangen er at regjeringa leigde fengselsplassar i Nederland frå 2015 til 2018. Samstundes har regjeringa arbeidd for å auke kapasiteten i Noreg, bl.a. med nytt fengsel i Agder, som skal opnast medio 2020. Regjeringa har òg auka kapasiteten for straffegjennomføring med elektronisk kontroll (fotlenkesoning) med 255 plassar til 500 plassar, slik at fleire domfelte kan behalde bustad og arbeid under soninga, jf. utvida omtale under punkt 2.3.2.

I forbindelse med nedlegging av om lag 250 fengselsplassar med lågare tryggingnivå i fyrste halvår 2019 blei innsette overført til andre fengsel. Dette reduserte innkallinga av dommar ved desse fengsla, noko som førte til ein mellombels

auke i soningskøen i løpet av fyrste halvår 2019. Soningskøen er no på vei nedover.

Dei to siste åra har vi sett ein reduksjon i talet på innsetjingar i varetekt og talet på dommar til kriminalomsorga. I 2016 var det i gjennomsnitt 998 innsette i varetekt. I 2018 var dette talet redusert til 832. Det er ein nedgang på om lag 16 pst. Talet på innsette i varetekt utgjer no 21 pst. av den totale fengselskapasiteten. Nedgang i det samla talet på vilkårslause dommar har òg medverka til å redusere soningskøen. I 2016 vart ca. 10 500 dommar sende til kriminalomsorga, mens dette talet i 2018 var redusert til 8 500. Dette er ein nedgang på 19 pst.



Figur 2.7 Utvikling i talet på varetektsinnsette og mottekne vilkårslause dommar, 2013–2018

2.2 Endringar i kriminalitetsbiletet og nye behov for kapasitet i kriminalomsorga

Kapasiteten i kriminalomsorga må tilpassast endringar i kriminalitetsbiletet. Kriminalitetsbiletet har endra seg dei siste åra. Det har vore ein nedgang i registrert kriminalitet og ein nedgang i melde eigedomstjuveri og rusmiddellovbrot. Samstundes har den alvorlege kriminaliteten auka. Det har mellom anna vore ein markant auke i talet på seksuallovbrot i perioden 2013–2019. Sjå omtale under 06.40.

Sjølv om det har vore ein nedgang i talet på innsette i fengsel, blir det gjennomført lengre straffer, og domsinnsette sit lenger i fengsel enn tidlegare. Dette kjem både som følgje av at færre totalt får kortare straffer, og at dei som er dømde til kortare dommar, oftare får gjennomføre straffa si med elektronisk kontroll.

Kriminalitetsutviklinga tilseier at det er større behov for fengselsplassar med høgare tryggingnivå, og mindre behov for fengselsplassar med lågare tryggingnivå. For å utnytte ressursane på ein mest mogleg effektiv måte har det vore nødvendig å leggje ned fengselsplassar det ikkje er bruk for.

I stortingsbehandlinga av Prop. 1 S (2018–2019) vart det vedteke å leggje ned om lag 250 fengselsplassar på lågare tryggingnivå, jf. Innst. 6 S (2018–2019). Dette omfatta Hassel fengsel, Søndre Vestfold fengsel, Sandefjord avdeling, Hedmark fengsel, Bruvoll avdeling, Nordre Vest-

fold fengsel, Hof avdeling og Bergen fengsel, Osterøy avdeling. Fengsla vart lagde ned i løpet av første tertial 2019.

I tillegg til å leggje ned 250 fengselsplassar med lågare tryggingnivå er det vedteke å leggje ned om lag 120 fengselsplassar ved Arendal fengsel, avdeling Kleivgrend, Håvet og Parkveien og Kristiansand fengsel, i samband med etableringa av nye Agder fengsel, jf. Prop. 129 S (2016–2017) og Innst. 401 S (2016–2017). Grunna redusert behov for plassar med lågare tryggingnivå vart Arendal fengsel, Håvet avdeling lagt ned første halvår 2019. Av same årsak vil Arendal fengsel, avdeling Kleivgrend bli lagt ned primo 2020. Plassar med høgt tryggingnivå ved Arendal fengsel, Parkveien og Kristiansand fengsel blir lagde ned når nye plassar i Agder står klare til bruk, medio 2020.

2.3 Tilpassa kapasitet i kriminalomsorga

Kriminalomsorga har i dag 4 233 fengselsplassar og soningsplassar med elektronisk kontroll, inkl. dubleringsplassar. Tabellen under gir oversikt over soningskapasiteten fordelt på fengselsplassar med høgt og lågare tryggingnivå og elektronisk kontroll. Endringa i kapasiteten på fengselsplassar med lågare tryggingnivå frå 2019 til 2020 har årsak i nedlegging av overkapasitet av om lag 250 plassar våren 2019. Auke i kapasiteten på fengselsplassar med høgt tryggingnivå frå 2020 til 2021 har årsak i nytt fengsel i Agder som etter planen opnar medio 2020.

Tabell 2.3 Tal for samla straffegjennomføringskapasitet, per 1. januar, 2013–2021

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Fengselsplassar med høgt tryggingnivå ¹	2 420	2 420	2 455	2 467	2 495	2 500	2 500	2 610	2 738
Fengselsplassar med lågare tryggingnivå ¹	1 383	1 383	1 383	1 383	1 385	1 385	1 385	1 123	1 095
Leige av fengselsplassar i Norgerhaven (helårseffekt)			84	242	242	162			
Soning med elektronisk kontroll (EK)	237	342	342	342	387	500	500	500	500
Sum kapasitet	4 040	4 145	4 264	4 434	4 509	4 547	4 385	4 133	4 333

¹ Ordinær kapasitet utan dublering.

Under følgjer ein nærmare omtale av kapasiteten for høvesvis fengsel, elektronisk kontroll og anna soning i samfunnet. I tråd med prognosar frå Kri-

iminalomsorgsdirektoratet vurderer departementet det slik at kapasiteten svarer til dagens behov i kriminalomsorga.

2.3.1 Fengselsplassar

Kapasitetsutnyttinga i fengsla var høg i perioden 2013–2016. Dette var nødvendig for å redusere soningskøen. I 2018 og i 2019 har den gjennom-

snittlege kapasitetsutnyttinga i fengsla vore i underkant av 90 pst. Kriminalomsorga tilrår kapasitetsutnytting på 90 pst., bl.a. av omsyn til at ein skal kunne stille varetektsplassar til disposisjon for politiet ved behov.

Tabell 2.4 Kapasitetsutnytting i fengsel, 2013–2019¹

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Kapasitetsutnytting i fengsel	97 %	98 %	96 %	95 %	92 %	88 %	88 %

¹ Tal for 2018 og 2019 omfattar dubleringskapasitet. Tal for 2019 gjeld første halvår.

Regjeringa jobbar for å sikre trygge og likeverdige forhold for kvinner som sonar straff, og kriminalomsorga har som målsetjing at kvinner ikkje skal sone saman med menn. Om kvinnelege innsette må sone med menn, skal dei få eit tilbod som er tilrettelagt og i eigne skjerma avdelingar. I 2018 utgjorde kvinnelege innsette om lag 9 pst. av alle innsetjingar. Om lag 3 pst. av dei som ventar på soning i fengsel, er kvinner.


Kriminalomsorga har fengsel som berre har plassar for kvinnelege innsette. Det er Bredtveit fengsel og fovaringsanstalt og Ravneberget fengsel. I 2019 opna ei eiga kvinneavdeling ved Arendal fengsel, Evje avdeling. Avdelinga har 30 soningsplassar, der 10 av dei har høgt tryggingnivå. Det er også eiga kvinneavdeling ved Telemark fengsel, Kragerø avdeling og ei avdeling for utanlandske kvinnelege innsette ved Kongsvinger fengsel.

I 2018 var 28 pst. av alle fengselsplassar nytta av utanlandske statsborgarar frå 114 land. Regjeringa har prioritert arbeidet med å overføre utanlandske domfelte så dei kan halde fram soninga i heimlandet. 50 personar vart overførte til soning i heimlandet i 2018. Den europeiske konvensjonen om soningsoverføring krev at det må vere minst seks månader igjen til lauslating. Fleirtalet av dei domfelte som kjem frå land utanfor Norden, kan på grunn av dette kravet ikkje overførast til soning i heimlandet, fordi dommen er for kort, eller fordi det er for kort tid att å sone. Kriminalomsorga sender oppmoding til heimlandet om å gå med på soningsoverføring i alle saker der det er realistisk å få i stand ei overføring innan tidsfristen. Dommane som vart overførte til soning i

heimlandet i 2018, hadde eit omfang som svarer til drift av om lag 104 fengselsplassar med fullt belegg i eitt år. Noreg er i samtalar med Polen, Serbia og Kosovo om å inngå bilaterale avtalar om soningsoverføring. Regjeringa meiner det på sikt bør vere eit mål å knyte seg til EUs rammeavgjerd om soningsoverføring for å gjere arbeidet med soningsoverføringar endå meir effektivt og for å minke behovet for bilaterale avtalar på dette feltet.

2.3.2 Straffegjennomføring med elektronisk kontroll og anna straff gjennomført i samfunnet

I 2018 var det for første gong sett i verk fleire oppdrag ved friomsorgskontora enn i fengsla. Den viktigaste forklaringa er auken i bruken av elektronisk kontroll. Eit viktig tiltak for å betre kvaliteten i kriminalomsorga har vore å auke bruken av straffegjennomføring med elektronisk kontroll. Kapasiteten er auka med 255 plassar i løpet av regjeringsperioden og utgjer i dag om lag 500 plassar. Ordninga gjer det mogleg for domfelte å behalde bustad og arbeid under straffegjennomføringa, og ho er òg eit viktig verkemiddel i utslusinga av domfelte til samfunnet. Evaluering av ordninga med straffegjennomføring med elektronisk kontroll viser at ordninga verkar positivt på tilbakefall til ny kriminalitet, og gir nytte til pårørande, domfelte og samfunnet som heilskap. Auka bruk av straffegjennomføring med elektronisk kontroll har òg redusert behovet for fengselsplassar med lågare tryggingnivå. Figuren under gir ei oversikt over lovbrotskategoriar for domfelte som sonar med fotlenke.



Figur 2.8 Domfelte som sonar med fotlenke, fordelte på lovbrotskategori, per august 2019¹

¹ Ein samla kategori for andre typar lovbrott av mindre omfang er ikkje inkludert i tabellen.

I september 2019 var belegget på fotlenkesoning på ca. 60 pst. Justis- og beredskapsdepartementet fremma i juni 2019 Prop. 132 L (2018–2019) *Endringer i straffegjennomføringsloven mv. (gjennomføringstiden for straffegjennomføring med elektronisk kontroll mv.)*, der det er foreslått å auke gjennomføringstida for elektronisk kontroll frå 4 til 6 md. Forslaget inneheld òg ei fråsegn om lovheimel for bruk av sporingsteknologi m.m. Dette skal brukast for å kontrollere at dei som gjennomfører straff på denne måten, ikkje bryt vilkåra om opphaldsstad. Basert på tal for 2017 er det berekna at utvidinga til 6 md. vil gi ein auke av målgruppa tilsvarende om lag 90 plassar. Bruk av ny teknologi vil gi ein liten auke av målgruppa og dessutan meir effektiv og mindre tid- og ressurskrevjande kontroll av at vilkåra for elektronisk kontroll blir følgde.

2.3.3 Anna straff som blir gjennomført i samfunnet

I 2018 vart 102 personar overførte til straffegjennomføring i institusjon. Formålet med straffegjennomføring i institusjon er rehabilitering, men bruk av ordninga frigjer samstundes kapasitet i fengsla. Desse personane ville ha brukt 113 heilårs plassar i fengsel om dei hadde gjennomført heile straffa i fengsel. Dette er ein nedgang frå resultatet dei siste åra. Viktige årsaker er reduksjonen i mottekne dommar og ein auke i vilkårsbundne dommar med narkotikaprogram med domstolskontroll (ND), som har redusert målgruppa for straffegjennomføring i institusjon. Eit anna forhold som har innverknad på resultatet, er dreininga i rusbehandling frå døgnbehandling til meir bruk av poliklinisk behandling.

Tabell 2.5 Mengd døgn på straffegjennomføring i institusjon (strgjfl. § 12)

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Døgn etter strgjfl. § 12	30 837	36 935	51 076	48 080	50 018	41 643

Bøteteneste, jf. straffegjennomføringslova § 16 a, inneber at den som ikkje evnar å betale ei bot, kan gjere opp for seg ved samfunnsnyttig teneste i staden for å vere i fengsel. Regjeringa sette i verk bøteteneste som eit prøveprosjekt i Troms i 2014, med gode erfaringar. Ordninga med bøteteneste vart utvida til heile landet i 2019, jf. Prop. 1 S (2018–2019) og Innst. 6 S (2018–2019). Etter utvi-

dinga er det for første gong ikkje lenger slik at personar i Noreg må sone fengselsstraff på grunn av manglande evne til å betale ei bot.

Tabellen under gir ei oversikt over mengda sparte fengsels plassar frå 2013 til 2018 som følgje av at dei domfelte kan sone straffa si i medhald av strgjfl. § 12, § 13, § 16 første ledd, og som følgje av soningsoverføringar til heimlandet.

Tabell 2.6 Tal for sparte fengselsplassar, per 1. januar, 2013–2018

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Sparte fengselsplassar gjennom anna soning i samfunnet (strgjfl §§ 12, 13, 16 første ledd ¹)	291	291	489	495	516	473
Sparte fengselsplassar gjennom soningsoverføring til heimlandet ²	78	58	113	101	85	104
Sum sparte fengselsplassar	369	349	602	596	601	577

¹ Talet er berekna gjennom total antall gjennomførte døgn med straffegjennomføring i medhald av strgjfl. § 12, § 13, § 16 første ledd, delt på 365 døgn i året.

² Samla gjenstående soningsdøgn som blir gjennomførte i heimlandet, delt på 365 døgn i året.

På bakgrunn av utviklinga i antall soningsoverføringar og bruk av anna soning i samfunnet (strgjfl. § 12, § 13, § 16 første ledd) per september 2019, er det rimeleg å forvente ein liten nedgang i total sparte fengselsplassar i 2019.

2.3.4 Anna straffeartar

Domstolane kan dømme lovbrytarar til samfunnsstraff, vilkårsbunden dom med narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og vilkårsbunden dom med Program mot ruspåverka køyring.

Desse straffereaksjonane blir gjennomførte av friomsorgskontora.

Talet på samfunnsstraffer som er sette i verk årleg, har gått ned dei siste åra. I 2018 var talet på iverksette samfunnsstraffdommar 1 781. I same periode har talet på iverksette oppdrag på narkotikaprogram med domstolskontroll auka. Forklaringa er at straffereaksjonen vart gjord permanent og landsdekkande i 2016. Det har no blitt avsagt slike dommar i alle fylka, og alle friomsorgskontora har aktive dommar på narkotikaprogram med domstolskontroll.

Tabell 2.7 Narkotikaprogram mot domstolskontroll, Program mot ruspåverka køyring og Samfunnsstraff. Tal på iverksette oppdrag, 2013–2018

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Narkotikaprogram med domstolskontroll	24	27	30	38	136	164
Program mot ruspåverka køyring	565	497	556	463	440	388
Samfunnsstraff	2 231	2 246	1 914	1 908	1 980	1 781

2.4 Vidare utvikling av kapasitet – kritisk vedlikehald
Fengsla har eit omfattande vedlikehaldsetterslep. Dette har vore ei utfordring i fleire år. Ein analyse utført i 2016 berekna behovet for investeringar til vedlikehald til om lag 3,8 mrd. kroner. Statsbygg eig dei fleste fengselsbygga og har ansvar for vedlikehaldet. Løyvinga til vedlikehald og bygging av nye fengsel skjer over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Sjå programkategori 13.30 kap. 2445 Statsbygg i Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I perioden 2013–2018 er det gjort vedlikehald av fengsla for totalt om lag 1,18 mrd. kroner. Det er likevel framleis behov for ekstraordinært vedlikehald. I 2020 vil regjeringa derfor prioritere vedlikehald og rehabilitering av fengselsbygg. Regjeringa vil særskilt prioritere å oppretthalde

viktig kapasitet for bl.a. forvaring og varetekt. Det er kritisk vedlikehaldsetterslep ved Ila fengsel og forvaringsanstalt, som bl.a. har størstedelen av plassar for forvaring. Situasjonen er også kritisk for Oslo fengsel, som er viktig av omsyn til varetektskapasiteten for politiet i Oslo og det sentrale austlandsområdet.

2.5 Rehabilitering av Ila fengsel og forvaringsanstalt
Dei tekniske anlegga (ventilasjon, røyr, elektrisk anlegg m.m.) ved Ila fengsel og forvaringsanstalt er i kritisk tilstand, med originale komponentar frå 1939. Hovudbygget er i dag utan fungerande ventilasjon. Samanbrot i sentral infrastruktur eller pålegg frå offentlege tilsynsstyresmakter vil kunne føre til at store delar av Ila fengsel og forvaringsanstalt må stengast. 67 av dei totalt 124 plas-

sane ved Ila fengsel og forvaringsanstalt er tilrettelagde for forvaringsdømde. Det er om lag 80 pst. av alle forvaringsplassane i Noreg. Regjeringa foreslår å løyve 22 millionar kroner for å byrje arbeidet med å rehabilitere fengselet i 2020. Kostnads- og styringsramma for prosjektet, utan påkomne kostnader for skisse- og forprosjekt, er høvesvis 353 og 302 mill. kroner, ekskl. inventar og brukarutstyr.

2.6 Forprosjektering for nytt Oslo fengsel

Oslo fengsel er eit av fengsla på Austlandet med størst vedlikehaldsbehov og er samstundes svært viktig for å dekke behovet for varetektskapasitet i Osloområdet. I 2018 vart det utarbeidd ei konseptvalutgreiing for Oslo fengsel. Konseptvalutgreiinga, med påfølgjande kvalitetssikring, anbefaler at det blir etablert eit nytt fengsel på ei ny tomt, og at dagens fengsel blir avhenda når eit nytt fengsel står klart. Regjeringa har avgjort at denne anbefalinga skal leggjast til grunn for vidare utgreiing. Ein vil først arbeide vidare med det valde konseptet, inkludert tomteval. Forprosjektering av nytt fengsel skal etter planen skje i 2020. Regjeringa foreslår å løyve 17,5 mill. kroner i 2020 til planlegging og forprosjektering av nytt Oslo fengsel.

2.7 Anna utvikling av kapasitet i kriminalomsorga

Departementet gav i juni 2017 KDI i oppdrag å gjennomføre ein KVVU for straffegjennomførings- og varetektskapasiteten på Vestlandet, som omfattar fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Denne vart ferdigstilt i april 2019 og er venta ferdig kvalitetssikra (KS1) i løpet av 2019. Det vil gi eit betre grunnlag for å avgjere kva for tiltak som ev. bør prioriterast i denne delen av landet.

2.8 Investeringar i kriminalomsorga

I budsjettet for 2019 var det løyvd 10 mill. kroner til styrking av kriminalomsorga. Midlane vil primært nyttast til innkjøp av kroppsskanner og gjennomlysningsutstyr. Det er behov for å styrke tryggleiken i kriminalomsorga ytterlegare. Regjeringa foreslår derfor å løyve 19,9 mill. kroner til bl.a. innkjøp av nye digitale verktøy for å auke tryggleiken i fengsla, som kroppsskannarar mv. Deler av bevilgninga vil og nyttast til nytt utstyr i samband med vedlikehald av fengselsbygg. I tillegg foreslår regjeringa å løyve ytterlegare 11,4 mill. kroner til digitalisering ved nye Agder fengsel som åpner medio 2020. Det er lagt til grunn at løyvingane i 2020 ikkje vil gi bindingar for framtidige år.

3 Innhaldsarbeid i kriminalomsorga

Det er eit overordna mål for kriminalomsorga å redusere tilbakefall til ny kriminalitet og at fleire domfelte går tilbake til utdanning og arbeid etter gjennomført straff. For å hindre tilbakefall vil regjeringa arbeide for meir rehabiliterande straffegjennomføring med større vekt på innhaldet i soninga. Domfelte har aktivitets- eller arbeidsplikt, og kriminalomsorga skal leggje til rette for aktivitetar tilpassa behova til dei innsette. Aktivitetane skal vere ein integrert del av straffegjennomføringa for å unngå isolasjon og uheldige verkningar. Det er utdanningsstyresmaktene som har ansvaret for å gi alle innsette som har rett til det, utdanning og opplæring, medrekna grunnskulefag, vidaregåande opplæring og ulike kurs. Innsette har rett til nødvendige og gratis helsetenester i kommunen der fengselet ligg. Ansvaret for dette ligg hos helsestyresmaktene. Samla har andelen innsette som er aktivisert i form av arbeid, skule, programverksemd og fritidsaktivitetar gått opp, jf. tabellen under.

Tabell 2.8 Del av fengselsdøgn med aktivitet, 2013–2018

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Fengselsdøgn med aktivitet	77 %	78 %	80 %	80 %	81 %	82 %

3.1 Isolasjon og utestenging frå fellesskap

Sjølv om delen av innsette som har eit aktivitetstilbod, har auka, har enkelte grupper av innsette særskilde behov for aktivisering som er tilpassa utfordringane deira.

Dei siste åra har det blitt peika på store utfordringar med eksklusjon frå fellesskap og isolasjon av innsette. Kritikken har bl.a. komme frå FNs menneskerettskomité, FNs torturkomité (CAT), Den europeiske torturovervakingskomiteen (CPT) og Sivilombodsmannen.

Årsaker til at nokre innsette blir utestengde frå fellesskapet, er til dømes varetektsrestriksjonar, vedtak etter straffegjennomføringslova, at innsette sjølve ønskjer å vere isolerte, eller at forhold ved bygningane gjer det vanskeleg med fellesskap blant dei innsette på enkelte avdelingar.

Regjeringa vil styrke behandlingstilbodet innan psykisk helsevern i kriminalomsorga og redusere bruken av isolasjon og eksklusjon i fengsel. I budsjettet for 2019 vart det løyvd 18,3 mill. kroner til å etablere ei forsterka fellesskapsavdeling på Ila fengsel og forvaringsanstalt og 19 mill. kroner til å styrke behandlingstilbodet til valds- og utuktsdømde, jf. omtale under punkt 3.2 og 3.3. KDI arbeider med ein tiltaksplan om isolasjon i kriminalomsorga. Regjeringa byggjer også ut kapasiteten i kriminalomsorga, jf. omtale under punkt 2.4, og avviklar samstundes enkelte fengsel som er lite eigna for fellesskap blant innsette. Ny kapasitet med meir moderne fengselsbygg vil gi fleire innsette tilbod om fellesskap. Dei moderne fengselsbygga er òg godt eigna for arbeidsdrift, skule og helseteneste. Dette gjeld dei nye avdelingane ved Romerike fengsel, Ullersmo avdeling og Indre Østfold fengsel, Eidsberg avdeling, og Agder fengsel, som vil stå klart i 2020. Desse fengsla skal etter kvart aktivisere alle innsette. Regjeringa foreslår òg å løyve 17,5 mill. kroner i 2020 til planlegging og forprosjektering av nytt Oslo fengsel. Siktemålet er å betre forholda for innsette ved dette fengselet.

3.2 Rusmestring og psykisk sjuke innsette

Nokre få innsette har heilt spesielle behov på grunn av den psykiske helsa si. Etablering av ei eiga fellesskapsavdeling for denne gruppa ved ombygginga av Ila fengsel og forvaringsanstalt skal bidra til å førebyggje og hindre langvarig isolasjon for innsette med alvorlege psykiske lidingar. Det er bestemt at fellesskapsavdelinga skal etablerast mellombels ved Ila fengsel og forvaringsanstalt avd J. Dette skal sikre at helsepersonell har eigna lokale og at det er gode tilhøve ved fellesskapsavdelinga, samstundes som fengselet blir rehabilitert, jf. omtale over. Tilbodet vil bli etablert ved årsskiftet 2019/2020 i tråd med planen. Den permanente løysinga skal vere i eit nybygg.

Mange innsette har òg eit rusproblem, og behovet for tilbod om avrusing ved innsetjing i fengsel er stort. Regjeringa sette derfor i gang et pilotprosjekt med avrusningseigning ved Bjørgvin fengsel i 2019 for å prøve ut ein ny modell for avrusing, der helsepersonell gjennomfører avru-

sing inne i fengselet. Det er venta at avrusingseininga blir ferdigstilt i løpet av første halvår 2020

Det er og sett i gang ei utgreiing for å vurdere det samla straffereaksjons- og behandlingstilbodet under straffegjennomføring for personar med rusproblem eller avhengnad, og om innretninga av dette bør endrast.

3.3 Behandlingstilbod til personar som er domfelte for seksuallovbrot

Dei siste åra har det vore ein betydeleg auke i talet på personar som er domfelte for seksuallovbrot. Det er derfor behov for å styrke behandlingstilbodet for denne gruppa. I 2015 vart det starta eit prosjekt som har som mål å utvikle eit heilskapleg behandlingstilbod til personar som er dømde for seksuallovbrot, og å gi betre kunnskap gjennom systematisk kartlegging av kjende statistiske risikofaktorar. Tilbodet finst i dag berre ved enkelte fengsel. Som ledd i opptrappingsplanen mot vald og overgrep er det i 2019 løyvd 19 mill. kroner under Helse- og omsorgsdepartementets for å etablere eit landsdekkande behandlingstilbod basert på kunnskapen frå prosjektet. Etableringa skjer i andre halvår 2019. For 2020 er det foreslått 38 mill. kroner til å gjennomføre tilbodet på landsbasis under Helse- og omsorgsdepartementets budsjett.

3.4 Arbeid mot radikaliserings i kriminalomsorga

Kriminalomsorga arbeider med å identifisere innsette dei reknar med det er fare for at kan radikalisere andre innsette, og innsette som er sårbare for å bli påverka på ein måte som kan leie til valdeleg ekstremisme. Eitt tiltak er å spreie innsette som utgjer ein risiko for å påverke andre i negativ retning, på forskjellige anstaltar. Dette gjer det vanskelegare å knyte nye kontaktar og planleggje nye straffbare handlingar. Det er òg etablert ei mentorordning i kriminalomsorga. Ordninga rettar seg mot personar som er dømde eller sikta for terrorrelaterte handlingar, og innsette som kan vere sårbare for å bli rekrutterte til ekstremisme.

Eit anna viktig tiltak er opplæring og rettleiing av dei tilsette. Alle kriminalomsorgas regionar skal ha ein radikaliseringskoordinator. KRUS gir også opplæring i fleirkulturell forståing, radikaliserings og valdeleg ekstremisme i grunnutdanninga til fengselsbetjentane.

Det er etablert eit samarbeid mellom PST, KDI og POD om å følgje opp innsette som ein uroar seg for med tanke på radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Det er utvikla rutinar for god sam-

handling og informasjonsutveksling under soninga, i samband med lauslating og i tida etter lauslating.

Tiltaka er ei oppfølging av regjeringas handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

3.5 Tilbakeføring etter gjennomført straff

Etter enda soning skal innsette tilbake til samfunnet. Kriminalomsorga har ansvar fram til gjennomført straff. Ansvar for vidare arbeid med tilbakeføring av domfelte til samfunnet ligg hos andre sektorar og forvaltingsnivå. For å motverke levekårsutfordringar blant innsette og betre samordninga mellom kriminalomsorga, ulike forvaltningssamarbeidspartar og kommunar har regjeringa lagt fram ein *Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff (2017–2021)*. Det er sett i gang fleire tiltak i 2019 for å følgje opp strategien. Bl.a. er det inngått ein samarbeidsavtale mellom regjeringa og KS der formålet er å

- førebyggje kriminalitet og hindre utanforskap
- styrke samhandlinga mellom staten og kommunesektoren
- støtte lokalt samarbeid

3.6 Velferdsobligasjonar

Arbeids- og velferdsdirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet har på oppdrag frå Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet sett i gang eit arbeid med eit pilotprosjekt med formål å teste ut velferdsobligasjonar som modell for utvikling og finansiering av nye til-

tak for å førebyggje tilbakefall til kriminalitet. Velferdsobligasjonar blir brukte om resultatbaserte avtalar mellom fleire partar, som oftast offentlege myndigheiter, investorar/stiftingar og private eller ideelle tenesteleverandørar, og har som formål å løyse sosiale problem på ein ny måte.

Eit utval kommunar vart i april 2018 inviterte til å søke om midlar til utvikling av lokale prosjekt, og det vart innvilga tilskot til to lokale prosjekt – eitt i Kristiansand kommune og eit felles initiativ frå fem kommunar i Vestfold: Horten, Holmestrand, Tønsberg, Sandefjord og Larvik. Kommunane vart våren 2019 inviterte til å søke om tilsegn om tilskotsmidlar for å dekkje delar av sluttopp-gjeret til kommunen dersom dei lokale prosjekta når måla som er sette. Regelverket for dette tilskotet vart fastsett av Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet 8. april 2019.

Det blir teke sikte på å gje tilsegn om tilskotsmidlar hausten 2019, og inngåing av kontraktar mellom partane lokalt våren 2020. Arbeids- og velferdsdirektoratet er saman med Kriminalomsorgsdirektoratet gitt i oppdrag å gjennomføre ei ekstern evaluering av pilotprosjektet.

Sjå omtale under forslag til romartalsvedtak.

4 Førebygging av vald og truslar i kriminalomsorga

Kriminalomsorga prioriterer høgt å styrke førebygginga av vald og truslar mot tilsette og mellom innsette. I 2017 og 2018 har talet på registrerte vald- og trusselhendingar mot tilsette og mellom innsette gått ned etter å ha auka dei siste åra.

Tabell 2.9 Tal på registrerte valds- og trusselsituasjonar mot tilsette og mellom innsette, 2014–2018

	2014	2015	2016	2017	2018
Valds- og trusselsituasjonar mot tilsette	508	801	1 366	1 306	953
Valds- og trusselsituasjonar mellom innsette	386	298	418	376	292

Avvika er i hovudsak knytte til psykisk vald, inkludert verbal, ikkje-verbal, psykisk og sosial vald. Nedgangen kan knytast til at lågare belegg i fengsla gir betre moglegheiter for motivasjonsarbeid og anna innhald i straffegjennomføringa. Kriminalomsorga har også arbeidd med å forbetre avviksregistreringa si.

5 Tilskot til frivillige organisasjonar

Kriminalomsorga skal støtte opp om verksemda til frivillige organisasjonar ved å gi økonomiske til-

skot og ved å invitere dei til samarbeid. I 2018 vart det fordelt om lag 24,5 mill. kroner til 14 frivillige organisasjonar. Organisasjonane har til felles at dei arbeider for hovudmålet til kriminalomsorga: at fleire returnerer til eit liv utan kriminalitet etter å ha gjennomført straffa si. Organisasjonane gir informasjon og tilbod om samtalar, besøk, opplæring og aktivitetar, inkludert arbeidsretta aktivitetar. Dei skaper viktige møteplassar og nye sosiale nettverk for domfelte som ønskjer seg bort frå kriminelle miljø. Det er Kriminalomsorgsdirektora-

tet som forvaltar tilskotsordninga. Sjå under postomtalen.

6 Organisering av kriminalomsorga

Ved behandlinga av Prop. 105 L (2015–2016) *Endringer i straffegjennomføringsloven mv. (omorganisering av kriminalomsorgen m.m.)*, jf. Innst. 80 L (2016–2017), 2. desember 2016, gjorde Stortinget dette oppmodingsvedtaket:

«Stortinget ber regjeringen foreta en evaluering av kriminalomsorgen ut fra de mål som er beskrevet i proposisjonen og de alternative modeller for organisering som har vært drøftet, samt en trenivåmodell. Samarbeidende instanser, frivillige organisasjoner, ansatte- og brukerorganisasjoner bør involveres i evalueringen.»

Direktoratet for forvaltning og IKT, Difi, har på oppdrag frå departementet gjennomført evalueringa. Evalueringsrapporten vart levert i september 2017. Difi meiner det er gode grunnar til å endre dagens organisering, og at ein tonivåmodell bl.a. kan gi tydelegare og meir einskapleg leing av etaten og sikre rettslikskap og likebehandling. På oppdrag frå departementet leverte KDI i 2018 eit forslag til ny modell for organiseringa. Departementet har gitt KDI ei vurdering av forslaget, og KDI vil levere eit nytt forslag hausten 2019. Departementet vil komme tilbake til saka på ein eigna måte.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke ordinære driftsutgifter (lønn, varer og tenester) i kriminalomsorga. Bemaninga i kriminalomsorga per 1. mars 2019 utgjorde 4 383,3 fast tilsette årsverk. Posten dekker vidare utgifter til maskiner og utstyr, kontorutgifter, personalavhengige utgifter, husleige, programverksemd, aktiviseringstiltak og godtgjersler og kosthald for dei innsette.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 5 mill. kroner til prosjektgjennomføring av rehabiliteringa av Ila fengsel og forvaringsanstalt. Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga med 2,5 mill. kroner i samband med at kriminalomsorga planlegg ny løysing for Oslo fengsel.

Det er foreslått å auka løyvinga med 30,6 mill. kroner i tilknytning til slutfasekostnader ved ferdiggjeringa av nytt fengsel i Agder medio 2020. Vidare er det foreslått å auka løyvinga med 246 mill. kroner til drift av fengslet i 2020. Utgifter under styresmakter som tilbyr tenester til innsette

i Agder fengsel, er berekna til samla 20,2 mill. kroner. Sjå omtalen under kap. 762, kap. 225 og kap. 326 i budsjettforslaga til høvesvis Helse- og omsorgsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet.

Vidare foreslår regjeringa å redusere løyvinga med 42,2 mill. kroner knytte til nedlegginga av fengselsplassar i samband med opning av nytt fengsel i Agder. Regjeringa foreslår vidare å redusere løyvinga med 30,8 mill. kroner knytte til avvikling av 100 dubleringsplassar. Reduserte utgifter under forvaltningssamarbeidspartnarar knytt til nedlegging av dubleringsplassane er berekna til samla 6,4 mill. kroner. Det blir vist til nærmare omtale under kap. 762 og kap. 225 i høvesvis Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet sine budsjettforslag.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 6 mill. kroner til drift av avrusingseining ved Bjørgvin fengsel. Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga med 1,5 mill. kroner til husleige knytt til etablering av nasjonal forsterka fellesskapsavdeling for psykisk sjuke ved Ila fengsel og forvaringsanstalt. Det er foreslått å redusere løyvinga med 83,4 mill. kroner i samband med nedlegginga av overkapasitet av fengselsplassar på lågare tryggingnivå som blei gjennomført i 2019. Reduserte utgifter under forvaltningssamarbeidspartnarar i samband med nedlegging av plassane er berekna til 30 mill. kroner. Vi viser til omtalen under budsjettforslaga til Helse- og omsorgsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet. Det er foreslått å auka løyvinga med 10 mill. kroner til ei landsdekkande ordning med bøteteneste.

Vidare er det foreslått å redusere løyvinga med 10,3 mill. kroner med ein tilsvarande auke under kap. 1605, post 01, i samband med at kriminalomsorga er fullservicekunde hos Direktoratet for økonomistyring (DFØ).

I tillegg til vidareføring av løyving frå i fjor til drift av ti nyoppretta fengselsplassar for kvinner ved Arendel fengsel, avdeling Evje foreslår regjeringa å auka løyvinga med 6,5 mill. kroner knytt til formålet. Det er foreslått å redusere løyvinga med 10,2 mill. kroner i samband med nedlegginga av Arendal fengsel, avdeling Kleivgrend. Som følgje av at politiet skal etablere justisCert (eit responsmiljø i justissektoren som skal førebyggje, og koordinere handteringa av, alvorlege IKT-hendingar), foreslår regjeringa å redusere løyvinga med 0,77 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga under kap. 440, post 01. Vidare foreslår regjeringa å redusere løyvinga med 0,4 mill. kroner i samband med reduserte leiekostnader i statleg verksemd, samt en reduksjon på 0,16 mill. kro-

ner mot ein tilsvarende auke av løyvinga på 440, post 71, som følgje av forventa auke i husleige i samband med ombygging av Justismuseet.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4 780 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttes under kap. 430, post 01

Posten omfattar utgifter knytte til arbeidsdrifta, som materialar, rutinemessig utskifting av mindre maskiner og utstyr, kursing av tilsette retta spesielt mot hjelpemiddel som blir brukte i arbeidsdrifta, og vedlikehald og drift av maskinparken. I posten inngår også arbeidspengar til dei innsette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 92 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overførast

Løyvinga på posten omfattar større utstyrskjøp og vedlikehald. Posten omfattar også midlar til IKT-løysingar, maskiner og teknisk utstyr til arbeidsdrifta, anna utstyr til fengsla og innkjøp av køyretøy.

Styringsramma for brukarutstyr Agder fengsel utgjer totalt 170 mill. kroner, og kostnadsramma utgjer 200 mill. kroner. Deler av styringsramma er løyva i 2018 og 2019. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 117,8 mill. kroner til investeringar i utstyr og inventar. Aukinga utgjer resten av styringsramma. I tillegg foreslår regjeringa å løyve ytterlegere 11,4 mill. kroner til digitalisering ved nye Agder fengsel som åpner medio 2020.

Vidare foreslår regjeringa å løyve 19,9 mill. kroner til sikringsutstyr og vedlikehaldsprosjekt mv. i kriminalomsorga.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 11 mill. kroner knytt til at det er etablert ei avrusingseining ved Bjørgvin fengsel. Vidare er det foreslått å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner i samband med ferdig etablering av nasjonal forsterka fellesskapsavdeling for psykisk sjuke ved Ila fengsel og forvaringsanstalt.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 195 mill. kroner.

Post 60 Refusjonar til kommunene, forvaringsdømte mv., kan overførast

Løyvinga på posten dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetektssurrogat. Ved prøvelauslating av forvaringsdømde kan retten setje vilkår om at den domfelte tek opphald i institusjon eller kommunal bustad lenger enn eittårsfristen i straffelova § 37 bokstav h. Denne retten er grunnlagt i straffelova § 45 første ledd bokstav c. I samband med etableringa av refusjonsordninga var ei målsetjing at dei forvaringsdømde som har spesielle behov, skal kunne få opphald i institusjon eller i omsorgsbustad ved prøvelauslating. Denne retten er grunnlagt i straffelova § 45 første ledd bokstav c.

Det må vere særlege grunnar for å setje vilkår om prøvelauslating til kommunal omsorgsbustad/institusjon. Særlege grunnar gjeld når den domfelte elles ikkje vil kunne bli prøvelauslaten og ei prøvelauslating på slike vilkår er vurdert å vere betre for den domfelte enn framleis opphald i anstalt under kriminalomsorga. Dette er særleg aktuelt når den forvaringsdømde er psykisk utviklingshemma eller har psykiske problem og/eller rusproblem. Det er eit vilkår for slik frigiving at institusjonen eller kommunen har samtykt i opphaldet, og at tiltaka er statleg finansierte. Domstolane tek avgjerd om prøvelauslating.

I 2018 vart det utbetalt refusjon etter ordninga på 73,7 mill. kroner. Avgjerd om prøvelauslating frå forvaring med vilkår om at den domfelte tek opphald i institusjon eller kommunal bueining utover eittårsfristen, ligg til domstolane. Det gjer løyvingsbehovet på posten usikkert. Det er vanskeleg å føreseie utviklinga i talet på saker, dvs. både kva for saker som vil falle bort, tilførsel av nye saker og kva for krav som vil følgje av avgjerdene til domstolane, og dermed kor kostbare tiltaka knytte til kommunal refusjon vil vere.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 83,6 mill. kroner i 2020.

Post 70 Tilskudd

Post 70 er ei tilskotsordning for frivillig verksemd under verkeområda til kriminalomsorga, dvs. domfelte under straffegjennomføring. Posten dekker tilskot til frivillige organisasjonar som får hovuddelen av aktivitetane sine finansierte med andre kjelder. Det er ein føresetnad at verksemda til mottakaren støttar opp om dei generelle målse-

tjingane til kriminalomsorga, og då med særleg vekt på tilbakeføring til samfunnet etter gjennomført straff.

Heile posten blir fordelt av Kriminalomsorgsdepartementet (KDI) etter søknad frå organisasjonane. Det bli føresett at KDI fordeler midlane ut

frå tydelege kriterium, medrekna at dei legg vekt på omsynet til kontinuitet for organisasjonane over tid.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 30,2 mill. kroner.

Tabell 2.10 Fordeling av tilskot til frivillig verksemd i 2018 (1 000 kr)

	(Beløp i 1 000 kr)
Tilskotsmottakar ¹	Tilskot
Wayback	6 500
Kirkens Bymisjon – Fri-prosjekter	3 600
Frelsesarmeens fengselsarbeid	3 000
For Fangers Pårørende	3 000
Røde Kors – Nettverk etter soning	2 000
Stiftelsen Crux (tidl. Kirkens sosialtjeneste)	1 700
Stiftelsen Retretten	1 500
Vardeteatret	800
Kulturdråpen	600
Røverhuset	400
Musikk i fengsel og frihet	369
Maritastiftelsen	250
Røde kors – visitortjeneste	200
Frelsesarmeen – Safe Way Home	125
	24 044

¹ I 2018 vart det samla tilskotsbeløpet på kr. 24 044 000 øyremerkt, jf Innst. 6 S (2017–2018).

Kap. 3430 Kriminalomsorgen

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Arbeidsdriftens inntekter	89 095	90 231	92 653
03	Andre inntekter	20 474	24 994	25 665
04	Tilskudd	12 406	2 390	2 454
	Sum kap. 3430	121 975	117 615	120 772

Post 02 Arbeidsdriftens inntekter

Posten omfattar inntekter frå sal av produksjonen frå arbeidsdrifta og drifts- og vedlikehaldsoppgåver som blir utførte på bestilling frå Statsbygg.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21, mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 92,7 mill. kroner.

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. leigeinntekter for teneste- og leigebustader, refundert kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadene og tilskot frå andre offentlege verksemder til gjennomføring av prosjekt.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 25,7 mill. kroner.

Post 04 Tilskot

Posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid under EØS-finansieringsmekanismane. Posten omfattar òg inntekter frå prosjekt der kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre prosjekt i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,5 mill. kroner.

Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	262 454	246 704	191 272
	Sum kap. 0432	262 454	246 704	191 272

Å ha fengselsbetjentar med høg og riktig kompetanse er ein føresetnad for god kvalitet i straffegjennomføringa. I 2018 vart eit nytt bachelorstudium godkjent ved høgskulen, og det vil tilføre styrkt kompetanse til kriminalomsorga.

Endringar i behovet for fengselsplassar gir endringar i behovet for etatsutdanna fengselsbetjentar. I samband med etableringa av 300 plassar i nytt fengsel i Agder vart det i revidert nasjonalbudsjett for 2017 løyvd 19,7 mill. kroner til utvida klasseopptak ved Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS med tre ekstra mellombelse klassar. I budsjettet for 2018 vart det

løyvd midlar til opptak av ytterlegare éin klasse. På grunn av forslag om å leggje ned fengselsplassar vart talet på klassar mellombels redusert med éin i budsjettet for 2019.

I januar 2019 byrja 152 aspirantar utdanninga ved KRUS. Departementet føreset at KRUS tek opp fleire aspirantar ved kvart opptak enn måttalet for ferdigeksaminerte aspirantar krev. Bakgrunnen for dette er at nokre som regel sluttar undervegs i utdanningsløpet. Tabellen under viser talet på uteksaminerte fengselsbetjentar i perioden 2013–2018.

Tabell 2.11 Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2013–2018

År	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Uteksaminerte fengselsbetjentar	146	164	167	169	168	162

7 Forskyvd opptak av klassar ved Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS

Utdanningsløpet ved KRUS varer i to år, med eit følgjande pliktår i kriminalomsorga. I hovudsak skjer det årlege klasseopptaket i januar. For å

betre søkargrunnlaget til utdanninga og for at opptaket ved KRUS skal følgje opptaket ved andre høgskular, skal klasseopptaket framover i hovudsak skje i august. Det er foreslått å gjennomføre endringa over to år, med 2020 som eit overgangså med opptak i både januar og august.

Endringa i klasseopptaket blir følgt opp av KDI og KRUS.

8 Samanslåing av Politihøgskulen og Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS

Justis- og beredskapsdepartementet vurderer å slå saman Politihøgskulen (PHS) og Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS. Å slå saman PHS og KRUS er i tråd med politikken regjeringa fører for forskning og høgare utdanning, jamfør Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i utdanning* og Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønns- og personalutgifter til tilsette og aspirantar ved Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS, drift- og leigegutgifter til lokale, reiser (inkl. kursdeltakarar og aspirantar), fagmateriell, inventar og utstyr,

lisensar, uniformseffektar m.m. Bemanninga ved KRUS var 62,7 fast tilsette årsverk per 1. mars 2019. Posten omfattar òg løyving til forskning og utvikling, etter- og vidareutdanning, verksbetjent-utdanning og støttefunksjonar.

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga med 39,5 mill. kroner som følgje av eingongsløyving til gjennomførte ekstra klasseopptak ved KRUS i samband med at det blir etablert nytt fengsel i Agder. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 19,9 mill. kroner som følgje av forskyvd klasseopptak ved Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS.

Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga med 17 000 kroner knytt til reduserte leiekostnader i statleg verksemd.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 191,3 mill. kroner.

Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
03	Andre inntekter	1 093	1 058	1 087
	Sum kap. 3432	1 093	1 058	1 087

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. inntekter frå eigendelen som aspirantane betaler for skulebøker.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på om lag 1,087 mill. kroner.

Programkategori 06.40 Politi og påtalemyndighet

Utgifter under programkategori 06.40 fordelt på postgrupper

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–25	Driftsutgifter	19 543 538	20 119 567	20 801 056	3,4
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	518 857	1 184 480	1 042 130	-12,0
70–89	Overføringer til private	286 234	261 639	309 278	18,2
	Sum kategori 06.40	20 348 629	21 565 686	22 152 464	2,7

Utgifter under programkategori 06.40 fordelt på kapitler

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
440	Politidirektoratet – politi- og lensmanns-etaten	18 538 073	19 768 159	20 243 302	2,4
442	Politi høgskolen	634 189	629 942	633 984	0,6
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	905 096	890 983	982 580	9,9
445	Den høyere påtalemyndighet	257 551	262 057	277 795	6,0
446	Den militære påtalemyndighet	8 240	8 909	9 058	1,7
448	Grensekommisjonen	5 480	5 636	5 745	1,9
	Sum kategori 06.40	20 348 629	21 565 686	22 152 464	2,7

1 Innleiing

Programkategori 06.40 omfattar Politidirektoratet, politi- og lensmannsetaten, Politiets tryggingsteneste (PST), Politi høgskolen, Den høgare påtalemakta, Den militære påtalemakta og Grensekommisjonen.

1.1 Plassering av kategorien i kjedeperspektivet

1.1.1 Straffesakskjeda

Politi og påtalemakta utgjør dei to første ledda i straffesakskjeda. Oppgaveløysinga i desse ledda får konsekvensar for talet på saker seinare i kjeda. Effektiv førebygging vil redusere kriminaliteten og talet på politimeldingar og bidrar til å redusere talet på saker i dei alminnelege domstolane (pro-

gramkategori 06.20) og kriminalomsorga (programkategori 06.30). Effektiv etterforskning og høgare oppklaringsprosent kan tilsvarande ha kriminalitetsførebyggjande effekt. Fleire oppklarte saker kan gi fleire saker til oppfølging i straffesakskjeda. Det er påtalemakta sitt ansvar å leie etterforskning, førebu og føre saker for retten. Meir utstrekt bruk av administrative sanksjonar kan redusere talet på mindre alvorlege saker som blir behandla i straffesakskjeda.

Konfliktråda er del av straffesakskjeda og spelar ei viktig rolle i straffgjennomføringa med vekt på førebygging og oppreising, jf. omtalen under programkategori 06.70. Påtalemakta avgjer om ei sak skal overførast til behandling i konfliktråd.

Kriminalomsorga stiller soningsplassar og varetoksplassar til disposisjon for politiet, jf. omtalen under programkategori 06.30.

1.1.2 Samfunnstryggleik og beredskap

Politiet er ein sentral aktør i samfunnstryggleiks- og beredskapskjeda, både gjennom døgnkontinuerleg beredskap for handtering av ordinære politioppgåver og gjennom handteringa av ekstraordinære hendingar. Samvirket mellom politiet og andre aktørar, bl.a. dei andre nødetatane og Forsvaret, er vesentlege for beredskap og oppgåveløysing, jf. omtalen under programkategori 06.50.

PST og politiet har mange oppgåver knytte til å beskytte rikstryggleiken, bl.a. førebyggjande arbeid retta mot moglege angrepsmål og overfor potensielle utøvarar. PST har dessutan viktige analyse- og rådgivingsfunksjonar. Verksemda støttar Justis- og beredskapsdepartementet og regjeringa med informasjonsunderlag både i det daglege og i krisesituasjonar.

1.1.3 Migrasjonskjeda

Politiets oppgåver i samband med migrasjonskjeda er i hovudsak å leggje til rette for lovleg og ønskt innvandring og å hindre irregulær innvandring. Oppgåvene omfattar registrering av alle som søker vern, og sikker og effektiv ID-kontroll av utanlandske borgarar som møter hos utlendingsforvaltninga i politidistrikta for å søke om opphald. Politiet gjennomfører i tillegg territorialkontroll for å finne personar som ikkje har lovleg opphald. Vidare uttransporterer politiet personar som ikkje har lovleg opphald i landet, inkludert dei som ikkje reiser frivillig etter avslag på asylsøknad. Dette arbeidet er viktig i eit kriminalitets- og samfunnsperspektiv. Ein nærmare omtale om heilskapen i migrasjonskjeda er å finne i programkategori 06.90.

1.2 Mål for kategorien

Måla for programkategori 06.40 Politi og påtalemakt er:

Straffesakskjeda	ei meir effektiv straffesakskjede styrke førebygginga av kriminalitet reducere alvorleg kriminalitet
Samfunnstryggleik og beredskap	reducere sårbarheit i samfunnet styrkt samhandling i beredskap og krisehandtering kunnskapsbasert førebygging
Migrasjonskjeda	rask retur av personar utan lovleg opphald få personar med opphald med feil identitet eller på feil grunnlag

2 Prioriteringar i budsjettet

Det har vore ein betydeleg auke i løyvingane til politiet sidan regjeringa tiltredde i 2013. Med budsjettforslaget for 2020 er politiets budsjett totalt auka med om lag 4,4 mrd. kroner. Over 3,3 mrd. kroner på politiets driftsbudsjett. Dette er ei reell auke, dvs. korrigerert for pris- og lønnsjustering og for endringar knytte til budsjettering av utgifter til mva. og pensjon. Bemanninga i politiet har i perioden desember 2013 t.o.m. mars 2019 auka med om lag 2 800 årsverk, der om lag 1 650 er politiårsverk. Samtlege politidistrikt er styrka (sjå Del III for oversikt over bemanningsutviklinga per politidistrikt sidan 2013). Politidekninga har auka frå 1,71 i fjerde kvartal 2013 til 1,95 i første kvartal 2019, og med budsjettforslaget for 2020 legg regjeringa til rette for at målet om to politiårsverk

per 1 000 innbyggjarar på nasjonalt plan vil bli nådd i løpet av 2020. Vidare har regjeringa bl.a. sørgd for å styrke arbeidet med sikring av skjermingsverdige objekt (bl.a. gjennom etablering av datahallar), styrkt beredskap (bl.a. ved at politiets nasjonale beredskapssenter vil vere operativt i 2020), fleire satsingar på IKT-tiltak i politiet og gjennomføring av nærpolitireforma i perioden. Regjeringa har også prioritert ei styrking av politidistrikta sine driftsbudsjett.

Det er viktig at politiet og politimeistrane har handlingsrom til å bruke ressursane mest mogleg effektivt innanfor dei budsjetttrammene og mål- og resultatkrava som er sette. Regjeringa vil derfor halde fram med å leggje til rette for strategisk og langsiktig styring av politiet, med større vekt på mål, resultat og effektar og mindre på ressursinnsats, tiltak og aktivitetar.

2.1 Hovudprioriteringar i 2020

Hovudprioriteringar i budsjettforslaget for 2020 er å:

- løyve 100,4 mill. kroner til politiet for å leggje til rette for å tilsetje fleire polititenestepersonar
- auke løyvinga til politiet med 150 mill. kroner som følgje av heilårsverknaden av nye politistillingar i 2019
- løyve 83 mill. kroner til å styrke politidistrikta sine driftsbudsjett, og dermed for eksempel mogleggjere ei styrking av etterforskningskapasiteten
- løyve 61 mill. kroner til politiet for å sikre helikopterberedskapen i Nord-Noreg, der 11 mill. kroner er ei rammeoverføring frå Forsvarsdepartementet
- løyve 22,6 mill. kroner til implementering av nye system for grense- og territorialkontroll (EES og ETIAS), der 9,6 mill. kroner er under politiets budsjett
- løyve 3 mill. kroner til etablering av ei ny eining for nedkjemping av dyrevelferdskriminalitet, der 2 mill. kroner er under politiets budsjett
- 30 mill. kroner til prosjektet Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS 2020). Dette blir foreslått løyva samla under kap. 440, post 01.

Streklista er ikkje uttømmmande. Budsjettforslaga over inneber at det vert foreslått å auke politiets budsjett med 436 mill. kroner i 2020. Regjeringa vil gi politidistrikta større økonomisk handlingsrom og betre evne til å handtere driftsoppgåver

mens dei står i reform. Det vil derfor heller ikkje i 2020 bli stilt krav om realisering av gevinstar frå politireforma.

3 Kriminalitetsbiletet i dag

Kriminalitetsbiletet er i endring. Nedgangen i registrert kriminalitet flatar ut, den registrerte kriminaliteten innan enkelte alvorlege kriminalitetstypar aukar (for eksempel seksuallovbrot) og fleire saker har digitale element i seg. Endringane i kriminalitetsbiletet har skjedd samstundes med at politiet har vore gjennom ein omfattande reformperiode.

Kriminaliteten blir påverka av fleire faktorar, bl.a. demografiske endringar, internasjonalisering og den teknologiske utviklinga. Den registrerte kriminaliteten blir òg påverka av tilbøyelegheita til å melde frå til politiet og av aktiviteten til politiet og andre kontrolltatar. Ein kan t.d. gå ut frå at auken i valds- og seksuallovbrot dei siste åra kjem av meir openheit i samfunnet, større tilbøyelegheit til å melde frå til politiet og hjelpeapparatet og høgare prioritering av desse sakene blant aktørane i straffesakskjeda.

Levekårsundersøkingane til Statistisk sentralbyrå (SSB) for 2018 viser at færre blir utsette for lovbrøt som eigedomstjuveri og eigedomsskade. Samstundes har tala auka for delen av befolkninga som har opplevd vald eller truslar om vald. Undersøkingane ser ut til å stadfeste at det er ein svak auke i desse typene kriminalitet. Det er òg grunn til å anta at det er store mørketal og underrapportering på fleire kriminalitetsområde, bl.a. innanfor vald og overgrep og økonomisk kriminalitet.

Tabell 2.12 Meldingar om lovbrøt 2013–2018, med prosentvis auke i perioden


	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring 2013–2018
Seksuallovbrøt	4 823	4 780	5 709	7 079	7 986	8 386	74 %
Andre vinningslovbrøt	26 791	26 285	28 583	31 064	28 907	30 540	14 %
Vald og mishandling	35 147	34 111	35 003	34 969	36 687	37 461	7 %
Eigedomsskade	18 448	17 639	17 217	17 293	17 474	17 270	–6 %
Andre lovbrøt	4 899	5 007	5 018	4 893	4 689	4 445	–9 %
Trafikkbrøt	50 383	51 102	48 915	49 032	45 749	44 953	–11 %
Ordens- og integritetskrenking	41 748	41 744	40 134	36 646	35 308	36 307	–13 %
Rusmiddellovbrøt	59 436	58 450	55 237	50 293	46 930	45 699	–23 %
Eigedomstjuveri	146 831	132 989	115 643	105 144	94 887	92 866	–37 %
Alle lovbrøtskategoriar	388 506	372 107	351 459	336 413	318 617	317 927	–18 %

Tabellen viser endring i talet på meldingar i ulike kategoriar av lovbrøt og prosentvis i perioden 2013–2018.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB)

Den registrerte kriminaliteten har gjennom fleire år gått nedover. Talet på lovbrøt som vart melde til politiet i 2018, er om lag på same nivå som i 2017, og 18 pst. lågare enn i 2013. Reduksjonen i perioden kjem først og fremst av ein nedgang i melde

eigedomstjuveri og rusmiddelbrot. Samstundes har den registrerte kriminaliteten innan enkelte alvorlege kriminalitetstypar auka, for eksempel seksuallovbrøt mot barn.



Figur 2.9 Tal på meldingar om seksuallovbrøt mot barn 2014–2018

Kjelde: Politiets driftsstatistikk (STRASAK)

I dei siste åra er det registrert ein stor auke i internetrelaterte saker der fornærma er under 16 år. Internett har utvikla seg til ei utømmelig kjelde til overgrepssaker, og omfanget veks konstant. Avdekking av større sakskompleks i nettovergrepssaker, med fleire hundre fornærma, kan gi store periodiske utslag kva gjeld registrerte seksuallovbrøt mot barn.

Seksualløvbrot er ein kriminalitetstype der det tradisjonelt har vore store mørketal og som ein gjennom auka fokus har ynskja å avdekke og straffefølgje. Ein går ut i frå at politiets auka innsats har bidrege til fleire meldingar, samstundes som at fleire store saker har fått fokus i media og vist fornærma at det nyttar å melde i frå.

Det er viktig å vere merksam på, og ta omsyn til, endringane og trendane ein registrerer i kriminalitetsbiletet. Desse påverkar i stor grad kapasitetane til politiet. Dei kriminalitetstypene som aukar mest, tilhøyrer under dei sentralt prioriterte sakstypene, eksempelvis alvorlege lovbrøt innan vald, mishandling og seksuallovbrøt. Å avdekke og føre sakene for retten på ein fullgod måte, føreset ofte høg fagkompetanse og omfattande etterforskning. Regjeringa foreslår derfor å løyve 83 mill. kroner for å mogleggjere ei styrking av etterforskningskapasiteten. Sjå ytterlegare omtale under punkt 7.3.2 og 7.3.3.

4 Politiet i endring

Endringane i kriminalitetsbiletet krev òg endringar i politiet. Nærpolitireforma har vore ein sentral del av endringsarbeidet og eit nødvendig grep for å få til endringane. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) evaluerer reforma og gir årlege statusrapportar med vurderingar og tilrådingar for korleis reforma bør følgjast opp. Regjeringa vil i melding til Stortinget hausten 2019 leggje fram ein gjennomgang av reforma og korleis regjeringa vil følgje opp anbefalingane frå Difi. Meldinga er òg ei oppfølging av Stortingets oppmodningsvedtak nr. 586 av 10. april 2018: «Stortinget ber regjeringa legge frem en plan som synleggjør politiets arbeid med IKT-kriminalitet og hvordan dette skal finansieres».

Vidare er regjeringas forslag om å løyve 83 mill. kroner til politidistrikta for å mogleggjere ei styrking av etterforskningskapasiteten med på å byggje opp under målsetjinga i reforma, i tillegg til at det legg til rette for betre resultat på straffesaksområdet. Regjeringa legg også til rette for å styrke kapasiteten hos Den høgare påtalemakta, noko som er i tråd med anbefalinga i NOU 2017: 5 *En påtalemyndighet for fremtiden*, ved å overføre 10 mill. kroner frå kap. 440 (Politidirektoratet – politi og lensmannsetaten) til kap. 445 (Den

høgare påtalemakta). Midlane gjer bl.a. at Den høgare påtalemakta gjennom si fagleiing i større grad kan bidra til at politidistrikta si straffesaksbehandling er effektiv og held tilstrekkeleg kvalitet.

5 Objektsikring

Då Stortinget behandla Riksrevisjonens undersøking av objektsikring i Forsvaret og politiet hausten 2018, bestemte regjeringa at det skal utarbeidast ein heilskapleg plan for oppfølging av Riksrevisjonens anbefalingar.

5.1 Forpliktande framdriftsplan og finansiering for permanent grunnsikring

Politidirektoratets plan går over fem år. Planen omhandlar tiltak som er kostnadsberekna til 300 mill. kroner og omfattar sikring av skjermingsverdige objekt i politiet og alle operasjonsentralane. Planen skal sørge for at dei skjermingsverdige objekta til politiet er sikra i samsvar med forskrift innan utgangen av 2020. Arbeidet med å sikre skjermingsverdige objekt i politiet er i rute etter Politidirektoratets plan. Departementet viser til at det vart gitt ein utfyllande omtale av status for arbeidet med å sikre dei skjermingsverdige objekta i politiet i revidert nasjonalbudsjett for 2019.

5.2 Objektsikring med bruk av sikringsstyrkar frå politiet og Heimevernet

Politidirektoratet har gjennomført eit arbeid for å avklare, analysere og fastsetje ambisjonsnivået for

objektsikring utført av politiet med bruk av sikringsstyrkar slik Instruks om sikring og vern av objekt føreset. Alle politidistrikt har peika ut objekt som ved ein trusselsituasjon krev sikring ved bruk av sikringsstyrkar. Heimevernsdistrikta har delteke i arbeidet med å avklare moglegheitene for bistand og samarbeid. Det er lagt planar for sikring av objekta, og det blir gjennomført jamlege øvingar. Analysar frå både politiet og Forsvaret viser at det ved alvorlege hendingar som krev ei langvarig og omfattande objektsikring med bruk av sikringsstyrkar ved objekta, vil vere behov for å prioritere mellom oppgåver, og etatane vil derfor ikkje kunne løyse alle oppgåver som i ein normaltstand.

6 IKT-tryggleik

Politiet behandlar store mengder sensitiv informasjon, og god informasjonstryggleik er ein føresetnad for at oppgåvene kan løysast på ein effektiv og sikker måte. Politiet har etablert ei systematiske tilnærming til eigen informasjonstryggleik og gjennomfører ei rekkje tiltak for å beskytte informasjonen dei eig, f.eks. mot dataangrep, i samsvar med gjeldande krav og beste praksis. Arbeidet med IKT-tryggleiken i politiet er omfattande og samansett, og hausten 2018 vart det avdekt ytterlegare sårbarheiter i IKT-infrastrukturen og styringssystemet i politiet. Justis- og innvandringsministeren har i si fråsegn til Riksrevisjonens årlege revisjon av Justis- og beredskapsdepartementet og underleggjande verksemdar for 2018 (Dokument 1 (2019–2020)) gjort greie for politiets arbeid med IKT-tryggleik.

Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	17 482 948	18 016 648	18 622 616
21	Spesielle driftsutgifter	106 100	139 507	137 495
22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag, <i>kan overføres</i>	12 381	9 189	9 436
23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål	22 550	28 163	26 819
25	Retur av asylsøkere med avslag og andre utlendinger uten lovlig opphold, <i>overslagsbevilgning</i>	109 003	128 533	95 528
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	518 857	1 184 480	950 030

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
48	Tildeling fra EUs indre sikkerhetsfond (ISF), <i>kan overføres</i>			92 100
70	Tilskudd	89 500	72 383	66 446
71	Tilskudd Norsk rettsmuseum	5 108	5 256	6 197
73	Tilskudd til EUs grense- og visumfond	191 626	184 000	236 635
	Sum kap. 0440	18 538 073	19 768 159	20 243 302

7.1 Omtale av verksemda

Politiet skal gjennom førebyggjande, handhevande og hjelpande verksemd vere ledd i samfunnets samla innsats for å fremme og sikre tryggleiken, rettstryggleiken og den elles alminnelege velferda for borgarane, jf. politilova § 1.

Politi- og lensmannsetaten er organisert med eit sentralt direktorat (Politidirektoratet) med til saman 21 underliggjande einingar, som består av:

- 12 politidistrikt
- 5 særorgan med nasjonale oppgåver (Kripos, Økokrim, Politiets utlendingseining, Utrykingspolitiet og Politihøgskolen)
- 4 andre underliggjande einingar (Politiets fellestenester, Politiets IKT-tenester, Nasjonalt ID-senter og Grensekommissariatet)

Bemanninga i Politidirektoratet, politidistrikta, særorgan og andre spesialeiningar (men utan Politihøgskolen kap. 442, Grensekommissariatet kap. 448 og PST sentralt kap. 444) utgjorde 16 576 årsverk per 31. mars 2019. Som det er illustrert under punkt 4 i Del III, er den totale bemanninga i politiet per 31. mars 2019 om lag 17 600 årsverk, der om lag 13 850 er i politidistrikta. Det er totalt om lag 10 400 politiårsverk i politiet, der om lag 9 350 er i politidistrikta. I perioden desember 2013 t.o.m. mars 2019 har bemanninga i politidistrikta auka med om lag 1 700 årsverk, der over 1 450 er politiårsverk. Til samanlikning har bemanninga i Politidirektoratet auka med om lag 125 årsverk, der om lag 25 er politiårsverk. I underkant av 90 pst. av auken i politiårsverk har kome i politidistrikta.

Politidirektøren har ansvar for fagleg leiing, styring, oppfølging og utvikling av kultur og leiing i heile politi- og lensmannsetaten, med dei avgrensingane som følgjer av at Riksadvokaten har det faglege overordna ansvaret for all straffesaksbe-

handling (nærmare omtale under kap. 445 Den høgare påtalemakta).

Med utgangspunkt i måla for straffesakskjeda, migrasjonsskjeda og samfunnstryggleik og beredskap som gjeld politi- og påtalemakta (sjå tabell under punkt 1.2), er det utarbeidd fem verksemds-spesifikke mål for politiet:

- redusert kriminalitet gjennom effektiv førebygging
- effektiv straffesaksbehandling med høg kvalitet
- tryggleiken og sikkerheita til befolkninga blir varetaken
- alle som oppheld seg i Noreg, har avklart identitet og lovleg opphald
- tilgjengelege tenester med god service

7.2 Redusert kriminalitet gjennom effektiv førebygging

Den mest effektive førebyggjande innsatsen er den som hindrar at kriminaliteten skjer.

God samhandling på tvers av tradisjonelle etatsgrenser, forvaltningsnivå og tenester er nødvendig for å drive effektiv førebygging. Kvaliteten på innsatsen i éin sektor kan vere heilt avgjerande for måloppnåinga i andre sektorar. Å sikre tryggleik i samfunnet er eit sentralt velferdsspørsmål og eit offentleg ansvar. For å lukkast med kriminalitetsførebygging er det avgjerande å etablere strukturar for samhandling og gjensidig forplikting og å vere føreseieleg.

Politiet har over tid utvikla ein god førebyggjande innsats på fleire område. Blant dei gjennomførte tiltaka er ordninga med politiråd og etablering av politikontaktar. Desse er viktige grep for å styrke samhandling mellom politi og lokalsamfunn. Politidistrikta arbeider med å tilby kommunane ein avtale om tenestetilbod. Dette er avtalar mellom to likeverdige partar, som er forhandla fram lokalt for å skape meir føreseielege

vilkår og forpliktning mellom politi og kommune. I alle politidistrikt er funksjonen næringslivskontakt etablert, og i elleve distrikt er det etablert radikaliseringskontakt. Disse skal bl.a. formidle oppdatert kunnskap om trusselbiletet til relevante verksemder og aktører, og slik setje dei i stand til å førebyggje kriminalitet der risikoen for dette er stor. I tillegg skal dei vere pådrivarar for samhandling mellom politi, kommunar, kontrollatar og næringsliv.

Etterretning er avgjerande for å skaffe politiet eit godt bilete av kriminalitetstruslane. Det gir grunnlag for rette prioriteringar og er såleis eit viktig ledd i det førebyggjande arbeidet. Politiet arbeider med å vidareutvikle nødvendig kunnskap for å vurdere kva nasjonale kriminalitetsfenomen og -truslar som bør prioriterast.

Bruken av digital teknologi og internettbaserte kommunikasjonssystem i samfunnet har fått store følgjer for korleis kriminaliteten har utvikla seg dei seinare åra. Ein veksende del av den totale kriminaliteten rammur IKT-system eller blir utført via internett, og elektroniske spor inngår i etterforskningsarbeidet i dei aller fleste straffesaker. Dette bidrar til auka saksmengd og større kompleksitet i sakene, og det gjer etterforskinga meir tid- og ressurskrevjande.

Noreg er eit velståande land som gjer oss til eit attraktivt mål for svindlarar. Innbyggjarane blir utsette for ei rekkje former for IKT-relatert kriminalitet. Nokre grupper, som barn eller eldre, kan vere meir sårbare enn andre. Ei kartlegging frå 2018 viser at sjølv om 9 av 10 føler seg trygge på internett, har mange barn og unge negative erfaringar på nett og opplever kriminalitet. Kriminelle brukar ulike framgangsmåtar for å lure enkeltpersonar eller organisasjonar til å overføre pengar eller informasjon til dei på falske premisser. Dette kan for eksempel vere toppsjefsvindel eller dating-bedrageri.

Vidare kan programvarer som stel brukardata, kredittkortinformasjon og innloggingsinformasjon frå infiserte datamaskiner skape store problem for både enkeltpersonar og verksemder. Mange mottek e-postar som inneheld skadevare, slik at datamaskina blir infisert. Bedrageri og utpressing på nett er aukande. IKT-relatert kriminalitet kan medføre store økonomiske tap både for bedrifter og enkeltindivid. I tillegg vil bedrifter som blir råka kunne tape tillit og omdømme.

Det er lagt grunnlag for sterkare IKT-fagmiljø i politidistrikta, og nasjonal kapasitet er under oppbygging gjennom eit nasjonalt cyberkriminalitetssenter (NC3) ved Kripos. På dette senteret blir ressursar og kompetanse samla i ei nasjonal eining

for å styrke politiet sitt arbeid med kriminalitet som blir utført på eller ved hjelp av internett eller mot IKT-system. Den nasjonale eininga vil også bidra til å støtte opp under arbeidet som blir gjort i dei enkelte politidistrikta. Nasjonalt og internasjonalt samarbeid og meir bruk av teknologi i førebygging, etterforskning og metodeutvikling er sentralt.

Politiet er til stades på nett, og informasjon om trygg nettbruk og ulike former for internettrelaterte straffbare forhold er gjort tilgjengeleg. For å sikre ein meir heilskapleg innsats på tvers av sektorar har regjeringa starta arbeidet med ein strategi mot internettrelaterte overgrep mot barn. Dette arbeidet er ein del av regjeringa sin opptrappingsplan mot vald og overgrep. Eit viktig fokus så langt har vore å få på plass meir kunnskap og forskning, bl.a. om korleis norske barn handterer risiko på internett. Sjå også pkt. 7.2.5.1 om undersøkinga EU Kids Online.

Politets tryggingsteneste (PST) bidrar på ei rekkje måtar til førebygging av IKT-kriminalitet som kan ramme grunnleggjande nasjonale funksjonar og kritisk infrastruktur. PSTs innhenting, analyse og formidling av informasjon gjer at forvaltninga og sentrale verksemder får kunnskap om kva truslar PST meiner dei bør beskytte seg mot. PST og andre delar av politiet, i tillegg til andre etatar, gir kunnskapsbaserte råd om korleis kvar enkelt verksemd kan redusere sin eigen sårbarheit og beskytte IKT-systema sine mot angrep. Sjå kap. 444 for meir informasjon om PSTs arbeid på dette området.

7.2.1 Tidleg innsats mot barne- og ungdomskriminalitet

Analysane til politiet har gjennom fleire år vist ein nedgang i den registrerte kriminaliteten blant barn og unge, før det i 2016 og 2017 var ein auke. I 2018 har det vore ein svak nedgang i den registrerte kriminaliteten blant barn under 15 år samanlikna med i 2017, mens talet er stabilt for dei mellom 15 og 17 år.

I Oslo er politiinnsatsen styrkt i utsette område for å følgje opp unge i risikosona og forhindre rekruttering til miljø som driv med kriminalitet. Områdesatsinga i Oslo blir vidareført i 2020. Målet er å bidra til å oppretthalde den styrkte førebyggjande innsatsen frå politiet gjennom at politiet er sterkare til stades i utsette område, tettare oppfølging av unge i risikozonen og sterkare samarbeid mellom politiet og dei andre aktørane i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet.

Nokre barn og unge blir registrerte for kriminalitet gjentekne gonger. Eit fåtal av desse sluttar ikkje med kriminalitet og står for ein stor del av den totale kriminaliteten blant unge. Enkelte er òg sårbare for å bli rekrutterte til kriminelle gjengmiljø. Dei har ofte samansette utfordringar, noko som krev samarbeid mellom ulike offentlege instansar. Det er framleis behov for å vidareutvikle strategiar og tiltak for å førebyggje kriminalitet blant unge kriminelle gjengangarar.

Politiet sin innsats mot unge gjengangarar og det førebyggjande arbeidet mot rekruttering av unge til kriminelle gjengmiljø er viktig. I 2019 vil det i Oslo bli gjennomført ei undersøking og ein analyse av barn og unge som blir registrerte for kriminalitet gjentekne gonger.

Det er viktig å opparbeide god kunnskap om årsakene til at barn og unge gjer kriminelle handlingar, og at dei ulike instansane saman utviklar gode og målretta førebyggjande tiltak. Strafferettslege reaksjonar må innrettast slik at dei i størst mogleg grad hindrar nye lovbrøt. Det er òg viktig å sikre at reaksjonen kjem raskt etter lovbrøtet. Overfor lovbrøytarar under 18 år skal ikkje fengsel nyttast dersom det finst andre alternativ.

Straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging blir nytta i alle politidistrikta. Nordlandsforskning har gjennomført ei følgjeevaluering av straffereaksjonane. Sekretariatet for konfliktråda og Politidirektoratet samarbeider om analysar for å finne årsaker til tilbakefall til kriminalitet og eigna tiltak for å redusere dette. Sjå omtalen under programkategori 06.70.

For å få ein heilskapleg innsats overfor barn og unge som gjer seg skuldig i eller som står i fare for å gjere seg skuldig i kriminalitet, har regjeringa bestemt seg for å etablere eit tverrfagleg samarbeid. I regjeringa si politiske plattform framkom det bl.a. at det skal lagast ein ny handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet.

7.2.2 Gjengkriminalitet

Det er over tid lagt ned mykje innsats i nedkjempinga av dei kriminelle nettverka i Noreg. Regjeringa er oppteken av å oppretthalde og styrke innsatsen.

Utfordringar knytte til kriminelle nettverk og gjengar er størst på det sentrale austlandsområdet, men utfordringane treff også andre politidistrikt. Politidirektoratet og Riksadvokaten sette i 2019 i verk ein nasjonal operasjon mot kriminelle nettverk i Noreg. Operasjonen vil bidra til å betre, styrke og koordinere den eksisterande innsatsen

på område og vil involvere særorgana og alle politidistrikta.

I statsbudsjettet for 2019 vart det løyvd særskilde midlar til ein styrkt politiinnsats mot ungdomskriminalitet og gjengkriminalitet. Det er foreslått å vidareføre løyvinga i 2020.

7.2.3 Profittmotivert kriminalitet

Meir vekt på førebygging, betre kunnskapsgrunnlag og meir målretta informasjon skal bidra til å gjere marknaden mindre for dei kriminelle aktørane. Strategien mot arbeidslivskriminalitet utgjer ein viktig del av regjeringa sine samla tiltak mot økonomisk kriminalitet.

Dei sju tverretatlege, samlokaliserte einingane mot arbeidslivskriminalitet (a-krimcenter) bidrar til å styrke arbeidet mot arbeidslivskriminalitet. Politiet, Arbeidstilsynet, NAV og skatteetaten har gjennom felles årsrapport for 2018 vist til eit framleis godt operativt samarbeid mellom etatane, og dei viser til at omfanget av arbeidslivskriminalitet ikkje aukar. Felles styringsmodell for a-krimcentera har bidratt til å knyte etatane i sentera tettare saman. Politiet deltek i tverretatlege samarbeid i distrikt der det ikkje er etablert a-krimcenter.

Regjeringa har etablert eit nasjonalt tverretatleg analyse- og etterretningssenter (NTAES) for å styrke innsatsen mot økonomisk kriminalitet, inkludert arbeidslivskriminalitet. Politiet, skatteetaten, tolletaten, arbeids- og velferdsetaten og Arbeidstilsynet deltek. I 2018 la NTAES fram ein rapport om kva sanksjonsmoglegheiter etatane har, og ein rapport om kriminelle i arbeidslivet basert på ein analyse av straffesaksregisteret til politiet. NTAES skal evaluerast i 2020.

Regjeringa sin reviderte strategi mot arbeidslivskriminalitet skal følgjast opp i 2020.

Informasjonsutveksling er viktig for å få til eit effektivt tverretatleg samarbeid mellom dei ulike kontrolletatane og politiet, på både strategisk og operativt nivå. Forvaltningslovutvalet leverte 14. mars 2019 utgreiinga si, NOU 2019: 5 *Ny forvaltningslov*, som inneheld eit forslag til ny forvaltningslov. Eit av forslaga frå utvalet er at det skal bli ein utvida tilgang til informasjonsdeling mellom forvaltingsorgan enn i dag. Arbeidet med å betre regelverket for informasjonsutveksling mellom politi og kontrolletatane skal halde fram i 2020.

Som ein del av oppfølginga av regjeringa sin strategi mot kvitvasking, terrorfinansiering og spreining av masseødeleggingsvåpen arbeider Politidirektoratet med å forbetre statistikkane for

inndraging, under her bl.a. verdifastsetting av inn-dratte gjenstandar for statistikkformål.

7.2.4 Vald og overgrep

Det er store mørketal når det gjeld vald, mishandling og seksuallovbrot. Det kan vere vanskeleg å melde ein nærstående til politiet, og mange utsette gjer det ikkje. Derfor er det utfordrande å avdekke og stanse slike overgrep og gi utsette nødvendig hjelp. Det er avgjerande at ein er open om tematikken i det offentlege ordsiftet, og at politiet, påtalemakta og hjelpeapparatet prioriterer dei alvorlege valds- og overgrepssakene. Omsynet både til den utsette og til oppklaringa av saka gjer at det er viktig at etterforskinga kjem raskt i gang, og at tida det tek frå saka blir meld til politiet, og til ho er ferdig behandla, er så kort som råd. Ei anna utfordring er å få til eit godt samarbeid mellom politiet og dei ulike hjelpetenestene. Godt samarbeid er ein føresetnad for effektiv førebygging og god hjelp til utsette.

Stadig fleire saker som gjeld ulike former for overgrep som skjer via internett, blir etterforska. Det er også grunn til å tru at mørketala er store. Sakene er ofte omfattande med mange offer både innanlands og utanlands. I ein del av sakene er svært små barn blitt utsette for alvorlege overgrep. Innsatsen til politiet må halde følge med denne utviklinga.

Europarådskonvensjonen om førebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar (Istanbul-konvensjonen) vart sett i verk i Noreg 1. november 2017. Konvensjonen gir føringar for regjeringa sitt arbeid med vald mot kvinner og vald i nære relasjonar framover. Konvensjonen understrekar behovet for ein heilskapleg og samordna politikk, der førebygging, vern og straffefølgjing er kjerneområde for innsats. Regjeringa skal rapportere om implementeringa av konvensjonen første gong våren 2020.

Justis- og beredskapsdepartementet vil vidareutvikle samarbeidet med relevante EØS-land i dette arbeidet gjennom forpliktingane i Istanbul-konvensjonen. Departementet vil i 2020 vidareutvikle det tverrfaglege nettverket SYNERGY, som vart etablert i 2018 mellom mottakarland og norske aktørar innan innsats mot vald i nære relasjonar. Målet er å hente ut synergieffektar slik at tiltak som er støtta av EØS-midlane, får større påverknad på situasjonen i Europa enn kvart enkelt tiltak kvar for seg. Samarbeidet med frivillig sektor i Noreg skal òg vidareutviklast. Justis- og beredskapsdepartementet prioriterer vidare

innsats og samarbeid om vald mot kvinner og vald i nære relasjonar gjennom EØS-midlane.

Regjeringa sitt arbeid mot vald og overgrep er organisert gjennom fleire tverrdepartementale planar som dekker alle former for vald i nære relasjonar, inklusiv vald og overgrep i parforhold, vald og overgrep mot barn og dessutan tvangsektenskap og kjønnslemlesting. Regjeringa har bestemt at det skal utarbeidast ein ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Handlingsplanen skal vareta Noregs forpliktingar i Istanbul-konvensjonen og vil ha ein eigen del om vald og overgrep i samiske samfunn. Justis- og beredskapsdepartementet vil vidareutvikle samarbeidet med Sameetinget om forskning og førebyggjande tiltak i arbeidet mot vald og overgrep.

Regjeringa la i 2019 fram ein ny handlingsplan mot valdtekt. Handlingsplanen fokuserer på målretta og førebyggjande innsats, eit godt hjelpe-tilbod etter valdtekt, god fagleg oppfølging av fornærma, god etterforskningskvalitet og meir kunnskap og kompetanse. Handlingsplanen mot valdtekt skal bidra til å sikre god forankring og heilskapleg og samordna innsats på eit område der mange sektorar har sin del av ansvaret. Planen er derfor utarbeidd i samarbeid mellom Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet.

Arbeidet mot vald og overgrep

Regjeringa la i oktober 2016 fram Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*. Planen skal redusere forekomsten av vald i nære relasjonar og styrke varetakinga av barn som er utsette for overgrep. Tiltaka i planen blir gjennomførte i perioden 2017 til 2021. Justis- og beredskapsdepartementet følgjer òg opp fleire oppmodingsvedtak om tema som ligg nær opptrappingsplanen, bl.a. om besøksforbod og omvend valdsalarm. Status for oppmodingsvedtaka blir omtalt i del I av budsjettproposisjonen. Nedanfor følgjer ei oversikt over status for tiltaka i opptrappingsplanen:

Omsynet til dei som blir utsette for vald og overgrep, er viktig i heile straffesakskjeda. Regjeringa etablerte i 2017 støttesenter for kriminalitetsutsette i alle dei 12 politidistrikta, i nært samarbeid med kommunane. Sentera skal styrke stillinga til dei fornærma gjennom straffesakskjeda og bidra til at valdsoffer og deira pårørande blir tekne hand om. I 2018 hadde sentera til saman rundt 2000 brukarar. Støttesentera for kriminalitetsutsette skal evaluerast i 2019/2020. Ordninga

skal sjåast i samanheng med erfaringane frå Prosjekt November i Oslo politidistrikt.

Politiet disponerer fleire verkemiddel for å beskytte personar som er utsette for vald og truslar i nære relasjonar. For at politiet skal bruke verkemidla meir og på riktig måte, blir det gjennomført evalueringar. NOVA/OsloMet gjennomførte i 2018 ei evaluering av besøksforbodet, inkludert korleis politiet følgjer opp brot på besøksforbod. Rapporten viser at det er utfordringar knytte til praktisering og handheving av denne ordninga i politiet. T.d. er terskelen for å påleggje besøksforbod høg. Rapporten blir no følgd opp av Politidirektoratet og Riksadvokaten.


Ordninga med kontaktforbod med elektronisk kontroll (omvend valdsalarm) tredde i kraft 1. februar 2013. Per 1. juli 2019 var det lagt ned påstand om omvend valdsalarm i 31 saker. Talet kan verke lågt, og kunnskapen om årsaka til dette er avgrensa. Derfor er det sett i gang ei evaluering med mål om å kaste lys over kva som hemmar og

fremmar bruken av dette tiltaket. Evalueringa blir gjennomført av OsloMet/NOVA og blir ferdigstilt tidleg i 2020. Det vil også bli gjennomført ei utgreiing av spørsmålet om å utvide ordninga til også å gjelde straffeprosessuelt besøksforbod.

Politidirektoratet har etablert retningslinjer for politiets bruk av kode 6 (strengt fortruleg adresse) og samarbeid med andre tenester i slike tilfelle. Bruken av vernetiltaket kode 6 skal evaluerast.

Det er nemnt opp eit offentleg utval som skal greie ut spørsmål knytte til partnardrap. Utvalet skal sjå på forhold som kan ha innverknad på førebygging av slike drap. Bl.a. skal utvalet kartleggje om styresmaktene kunne gjort meir, inklusiv å identifisere og handtere risikofaktorar.

Kapasiteten og kompetansen ved Statens barnehus og ved etterforskning av saker om vald og overgrep mot barn er styrkt dei siste åra. I mars 2018 vart det etablert underavdelingar av Statens barnehus i Førde og i Kirkenes.



Figur 2.10 Tal på tilrettelagde avhøyr 2013–2018

Kjelde: Politiets driftsstatistikk (STRASAK)

Erfaringane med barnehus er gode. Over nokre år har det vore ein betydeleg auke i talet på tilrettelagde avhøyr, frå 2 650 i 2013 til i underkant av 5 600 tilrettelagde avhøyr i 2018. Talet på gjennomførte avhøyr i 2018 er ein nedgang på 11,6 pst. samanlikna med 2017. Fleire faktorar kan gi ei mogleg forklaring på nedgangen. Talet på avhøyr vil bl.a. avhenge av det til ei kvar tid føreliggjande sakstilfanget og konkrete vurderingar i den enkelte sak kor vidt vilkåra for behovet for tilrettelagde avhøyr føreligg. Kapasiteten av etterforskarar, påtalejuristar og avhøyrarar kan vidare

påverke politidistrikta si faktiske evne til å gjennomføre tilrettelagde avhøyr.

Prosentdelen av førstegongsavhøyr som er gjennomførte innan fristen hos barnehusa, har halde seg stabil. I 2018 vart 51 pst. av førstegongsavhøyra gjennomførte innan fristen, mot 52 pst. i 2017. For seksuallovbrot vart 59 pst. av førstegongsavhøyra gjennomførte innan fristen i 2018, mot 56 pst. i 2017. Brot på fristane for gjennomføring av tilrettelagde avhøyr har over tid vore ei utfordring. Dette har fleire årsaker. Hovudårsaka til fristbrot er knytt til kapasitet og ressursmangel

hos dei som skal ta avhøyr, og hos avhøyrsløiarane.

I 2016 vart det utarbeidd felles retningslinjer for drifta av Statens barnehus. Retningslinjene skal reviderast. Det er sett av midlar til evaluering av Statens barnehus i 2019.

I 2014 vart det starta opp eit forskingsprogram om vald i nære relasjonar, som blir gjennomført av NOVA/OsloMet og Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS). Programmet blir vidareført for perioden 2019–2024. NKVTS skal som ein del av programmet gjennomføre ei ny undersøking av omfanget av vald i nære relasjonar.

Undersøkinga EU Kids Online 2018 gir kunnskap om norske barns bruk av internett, bl.a. risiko og tryggleik for barn på nettet. Resultata frå undersøkinga viser at dei fleste norske barn mellom 9 og 17 år har eit aktivt forhold til internett, og det store fleirtalet har eigne einingar med tilgang til internett. Prosentdelen som har opplevd noko som har plaga eller opprørt dei via internett, er stabil samanlikna med ei tilsvarande undersøking gjennomført i 2010. Dei norske resultata vil bli samanlikna med resultat frå andre europeiske land i ein eigen rapport, som blir publisert hausten 2019.


For å styrke den forskingsbaserte kunnskapen rundt temaet førebygging av seksuelle overgrep mot barn, vil det bli satt av 5 mill. kroner. Midlane skal lysast ut og skal omfatte fleire ulike fagområde. Sjå omtale under kap. 400, post 23.

Regjeringa oppmodar kommunane om å utarbeide kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. NKVTS har kartlagt korleis kommunane bruker handlingsplanane, korleis dei implementerer planane i den daglege verksemda, og kva dei treng for å utvikle gode planar. Resultata frå arbeidet til NKVTS blir følgde opp i samarbeid mellom dei aktuelle departementa.

Prosjekt November i Oslo politidistrikt bidrar til meir tilgjengelege tenester og betre oppfølging av og tryggleik for dei som er utsette for vald i nære relasjonar. Arbeidet er vidareført og utvida i 2019. Bakgrunnen for utvidinga er samanhengen mellom ungdomskriminalitet og dårlege oppvekstvilkår med vald og overgrep i familien. Evalueringa frå prosjektet vart ferdigstilt våren 2019 og vil brukast til å avgjere om tiltaket skal utvidast til andre politidistrikt.

7.2.5 Hatkriminalitet

Politiet definerer hatkriminalitet som straffbare handlingar som heilt eller delvis er motivert av, eller som har bakgrunn i, hat eller negative haldningar til religion eller livssyn, hudfarge, nasjonalt eller etnisk opphav, homofil orientering og/eller nedsett funksjonsevne. I 2018 tok politiet imot totalt 624 meldingar om hatkriminalitet på landsbasis. Det har vore ein jamn auke sidan 2014, då talet var 223.



Figur 2.11 Meldingar om lovbrøt med hatmotiv

Kjelde: Politiets driftsstatistikk (STRASAK).

Auken i talet på melde saker kan bl.a. forklarast med ei meir korrekt registrering av saker som følge av auka kunnskap om hatkriminalitet i politiet. Innføringa av felles straffesaksinntak har medført ei auka forståing av fenomenet og betre integrering av hatkriminalitet i politiet. I 2018 vart ein rettleiar for registrering av hatkriminalitet utarbeidd til bruk i politidistrikta. Dette var for å sikre ei meir einsarta handtering av saksfeltet. Samstundes er mørketala framleis ei utfordring. Politiet er avhengig av tilliten til publikum for at saker skal bli meldt inn. Arbeidet mot hatkriminalitet heng saman med det førebyggjande arbeidet som PST driv mot radikalisering og valdeleg ekstremisme, sjå kap. 444.

7.2.6 Einingar for nedkjemping av dyrevelferdskriminalitet («dyrepoliti»)

For å hindre mishandling av dyr frå menneske, og sikre at kriminaliteten mot dyr ikkje utviklar seg til ny kriminalitet, har regjeringa no etablert totalt fem einingar for nedkjemping av dyrevelferdskriminalitet. To nye einingar for nedkjemping av dyrevelferdskriminalitet er etablerte i Innlandet og Vest politidistrikt i 2019. Dei tre andre einingane ligg i Aust, Sør-Vest og Trøndelag politidis-

trikt. Både Mattilsynet og Politidirektoratet meiner at prosjekta så langt har gitt betre etterforskning, bevissikring og saksførebuing.


Ei ny eining for nedkjemping av dyrevelferdskriminalitet skal etablerast i Troms politidistrikt i 2020.

7.3 Effektiv straffesaksbehandling med høg kvalitet

Ei effektiv straffesaksbehandling med høg kvalitet og god rettstryggleik er ein føresetnad for den alminnelege tilliten til politiet og rettssystemet og for at borgarane skal kjenne seg trygge. Hovudmålet med straffesaksbehandlinga er å bidra til redusert kriminalitet gjennom allmenn- og individualprevensjon.

7.3.1 Status i straffesaksbehandlinga

Talet på komplekse og krevjande saker har auka i 2018, noko også utviklinga i straffesaksbehandlinga viser. Tida som går med til etterforskning, har auka for dei fleste sakstypar, og politiet bruker ein stor del av dei samla etterforskningsressursane på dei prioriterte kriminalitetstypene. Sjø omtale under pkt. 7.3.2.



Figur 2.12 Saksbehandlingstid 2013–2018 (tal på dagar)


Saksbehandlingstid er tida frå politimelding til påtaleavgjerd i ei sak.
Kjelde: Politiets driftsstatistikk (STRASAK).

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har auka frå 96 dagar i 2017 til 101 dagar i 2018 for alle oppklarte saker. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i saker der mistenkte var under 18 år, har i 2018 overstige målkravet på 42 dagar (50 dagar i

2018). For valdsaker med særskild frist (grov kroppskrenking og kroppsskade) ligg resultatet på 152 dagar i 2018, over måltalet på 90 dagar. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for valdtektsaker har overstige målkravet på 130 dagar (229

dagar i 2018). Med unntak for økonomi- og arbeidsmiljølovbrot var gjennomsnittleg saksbehandlingstid innan alle kriminalitetstypene lengre for dei oppklarte sakene i 2018 enn i 2017. Politiet sin eigen kapasitetsundersøkelse konkluderer

med at det er behov for å analysere saksbehandlingstida frå registrert til rettskraftig avslutta sak for å identifisere kvar det oppstår liggje- og ventetid i straffesaksbehandlinga, og kva oppgåver som lagar eventuelle flaskehalsar.



Figur 2.13 Ikkje påtaleavgjorde saker eldre enn tre månader (restansar) 2013–2019

Tal for 2019 er per første tertial


Kjelde: Politiets driftsstatistikk (STRASAK)

Restansar er definert som ikkje påtaleavgjorde saker som er eldre enn tre månader. Etter ein auke i restansane i politiet dei siste to åra viser tal frå første tertial 2019 at restansane for ikkje påtaleavgjorte saker totalt er nedarbeidde med meir enn 3 000 saker sidan nyttår. Per første tertial 2019 hadde politiet 37 644 saker som var eldre enn tre månader og ikkje var påtaleavgjorde.

Oppklaringsprosenten for lovbrøt totalt var 52 pst. i 2018. Dette var noko lågare enn i 2017, då oppklaringsprosenten var på 53 pst., men 2 prosentpoeng betre enn i 2013. Oppklaringsprosenten har auka for seksual-, valds- og økonomilovbrøt, men har felle for dei andre kriminalitetstypene.

7.3.2 Ressursbruk i straffesaksbehandlinga

I 2018 vart det starta eit arbeid med å få betre innsikt i ressursbruken og ressursbehovet til politiet innan straffesaksbehandlinga. Ei kapasitetsundersøking har berekna tilgjengelege etterforskningsressursar, tilgjengelege arbeidstimar på etterforskningsområdet og tidsbruken på oppgåvene som må løysast for å handtere straffesaksporteføljen i politidistrikta. Det er kartlagt 4 920 årsverk dedikerte til etterforsking, og ressursbruken fordeler seg mellom ulike sakskategoriar som vist i figuren nedanfor.



Figur 2.14 Fordeling av kapasitet mellom dei tre alvorlegheitskategoriane slik politiet arbeidde med straffesakene i 2017

Kjelde: Politidirektoratet (2019), Kapasitetsvurdering av etterforskningsområdet

Undersøkinga gir innsikt i kva ressursar dagens straffesaksportefølje krev, og gjer det mogleg å betre planlegginga og utnyttinga av ressursar på etterforskningsområdet. Det kjem bl.a. fram at politiet bruker 32,5 pst. av den totale etterforskningskapasiteten på dei mest alvorlege sakskategoriene, sjølv om desse berre utgjer 2,9 pst. av den totale saksporteføljen. Dette viser at politiet prioriterer ressursane sine på dei mest alvorlege sakene. Dei mest alvorlege sakskategoriene omfattar drap og drapsforsøk, grove doping-/narkotikalovbrot, seksuallovbrot mot barn under 16 år, valdtekt og mishandling i nære relasjonar. Ei sak i kategorien drap og drapsforsøk tek i gjennomsnitt 445 gangar så lang tid å ferdigstille som ei sak i kategorien anna vinning, som inngår i kategorien mengdesaker.

7.3.3 Etterforskningsløftet

Stortinget ba i Innst. 306 S (2014–2015) regjeringa om å sørge for ein nasjonal handlingsplan for eit løft av etterforskningsfeltet. Politidirektoratet og Riksadvokaten har saman utvikla ein handlingsplan. Etterforskningsløftet skal bidra til at delen straffesaker som blir oppklart, aukar, at saksbehandlingstida går ned og at talet på ikkje påtaleavgjorde saker blir redusert. Det blir òg forventat at kvaliteten i straffesaksarbeidet blir betre, slik at innbyggjarane får betre rettstryggleik.

Riksadvokaten har i brev til Justis- og beredskapsministeren presisert at kvaliteten i behand-

linga av dei alvorlege sakene er gjennomgåande god. Straffesakene blir i dag betre, og ikkje minst jamnare, etterforska enn tidlegare. God kvalitet og effektiv saksbehandling heng bl.a. saman med evna til å rekruttere og halde på kvalifisert personell på etterforskningsfeltet over tid. Med bakgrunn i at talet på alvorlege og ressurskrevjande saker har auka, foreslår regjeringa å løyve 83 mill. kroner til politidistrikta for å mogleggjere ei styrking av etterforskningskapasiteten.

7.3.4 Elektronisk samhandling

Prosjektet Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeden (ESAS) har i løpet av 2017 og 2018 etablert ein effektiv, sikker og robust digital felleskomponent for utveksling av data (Justishub) innan straffesakskjeden. Prosjektet vart gjennomført i tett samarbeid mellom Domstolsadministrasjonen (DA), Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) og Politidirektoratet (POD, som også varetok behovet for Den høgare påtalemakta).

Etableringa av Justishub legg til rette for ei meir effektiv straffesakskjede og auka rettssikkerheit. Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner i 2020 til særleg å koble fleire sentrale verksemdar i straffesakskjeden på Justishub og å utvikle nye løysingar som gjer det mogleg å utveksle strukturert informasjon mellom fagsystem for utvalde arbeidsprosessar.

7.3.5 Politiets behandling av beslag i straffesaker

Riksrevisjonen har i Dokument 1 (2017–2018) ein merknad om at det er vesentlege svakheiter i korleis politiet behandlar og følgjer opp beslag i straffesaker.

Riksrevisjonen anbefalar at Justis- og beredskapsdepartementet sikrar at kontrollen, oppfølginga og rapporteringa frå Politidirektoratet på beslagsområdet blir tilpassa slik at ein oppnår ein effektiv intern kontroll basert på risiko og vesentlegheit. Justis- og beredskapsdepartementet følgjer opp anbefalingane frå Riksrevisjonen.

Departementet følgjer opp arbeidet Politidirektoratet gjer med beslagshandteringa i politiet.

Alle politidistrikta har meldt inn kontaktpunkt til Politidirektoratet på påtalesida, og ansvaret for beslag i straffesakene er nedfelt i dei lokale instruksverka i distrikta.

Alle politidistrikta har per 1. mai 2019 innført reviderte instruksar. Dette gjeld også rutinar for utkvittering og destruksjon av beslag.

Gjennom Politiets styringsverktøy (PSV) følgjer Politidirektoratet opp at anbefalingane frå Riksrevisjonen, pluss merknadene frå kontroll- og konstitusjonskomiteen, blir tekne opp til nødvendig avvikshandtering i einingane. Arbeidet med å utvikle robuste rutinar som sikrar tilfredsstillande behandling av beslag i straffesaker, vil halde fram også i 2020 og 2021.

Riksrevisjonen er orientert om status for beslagslokasjonar, gjennomførte kontrollar og politiet sin plan for lukking av avvik i brev datert 14. mai 2019.

7.4 Tryggleiken og sikkerheita til befolkninga blir vareteken

Politiet skal yte befolkninga hjelp og bistand i faresituasjonar, i lovbestemte tilfelle og elles når forholda tilseier at det er naturleg med behov for hjelp og bistand frå politiet. Politiet bidrar på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet gjennom førebygging, avdekking, handtering av hendingar, arbeid med tilbakeføring til normaltstand og deltaking i læringsprosessar med formål om å sikre betre tenesteutøving. Dette krev kapasitet, kompetanse, teknologi, samhandling og god leiing. Det er likevel viktig å presisere at samfunnstryggleik og beredskap blir vareteke i samarbeid med andre etatar og organisasjonar, sjå også omtalen under pkt. 11 og programkategori 06.50.

7.4.1 Politiberedskap

Den viktigaste oppgåva for politiet som nødetat er å redde liv og avgrense skade. Det er derfor grunnleggjande at polititenesta er til stades der hendingar skjer, for å kunne førebyggje og løyse dei løpande oppgåvene. I innbyggjarundersøkinga for 2018 svarte 92 pst. at dei føler seg trygge der dei bur og ferdast. Å oppnå kontakt med politiet på nødnummer 112 er viktig både sidan innringaren har behov for hjelp raskt, og sidan politiet har behov for å kunne løyse oppdraget raskt og effektivt. Resultatet for 2018 viser at politiet nasjonalt svarte på meir enn 95 pst. av alle oppringingar innan 20 sekund, og dermed nådde resultatkravet.

Krav om responstid vart innført av Politidirektoratet i 2015, og har vore eit viktig tiltak for å styrke bevisstheita i alle politidistrikt om korleis ein evnar å respondere på dei høgst prioriterte sakene. Grunnlaget for ei tilfredsstillande responstid er lagt gjennom etableringa av nye politidistrikt, nye operasjonssentralar og utvikling av kapasitet i politiet, i tråd med politireforma. Per første tertial 2019 innfrir politiet responstidskrava for område som har mellom 2 000 og 20 000 innbyggjarar. I område med meir enn 20 000 innbyggjarar er responstida om lag eitt minutt svakare enn kravet. Det same gjeld område med mindre enn 2 000 innbyggjarar. Resultata viser at responstida er på same nivå i 2019, som den var i 2015.

Regjeringa har styrka helikopterberedskapen i politiet. Det er i 2019 levert to nye politihelikopter, til erstatning for dei gamle politihelikoptera. Eit tredje helikopter blir levert i løpet av hausten 2019. Dei nye helikoptera har tilstrekkeleg transportkapasitet og vil frå 2020 være stasjonerte på Politiets nasjonale beredskapssenter saman med beredskapstroppen. Dei nye helikoptera vil styrke innsatsevna til politiet i heile Sør-Noreg, og dei vil også kunne plasserast andre stader i Noreg ved behov. Dei nye helikoptera vil òg fungere som eldstøtte- og innsetningsplattform.

Forsvarets Bell 412-helikopter står i dag på Bardufoss med ein times beredskap for politiet. Regjeringa anbefalte i Prop. 151 S (2015–2016) *Kampkraft og bærekraft – Langtidsplan for Forsvaret* å samle Bell 412-helikoptera på Rygge som dedikert helikopterkapasitet for spesialstyrkane. For å sikre at beredskapen for politiet er vareteken i Nord-Noreg, foreslår Regjeringa å setje i verk ei mellombels løysing for politiet sin beredskap i Nord-Noreg gjennom sivil innleige av helikopterberedskap. Regjeringa foreslår å auke løysinga til politiet med 50 mill. kroner i 2020 til drift av den nye løysinga. I tillegg blir det foreslått ei

rammeoverføring av 11 mill. kroner frå kap. 1733, post 01 under Forsvarsdepartementets budsjett til formålet. For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg tek ein sikte på å opprette ein ny redningshelikopterbase i Tromsø basert på sivil innleige. Justis- og beredskapsdepartementet vil setje i gang ein konkurranse og hente inn anbod. Det blir foreslått at denne basen også leggjast til rette for å dekkje det spesielle behovet til politiet og at dette inkluderer dagens beredskap på ein time. Det vil på sikt bli vurdert om det er tenleg å gå over til Forsvaret som operatør av basen. Ei slik vurdering vil først kunne gjerast når ein har tilstrekkeleg erfaring med drift av dei nye helikoptera. Det tas sikte på at den nye redningshelikopterbasen setjast i drift i løpet av 2022.

Vidare har innsatsevna blitt styrkt gjennom ein auke av Innsatspersonell kategori 3 (IP3) i politidistrikta. Dette er tenestepersonar som får meir trening og er rusta til å handtere ekstra krevjande situasjonar i politidistrikta inntil distrikta får støtte frå nasjonale bistandsressursar, for eksempel ved kidnappingar og terrorhandlingar. Dagens IP3-mannskap gjennomfører årleg 103 timar trening i samsvar med fagplanar. Talet på personar med IP3-godkjenning har auka frå om lag 650 i 2013 til om lag 1 050 per første tertial i 2019. Vidare gjennomfører innsatspersonell i kategori 4 (IP4) årleg opplæring og trening på 48 timar i samsvar med eigne fagplanar. Nyutdanna politistudentar frå Politihøgskolen har IP4-godkjenning. Det er likevel viktig å understreke at auken i polititenestepersonar utover dei med IP-godkjenning er viktig for å sikre ein god beredskap. For mange av politistillingane som bidrar til å vareta tryggleiken i samfunnet vil det ikkje vere nødvendig med IP-godkjenning, eksempelvis innan beredskapsplanlegging, stabsteneste, etterretning og førebygging. Justis- og beredskapsdepartementet understrekar også at det er Politidirektoratets ansvar å fastsetje trenings- og øvingskrav, samt kapasitet, ut frå det til ei kvar tid gjeldande behov. Direktoratet vil sjå nærmare på korleis ein bør innrette IP3-mannskapet framover, bl.a. fordi krava til IP4-mannskap er forsterka.

Regjeringa signerte i september 2018 ein avtale med regjeringa i Sverige om bruk av dei særlege innsatseiningane, slik at dei raskt skal kunne hjelpe kvarandre i samband med handtering av krisesituasjonar. Stortinget samtykte til avtaleinngåinga 11. juni 2019, i samsvar med Innst. 359 S (2018–2019), jf. Prop. 103 S (2018–2019).

Politipersonell på Oslo lufthamn Gardermoen har vore fast væpna sidan 20. september 2018. I

Oslo politidistrikt er enkelte politipatruljar i sentrale delar av Oslo sentrum mellombels væpna. Formålet med den mellombelse væpninga i Oslo politidistrikt er å avverje og avgrense skadefølgjer ved eit terroranslag, som t.d. angrep med intensjon om å maksimere skadeomfanget ved hjelp av skytevåpen, kniv eller køyretøy på folketette stader. Etter gjeldande regelverk kan departementet samtykke i å forlenge den mellombelse væpninga for åtte veker om gangen. Regjeringa viser til framlegg til ei endring i politilova som gir ein heimel til tidsavgrensa væpna patruljering mellom sårbare objekt i eit avgrensa område (jf. Prop. 105 L (2018–2019)).

Elektrosjokkvåpen er frå 2019 under utprøving i fire politidistrikt (Troms, Sør-Vest, Aust og Oslo). Utprøvinga vil gi erfaringar som departementet vil bruke i vurderinga av om elektrosjokkvåpen eventuelt skal innførast permanent i norsk politi. Prøveordninga skal evaluerast etter to år.

Regjeringa har utforma ein dronestrategi for å leggje til rette for samfunnstenleg utvikling og bruk av dronar i Noreg. I samsvar med strategien har Justis- og beredskapsdepartementet sett i verk eit arbeid med å få på plass eit regelverk som gjer at politiet kan utnytte potensialet som ligg i den nye teknologien, innanfor regulerte rammer. I dette arbeidet blir det òg vurdert kva heimelsgrunnlag politiet har for å motverke ulovleg dronebruk.

Politireserven er ein nasjonal forsterkingsressurs som kan nyttast til å avlaste ordinært politimannskap. Reserven har ikkje blitt nytta sidan 1994, i samband med OL på Lillehammer. I løpet av dei siste åra har det vore ei betydeleg styrking av politibemanninga, i tillegg til at ein har utvikla robuste politidistrikt gjennom politireforma. På bakgrunn av at politireserven ikkje har blitt brukt på om lag 25 år og at styrkinga av kapasiteten i norsk politi er betrakteleg styrka dei siste åra, legg regjeringa opp til å avvikle politireserven f.o.m. 2020.

7.4.2 Samtrening og kompetansebygging mellom nød- og beredskapssetatane

Stortinget ber regjeringa utarbeide ein nasjonal plan for å etablere regionale øvings- og beredskapssenter for samtrening og kompetansebygging mellom nød- og beredskapssetatane, jf. oppmodingsvedtak 295, datert 17.12.2018. På bakgrunn av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rapport våren 2015, «*Mulighetsstudien – vurdering av nasjonale og regionale øvings-*

og kompetansesentre for økt samvirke blant beredskapsaktørene», anbefalte Justis- og beredskapsdepartementet bl.a. å styrke kompetansesentra i justissektoren framfor å byggje nye for utvikling av samvirke, for å oppnå tilstrekkeleg samvirke gjennom kompetanseutvikling og øving.

Det skjer i dag viktig samtrening og kompetanseheving på fleire arenaer, i tillegg til aktiviteten på eksisterande kurs- og øvingscenter. Det er sett i gang mange tiltak og tatt mange initiativ dei seinare åra for å bidra til kompetanseheving, betre samarbeid og samvirke tverrsektorielt i beredskapsarbeidet i Noreg. På grunn av forskjellig behov, geografi, natur, busetting, aktivitetar, ulykkespotensiale, trusselbilde og andre risikomesige utfordringar er det pågåande arbeidet og eksisterande aktivitet knytt til etablering og drift av øvings- og kompetansesentra mangearta. Det vil vere lite føremålstenleg å lage nasjonale standardar eller ein nasjonal plan for øvings- og kompetansesentre i f.eks. kvart fylke, landsdel, politidistrikt eller sivilforsvarsdistrikt.

Følgande eksisterande aktivitet og pågåande arbeid er relevant: samlokalisering av nødsentralar, Sivilforsvarets beredskaps- og kompetansesenter på Starum, Norges brannskole i Tjeldsund, Justissektorens kurs- og øvingscenter i Stavern, Politiets nasjonale beredskapssenter, Nødnett, PLIVO-prosedyre – samvirke mellom politiet, brann- og redningsvesenet og helsevesenet ved pågåande livstruande vald, regionale planar for utvikling av «campus» på Politihøgskolen og politiets anlegg samt Politiets treningscenter Trøndelag – nyopna på Værnes garnison.

Politiet, som ein sentral aktør innan krisehandtering (jf. politiloven) og leiing på innsatsstad, vil alltid vere ein pådrivar og premissleverandør for slike senter. Desse bør etablerast og driftast ut ifrå regionale behov og forhold. Bl.a. bør det takast omsyn til allereie etablerte senter. Politiet vil alltid ha behov for å trene og øve på grunn av sertifiseringar og krav til innsatsmannskap. Noko av denne aktiviteten bør skje saman med andre nød- og beredskapsetatar. Samarbeid med Forsvaret og allereie etablerte senter blir vurdert kontinuerleg.

7.4.3 Politiets nasjonale beredskapssenter

Beredskapssenteret skal samle beredskapstropen, bombetenesta, krise- og gisselforhandlartenesta og politiets helikopterteneste på ein stad og dekke behova for nødvendige treningsfasilitetar.

Å få samla meir trening ein stad gjer det mogleg å planleggje for at personell i trening er ein reell beredskapsressurs, og at personellet i teneste er operative på kort tid. Det gir betydeleg raskare og betre respons når det er påkravd, og gir betre høve for å handtere fleire samtidige hendingar. I kombinasjon med at politiet også får eigne helikopter med transportkapasitet, og at senteret blir brukt som eit kompetansesenter for IP3-personell, gir dette den nasjonale beredskapen eit stort løft.

Senteret er også eit viktig tiltak for å vareta objektsikring av dei nasjonale beredskapsressursane. Det er i tillegg lagt til rette for at senteret skal bidra til betre fagutvikling og samtrening, også utover dei nasjonale beredskapsressursane.

Anlegget skal vere fullt ut operativt i løpet av 2020.


7.5 Alle som oppheld seg i Noreg har avklart identitet og lovleg opphald

7.5.1 Rask retur av personar utan lovleg opphald

Det er ikkje lenger føresetnader for å oppretthalde eit like høgt måltal for tvangsreturnerte som tidlegare. I 2018 returnerte politiet om lag 5 100 personar utan lovleg opphald. Talet er lågare enn i tidlegare år, og talet i 2019 ligg an til å bli lågare enn i 2018. Ifølgje prognosen for 2020 vil politiet uttransportere 4 280 personar utan lovleg opphald.

Nedgangen kan ha samanheng med ein aktiv politikk og ein målretta innsats over fleire år, og utviklinga er positiv for samfunnet. Vidare har talet på personar som søker vern i Noreg, vore rekordlåg sidan 2016, noko som gir færre returar i kategoriane asyl og Dublin. Politiet har over tid også meldt at dei treff færre utlendingar utan lovleg opphald på dei ordinære utlendings- og territorialkontrollane.

Tvangsreturane til politiet kan delast inn i tre kategoriar, avhengig av søknads- eller opphaldsgrunnlaget i Noreg. Kategorien asyl består av personar som har fått avslag på søknad om vern i Noreg. Kategorien Dublin er personar som med bakgrunn i Dublin-samarbeidet skal transportrast ut til eit anna europeisk land dei tidlegare har søkt asyl i, ulovleg har passert grensa til eller har fått utferda visum i. Bort- og utviste er utlendingar som av ulike grunnar har blitt bort- eller utviste frå Noreg.




Figur 2.15 Utvikling i tvangsreturar i perioden 2013–2018

Kjelde: Politiets utlendingseining (PU)

I 2018 gjennomførte politiet flest returar til Sverige (546), Italia (429), Polen (350), Russland (285) og Romania (284).

Politiet har satsa bevisst på retur som kriminalitetsførebyggjande tiltak og på bevisstgjerjing av

utlendingsfeltet som ein integrert del av politiarbeidet i politidistrikta, noko som har gitt gode resultat i kategorien bort- og utviste.



Figur 2.16 Returnerte med straffereaksjon i perioden 2013–2018

Kjelde: Politiets utlendingsenhet (PU)

I 2018 hadde 35 pst. av dei uttransporterte fått ein eller fleire straffereaksjonar i Noreg. Borgarar frå Polen (16 pst.), Romania (14 pst.) og Litauen (9 pst.) utgjorde flest av dei uttransporterte med straffereaksjon.

Med dagens føresetnader er det krevjande å få til retur av eit større tal personar med utreiseplikt

i landet. Sjølv om alle land er folkerettsleg forplikta til å akseptere eigne borgarar i retur, kjem mange personar med utreiseplikt frå land det er vanskeleg å gjennomføre returar til. Dette kjem i hovudsak av at landa ikkje samarbeider om å ta imot eigne borgarar, ikkje bidrar i arbeidet med å verifisere identitet eller trenerer returarbeidet på

andre måtar. Desse utfordringane har vore gjeldande dei siste åra.

Ei prioritering av returfeltet har over fleire år gitt gode resultat, men har også ført til ei dreining mot fleire tyngre saker, som krev meir ressursar per sak, enn for nokre år tilbake. I tillegg er det få asyltilkomstar, som gir eit lågt sakstilfang for returar i kategorien asyl. Vidare er det mange som unndrar seg utreiseplikt og uttransport, og som finn nye måtar å leve og arbeide i skjul på. Tendensen dei siste åra har vist at fleire illegale arbeidstakarar «tek over» ekte og korrekt registrerte EØS-identitetar, ofte etter at desse i realiteten har forlate Noreg. Dette stiller større krav til korleis politiet arbeider med sakene. Identitetsavklaringsarbeidet er utfordrande og tar lang tid i mange saker. Langvarig ulovleg opphald kan bidra til at sakene blir meir krevjande. Samla sett fører dette til at returarbeidet blir meir ressurs- og kostnadskrevjande, sidan kvar enkelt sak er meir ressursintensiv. Sjå omtalen under programkategori 06.90.

Arbeidet med å returnere personar utan lovleg opphald og med å avdekke saker der personar har fått innvilga opphald på uriktig grunnlag, er viktig. Det er viktig at politiet prioriterer returar som gir best mogleg samla effekt og måloppnåing. Politiet skal vektleggje kriminalitetsnedkjemping, samfunnstryggleiksperspektivet og strategiske forhold, som t.d. returar som gir signaleffekt og kan ha innverknad på tilkomsten framover. Politidirektoratet, PST og Utlendingsdirektoratet er gitt i oppdrag å samarbeide for å sikre ein rask og effektiv prosess for utlendingar som utgjer ein trussel for samfunnstryggleiken, vist til som «prioritert saksgang».

7.5.2 Betre og tidlegare ID-arbeid

Dei siste åra har det blitt lagt meir vekt på å tidlegare avklare rett identitet til søkarane og om dokumenta som er lagde fram, er ekte. Betre ID-arbeid har ført til at utlendingsstyresmaktene har avdekt at fleire personar har opphaldsløyve med feil identitet. I tillegg har utlendingsstyresmaktene i aukande grad arbeidd for å avdekke om personar har opphald på feil grunnlag, ved søknad om fornya eller permanent opphaldsløyve.

Arbeidet med tilbakekall er ressursintensivt, og det er viktig å sikre at løyvingar i utgangspunktet blir gitt basert på rett identitet. Politiet har etablert rutinar og systematikk som gir ein god oversikt over arbeidet med avklaring av ID i asylsaker. Politiet har særleg satsa på å starte ID-arbeidet

tidleg i tilkomstfasen og har implementert ei meir etterforskningsbasert tilnærming i denne fasen.

Mange som søker om vern i Noreg, legg ikkje fram identitetsdokument som kan stadfeste identiteten dei har oppgitt, eller skjuler identiteten sin bevisst. Dette gjer returarbeidet vanskelegare. Talet på asylsøkarar som legg fram identitetsdokument, varierer frå år til år. Mens delen var 32 pst. i 2018, har han auka til 36 pst. i først halvår 2019. Dette heng saman med ei endring i populasjonsgrunnlaget; asylsøkarar frå Syria og Tyrkia har insentiver til å leggje fram dokumenta fordi desse gruppene har høg innvilgingsprosent. På andre sida er det fleire som har fått løyve basert på feil identitet, og etterforskning av desse sakene er krevjande. Politiet og UDI arbeider med å innføre ny saksflyt for å betre kvaliteten på den innleiande asylsaksbehandlinga. Formålet er bl.a. å leggje større innsats på ID-avklaring i ein tidlegare fase i prosessen, med mål om eit betre grunnlag for identitetsarbeidet for vedtak og returarbeid.

7.5.3 Inn- og utreisesystem i Schengen

Det elektroniske inn- og utreisesystemet i Schengen (Entry/Exit System (EES)) skal lagre personinformasjon og biometriske kjenneteikn frå alle tredjestatsborgarar som reiser inn på Schengenterrioret for korttidsopphald. Tidspunkt for inn- og utreise blir lagra for å kunne avdekke personar som ikkje forlèt Schengen-området innan utløpet av opphaldstida. EU-Kommisjonen har fastsett at inn- og utreisesystemet skal vere ferdig utvikla 36 månader etter at rettsakta vart vedteken, altså ved årsskiftet 2020/2021. Systemet vil bidra til ein meir effektiv og sikker yttergrensekontroll. Vidare har ein i dag ulik grad av førehandskjennskap til tredjestatsborgarar som kjem til yttergrensa. I september 2018 vedtok derfor EU eit framlegg om eit «European Travel Information and Authorisation System» (ETIAS), som inneber at visumfrie tredjestatsborgarar må søke om løyve for å kunne reise fram til Schengens yttergrense. Formålet er å førehandskontrollere om personar som ønskjer å reise til Schengen-området, utgjer ein migrasjons- eller tryggleiksrisko. Det er venta at systemet vil ta til å gjelde kort tid etter at Entry/Exit-systemet er i drift. Dei nye systema for grensekontroll (EES og ETIAS) krev investering i IKT-løysingar, utstyr og bemanning. Regjeringa foreslår å løyve 23 mill. kroner til implementeringa i 2020, med 10 mill. kroner under kap. 440 og 13 mill. kroner under kap. 490. Implementeringa er forventet å delvis kunne finansierast med midlar frå EU. Forslaget inneber eit anslag over

samla kostnader på om lag 526 mill. kroner i perioden 2020–2023, der 127 mill. kroner er forventa finansiert av EU. Varige driftskostnader (heilår-sverknad) er anslått til om lag 87 mill. kroner. Det er usikkerhet knytt til konsekvensene auka kontrollkrav vil få for kø- og ventetider ved grenseovergangene.

Effektiv grenseforvaltning med god overvaking av yttergrensene og kontroll av dei som skal passere yttergrensene på veg inn eller ut er, saman med retur av dei som ikkje har lovleg tilgang til eller opphald i Noreg, ein føresetnad for tryggleik og sikkerheit i Noreg og på Schengen-territoriet. Noreg deltek i EUs arbeid med å vidareutvikle konseptane for effektiv grenseforvaltning generelt og grensekontroll spesielt. Ei ny rettsakt for Den europeiske grense- og kystvakta (European Border and Coast Guard) som er venta å tre i kraft i Schengen-samarbeidet hausten 2019, gir sterkare føringar for at det skal utviklast og gjennomførast system og operative tiltak etter felles standardar. Det skal også byggjast opp ein permanent styrke av grensevakter sett saman av tilsette i grensebyrået Frontex og utsende frå medlemsstatane.

7.6 Tilgjengelege tenester med god service

For å oppnå målet om tilgjengelege tenester med god service er det viktig at oppgåveløysinga til politiet innan forvaltningstenester og sivil rettspleie er effektiv og med god kvalitet. Politiet er tillagt betydelege forvaltningsoppgåver og har også ansvaret for sivil rettspleie på nivået under tingrettane. Tenestene skal vere tilgjengelege, både fysisk og digitalt, og ha god service. God service inneber rask og korrekt saksbehandling i tråd med regelverk og forventningar frå brukarar og samfunnet.

7.6.1 Forvaltningsoppgåver

Viktige forvaltningsoppgåver i politiet er bl.a. behandling av søknader om pass og politiattestar, våpenforvaltning, kontroll med vaktverksemd, behandling av saker om førerrett- og køyresetel og utlendingsforvaltning.

Behandling av forvaltningssaker gir også politiet høve til å førebyggje kriminalitet og styrke tryggleiken. Førebygging gjennom forvaltning legg til rette for samhandling på områda våpen, førarkort, løyve til vaktverksemd, brukthandel m.m.

ID-verifikasjon og utferding av pass og nasjonale ID-kort med eID

Heilskapleg ID-forvaltning er viktig i eit samfunns-tryggleiksperspektiv. Etablering av falske identitetar og misbruk av identitetane til andre personar er ei alvorleg form for kriminalitet, som vidare blir nytta til andre kriminalitetsformer som arbeidslivskriminalitet, menneskehandel, økonomisk kriminalitet og vinningskriminalitet. Noreg er internasjonalt forplikta til å bidra i nedkjempinga av terror ved å sikre at norske system, rutinar og lokale for utferding av pass tilfredsstiller krav frå Den internasjonale organisasjonen for sivil luftfart (ICAO).

Sikker verifikasjon av ID ved utferding av pass og andre ID-dokument bidrar til å førebyggje kriminalitet. Samarbeidet med andre land gjer grensepasseringa sikrere og meir effektiv, førebyggjer ulovleg innvandring og bidrar i nedkjempinga av terror.

For å ha effektiv og sikker ID-kontroll ved grensepassering og på territoriet treng ein utveksling av nasjonale sertifikat med andre land for utføring av elektronisk kontroll av reise- og ID-dokument.

For å gjere det mogleg for næringsliv og offentlege myndigheiter å kontrollere ID-dokument skal det lanserast ei taps- og verifikasjonsteste samstundes med lanseringa av nye pass og nasjonalt ID-kort. Dette vil vere eit viktig tiltak i nedkjempinga av arbeidslivskriminalitet og annan økonomisk kriminalitet.

Lansering av nye pass og nasjonale ID-kort

Utføring av pass må vere basert på tilstrekkeleg sikre rutinar, system og lokale. Riksrevisjonen har påpeika svakheiter på dette området i Dokument 1 (2015–2016). Norske borgarar har berre pass som gyldig ID-dokument utførda av offentlege myndigheiter. Utanlandske borgarar som har lovleg opphald og tilknytning til riket, kan i dag ikkje legitimere seg med eit gyldig ID-dokument med tildelt fødsels- eller d-nummer utførda av offentlege myndigheiter. Manglande ID-dokument svekker moglegheitene næringslivet og offentlege myndigheiter har til å utføre tilstrekkeleg god ID-kontroll.

Det er dei siste åra gjennomført viktige tiltak for å rette opp svakheiter som Riksrevisjonen peika på. Enkelte tiltak er allereie sette i kraft, t.d. nye rutinar, opplæring, sikring av pass- og ID-kontor og utvikling av styringssystem for informasjons-tryggleik. Hausten 2019 vil fleire tiltak kome på plass, t.d. ved at det etablerast todelt saksbehand-

ling. Eit viktig tiltak er også betre tekniske løysingar for saksbehandling av pass og nasjonale ID-kort. Avvika som Riksrevisjonen peikte på kan ikkje lukkast fullt ut før utvikling av nye tekniske løysingar for saksbehandling er fullført. Som det går fram av Prop. 85 S (2017–2018), er det utfordringar med framdrifta i dette prosjektet. Politidirektoratet jobbar for å kunne lansere nye pass og nasjonale ID-kort i 2020. For å tryggje leveransen har POD blitt einig med leverandøren at den fyrste leveransen blir avgrensa til den funksjonaliteten som blir kravd for å lansere nye dokument. I Prop. 85 S (2017–2018) gjekk det fram at framdriftsplannen la til grunn at nye pass skulle lanserast fyrst, og nasjonale ID-kort med eID om lag seks månader seinare. Dette er no endra. Den nye lanseringsstrategien inneber at nasjonale ID-kort blir lansert fyrst. Dette fordi nasjonale ID-kort kan lanserast stegvis til ulike lokasjonar, og fordi ein eventuell uventa produksjonsstans vil ha mindre konsekvensar enn ein tilsvarende produksjonsstans for pass.

For å rekke lansering av både pass og nasjonale ID-kort i 2020 gitt den nye lanseringsstrategien må dei første nasjonale ID-korta lanserast utan nasjonal eID. Det er planlagt at korta skal være teknisk tilrettelagde for å kunne nyttast som eID seinare, når systemstøtte for denne funksjonaliteten er på plass. Sjølv med tiltaka som er sett i verk kan utsetting ut over 2020 ikkje utelukkast.

Som det går fram av Prop. 85 S (2017–2018) vurderte Holte Consulting (HC) i 2018 at det var 85 pst. sannsynleg at prosjektet kunne gjennomførast innanfor ei ramme på 596 mill. kroner. POD har sidan gjennomført fleire nødvendige tiltak for å sikre lansering av nye dokument i 2020. Dette har hatt ein kostnad. POD si førebelse berekning er at prosjektet ligg an til å koste meir enn 596 mill. kroner. POD vurderer at det er 85 pst. sannsynleg at prosjektet vil kunne gjennomførast innanfor ei ramme på 750 mill. kroner. Det blir lagt opp til at meirutgifter i 2020 blir handtert som ein del av politiets sin utviklingsportefølje innanfor det ordinære driftsbudsjettet.

Gebyr for pass mv.

Passgebyret har vore uendra sida 2008. Som følge av dei kvalitetshevande tiltaka vil kostnadene knytte til produksjon og distribusjon av norske pass auke. Dette er mellom anna knyta til etablering av vedtakslinje i saksbehandlinga, ombygging av kontor, leige av nytt utstyr og avskrivningar av investeringskostnader. Det blir foreslått å auke gebyret for pass til kostnadsdekkande nivå, som

utgjør 570 kroner for pass til voksen og 342 kroner for pass til barn. Det blir vist til eige lovforslag om endringar i passlova.

Gjeldande lov gir ikkje regler om differensiering av gebyret etter passtype. Mellombelse pass har derfor same gebyr som ordinære pass. Vidare har pass som blir utferda ved utanriksstasjonar same gebyr som pass som blir utferda i Noreg. Desse dokumenta har reelt sett høgare kostnadsnivå enn ordinære pass. Når nye pass blir lanserte blir det foreslått å differensiere mellom gebyra på dei ulike dokumenta.

Gebyret for mellombelse pass, medrekna pass for enkeltreise og naudpass, vil bli foreslått auka til 670 kroner når nye pass blir lanserte. Det vil òg kunne gis tilbod om ei teneste for ekspresslevering. Det inneber at søkaren vil kunne motta eit ordinært pass med leveringstid same eller følgjande dag. Dette vil ha ein ekstra kostnad som blir betalt av søker.

Når nye pass blir lanserte vil gebyret for pass utferda ved utanriksstasjonane bli foreslått auka til 1290 kroner for ordinære pass og 1390 kroner for naudpass.

Nasjonale ID-kort med eID har om lag same kostnadsnivå som pass. Det vil derfor bli foreslått at desse blir belasta same gebyr. Samtidig søknad om pass og nasjonalt ID-kort (samsøking) vil redusere produksjonskostnaden per dokument. Det vil derfor bli foreslått å innføre ein rabatt på 228 kroner ved samtidig søknad om pass og nasjonalt ID-kort.

Det blir vist til omtale under kap. 440, post 01.

Struktur for utferding av pass og nasjonale ID-kort

Justis- og beredskapsdepartementet viser til Stortingets vedtak nr. 1002 (2017–2018). I Prop. 28 S (2018–2019) har Justis- og beredskapsdepartementet bestemt ein struktur for utferdig av pass og nasjonale ID-kort på bakgrunn av ei faglig tilråding frå Politidirektoratet. Avgjerda tok utgangspunkt i målet om at 90 pst. av innbyggjarane i kvart distrikt skal ha maksimalt 45 minuttar køyretid til nærmaste passkontor. I sju politidistrikt gjer likevel internasjonale krav og forventningar til kvalitet og sikkerheit i utferdinga at målet ikkje vert nådd. I Innst. 291 S (2018–2019) heiter det at vedtaket ikkje er utkvittert. Justis- og beredskapsdepartementet legg til grunn at intensjonen bak vedtaket er å sikre god brukartilgjengelegheit i områder med lang reiseveg til nærmaste pass- og ID-kontor. Politidirektoratet har difor fått i oppdrag å etablere ei mobil løysing for å betra tilgjengelegheita i områder med lang reiseveg. Det er eit

mål at løysninga skal lanserast i 2020. Politidirektoratet skal komme tilbake med ei konkretisering, kostnadsberekning og vurdering av ulike alternativ for ei slik løysing. For at publikum får dekkja sine behov skal alle politidistrikt tilby utvida opningstider. For å spare brukarane for unødvendig ventetid skal alle pass- og ID-kontor også ha tilbod om timebestilling. Vidare skal eit nytt system for SMS-varsling sørge for at brukarane blir varsla før passet går ut. Som forklart i Del I, foreslår regjeringa at oppmodingsvedtak nr. 1002 (2017–2018) blir oppheva, jf. forslag til vedtak.

Våpenforvaltning

Riksrevisjonen har i Dokument 1 (2018–2019) peika på vesentlege svakheiter i politiets behandling av våpensaker. Revisjonen viser bl.a. til at det nasjonale våpenregisteret ikkje har kvaliteten som må til for å sikre oppdatert og korrekt informasjon, og at politiet manglar oversikt over ei stor mengd våpen. Dei viser vidare til at politiets system for bekymringsmeldingar ikkje fungerer godt nok, og at politiet gjennomfører for få kontrollar av oppbevaring hos våpeninnehavarar. Riksrevisjonen tilrår at Justis- og beredskapsdepartementet sørger for at Politidirektoratets styring og kontroll av våpensaker sikrar tilstrekkeleg oversikt over våpen, og sørger for at det blir etablert tilfredsstillande rutinar for å følgje opp at våpeninnehavarar er skikka til å eige våpen.

Departementet følgjer opp merknadene frå Riksrevisjonen gjennom styringsdialogen. Politidirektoratet har etablert ein tiltaksplan for å følgje opp og lukke dei avvika Riksrevisjonen har påpeika. Direktoratet rapporterer til departementet om status og framdrift i dette arbeidet, og etter planen skal dei fleste avvika lukkast i løpet av 2019.

Når det gjeld forbetring av våpenforvaltninga utover dette, har Politidirektoratet laga ei konseptutgreiing for å etablere ei mest mogleg effektiv og kvalitativt god våpenforvaltning i politiet. Digitalisering og organisering av våpenforvaltninga er to av fleire tiltak som blir vurderte for ei framtidig våpenforvaltning.

Ny våpenlov vart vedteken våren 2018. Departementet skal etter planen sende forslag til ny våpenforskrift på høyring i 2020 med sikte på at ny våpenlov kan tre i kraft i 2021.

7.6.2 Den sivile rettspleia på grunnplanet

Dei fleste oppgåvene som er knytte til den sivile rettspleia under nivået for tingrettane, er lagde til

politiet. Oppgåvene gjeld i hovudsak gjeldsordningssaker, forliksklager, utleggsforretningar, andre tvangsforretningar og andre sivile gjeremål. Talet på saker innan den sivile rettspleia auka med 6,3 pst. frå 2017 til 2018. Talet på utleggsforretningar representerer den vesentlegaste auken (8 pst. samanlikna med 2017). Auken i talet på saker og at politidistrikta framleis er i ein prosess med å endre organiseringa og arbeidsprosessane for den sivile rettspleia, har ført til at ein betydeleg del av sakene er i restanse. Politiet arbeider med å utvikle digitale løysingar som vil bidra til effektivisering og betre tilgjengelegheit for publikum.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i POD, politidistrikta, dei lokale PST-einingane i politidistrikta og politiets særorgan, med unntak av PHS, jf. kap. 442, og PST, jf. kap. 444. Våpen, køyretøy, verneutstyr, uniformer, IKT m.m. er driftsrelaterte innsatsfaktorar som er budsjetterte under posten.

Justis- og beredskapsdepartementet held tilbake ein mindre del av løyvinga sentralt for å dekke utgifter til oppfølging av handlingsplanar m.m.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 150 mill. kroner som følge av heilårsverkna den for nye politistillingar tilsett i 2019.
- 100,4 mill. kroner for å leggje til rette for tilsetjing av fleire politistillingar i 2020. Heilårsverkna utgjer 200,8 mill. kroner.
- 83 mill. kroner til å styrking av politiet, under her styrke arbeidet med straffesaksbehandling.
- 50 mill. kroner for å styrke politiets helikopterberedskap i Nord-Noreg. I tillegg blir det foreslått å rammeoverføre 11 mill. kroner frå Forsvarsdepartementet sitt budsjett, sjå omtale under.
- 53 mill. kroner som følge av at det i 2020 ikkje blir stilt krav om realisering av gevinstar frå politireforma.
- 2 mill. kroner knytte til etablering av ei ny eining for nedkjemping av dyrevelferds kriminalitet.
- 7,7 mill. kroner til drift av politiets nasjonale beredskapssenter.
- 10,9 mill. kroner knytte til drift av objektskringstiltak i politiet.
- 22 mill. kroner knytte til arbeidet med å nedarbeide restansar i saker om tilbakekall av norsk statsborgarskap, jf. omtale under programkategori 06.90.

- 1,1 mill. kroner knytte til arbeidet med gjenerverv av statsborgarskap, som følge av avvikling av prinsippet om eit statsborgarskap, jf. omtale under programkategori 06.90.
- 0,2 mill. kroner til forventa auke i tildeling av driftsmidler frå EUs indre tryggleiksfond (ISF) prosjekt retta mot målsettingane til fondet innfor grense- og visumsamarbeidet. Tildeling av investeringsmidlar frå ISF blir foreslått løyva under kap. 440, post 48.
- 2,4 mill. kroner mot tilsvarende auke i inntekter under kap. 3440, post 04.
- 126,4 mill. kroner mot tilsvarende auke i inntekter under kap. 3440, post 01, som følge av auke i utgifter knytte til pass og nasjonale ID-kort.
- 30 mill. kroner til prosjektet Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS 2020), til særleg å koble fleire sentrale verksemder i straffesakskjeden på Justishub og å utvikle nye løysingar som gjer det mogleg å utveksle strukturert informasjon mellom fagsystemer for utvalget arbeidsprosesser.

Det blir foreslått å flytte:

- 11 mill. kroner frå Forsvarsdepartementets budsjett (kap. 1733, post 01) til kap. 440, post 01 i samband med etablering av helikopterberedskap for politiet i Nord-Noreg og at Forsvarets helikopterberedskap med Bell 412 på Bardufoss blir avslutta.
- 10,4 mill. kroner frå Skatteetatens budsjett (kap. 1618, post 01) til kap. 440, post 01, som følge av terminering av driftsavtale med Skatteetaten knytt til økonomitenester, som DFØ no leverer til politiet.
- 0,1 mill. kroner frå kap. 440, post 01 til Kunnskapsdepartementets budsjett (kap. 335, post 01) knytte til finansiering av av Medietilsynets «Barn og medier-undersøkelse».
- 10 mill. kroner frå kap. 440, post 01 til kap. 445 for å styrke fagleiinga hos Den høgare påtalemakta i tråd med anbefalingar i *En påtalemyndighet for fremtiden – påtaleanalysen* (NOU 2017: 5).
- 1,1 mill. kroner frå kap. 440, post 01 til kap. 474, post 01, som følge av flytting av oppgåver til Sekretariatet for Konfliktrådene.
- 1,25 mill. kroner frå kap. 440 post 01, til kap. 445 som følge av at det er flytta oppgåver frå politiet til Den høgare påtalemakta.
- 1,9 mill. kroner til politiet frå dei andre verksemdene i justissektoren til kap. 440, post 01, som følge av heilårsverknad av etablering av JustisCert (justissektoren sitt responsmiljø for

å førebyggje og koordinere handteringa av alvorlege IKT-hendingar).

- 0,5 mill. kroner frå kap. 440, post 01, til kap. 440, post 71, for å bidra til finansiering av auka husleige i samband med ombygging av Justismuseet.
- 3,25 mill. kroner frå kap. 440, post 01, til kap. 442, post 01, i samband med finansiering av avtale med Kongsvinger kommune om leige av skyteanlegg på Sæter gard. Politihøgskolen er brukar av anlegget.
- 98,5 mill. kroner frå kap. 440, post 01, til kap. 440, post 73, i samband med at Noregs bidrag til Frontex blir foreslått skilt ut frå politiets driftsbudsjett.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 3,5 mill. kroner i samband med avvikling av Politireserven frå 2020.
- 2 mill. kroner som følge av reduserte midlar til barnefagleg kompetanse i asylkjeda.
- 1,7 mill. kroner som følge av krav om å redusere kostnader knytte til leige av kontorlokale.
- 239,6 mill. kroner som følge av kjøp av nye politihelikopter som er gjennomført i 2019.
- 7,1 mill. kroner som følge av eingongsinvesteringar ved Ankomstsenter Østfold gjennomførte i 2019.
- 10,7 mill. kroner knytte til lønn- og rekneskaps-senter i Kristiansund.
- 19,4 mill. kroner som følge av at finansiering frå Avinor knytte til ordninga med forenkla transfer ved Oslo lufthamn Gardermoen ikkje blir vidareført.
- 6,8 mill. kroner som følge av gjennomførte IKT-investeringar.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 18 622,6 mill. kroner.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 440, post 01 på 150 mill. kroner i 2020, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, postane 02, 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker sideutgifter for politio- og lensmannsetaten i samband med asylsaker, som utgifter til uttransportering i asylsaker og andre utlendingssaker.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 1,1 mill. kroner til prosjekt for vidareutvikling av Ankomstsenter Østfold.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 6,9 mill. kroner knytte til talet på uttransporteringar.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 137,5 mill. kroner.

Post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og i vassdrag, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til søk etter omkomne på havet, i innsjøar og i vassdrag. Posten dekker òg nokre personellutgifter og eventuelle utgifter til å betre søkemetodane.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,4 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke sideutgifter i samband med sivile gjøremål. Dette gjeld i hovudsak sideutgifter i samband med tvangsforretningar og utgifter i samband med gjeldsordningssaker.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 2,1 mill. kroner som følgje av venta saksutvikling.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 26,8 mill. kroner.

Post 25 Retur av asylsøker med avslag og andre utlendinger uten lovlig opphold, overslagsbevilgning

Formålet med posten er å leggje til rette for at politiet hurtig kan auke talet på uttransporteringar dersom det oppstår behov for det. På posten fører ein dei variable utgiftene til retur av asylsøkarar med avslag, bort- og utviste og dublinarar. Dublinsakene er underlagde særlege fristar. Om fristane ikkje blir etterlevde, må saka realitetsbehandlast i Noreg.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 34,9 mill. kroner knytt til talet på uttransporteringar.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 95,5 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 9,6 mill. kroner til grense- og territorialkontroll, under her nasjonal implementering av systema Entry/Exit System (EES) og European Travel Information and Authorisation System (ETIAS).

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 111 mill. kroner som følgje av gjennomførte investeringar knytte til objektsikring.
- 0,5 mill. kroner knytte til gjennomførte investeringar i datasenter i justissektoren.
- 160 mill. kroner knytte til investering i nytt beredskapssenter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 950 mill. kroner.

Post 48 Tildeling frå EUs indre sikkerhetsfond, kan overføres

Noreg deltek i EUs indre tryggleiksfond (ISF) som eit assosiert Schengen-land. På bakgrunn av dette mottek Noreg støtte frå EU for å gjennomføre prosjekt retta mot målsetjingane til ordninga innanfor grense- og visumsamarbeidet. EUs tildelingar baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskutterte over statsbudsjettet. Dei samla refusjonane under kap. 3440, post 08, skal gå opp imot dei samla tildelingane over heile fondsperioden. Tildelinga har tidlegare vore budsjettert under kap. 440, post 01.

I 2020 er det planlagt for at tildelinga bl.a. skal dekke delar av utgiftene knytte til implementering av nye system for grensekontroll (EES og ETIAS).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 92,1 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Posten inneheld ulike tilskot innanfor generell førebygging av kriminalitet, tiltak som kan hjelpe menneske ut av prostitusjon, tiltak for å støtte offer for menneskehandel samt midlar til øyremerkte tilskot.

Førebygging av kriminalitet

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til og utvikle tiltak for å førebyggje kriminalitet. Om lag 7,4 mill. kroner er lyste ut og tildelte i 2019. Tiltak særleg retta mot barn og ungdom er prioriterte, og vil òg bli prioriterte i 2020. Frå 2019 er forvaltninga av tilskotsordninga overført frå Politidirektoratet til Sekretariatet for konfliktråda (SfK). Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 7,4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke i løyvinga på kap. 474, post 70.

Tiltak for å hjelpe menneske ut av prostitusjon og for å støtte offer for menneskehandel

Formålet med tilskotsordninga er å hjelpe menneske ut av prostitusjon og å støtte offer som er utsette for menneskehandel. Om lag 37 mill. kroner er lyste ut og tildelte i 2019, og vil også bli lyst ut i 2020. Frå 2020 skal Politidirektoratet forvalte ordninga.

Tabell 2.13 Øyremerkte tilskot

Tilskotsmottakar	(Beløp i 1 000 kroner)		
	2018	2019	Forslag 2020
POD (Politidrett, Politihistorisk selskap og Politiets pensjonistforbund)	4 500	4 500	4 600
Krisesentersekretariatet (Rosa-prosjektet)	2 900	3 100	3 300
NKVTS drift	3 100	3 200	3 400
NKVTS forskning	5 400	5 000	5 000
Samarbeidsprosjekt Bredtveit og Oslo Krisesenter	720	720	800
Årleg konferanse om politi og barnevernsvakter	260	200	300
Overgrep mot barn (internett)	4 000	4 000	4 500
Ecpat	2 000	2 000	2 000
Steg for steg	4 000	4 000	2 000
Hjelpetelefon til offer for menneskehandel	0	1 500	1 600

Det blir foreslått ei løyving på posten på 66,4 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til Justismuseet

Løyvinga på posten dekker driftstilskot til Justismuseet – nasjonalt museum for politi, rettsvesen og kriminalomsorg. Justismuseet er ei stifting som er lokalisert i Trondheim.

Det blir foreslått å flytte 800 000 kroner frå kap. 440, 430 og 420 til kap. 440, post 71, som følgje av forventa auke i husleige i samband med ombygging av museet.

Det blir foreslått ei løyving på 6,2 mill. kroner.

Post 73 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv.

Løyvinga under posten dekker utgifter knytte til internasjonale forpliktingar, medrekna bl.a. utbeta-

lingar til EUs grense- og visumordning, Det europeiske byrå for operativ forvaltning av store IT-systemer på området for frihet, sikkerhet og rettferdighet (eu-LISA) og Frontex. Noreg er gjennom vårt Schengen-medlemskap forplikta til å vere med på å finansiere aktivitet i dei relevante EU-byråa.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 35,6 mill. kroner for å dekke kontingentar for eu-LISA (etterbetaling for perioden 2013–2017 og kontingent for 2018).
- 20,5 mill. kroner knytte til forventa auke i kontingent til Frontex i 2020.

Det blir foreslått å flytte:

- 98,5 mill. kroner til kap. 440, post 73, frå kap. 440, post 01, i samband med at Noregs bidrag til Frontex blir foreslått skilt ut frå politiets driftsbudsjett. Samla inneber forslaga ei løyving til Frontex-kontingent på 119 mill. kroner i 2020.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 102 mill. kroner knytte til forventning om at det vil bli redusert utbetaling til EUs grense- og visumordning i 2020. Deler av reduksjonen er ei følgje av at EU har overført det som var satt av i grense- og visumordninga til å utvikle Inn- og utreisesystemet EES og Fremreisesystemet ETIAS frå budjettlinja for Grense- og visu-

mordninga til budjettlinja for eu-LISA. Noreg vil såleis gjennom kontingenten til eu-LISA, på eit seinare tidspunkt bli avkrevd ein andel av dei overførte midlane til eu-LISA.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 236,6 mill. kroner.

Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Gebyr – pass og våpen	300 162	320 956	450 693
02	Refusjoner mv.	225 560	280 624	269 583
03	Salgsinntekter	54 860	76 614	77 756
04	Gebyr – vaktelskap	1 783	1 986	4 376
06	Gebyr – utlendingssaker	233 989	282 259	296 273
07	Gebyr – sivile gjøremål	948 967	1 105 679	1 121 054
08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfond	46 244	21 258	30 998
Sum kap. 3440		1 811 565	2 089 376	2 250 733

Omtale av verksemda

Kapittelet består i hovudsak av inntekter frå gebyr for tvangssaker, forliksrådssaker, passutferding og våpenløyvingar.

Post 01 Gebyr – pass og våpen

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå behandlingssaker for pass og våpenløyvingar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 6,3 mill. kroner i samband med ein auke i gebyr for våpensøknader for i større grad å reflektere sjølvkost, og som er forventa å gi høgare inntekter.
- 125 mill. kroner i samband med at gebyr for pass blir auka og nasjonale ID-kort blir lansert.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 450,7 mill. kroner.

Post 02 Refusjoner mv.

Politi- og lensmannsetaten får refundert utgifter for politioppdrag som er utførte for organisasjo-

nar, lag, entreprenørar og offentlege etatar i samsvar med særskild heimel. Refusjonane gjeld i all hovudsak utgifter til overtid og reiser i samband med følgjeoppdrag av tunge og breie transportar, asfaltering, riving, ekstraordinært politioppsyn under konsertar og festivalar m.m. Omfanget av slike oppdrag varierer frå år til år, og inntektsestimatet er derfor høgst usikkert.

Posten omfattar òg diverse andre refusjonar, t.d. husleigeinntekter ved framleige av lokale og PHS' refusjonar i samband med kjøp av instruktørbistand frå politidistrikta. Ein del av inntektene er òg knytte til refusjon av utgifter internt i etaten.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 19,4 mill. kroner som følgje av finansiering frå Avinor knytt til ordninga med forenkla transfer ved Oslo lufthamn Gardermoen ikkje blir videreført.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 269,6 mill. kroner.

Post 03 Salgsinntekter

Inntekter frå innbyte og sal av utskifta køyretøy m.m. blir rekneskapsførte på posten. I tillegg blir inntekter frå sal av spesialutstyr til politidistrikta, kriminalomsorga, tolletaten m.m. førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 77,8 mill. kroner.

Post 04 Gebyr – vaktelskap

Løyvinga på posten omfattar eingongsgebyr til å dekke utgifter ved behandling av søknader og gebyr ved feilalarmar der politi- og lensmannsetaten rykker ut.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 2,4 mill. kroner som følgje av ein forventa auke i gebyrinntekter ved bruk av nytt system for handtering av saker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,4 mill. kroner.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknad om statsborgarskap, familieinnvandring og arbeids-, busetjings- og utdanningsløyvingar. Løyvingsforslaget tek utgangspunkt i talet på utlendingssaker til politiet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 33,9 mill. kroner som følgje av ein auke i gebyr for utlendingssaker.
- 5,8 mill. kroner som følgje av nytt gebyr knytt til gjenerverv av statsborgarskap

Det blir foreslått å redusere løyvinga med

- 24,3 mill. kroner på bakgrunn av rekneskapstal for dei siste åra og forventa utvikling

Det blir foreslått ei løyving på posten på 296,3 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, det vil seie gebyr for tvangsforretningar og forlikrådsbehandling.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 121,1 mill. kroner.

Post 08 Refusjoner fra EUs grense- og visumordning

Posten dekker refusjonar frå EUs grense- og visumordning. Refusjonsutbetalingane vil variere frå år til år, og baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskuttert over statsbudsjettet, jf. omtale under kap. 440, post 48.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 9,7 mill. kroner knytte til forventa refusjonar frå EUs grense- og visumordning.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 31 mill. kroner.

Kap. 442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	634 189	629 942	633 984
	Sum kap. 0442	634 189	629 942	633 984

Omtale av verksemda

Polithøgskolen (PHS) er den sentrale utdanningsinstitusjonen for politi- og lensmannsetaten i Noreg og har som hovudoppgåve å drive utdan-

ning, forskning og formidling. Den skal vere ein profesjonsretta utdanningsinstitusjon på høgt nivå, som utviklar og formidlar dei kunnskapane, ferdigheitene og haldningane som politiet må ha for å bidra til å sikre tryggleik, lovlydnad og orden.

Bemanninga per 31. mars 2019 utgjorde 438 årsverk.

Justis- og beredskapsdepartementet vurderer å slå saman PHS og Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter KRUS. Å slå saman PHS og KRUS er i tråd med regjeringa sin politikk for forskning og høgare utdanning, jf. Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i utdanning* og Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer lønnsutgifter og andre driftsutgifter ved PHS.

Det blir foreslått å flytte:

- 3,3 mill. kroner til kap. 442, post 01, frå kap. 440, post 01, i samband med utgifter knytte til leige av skyteanlegg på Sæter gard.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 6,6 mill. kroner som følgje av heilårsverknaden av at opptaket til bachelorprogrammet ved Politihøgskolen vart redusert frå 720 til 550 studentar i 2018.
- 4,1 mill. kroner som følgje av at opptaket til bachelorprogrammet ved Politihøgskolen skal reduserast frå 550 til om lag 400 studentar i 2020, der nedtrekket blir gjort i Oslo.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 634 mill. kroner.

Kap. 3442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Diverse inntekter	27 649	16 643	17 090
03	Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingscenter	20 523	18 507	19 003
	Sum kap. 3442	48 172	35 150	36 093

Post 02 Diverse inntekter

Inntektene til PHS kjem frå kursverksemd, utleige, kantinesal og boksal, i tillegg til moglege inntekter frå oppdragsverksemd.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 17,1 mill. kroner.

Post 03 Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingscenter

Inntekter frå drifta av Justissektorens kurs- og øvingscenter i Stavern blir førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 19 mill. kroner.

Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	905 096	890 983	982 580
	Sum kap. 0444	905 096	890 983	982 580

Omtale av verksemda

Sentrale føresegner for PST, utanom straffelova og straffeprosesslova, er kapittel III a i politilova, som fastset korleis PST skal vere organisert, og kva oppgåver etaten skal ha, og instruksen for PST. Instruksen er heimla i politilova § 29 og utdjuapar føresegnene i politilova om organiseringa og oppgåvene. PSTs primære ansvar er å førebyggje og etterforske straffbare handlingar mot rikets tryggleik. Sentralt står å samle inn informasjon om personar og grupper som kan utgjere ein trussel, utarbeide ulike analysar og trusselvurderingar som underlag for avgjerder for myndigheitene og andre sentrale aktørar, utøve etterforskning, påtale og iretteføring av straffbare forhold, gjennomføre førebyggjande operative tiltak og drive rådgiving. PST samarbeider i stor grad både nasjonalt og internasjonalt under gjennomføringa av samfunnsoppdraget.

PST har òg det nasjonale ansvaret for å utføre livvaktteneste på norsk jord for norske og utanlandske myndigheitspersonar. Dette er regjeringsmedlemmer, stortingsrepresentantar og dommarar i Høgsterett og tilsvarande representantar frå andre land og ambassadane til andre land i Noreg. Livvaktene følgjer òg enkelte norske myndigheitspersonar på reiser i utlandet. Livvakttenesta blir utført i nært samarbeid med politidistrikta. Kongehuset har eiga livvaktteneste i Den kongelege politietskorten, som ligg under Oslo politidistrikt.

Bemanninga per 31. mars 2019 utgjorde 583 årsverk.

Førebygging av ulovleg etterretningsverksemd og terror

Den tryggingspolitiske situasjonen i verda er utfordrande. Etterretningstenester i framande land viser at dei har både evne og vilje til å bruke tilgjengelege middel mot andre statar for å fremme egne interesser. Metodar som blir nytta, er bl.a. nettverksoperasjonar og bruk av innsidarar. Aktivitet frå statlege aktørar som kan utgjere ein trussel mot norsk tryggleik omfattar både tradisjonell etterretning, økonomiske verkemiddel, påverknad og oppkjøp. PST vurderer i si nasjonale trusselvurdering (*NTV 2019*) at etterretningstenestene frå fleire land vil forsøke å rekruttere kjelder og kartlegge personar og verksemdar i 2019. Formålet vil vere å skaffe sensitiv informasjon og påverke avgjerder.

Den teknologiske utviklinga endrar trusselbiletet og føresetnadene til PST for å førebyggje og

etterforske desse truslane. Trusselaktørane opererer i aukande grad i det digitale domenet. Verktøya for å utøve truslar blir fleire, meir avanserte og enklare tilgjengelege både for statlege og ikkje-statlege aktørar. I tillegg blir samfunnsverdiane i aukande grad forvalta i det digitale domenet, og komplekse og grenseoverskridande verdikjeder skapar fleire sårbarheiter. Dette krev at PST utviklar både kompetanse og kapasitetar mot dette domenet.

I revidert nasjonalbudsjett for 2019 vart det løyvd 162 mill. kroner for å styrke PSTs evne til å innhente informasjon i det digitale rommet, slik at tenesta har tilstrekkeleg tilgang på informasjon til å kunne utføre relevante tiltak for å avdekke og hindre terror, spionasje, sabotasje og påverkningsoperasjonar mot Noreg. Regjeringa foreslår å løyve 84 mill. kroner til formålet i 2020, noko som er ein nødvendig auke knytt til løyvinga gitt i revidert nasjonalbudsjett 2019. Styrkinga er også eit viktig tiltak for arbeidet mot radikaliserings- og valdeleg ekstremisme, omtalt under pkt. 11.3.

PST vil halde fram arbeidet med å gjere leiinga av offentlege og private verksemdar medvitne om den veksande risikoen knytt til ulovleg etterretningsverksemd og faren for sabotasje, og andre hendingar som kan vere angrep på grunnleggjande nasjonale interesser. Det kan vere ulike typar angrep som kan vere svært alvorlege når ein ser dei i samanheng (hybride truslar). Dette vil bidra til at verksemdene i større grad sjølve kan setje i verk effektive tiltak for å førebyggje og for å redusere sårbarheit. Justis- og beredskapsdepartementet vil i samarbeid med andre sektorar og departement arbeide for å styrke koordineringa og samarbeidet mellom dei ulike sektorane. Siktemålet er for det første å auke den nasjonale evna til å førebyggje ulovleg etterretningsverksemd og for det andre å avdekke hybride truslar mot Noreg.

Førebygging av radikaliserings- og valdeleg ekstremisme, medrekna terror

Ekstreme islamistar utgjør ifølgje PSTs trusselvurdering for 2019 framleis den mest alvorlege terrortrusselen mot Noreg. Sentralisert etterforskning av framandkrigarar har vore eit vellukka tiltak i PSTs kontraterrorarbeid, noko som har medverka til at Noreg er blant dei mest offensive landa i Europa når det gjeld etterforskning og iretteføring av framandkrigarar. Dette har også hatt positiv effekt på den nasjonale radikaliserings-situasjonen. Svekkinga av Den islamske staten (ISIL) har også bidratt til redusert radikaliseringsverksemd

og redusert støtte til ekstrem islamisme i Noreg. PST meiner likevel at det vil vere enkelte ekstreme islamistar som ser Noreg som eit legitimt mål for terrorhandlingar.

I tida framover vil mange framandkrigarar og andre terrordømde bli lauslatne frå fengsel i Europa. Etter fullført soning skal desse personane reintegrerast i samfunnet. Kapasiteten og intensjonane deira kan utgjere ein tryggleiksrisiko. Enkelte kan òg ha psykiske traume og behov for medisinsk bistand. Eit tett samarbeid mellom PST, lokalt politi, kriminalomsorg, kommunar og sivilsamfunnet er sentralt både i førebygging av radikaliserings- og valdeleg ekstremisme og når det gjeld reintegrering av personar som har sona dom for terrorrelatert verksemd. Det er derfor viktig med gode tverretatlege førebyggingsstrukturar.

Samstundes er det framleis norske borgarar i både Syria og Irak, både menn, kvinner og barn. Det er usikkert om dei vil returnere til Noreg. Sannsynlegvis vil dei vaksne framleis vere sterkt påverka av ISIL sin ideologi, og ein kan derfor vente at dei er fiendtleg innstilte overfor Noreg og den vestlege verda. Det er uvisst kva tryggleiksrisiko desse borgarane vil utgjere etter at dei eventuelt er komne til Noreg. Dei som returnerer til Noreg, vil bli etterforska for brot på terrorlovgivinga, krigsbrottsverk eller brotsverk mot menneskeheita.

Det er viktig å halde både kunnskapen om, og merksemda kring, radikaliserings- og valdeleg ekstremisme ved like. Sjølv om konfliktområde og personar som har delteke i kamphandlingar, tiltrekjer seg mykje merksemd, er det viktig å anerkjenne faren knytt til den heimlege ekstremismen og vald frå personar og miljø uavhengig av motivasjon og ideologi. Ei rekkje angrep i Europa og resten av verda dei seinaste åra er gjennomførte av personar som ikkje hadde erfaring frå konfliktområde, men som på eige initiativ, og/eller i samarbeid med andre, utførte valdelege handlingar.

Etter PSTs vurdering har det vore ei negativ utvikling når det gjeld trusselen frå høgreekstreme i Noreg. Det siste året har meir merksemd vore retta mot bruk av terror som verkemiddel i internasjonale høgreekstreme nettverk. Dette er nettverk som er sameinte i eit ønske om å beskytte den kvite europeiske rasen og kulturen med valdelege middel. Dette får gehør også i Noreg, der fleire har kome med støtteerklæringar til høgreekstreme terrorangrep som har skjedd i seinare tid. Terrorangrepet mot ein moske i Bærum i august 2019 syner at angrep frå høgreekstreme utgjer ein alvorleg trussel.

Samstundes er det registrert ei auke i høgreekstrem propaganda på internett. Særleg propa-

ganda produsert i samband med høgreekstreme terrorangrep får brei spreiding på internett, men også anna materiale produsert av enkeltpersonar og meir etablerte høgreekstreme nettverk. Propagandaen er lett tilgjengeleg og blir delt på opne og lukka nettplattformer, der også norske høgreekstreme er aktive. Materialet kan i enkelte tilfelle definerast som hatkriminalitet, sjå pkt. 7.2.6.

Det er få venstreekstreme grupper i Noreg, men enkelte av desse gruppene har hatt høgare rekruttering det siste året. Gruppene har blitt meir aktive, og aktiviteten består nesten utelukkande av motreaksjonar til politiske motstandarar.

Justis- og beredskapsdepartementet har det nasjonale koordineringsansvaret i oppfølginga og vidareutviklinga av regjeringa sin handlingsplan mot radikaliserings- og valdeleg ekstremisme. Det er etablert eigne grupper på både departements- og direktoratsnivå for å koordinere arbeidet. Det blir jamleg utarbeidd statusrapportar for tiltaka i planen, som er tilgjengelege på www.radikaliserings.no. Tiltaka i handlingsplanen har styrkt det førebyggjande arbeidet slik at personar i risikona kan bli fanga opp så tidleg som mogleg, og slik at dei blir møtte med tiltak som verkar. Det skal vurderast om eksisterande tiltak har ønskt effekt, og nye tiltak skal vurderast i tråd med kunnskaps- og trusselutviklinga.

I 2015 vart det etablert ei tilskotsordning for førebygging av radikaliserings- og valdeleg ekstremisme. Ordninga har som hovudmål å stimulere til kompetanseheving i kommunane og å utvikle gode system lokalt for å førebyggje og handtere utfordringar knytte til radikaliserings- og valdeleg ekstremisme. Tidleg innsats i lokalmiljøet er avgjerande for å lukkast med å førebyggje radikaliserings- og valdelig ekstremisme. Tilskotsmidlane er fordelte på eit breitt spekter av prosjekt både når det gjeld utfordringar, og når det gjeld målgrupper. Sjå programkategori 06.70.

Trusselen mot myndigheitspersonar

Trusselaktiviteten mot myndigheitspersonar ramar ikkje berre myndigheitspersonane det gjeld, men er også ein trussel mot viktige delar av det norske demokratiet. Undersøkingar viser at fleire myndigheitspersonar vegrar seg for å fremme synspunkt i frykt for å bli utsette for truslar, netthets og hatefulle ytringar, og enkelte har også vurdert å slutte som politikarar.

I samband med førebuing og gjennomføring av kommune- og fylkestingsvalet i 2019 bidrog PST med råd til alle aktørane om både planleg-

ging, organisering av arbeidet og avgjerdsgrunnlag. PSTs vurdering for 2019 er at terskelen for å gjennomføre angrep mot myndighetspersonar framleis vil vere høg, sjølv om det jamleg blir framsett truslar.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter for Den sentrale eininga (DSE) i PST i tillegg til enkelte utgifter knytte til drift av dei lokale PST-einingane i politidistrikta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 84 mill. kroner for å styrke arbeidet med informasjonsinnhenting i det digitale rom, ein nødvendig.
- 7,4 mill. kroner til IKT-drift auke knytte til løyvinga gitt i revidert nasjonalbudsjett 2019.

Det blir foreslått å flytte:

- 143 000 kroner frå kap. 444, post 01 til kap. 440, post 01 i samband med vidareføring av JustisCert.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 5,3 mill. kroner til PSTs nye analysesystem, der 5 mill. kroner er ei følgje av at PST fekk auka løyvinga til formålet med 10 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett 2019 mot ein reduksjon på 5 mill. kroner i 2020 og 5 mill. kroner i 2021.
- 3,2 mill. kroner som følgje av gevinstar frå nytt analysesystem.
- 4,1 mill. kroner knytte til gjennomførte investeringar i objektsikringstiltak.
- 930 000 kroner mot ein tilsvarende auke under kap. 1605, post 01, som følgje av bruk av nytt økonomisystem gjennom Direktoratet for økonomistyring.
- 3 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 3444, post 02, som følgje av ein reduksjon i forventa inntekter.
- 87 000 kroner som følgje av krav om å redusere kostnader knytte til leige av kontorlokale.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 982,6 mill. kroner.

Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Refusjoner	18 407	20 000	17 640
	Sum kap. 3444	18 407	20 000	17 640

Post 02 Refusjoner

På posten blir det rekneskapsført inntekter som PST får refundert for enkeltoppdrag og særskild bistand til Utanriksdepartementet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 3 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 444, post 01, som følgje av ein reduksjon i forventa inntekter.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 444, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 17,6 mill. kroner.

Kap. 445 Den høgere påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	257 551	262 057	277 795
	Sum kap. 0445	257 551	262 057	277 795

Omtale av verksemda

Riksadvokaten leier fagleg og administrativt Den høgare påtalemakta og har den overordna faglege leiinga av all straffesaksbehandling både i eigen etat og i politiet.

Den høgare påtalemakta er ei fellesnemning for dei ti statsadvokatregionane i Noreg, Det nasjonale statsadvokatembetet, Økokrim og Riksadvokatembetet. Økokrim er både eit statsadvokatembete og ein sentral politieining. Riksadvokaten er fagleg overordna straffesaksbehandlinga ved Økokrim, men Politidirektoratet har det overordna ansvaret for anna verksemd ved Økokrim og for administrative forhold. Statsadvokatembeta i regionane har ansvaret for straffesaksbehandlinga i politidistrikta i sine regionar. Det nasjonale statsadvokatembetet har på si side påtaleansvaret på statsadvokatnivå for saker som Kripos behandlar sjølv, og står også for den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga ved Kripos. Det nasjonale statsadvokatembetet har også påtaleansvaret på statsadvokatnivå for straffesaksbehandlinga ved Politiets tryggingsteneste.

Hovudmålet til Den høgare påtalemakta er å bidra til redusert kriminalitet ved målretta og effektiv straffesaksbehandling, samstundes som krava til høg kvalitet og rettstryggleik blir varetekne.

Bemanninga per 31. mars 2019 utgjorde 173 årsverk.

Status i straffesaksbehandlinga hos Den høgare påtalemakta

Statsadvokatane tek avgjerder i sakene dei får tilsendt frå påtalemakta i politiet. Talet på påtalesaker auka med over 5 000 i 2018. Det er uvisse knytt til kvaliteten på statistikken for 2017 då overgangen til nasjonal basisløyning (BL) for straffesaksbehandlinga i politiet i mars 2017 gav utfordringar med å få korrekt statistikk om bl.a. arbeidsmengd ved statsadvokatembeta. Det er derfor usikkert om det har vore ein reell auke i saker i 2018 jamført med 2017. I statsbudsjettet for 2019 vart det sett av 10 mill. kroner til fleire påtalejuristar for å få fortgang i saksbehandlinga, særskilt med vald- og overgrepssaker mot barn.

Måloppnåinga ved Riksadvokatembetet og statsadvokatembeta er framleis god. Ved Riksadvokatembetet var gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2018 for påtalesakene 8 dagar og for klagesakene 14 dagar. Målet om prosentdelen saker avgjorde innan 30 dagar vart nådd i 2018, med 97 pst. i påtalesakene og 94 pst. i klagesakene.


Alle statsadvokatembeta hadde i 2018 ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid innanfor 30 dagar i påtalesaker. For klagesaker var det to embete som ikkje nådde målet, med saksbehandlingstid på høvesvis 30 og 41 dagar. I 2018 vart 90,5 pst. av sakene der gjerningspersonen var under 18 år på handlingstidspunktet, behandla innan 15 dagar. Dette er ein framgang frå 2017 då måloppnåinga var 86,7 pst.

Den generelle fagleiinga

Aktiviteten i statsadvokatane si fagleiing av politiets straffesaksbehandling har auka på landsbasis. Fagleiinga og arbeidsmetodikken som blir nytta, er også blitt meir profesjonalisert, og utføringa er blitt likare på tvers av statsadvokatembeta. Arbeidet med å utvikle ei aktiv fagleiing skal vidareførast i 2020, jf. regjeringas forslag om å styrke arbeidet med 10 mill. kroner i 2020.

Den høgare påtalemakt har eit særleg ansvar for å stille krav til og sørge for at kvaliteten på straffesaksbehandlinga held eit høgt nivå. Riksadvokaten sitt kvalitetsrundskriv med ajourføring av 21. februar 2019 gir oversikt over dei ulike kvalitetskrava som gjeld for etterforsknings- og påtalearbeidet.

Utvikling av nasjonale kvalitetsindikatorar er viktige bidrag i arbeidet med kvalitetsforbetring av straffesaksbehandlinga. Indikatorane har stått sentralt i dei landsomfattande kvalitetsundersøkingane statsadvokatane gjennomførte i 2016 og 2018 av politiets etterforskning og påtalemessige behandling av høvesvis valdtektssaker og såkalla valdssaker med frist. Også i 2019 har statsadvokatane undersøkt straffesaksbehandlinga av valdtektssaker, men avgrensa gjennomgangen til om lag 100 valdtektssaker. I 2020 skal 2016-undersøkinga følgjast opp med ei ny landsomfattande kvalitetsundersøking av valdtektssaker.



Figur 2.17 Saksavgjersler ved statsadvokatembeta i perioden 2013–2018

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker i hovudsak driftsutgifter for Den høgare påtalemakta.

Det blir foreslått å flytte:

- 10 mill. kroner til kap. 445, post 01 frå kap. 440, post 01 for å styrke arbeidet med fagleiinga.

- 1,25 mill. kroner frå kap. 445, post 01 til kap. 440, post 01 som følgje av at det er flytta oppgåver frå politiet til Den høgare påtalemakta.
- 45 000 kroner frå kap. 445, post 01 til kap. 440, post 01 i samband med vidareføring av Justis-Cert.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 277,8 mill. kroner.

Kap. 3445 Den høgere påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Refusjoner	2 000	3 000	3 096
	Sum kap. 3445	2 000	3 000	3 096

Post 02 Refusjoner

Løyvinga på posten dekker refusjonar frå tidlegare utleigar i samband med flytting til nye lokale.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 3,1 mill. kroner.

Kap. 446 Den militære påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	8 240	8 909	9 058
	Sum kap. 0446	8 240	8 909	9 058

Omtale av verksemda

Generaladvokaten leiar den militære påtalemakt og er overordna krigsadvokatane. Generaladvokaten er underlagt riksadvokaten i påtalemessige spørsmål, men er administrativt underlagt Justis- og beredskapsdepartementet. Generaladvokaten og krigsadvokatane tilhøyrrer påtalemakta, og har ansvaret for militære straffesaker. Dei har i tillegg som oppgåve å støtte militære sjefar i kontroll med disiplinærutøvinga og gi utsegn i klagesaker og visse andre disiplinærsaker. I tillegg til dei løpande oppgåvene har generaladvokaten ansvaret for å forberede rettergang i krigstid. Embetet har også oppgåver av folkerettsleg art innanfor sitt fagområde.

Kap. 448 Grensekommissæren

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	5 480	5 636	5 745
	Sum kap. 0448	5 480	5 636	5 745

Post 01 Driftsutgifter

Bemanninga ved Grensekommissariatet per 31. mars 2019 utgjorde 5 årsverk. Løyvinga på posten dekker utgifter til lønn og andre driftsutgifter. Posten skal dessutan dekke utgifter til grensemer-

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker alle driftsutgifter for Generaladvokatembetet, under dette krigsadvokatane for Sør- og Nord-Noreg. Bemanninga per 31. mars 2019 utgjorde 8,5 årsverk.

Det blir foreslått å flytte:

- 2 000 kroner frå kap. 446, post 01 til kap. 440, post 01 i samband med vidareføring av Justis-Cert.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,1 mill. kroner.

king mellom Noreg og Russland og utgifter i samband med møte med finske og russiske grensemyndigheiter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5,7 mill. kroner.

Programkategori 06.50 Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap

Utgifter under programkategori 06.50 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–25	Driftsutgifter	2 248 789	2 246 066	2 663 342	18,6
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	1 755 276	3 135 612	2 494 629	-20,4
70–89	Overføringer til private	173 265	278 357	292 410	5,0
	Sum kategori 06.50	4 177 330	5 660 035	5 450 381	-3,7

Utgifter under programkategori 06.50 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	889 810	774 460	1 573 440	103,2
452	Sentral krisehåndtering	26 061	26 398	26 849	1,7
453	Sivil klareringsmyndighet	28 750	31 927	32 527	1,9
454	Redningshelikoptertjenesten	2 186 971	3 785 162	3 015 384	-20,3
455	Redningstjenesten	315 033	415 045	431 875	4,1
456	Nød- og beredskapskommunikasjon	730 705	627 043		-100,0
457	Nasjonal Sikkerhetsmyndighet			370 306	
	Sum kategori 06.50	4 177 330	5 660 035	5 450 381	-3,7

1 Innleiing

Programkategori 06.50 Redningstjenesten, samfunnstryggleik og beredskap omfattar Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Sivil klareingsmyndighet (SKM), Nasjonalt tryggingsorgan (NSM), redningshelikoptertjenesten, redningstjenesten og sentral krisehåndtering.

Samfunnstryggleikskjeda er kjenneteikna av mange aktørar som varetok ulike delar av arbeidet med samfunnstryggleik. Ansvar er fordelt mellom ei rekkje departement og verksemdar.

Ansvarsfordelinga mellom dei ulike aktørane på samfunnstryggleiksområdet er vist i tabell 1.4 i del I. Aktørane i kjeda har eit samla ansvar for å ha tilstrekkeleg kunnskap og oversikt over risiko og sårbarheit, drive effektiv og målretta førebygging, ha tilstrekkeleg beredskap og krisehåndtering, kunne tilbakeføre funksjonar ved øydeleggingar og lære av erfaringar frå øvingar og hendingar.

Verksemdene i programkategori 06.50 er sentrale i samfunnstryggleikskjeda. Verksemdene skal saman med departementet hjelpe til med å sikre tryggleiken til innbyggjarane ved at samfun-

net best mogleg blir i stand til å unngå uønskte hendingar. Politiet og Politiets tryggingsteneste (PST) hjelper med kapasitet og kompetanse for å redusere sårbarheit i samfunnet, jf. òg omtalen under programkategori 06.40.

2 Mål og budsjettprioriteringar

Måla for programkategori 06.50 er:

- kunnskapsbasert førebygging
- redusert sårbarheit i samfunnet
- styrkt samhandling i beredskap og krisehandtering
- betre leiing og styrkt leiingskultur

Regjeringa foreslår desse hovudprioriteringane i budsjettforslaget:

- auke løyvinga til DSB med 40 mill. kroner til tryggleik i Nødnett
- auke løyvinga til NSM med 20 mill. kroner til digitalisering av sakshandsaming innanfor persontryggleik
- auke løyvinga til DSB med 15,6 mill. kroner i samband med auka kontingent for deltaking i EUs ordning for sivilberedskap (rescEU)
- auke løyvinga med 6 mill. kroner for å betre vareta Noregs ansvar for redningsberedskap i dei nordlige havområda gjennom ei betra high-frequency-dekning (HF-dekning)
- auke løyvinga til NSM med 5,4 mill. kroner i tråd med Langtidsplan for forsvarssektoren, jf. Prop. 151 S (2015–2016) for å styrke analyse og avdekking av alvorlege digitale angrep mot digital infrastruktur
- løyve 1,1 mill. kroner til å greie ut eit system for mobilbasert befolkningsvarsling.
- løyve 12,5 mill. kroner til forskning på digital tryggleik og effektar av teknologiutvikling
- løyve om lag 3 mrd. kroner for å sikre anskaffinga av 16 nye redningshelikopter til erstatning for Sea King og midlar til drift og vedlikehald av dagens redningshelikopter.
- vidareutvikle eit totalforsvar som er tilpassa nye utfordringar gjennom eit heilskapleg program for vidareutvikling av totalforsvaret og arbeidet med NATOs sju grunnleggjande forventningar
- planleggje, gjennomføre og evaluere tverrsektorielle øvingar på nasjonalt nivå som gir høve for brei deltaking på departements- og direktoratsnivå

3 Tverrsektorielt arbeid på samfunnstryggleiksområdet

3.1 Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet

Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet er fastsett i Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet (samfunnstryggleiksinstruksen). Instruksen tydeleggjer og konkretiserer oppgåvene til departementa og fastset nærmare krav til dei hovudansvarlege departementa.

Ansvar for samfunnstryggleiken er fordelt på alle sektorar, og så vel statlege som kommunale og private verksemdar spelar viktige roller. Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet er under kontinuerleg utvikling, og målet er ei målretta og systematisk styrking av samfunnstryggleiken på tvers av sektorgrensene.

3.2 Felles planleggingsgrunnlag

Samordning kan vere utfordrande, og ein viktig føresetnad for å lukkast er at aktørane har ei felles situasjons- og risikoforståing og eit felles bilete av kva som er særleg viktig å prioritere. På grunnlag av kunnskap om truslar og risikoar må det vurderast kva for tiltak som er mest kostnadseffektive, og kva for ein effekt dei vil kunne ha for å redusere risiko og sårbarheiter i samfunnet. Når eit tiltak er gjennomført, må det vurderast om risikoen er redusert til eit akseptabelt nivå, eller om ytterlegare tiltak må til.

Oversyn over kva for funksjonar som er kritiske i eit samfunnsperspektiv, og avhengnadene mellom desse, er ein føresetnad for godt samfunnstryggleiksarbeid. Oppdaterte og gode planleggingsgrunnlag er viktig for dette arbeidet.

Trussel- og sårbarheitsvurderingane som blir utarbeidd av bl.a. PST og NSM, og DSBs krisescenario, gir eit viktig felles grunnlag for arbeidet med nasjonal- og samfunnstryggleik. Departementet legg til grunn at trussel- og risikovurderingane og scenarioa skal vere ein del av grunnlaget for arbeidet med å styrke tryggleiken og beredskapen i alle departement og etatar.

Sikring av kritiske samfunnsfunksjonar er ein sentral del av samfunnstryggleiksarbeidet. Rapporten «Samfunnets kritiske funksjoner. Hvilken funksjonsevne må samfunnet opprettholde til enhver tid?» utarbeidd av DSB i 2016, gir ei rettleiing for prioriteringar innanfor kvar enkelt sektor. Rapporten er eit utgangspunkt for arbeidet med status- og tilstandsvurderingar.

Regjeringa har fremma to tverrsektorielle stortingsmeldingar om samfunnstryggleik. Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn, jf. Innst. 326 S (2016–2017), gjer greie for regjeringas politikk for arbeidet med samfunnstryggleik og er regjeringas strategi for samfunnstryggleik i eit fireårsperspektiv. I Meld. St. 38 (2016–2017) IKT-sikkerhet – Et felles ansvar, jf. Innst. 187 S (2017–2018), gir regjeringa eit oversyn over statusen for oppfølginga av tilrådingane i rapporten frå det digitale sårbarheitsutvalet, NOU 2015: 13 Digital sårbarhet – sikkert samfunn, og regjeringas prioriteringar på IKT-tryggleiksområdet.

Regjeringa har vidare etablert eit system for utarbeiding av status- og tilstandsvurderingar for 14 samfunnskritiske funksjonar, jf. Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn og tabell 1.4 i del I. Det skal rapporterast for alle 14 funksjonane i løpet av fire år. Dei hovudansvarlege departementa for samfunnsfunksjonane forsyningstryggleik, transport, natur og miljø, og lov og orden presenterer status- og tilstandsvurderingane sine i årets budsjettproposisjonar for høvesvis Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet, Klima- og miljødepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. For Justis- og beredskapsdepartementet er dette omtalt i del III i denne budsjettproposisjonen.

DSB har utarbeidd risikoanalysar av alvorlege hendingar som kan ramme det norske samfunnet, sidan 2011. Analysane omfattar naturhendingar, store ulukker og tilsikta handlingar. Risikoanalysane går på tvers av sektorar og forvaltningsnivå for å få fram kunnskap og skape medvit om det breie spekteret av moglege følgjehendingar og konsekvensar. I medhald av Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet (samfunnstryggleiksinstruksen) er krisescenariao ein del av det overordna nasjonale planleggingsgrunnlaget på samfunnstryggingsfeltet. I 2019 vart desse samla i ein ny, oppdatert samlerapport: Analyser av krisescenario 2019. Totalt 25 scenario er omtalte i rapporten. I tillegg er det utarbeidd eit gradert scenario om hybride angrep på Noreg. I samsvar med Europaparlamentets- og rådsavgjerd nr. 1313/2013/EU av 17. desember 2013 om EUs ordning for sivil beredskap, skal medlemslanda utarbeide nasjonale risikovurderingar og gjere eit relevant samandrag av dei tilgjengeleg for kommisjonen kvart tredje år frå 2015. Eit samandrag av samlerapporten for 2019 vart lagt til grunn for rapporteringa til EU.

I 2019 skal krisescenariao evaluerast. Formålet med evalueringa er å få oppdatert kunnskap om korleis viktige målgrupper brukar scenariao,

og om korleis ulike faktorar påverkar nytteverdien. Faktorar som kan påverke nytteverdien, er t.d. graden av detaljar i analysane, metoden som blir brukt, og korleis scenariao synleggjer ulike sårbarheiter. Evalueringa dannar grunnlaget for ei eventuell vidareutvikling av metode og prosess.

Justis- og beredskapsdepartementet har i 2019 utarbeidd ein ny risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for eige departement og justissektoren. Rapporten ser på ulike hendingar og vurderer risikoen dei utgjør, og foreslår ulike tiltak som må vurderast vidare og ev. implementerast for å redusere risikoen.

Justis- og beredskapsdepartementet har i 2019 publisert ein ny rettleiar til Instruks for departementenes arbeid med samfunnsikkerhet (samfunnstryggleiksinstruksen), fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet i 2017. Denne erstattar rettleiaren frå DSB frå 2015. Rettleiaren skal vere eit hjelpemiddel for departementa og gir råd og anbefalingar om korleis departementa kan følgje opp krava i instruksen.

Regjeringa styrker arbeidet med hybride truslar. Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer arbeidet i nært samarbeid med Utanriksdepartementet og Forsvarsdepartementet. Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe fremma i 2018 forslag til ei rekkje tiltak for å forbetre den heilskaplege situasjonsforståinga knytt til hybride truslar. Det blir arbeidd med å følgje opp forslaga.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om samfunnstryggleik våren 2020. I medhald av samfunnstryggleiksinstruksen utgjør meldingane ein del av det overordna planleggingsgrunnlaget på samfunnstryggleiksfeltet.

3.3 Tilsyn med departementa

Tilsyn med korleis departementa arbeider med samfunnstryggleik, er eit sentralt verkemiddel for samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet, og det har bidratt til å styrke samfunnstryggleiksarbeidet over tid. Tilsyna tener to formål: å fremme god kvalitet i samfunnstryggleiksarbeidet i det enkelte departementet og å bidra til eit samordna og heilskapleg arbeid med samfunnstryggleik på tvers av departements- og sektoransvar. Tilsyna skal i større grad enn tidlegare vere baserte på vesentlegheit og risiko. Det kan føre til at tilsyn blir retta mot særskilde tema og krav i instruksen. Det skal leggjast meir vekt på tverrsektorielle utfordringar.

Tilsyna blir gjennomførte av DSB på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet. Helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for å føre tilsyn

med Justis- og beredskapsdepartementet og delegerer dette normalt til Statens helsetilsyn. DSB kan støtte Helse- og omsorgsdepartementet ved dette tilsynet, men vil då vere underlagt dei.

Regjeringa er orientert om resultat frå og oppfølging av kvart enkelt tilsyn. Alle tilsynsrapportar er som hovudregel offentlege ved innsyn, og tilsyna blir avslutta når alle brot på krav og vesentlege forbetningspunkt er lukka.

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) fører i tillegg tilsyn med departementa innanfor tryggingslovas verkeområde. NSM og DSB koordinerer tilsynsaktiviteten sin mot departementa.

3.4 Forsking og kunnskapsutvikling

I tråd med Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn skal samfunnstryggleksområdet vareta læring og oppfølging etter hendingar. Det er stort behov for meir kunnskap på feltet, og samfunnstryggleksinstruksen stiller no større krav til korleis departementa arbeider med kunnskapsbasert samfunnstryggleiksarbeid. Departementa skal bl.a. evaluere øvingar og hendingar og sørge for at funn og læringspunkt blir følgde opp i organisasjonen og i leiinga.

Forsking er eit viktig verkemiddel for Justis- og beredskapsdepartementet i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Departementet arbeider for betre bruk av forskning og evaluering som grunnlag for læring, kunnskapsbaserte løysingar og generell politikktutforming i departementet og sektoren. Dei sentrale kunnskapsbehova innan samfunnstryggleik er betre forståing av faktorar som styrker motstandskrafta i samfunnet, kva som gjer komplekse og kritiske samfunnsfunksjonar sårbare, effektiv styring og leiing av arbeidet med samfunnstryggleik, betre erkjening av risiko, operativ samhandling og førebygging av terrorisme.

Vidare er det eit stort behov for meir kunnskap om effekten av offentleg verkemiddelbruk på området, slik som reguleringar, tilsyn, øvingar, rettleiing m.m. Som følgje av måten ansvar og roller er fordelte på innan samfunnstryggleiken, er kunnskapsgrunnlaget òg delt opp på mange. Ein nærmare omtale av forskingsinnsatsen innan samfunnsstryggleik er å finne i programkategori 06.10.

Justis- og beredskapsdepartementet tek del i finansieringa av program i Forskningsrådet knytta til samfunnstryggleik (SAMRISK) og digital tryggleik (IKT Pluss). Forskinga har gitt ny kunnskap til samfunnet og forvaltninga. F.eks. er det prosjekt om kommunikasjon og felles situasjons-

forståing blant krisehandteringsaktørar, koordinering ved komplekse redningsaksjonar i nordområda og korleis falske nyheiter kan oppstå og spreie seg gjennom internett. For å styrke forskinga på samfunnstryggleik i regi av SAMRISK og IKT Pluss foreslås det å løyve 12,5 mill. kroner til forskning på digital tryggleik og effektar av teknologiutvikling.

Justis- og beredskapsdepartementet har òg eit særskilt partnarsamarbeid med forskingsinstitusjonar innan sivilt-militært samarbeid og totalforsvar (Forsvarets forskingsinstitutt (FFI)), innan digital tryggleik og fysisk sikring/bygningssikring (Simula og NTNU). Prosjekt innan totalforsvar og vern av samfunnets kritiske funksjonar i serien Beskyttelse av samfunnet (BAS), har blitt utførte ved FFI sidan 1994. BAS9 starta i 2019 med hovudtema om utfordringar og moglegheiter for samfunnstryggleik i framtida, totalforsvarets relevans og utvikling, samordning av arbeidet med kritiske samfunnsfunksjonar / grunnleggjande nasjonale funksjonar og betre læring etter øvingar. Departementet inngjekk ein samarbeidsavtale med FFI i 2018 om forskning på samfunnstryggleksområdet. Under denne arbeider FFI og Justis- og beredskapsdepartementet saman om bl.a. eit prosjekt om krigsetterlevningar, heilskapleg vurdering av øvinga Trident Juncture (med skrivebordsøvinga) og kjemikalieberedskap.

Justis- og beredskapsdepartementet deltek aktivt i EUs rammeprogram for forskning på tryggleiksfeltet (katastrofeberedskap, sikring av infrastruktur, førebygging av terrorisme, grensekontroll og digital tryggleik). Over halvvegs i programmet er det delt ut meir enn 280 mill. norske kroner til prosjekt innan samfunnstryggleik med norsk deltaking. I samband med utviklinga av eit nytt rammeprogram for Horizon Europe bidrar Justis- og beredskapsdepartementet til dette på samfunnstryggleiksfeltet, i samarbeid med Kunnskapsdepartementet og andre relevante aktørar.

3.5 Samarbeid innan NATO, EU og Norden

Endra tryggingspolitiske og klimatiske omgivelser krev tiltak for styrking og forbetring av motstandsdyktigheita vår mot eit breitt spekter av truslar og risikoar. Noreg bidrar derfor aktivt til NATOs arbeid og har ein nær dialog og eit nært samarbeid med dei nordiske landa. I tillegg følgjer vi arbeidet i EU og tek del i EUs ordning for sivil beredskap.

Det endra tryggingspolitiske biletet har ført til at NATO i større grad enn tidlegare har sett sivilt

beredskapsarbeid og sivilt-militært samarbeid på dagsorden. Årsaka er at sivil beredskap, krisehandtering og robuste samfunnskritiske funksjonar er ein føresetnad for samla beredskap og forsvar i kvart enkelt land, og dermed for alliansen som heilskap. NATO vedtok i denne samanheng i 2016 sju grunnleggjande forventningar til medlemslandas evne til motstand i funksjonar som er kritiske for samfunnet. Som ein del av forsvarsplanlegginga si gjennomfører NATO ei kartlegging (NATO Defence Planning Capability Survey (NDPCS)) i alle medlemslanda. Dei sju grunnleggjande forventningane inngår i NATOs kartlegging av nasjonale planar og policyar, nasjonale styrkebidrag og kapasitetar og relevante sivile ressursar og ordningar som kan inngå i allierte operasjonar. Kartlegginga blir gjennomført kvart andre år. Undersøkinga for 2019 er i gang, og departementa som er involverte i arbeidet med totalforsvarsprogrammet, bidrar. I undersøkinga i 2017 var hovudkonklusjonen frå NATO-staben at Noreg har ei robust tilnærming til sivil beredskap.

Noreg deltek i EUs ordning for sivil beredskap. Hensikta med ordninga er å leggje til rette for eit breitt samarbeid i Europa innan samfunnstryggleik og beredskap. For Noreg representerer ordninga eit viktig tryggleiksnett. I tilfelle det skjer ei hending i Noreg som ikkje kan handterast tilstrekkeleg nasjonalt, kan norske myndigheiter be om bistand frå EU. Noreg vurderte bl.a. å be om bistand i samband med skogbrannane sommaren 2018. Noreg kan også bidra med bistand til andre land gjennom dette samarbeidet, og Noreg stiller bl.a. det norske Emergency Medical Team til disposisjon. I mars 2019 vedtok EU endringar i ordninga. Dei viktigaste endringane inneber ei styrking av europeisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Styrkinga blir gjennomført til dels ved auka løyvingar til den sivile beredskapsreserven og dels ved oppretting av rescEU. Endringsavgjerda legg òg opp til ei styrking av det førebyggjande arbeidet i medlemslanda.

Det nordiske samarbeidet innan samfunnstryggleik er prega av tett dialog om spørsmål knytte til nordisk tryggleik, Nordens nærområde og europeiske og globale problemstillingar. Omfanget av og kompleksiteten i vår tids utfordringar har gjort verdi- og interessefelleskapa mellom dei nordiske landa synlege. Landa deler ofte vurderingar av desse utfordringane og korleis dei bør handterast. Dei nordiske landa har eit felles ønske om å bidra til NATO, EU, FN og nærområda våre. Gjennom det såkalla Haga-samarbeidet legg ein til rette for at dei nordiske landa i størst

mogleg grad har koordinerte posisjonar for å påverke desse organisasjonane. Eit stadig tettare og meir omfattande arbeid innanfor EUs ordning for sivil beredskap legg til rette for å styrke det nordiske samarbeidet ved å trekkje vekslar på EUs støtte- og finansieringsordningar.

3.6 Nasjonal tryggleik

Nasjonal tryggleik er dei tryggleiksinteressene som er omfatta av den nye tryggingslova.

Det overordna ansvaret for nasjonal tryggleik er delt mellom Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet. Justis- og beredskapsdepartementet har det overordna ansvaret for nasjonal tryggleik på sivil side, og Forsvarsdepartementet har det overordna ansvaret for nasjonal tryggleik i forsvarssektoren. Som ledd i Justis- og beredskapsdepartementet sitt ansvar for nasjonal tryggleik tok departementet over ansvaret for tryggingslova og det administrative ansvaret for oppfølginga av Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) frå Forsvarsdepartementet med verknad frå 3. mai 2019, jf. kgl.res. 3. mai 2019. Dette inneber at Justis- og beredskapsdepartementet har det overordna administrative og budsjettmessige ansvaret for NSM, mens ansvaret for den faglege etatsstyringa er delt mellom Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet. Forsvarsdepartementet har instruksjonsmakt overfor NSM i saker på deira ansvarsområde. NSM varetek utøvande funksjonar for det førebyggjande tryggleiksarbeidet i forsvarssektoren på vegner av Forsvarsdepartementet, og NSM er følgjeleg ei verksemd tilknytt forsvarssektoren.

NSM, Sivil klareringsmyndigheit (SKM) og Politiets tryggingsteneste (PST) er departementets sentrale verksemdar i arbeid med nasjonal tryggleik gjennom at dei varetek utøvande funksjonar innan fagområdet. Sjå kapittel 444, 453 og 457 for nærmare omtale av verksemdene.

3.6.1 Ny tryggingslov

Ny lov om nasjonal sikkerhet (tryggingslova) tok til å gjelde 1. januar 2019. Lova har som formål å trygge dei nasjonale tryggleiksinteressene våre gjennom å førebyggje, avdekkje og motverke tryggleikstruande verksemd. Dei nasjonale tryggingsinteressene skal sikrast gjennom å vareta grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF). Slike funksjonar er tenester, produksjon og andre former for verksemd der eit heilt eller delvis bortfall av funksjonen vil få konsekvensar for evna staten har til å vareta dei nasjonale tryggleiksinteressene.

For å verne dei nasjonale tryggleiksinteressene legg regelverket opp til at vi skal verne verdiar i form av informasjon, informasjonssystem, objekt og infrastruktur (skjermingsverdige verdiar) som er vesentlege for å vareta nasjonale tryggleiksinteresser. Departementa skal i medhald av tryggingslova § 2–1 identifisere GNF og gjere vedtak overfor verksemder som har avgjerande innverknad på GNF. I tråd med kgl.res. 20. desember 2018 pkt. 3 bokstav e skal dette gjerast innan rimeleg tid. Kva som er «rimeleg tid» er bl.a. avhengig av storleiken på den aktuelle samfunnssektoren, omfanget av dei skjermingsverdige verdiane, kompleksiteten i verdikjedene og den tryggleiksfaglege kompetansen i departementa.

Justis- og beredskapsdepartementet fastsette GNF i sin eigen sektor 28.01.2019 og vil stadfeste kva for verksemder som har vesentleg eller avgjerande innverknad på GNF, og deretter gjere vedtak om at lova skal gjelde for bestemte verksemder dersom det er nødvendig. Verksemder som er eller blir omfatta av lova, skal utarbeide skadevurderingar med bakgrunn i dei identifiserte GNF. Skadevurderingane vil danne grunnlaget for departementet si utpeiking og klassifisering av eventuelle skjermingsverdige objekt og eventuell skjermingsverdige infrastruktur i sektoren, og for fastsetjing av fristar for gjennomføring av nødvendige sikringstiltak. Justis- og beredskapsdepartementet har gjennomført ein betydeleg del av arbeidet i 2019.

Fram til det er gjort vedtak etter ny lov, gjeld alle vedtak som er gjorde etter den gamle lova. Dette inneber bl.a. at objekt som er klassifiserte etter den gamle tryggingslova, også er klassifiserte etter den ny lova, jf. kgl.res. 20. desember 2018 pkt. 2 bokstav d.

Det er framleis skjermingsverdige objekt i justissektoren som ikkje er sikra i samsvar med ønskt sikringsnivå, og det blir gjort eit vesentleg arbeid for å sikre desse objekta. Enkelte av objekta vil ikkje få ønskt sikringsnivå før dei er lokalisert ein annan stad. Justis- og beredskapsdepartementet har gitt dispensasjonar etter tidlegare forskrift om objektsikkerhet § 4–1 andre ledd, jf. gjeldande forskrift om verksemders arbeid med førebyggjande sikkerhet § 20 tredje ledd, for sikring av enkelte skjermingsverdige objekt i politiet til dei blir lokalisert ein annan stad.

3.6.2 Digital tryggleik

Regjeringa har utarbeidd ein ny nasjonal strategi for digital tryggleik. Strategien tek utgangspunkt i Meld. St. 38 (2016–2017) IKT-sikkerhet – Et felles ansvar og har i samsvar med intensjonane i meldinga ei breiare tilnærming enn tidlegare strategiar. Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet har det overordna ansvaret med å følgje opp strategien. Kwart departement er ansvarleg for at prioriteringane i strategien og tiltaksoversikta blir følgde opp på sin sektor. Samstundes utarbeidde Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet ein strategi for digital tryggleikskompetanse. I samsvar med denne strategien foreslår regjeringa under Kunnskapsdepartementet, ei løyving på 3.9 mill. kroner i 2020 til inntil 18 stillingar innan digital tryggleik under ordninga med offentleg-sektor-phd og nærings-phd.

Utvalet om organisering og regulering av nasjonal IKT-tryggleik (Holte-utvalet) vart oppnemnt 15. desember 2017 og la fram utgreiinga si 3. desember 2018. Mandatet deira var å greie ut behovet for rettslege og organisatoriske endringar på IKT-tryggleiksområdet. Utvalet har fem hovud anbefalingar:

- ny lov om IKT-tryggleik for samfunnskritiske verksemder og offentleg forvaltning,
- at det må stillast krav om IKT-tryggleik ved alle offentlege kjøp,
- nasjonalt IKT-tryggleikssenter,
- tydelegare regulering av og ansvar for tilkopla produkt og tenester og
- at Justis- og beredskapsdepartementet må utøve ei tydelegare leiing for nasjonal IKT-tryggleik.

Rapporten frå utvalet har vore på høyring våren 2019. Justis- og beredskapsdepartementet vil gi ein nærmare omtale av status i oppfølginga frå utvalet i ei ny stortingsmelding om samfunnstryggleik.

Den 7. februar 2013 lanserte EU-kommisjonen strategien sin for cybertryggleik: An Open, Safe and Secure Cyberspace. Som eitt av fleire tiltak for å nå måla i strategien lanserte kommisjonen samstundes eit forslag til direktiv om tiltak for eit høgt felles tryggleiksnivå i nettverks- og informasjonssystem i EU (NIS-direktivet). Direktivet vart vedteke i EU 6. juli 2016. Direktivet har som formål å styrke IKT-tryggleiken i EU. Direktivet er førebels ikkje teke inn i EØS-avtalen. Departementet sende 21. desember 2018 eit utkast til lov som gjennomfører direktivet på høyring. Lova skal forplikte verksemder som spelar ei særleg viktig rolle i å oppretthalde ein fungerande indre

marknad, til å gjennomføre IKT-tryggleikstiltak og varsle om alvorlege hendingar.

3.7 Totalforsvarsprogrammet

Totalforsvarskonseptet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom sivil og militær side for å førebyggje, planleggje for og handtere kriser, væpna konflikt og krig. Sidan den kalde krigen tok slutt, har merksemda og behovet vore retta mot Forsvarets moglegheit til å hjelpe det sivile samfunnet ved kriser. Grunna tryggingpolitiske endringar og fordi det i lang tid ikkje var høgt prioritert, anerkjende ein for nokre år tilbake eit behov for å fornye og styrke støtta til Forsvaret frå sivile myndigheter og det sivile samfunnet. Endringar i trussel- og sårbarheitsbiletet dei siste åra har utfordra den sivile og militære beredskapen og krisehandteringsevna og støtta opp under behovet for å jobbe meir med sivil støtte til Forsvaret.

Totalforsvarskonseptet har mykje å seie for Forsvarets evne, som i aukande grad har blitt avhengig av sivil vare- og tenesteproduksjon.

På bakgrunn av dette etablerte regjeringa i 2016 eit program for å vidareutvikle totalforsvaret og styrke motstandsdyktigheita i samfunnskritiske funksjonar. Justis- og beredskapsdepartementet eig programmet, og det er leia av ei styringsgruppe.

Mål for programmet er:

- å vidareutvikle totalforsvaret slik at det er tilpassa nye utfordringar, rammevilkår og føresetnader
- å styrke samfunnets evne til motstand innanfor dei samfunnskritiske funksjonane

Innanfor rammene av den første målsetjinga i programmet vart det etablert eit prosjekt for å vidareutvikle støtta til Forsvaret i dei sivile myndighetene og det sivile samfunnet. Prosjektet omfattar sivil bistand til Forsvarets planarbeid og etablering av planar for sivil støtte til Forsvaret. Samarbeids- og beredskapsorgan skal tilpassast utfordringar i samband med tryggingpolitiske kriser og væpna konflikt. Ein viktig del av prosjektet var også å planleggje for, gjennomføre og koordinere sivil side i den store NATO-øvinga Trident Juncture. Øvinga vart gjennomført hausten 2018 og viste seg totalt sett å vere ein suksess. Tilbakemeldingane frå NATO er at Noreg viste seg som ein profesjonell vertsnasjon med velfungerande vertslandsstøtte. Evalueringane etter øvinga viser bl.a. at ho har bidratt til norsk tryggleik. Dette kjem av auka merksemd om nordområda og at øvinga skapte meir merksemd om NATOs evne til

kollektivt forsvar og betydninga av NATOs nordlege region. Både det lokale, det regionale og det sentrale nivået i forvaltninga deltok i øvinga. Evalueringsrapportane gir vidare uttrykk for at øvinga har vitalisert heile totalforsvarsarbeidet, og at ho har vore særlig verdifull for å auke samhandlinga mellom deltakarane i totalforsvaret. Oppfølginga av læringspunkta er starta, og vi meiner at det er viktig at dette arbeidet blir prioritert og følgt opp. Eit av dei prioriterte områda dei kommande åra er involvering av det lokale og det regionale leddet. Øvinga har òg gitt eit godt grunnlag for å vidareutvikle militære og sivile planar, og ho har styrkt det sivil-militære samarbeidet.

Til den andre målsetjinga i programmet er det etablert ni prosjekt for å styrke motstandskrafta i samfunnet. Prosjekta er etablerte med utgangspunkt i NATOs sju grunnleggjande forventningar til medlemslanda. Så langt har programmet bidratt til å skape bevisstheit i departementa og sektorane om kva for ei ansvarsoppgåve som ligg til kven. Programmet har også bidratt til framgang i prosjekta, og totalt sett er Noreg på god veg til å nå dei to målsetjingane for programmet. Særleg øvinga Trident Juncture var ein viktig milestein, og utfordringa framover er å følgje opp læringsfunna frå øvinga.

3.8 Nye redningshelikopter

Justis- og beredskapsdepartementet ved samfunnstryggleiksministeren har fag- og budsjettansvar for den offentlege redningshelikoptertenesta. Det er inngått kontrakt for kjøp av 16 nye redningshelikopter til erstatning for dagens Sea King-redningshelikopter under leiing av Justis- og beredskapsdepartementet og i samarbeid med Forsvarsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Forsvarsdepartementet ved forsvarssektoren utdannar, trener og bemannar redningshelikoptera og sørger for vedlikehald på Sea King-maskinene og er i dag totalleverandør av tenesta. Med dei nye helikoptera av typen AW101 vil leverandøren vere ansvarleg for tilgjengelegheita til helikopter på basane. Forsvaret skal i tillegg til å vere operatør utføre lett vedlikehald på helikoptera.

3.9 Leiingsmerksemd og samordning på alle nivå i forvaltninga

3.9.1 Øvingar, planverk og samhandlingsforum

Regjeringa er bevisst kor viktig det er å vere systematisk i samfunnstryggleiksarbeidet og prioriterer dette høgt. Regjeringa har jamlege beredskapskonferansar. Utfordringar i samfunn-

stryggjeleksarbeidet blir sikra nødvendig merksemd på alle nivå i forvaltninga gjennom aktiv bruk av ulike samhandlingsarenaer.

Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet (samfunnstryggjeleksinstruksen), som vart fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017, har eit høgt ambisjonsnivå. Det blir gjort eit kontinuerleg arbeid for å sikre god leiing på alle nivå i forvaltninga. For departementa blir det arrangert tilpassa kurs og kompetansehevingstiltak. Øvingar er òg eit verkemiddel som blir nytta aktivt.

Det administrative apparatet for sentral krisehandtering er basert på tre hovudelement: Kriserådet, leiardepartementet og Krisestøtteininga (KSE). Kriserådet er utvida og har no seks faste medlemmer: Statsministerens kontor, Utanriksdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Forsvarsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Rådet kan om nødvendig utvidast med alle dei andre departementa.

Hovudfunksjonen til Kriserådet er å bidra til sentral krisehandtering gjennom bl.a. å sikre koordinering av tiltak som blir sette i gang av ulike sektorar, og sjå til at spørsmål som krev politisk avklaring, raskt blir lagde fram for den politiske leiinga i departementa eller for regjeringa.

Kriserådet er eit viktig samordningsorgan som skal bidra til god og koordinert saksframstilling til regjeringa og sikre at aktuelle beredskapssaker får nødvendig merksemd og blir handterte.

Justis- og beredskapsdepartementet er fast leiardepartement ved sivile nasjonale kriser med mindre anna blir bestemt. Leiardepartementet har ansvaret for å koordinere handteringa av kriser på departementsnivå og leiermøta i Kriserådet. Utpeiking av eit leiardepartement medfører ikkje endringar i konstitusjonelle ansvarsforhold.

Krisestøtteininga er permanent sekretariat for Kriserådet og leverer støtte og rådgiving til leiardepartementet og Kriserådet. Krisestøtteininga forvaltar det døgnbemanna sivile situasjonssenteret på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet. Situasjonssenteret er fast kontaktpunkt for Justis- og beredskapsdepartementet i alle beredskapshendingar og er ansvarleg for varslingar, rapportering og monitorering.

Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet av 1. september 2017 stiller krav til korleis departementa arbeider med samfunnstryggjelek. I instruksen står det at

- planverk for handtering av uønskte hendingar skal utviklast og vedlikehaldas
- hendingar og øvingar skal evaluerast

Øvingar er eit viktig verkemiddel for å auke kompetansen i krisehandtering og styrke samarbeidet med andre aktørar. I eit stadig meir komplekst samfunn der aktørane blir meir avhengige av kvarandre, er behovet for samvirke større. Øvingar er eit viktig verkemiddel for å styrke samvirket internt i og mellom departement og sektorar.

Justis- og beredskapsdepartementet leier og deltek i fleire forum der øvingar og styrkt samvirke er hovudtema. Øvingsforum for justissektoren og Øvingsforum for departementa blir leidd av Justis- og beredskapsdepartementet. Nasjonalt øvings- og evalueringsforum (NØEF) blir leidd av DSB, og departementa er inviterte.

Beredskapssystem og planverk må vere oppdaterte og godt kjende i organisasjonane som skal nytte dei. Sivilt beredskapssystem (SBS) og Beredskapssystem for forsvarssektoren (BFF) utgjer til saman Nasjonalt beredskapssystem (NBS). NBS er bygd opp etter same struktur som NATO's krisehandteringssystem, av omsyn til samordna oppdatering og bruk. Nasjonalt beredskapssystem blir revidert i takt med endringar i NATO's system, og ved behov. Tiltak for å heve kompetansen blir gjennomførte for å sikre effektiv bruk under hendingar.

Beredskapssystemet er bygd opp slik at etatar og verksemdar skal ha underliggjande planverk som skildrar kva den enkelte etaten og verksemda skal gjere, basert på intensjonen i tiltaka i beredskapssystemet. Det enkelte departementet har ansvar for at underliggjande planar blir utarbeidde i eigen sektor. Den siste revisjonen av beredskapssystemet ble ferdigstilt hausten 2019. Revisjonen av det underliggjande planverket er sett i gang.

3.9.2 Samfunnstryggjelek på kommunalt og regionalt nivå

Fylkesmannen skal samordne samfunnstryggjeleksarbeidet i fylket, vareta rolla som pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggjelek og dessutan skjøtte ansvaret sitt for krisehandtering ved hendingar. Fylkesmannen fører òg tilsyn med at kommunane etterlever den kommunale beredskapsplikta.

Kommuneundersøkinga til DSB for 2019 viser at den positive utviklinga i samfunnstryggjeleksarbeidet til kommunane held fram. Undersøkinga viser at mange av kommunane tilfredsstiller krav i lov og forskrift, og det er ei positiv utvikling i det systematiske arbeidet med kommunal beredskapsplikt. Det er samstundes for mange kommunar som ikkje har oppdaterte risikoanalysar og planar for krisehandtering og beredskap. DSB og

fylkesmannen skal halde fram med arbeidet med å følgje opp arbeidet med samfunnsstryggleik i kommunane.

Med rettleiaren til forskrift om kommunal beredskapsplikt, som skildrar overbygninga for det tverrsektorielle samfunnsstryggleiksarbeidet i kommunen, har DSB no utvikla rettleiarar for heile samfunnsstryggleikskjeda og metode for ROS-analyse på alle nivå – nasjonalt, regionalt og lokalt. Alle rettleiarane vil til saman bidra til å setje kommunane i stand til å vareta eit heilskapleg og systematisk samfunnsstryggleiksarbeid og gi dei gode verktøy for å vareta arbeidet med bl.a. klimatilpassing, både innan førebygging og innan beredskap.

Det er svært viktig at det regionale og det lokale nivået blir involverte i arbeidet med vidareutvikling av totalforsvaret og styrkt motstandsdyktigheit i samfunnet. Forventingane til handtering i regionar og kommunar ved ei hending som medfører behov for totalforsvaret, vil vere komplekse og krevjande. Derfor er rollene til fylkesmannen og kommunane som samordningsetatar sentrale i dette arbeidet. Arbeidet må halde fram i 2020 bl.a. gjennom oppfølging av erfaringane etter NATO-øvinga Trident Juncture.

For ein meir detaljert omtale av styringssignaler til fylkesmannen, sjå programkategori 13.25 i Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	828 628	760 355	908 219
21	Spesielle driftsutgifter	54 684	7 407	7 606
22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett			477 543
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>			173 194
70	Overføringer til private	6 498	6 698	6 878
Sum kap. 0451		889 810	774 460	1 573 440

Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap (DSB) støttar Justis- og beredskapsdepartementet i samordningsrolla og er på vegner av departementet fag- og tilsynsorgan på det sivile samfunnsstryggleiksområdet, jf. kgl.res. 24. juni 2005. Sivilforsvaret, Nasjonalt utdanningscenter for samfunnsstryggleik og beredskap (NUSB) og Noregs brannskule er underlagde DSB. DSB er i tillegg ansvarleg for nød- og beredskapskommunikasjon og statens eigarskap til Nødnett og er nasjonal brann- og eltryggleiksmyndigheit.


Som følgje av at oppgåvene til Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) vart overførte til Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap frå 1. mars 2017, er løyvinga under kap. 456/3456 foreslått flytta til kap. 451/3451 frå 2020.

Sivilforsvaret

Sivilforsvaret er ein del av totalforsvaret og har som primæroppgåve å verne sivilbefolkninga i

krig. Sivilforsvaret er verna etter Genèvekonvensjonane. Etaten er òg statens forsterkningsressurs og gir støtte til nød- og beredskapsetatane i heile krisespekteret. Sivilforsvaret driv landsomfattande varslingssteneste, inngår i atomulukkeberedskapen og hjelper til ved katastrofar internasjonalt. Sivilforsvaret er organisert med tjue distrikt og eitt kompetansesenter. Samvirke er eit av grunnprinsippa i norsk samfunnsstryggleiksarbeid. Etaten har blitt bygd opp til ein styrke på 8 000 tenestepliktige menn og kvinner.

Stortinget fastset kor lang tenestetida for tenestepliktige i Sivilforsvaret skal vere. Tenestetida skal årleg stadfestast i Prop. 1 S. Justis- og beredskapsdepartementet vidarefører i 2020 dagens nivå. Dette inneber årleg utdanning på inn-til fem veker, med maksimalt tre veker samanhengande tenestetid. Årleg øvingstid er på maksimalt fem dagar. Samla tenestetid for ein tenestepliktig kan utgjere totalt 19 md.



Figur 2.18 Innsatsane til Sivilforsvaret fordelte etter hendingar per august 2019

Kjelde: DSB

Sivilforsvaret hjelper til ved mange ulike hendingar. I 2019 har bl.a. Sivilforsvaret bidratt i samband med rasfare ved Lillemannen i Møre og Romsdal og ras i Jølster. Per august 2019 er mange av innsatstimane så langt i år knytte til redningsaksjonen i samband med cruiseskipet «Viking Sky» og skogbrann i Rogaland.

Justis- og beredskapsdepartementet har i 2019 bedt DSB om å utarbeide nærmare konsekvens- og kostnadsanalysar av framtidige val for sivile vernetiltak (varsling, evakuering og tilfluktsrom). Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på ein eigna måte om saka.

Branntryggleik og samlokalisering

Regjeringa vil styrke brannutdanninga gjennom å etablere ein ny fagskule for brann- og redningspersonell ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune. Det er behov for ny infrastruktur ved Noregs brannskule før fagskulen kan starte opp. Statsbygg er nå i gang med eit forprosjekt, og arbeidet med ny infrastruktur vil følge retningslinjene for statlege byggjeprojekt.

Stortinget slutta seg til forslaget frå Regjeringa om å på ny løyve 13,3 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett for 2019 til gjennomføring av forprosjektet. Dette sikrar at arbeidet med å etablere ny fagskule held fram i 2020. Dette inneber at nøyaktig framdriftsplan og oppstartstidspunkt for ny fagskule enno ikkje kan tidfestast.

Samlokalisering av nødmeldings- og operasjonssentralane til politiet og brannvesenet er ein del av politireforma og er viktig for effektiv sam-

handling og rask hjelp. Sentralane skal samlokaliserasast vegg-i-vegg, og den akuttmedisinske tene- sta i helsevesenet kan samlokaliserasast på eit seinare tidspunkt. Samlokalisering av politiets operasjonssentralar og brann- og redningsvesenets 110-sentraler er gjennomført i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Øst og Sør-Øst. Samlokalisering av politiets operasjonssentral, brann- og redningsvesenets 110-sentral, og AMK-sentralen er gjennomført i Nordland politidistrikt. Erfaringane frå dei samlokaliserte sentralane er positive. Nødetatane drar nytte av å vere nær kvarandre og av å kunne dele kunnskap og informasjon ved både små og store hendingar.

En arbeider også med å leggje til rette for samlokalisering av de restarande sentralane, mellom anna i Troms og Finnmark politidistrikt.

Oppdragshandteringsverktøy i dei kommunale 110-sentralane må skiftast ut. DSB hjelper kommunane ved innkjøp av oppdragshandteringsverktøy for å oppnå effektivt samvirke, god nok tryggleik og tidsriktig system.

Skogbrannberedskap

Førebygging og handtering av skogbrann er eit kommunalt ansvar. Viktige statlege ressursar for å forsterke dette arbeidet er Sivilforsvaret og skogbrannhelikopter. Statens skogbrannhelikopter er i fast beredskap frå 15. april til 15. august. DSB har det administrative ansvaret for ordninga, mens hovudredningssentralane koordinerer sjølve bruken av skogbrannhelikoptera. DSB har ansvar for å sikre at det er beredskap med skogbrannheli-

kopter, at han er mest mogleg tilpassa den eksisterande faresituasjonen, og at ein har løpande oversikt over bruken av denne ressursen.

Skogbrannhelikopteret er normalt plassert på Torp i beredskapsperioden. Dersom skogbrannfaren er høg i andre delar av landet, kan helikopteret vere stasjonert på andre basar. I periodar med stor fare og skogbrannaktivitet set DSB fleire helikopter i beredskap om det er behov for dette, og så framt det er helikopter tilgjengeleg. Kva basar som er aktuelle, blir då bestemt basert på lokale og regionale behov.

DSB har avtale med selskapet Helitrans AS om beredskap med helikopter til skogbrannsløkking. Kontrakten vart inngått vinteren 2017/2018 og gir moglegheit for å kunne setje inn fleire helikopter i beredskap og innsats når skogbrannfaren er stor. Selskapet stiller gjennom kontrakten alle ressursane sine til rådvelde om det er behov for det, og i tillegg kan dei leige inn helikopter frå andre selskap. Skogbrannsløkketeneste med helikopter krev kunnskap og kompetanse hos pilotar og mannskap. I tillegg er det viktig med tryggleik for både helikoptermannskapet og brannmannskapet på bakken. DSB har i tillegg inngått ein avtale om leiarstøtte for handtering av skogbrannar, som følger skogbrannhelikopteret. Personell frå fleire brann- og redningsvesen inngår i vaktordninga og er støtte og rådgivarar for lokal brannsjef, piloten på skogbrannhelikopteret og DSB.

Sommaren 2018 var svært krevjande. Talet på gras- og skogbrannar var det høgaste i moderne tid. Mot slutten av året hadde DSB registrert over 2 000 gras- og skogbrannar, noko som sette den samla norske beredskapen på store prøver. DSB har publisert ein rapport, der direktoratet summe-

rer opp dei erfaringane eit stort tal aktørar gjorde i løpet av skogbrannsesongen 2018. Formålet med dette arbeidet er å identifisere læringspunkt som kan bidra til å styrke både det førebyggjande arbeidet med denne type brannar og beredskapen rundt omkring i landet. Sesongen 2019 har vore roligere enn 2018-sesongen, men det har vore mange brannar i gress- og skogmark. Handteringa av brannar i Sokndal og Vest-Agder har vore mest omfattande. I tillegg har områda frå Trøndelag og nordover hatt høgare beredskap enn ordi- nært på grunn av lange periodar med tørke.

Nødnett

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) er ansvarleg for nød- og beredskapskommunikasjon og for statens eigarskap til Nødnett.

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Nettet gir nød- og beredskapssetatar tilgang til avlyttings-sikra og effektiv kommunikasjon i grupper.

Nødnett vart bygd ut og teke i bruk i heile landet i 2015, i tråd med planen, jf. Innst. 371 S (2010–2011). Nødnett er ein av berebjelkane i Noregs beredskap. Dei som bruker Nødnett, reddar liv, vernar verdiar og gjer samfunnet tryggare. Dei er avhengige av at Nødnett verkar i det daglege og ved kriser. Det er DSBs oppgåve å levere nødnettenesta til brukarane og sørge for at dei har eit godt system til kommunikasjon. Dette inneber at DSB må følgje opp at leverandøren leverer drift og vedlikehald av infrastrukturen i tråd med kontrakten. Statens kontrakt med leverandøren varer til 2026.

Tabell 2.14 Sentral drifts- og bruksinformasjon om Nødnett

Nøkkeltal	Mai 2013	Juni 2014	Juni 2015	Juni 2016	Juni 2017	Juni 2018	Juni 2019
Tal på basestasjonar i drift ¹	255	817	1 933	2 192	2 205	2 214	2 214
Tal på radioar som er aktiverte for bruk	9 277	21 057	45 574	51 263	53 660	56 396	62 199
Nødnett tilgjengeleg	99,98 pst.	99,96 pst.	99,99 pst.	99,86 pst.	99,92 pst.	99,90 pst.	99,94 pst.
Tal på samtalar i Nødnett	560 425	707 011	1 316 785	1 498 000	1 491 621	1 382 843	1 601 520
Tal på brukarorganisasjonar	130	263	548	829	939	965	994

¹ Det kan være fleire basestasjonar på kvar installasjon.

Kjelde: DSB

Nødnett har ein berekna dekningsgrad på 86 pst. av landarealet og nær 100 pst. av befolkninga. Dette er i tråd med Stortingets forventning, jf. Innst. 371 S (2010–2011). Det følgjer av Prop. 100 S (2010–2011), jf. Innst. 371 S (2010–2011), at brukarane skal betale for drift av infrastruktur gjennom ei abonnementsordning og for utgifter knytte til brukarutstyr, inkludert kjøp av nytt utstyr.

Tettare og meir effektivt samvirke mellom nød- og beredskapsetatar og dermed betre hjelp til befolkninga er den største gevinsten ved å bruke Nødnett. DSB skal bidra til å oppretthalde og vidareutvikle samvirket og effektivitetsgevinstane ein har oppnådd i Nødnett. Koordinert utvikling av brukarutstyr skal varetakast av DSB, og fellesfunksjonen skal betalast av nødetatane.

Staten, ved DSB, eig og forvaltar infrastrukturen i Nødnett. Nødetatane og frivillige organisasjonar har fått dekt førstegongsinvestering i brukarutstyr (kommunikasjonssentraløysingar og radioterminalar) gjennom nødnettprosjektet. Finansiering av og reinvestering i brukarutstyret er brukarane sitt ansvar. For nødetatane er eigarskapet til utstyret organisert gjennom Helsetenestans driftsorganisasjon for Nødnett HF (HDO HF), Politidirektoratet (POD) og DSB. Dei frivillige organisasjonane og andre brukarar eig sitt eige utstyr. I samband med utbygginga av Nødnett vart det òg løyvd statlege midlar til, og kjøpt inn, eit nytt felles verktøy for oppdragshandtering til den kommunale brann- og redningstenesta over heile landet (110-sentralane) sjølv om kommunane prinsipielt sett er ansvarlege for utrusting av nødmeldingssentralane og sitt eige fagsystem. DSB er fagansvarleg for brannområdet og leverandør av nødnettenesta og må involverast når kommunane treng nye fagsystem som skal verke saman med Nødnett og understøtte samvirket mellom nødetatane.

Dei tre nødetatane er kjernebrukarane i Nødnett, men Stortinget har lagt til grunn at Nødnett òg skal brukast av andre beredskapsaktørar, jf. Innst. 371 S (2010–2011). Det er om lag 62 000 radioterminalar aktiverte for bruk i Nødnett i heile landet. Brei bruk av Nødnett gir høgare samfunnstryggleik og beredskap i heile landet gjennom styrkt samvirke.

Noreg, Sverige og Finland er dei første landa i verda som har laga bru mellom dei nasjonale nødnetta. Nødnett vart kopla saman med svenske Rakel i 2017 og med finske Virve i 2018. Samankoplingane gjer det mogleg for nødetatane i dei ulike landa å kommunisere når dei hjelper kvarandre i handteringa av ulukker og hendingar. Under

Barents Rescue hausten 2019 vil ein øve på situasjonar der innsatspersonell frå alle dei tre landa samverkar ved bruk av dei samankopla netta.

Gjennom samarbeid med fleire el-selskap har utvalde Nødnett-basestasjonar fått meir nødstrøm. Samarbeidet kjem alle brukarane til gode ved at Nødnett blir meir robust.

Det er viktig å oppretthalde god forvaltning av investeringa som er gjort i Nødnett, slik at infrastruktur, utstyr, kompetanse og høve for ytterlegare samhandling og koordinering ikkje forvitrar. DSB vil vidareutvikle gevinstane som er oppnådde gjennom innføringa av Nødnett. Rett bruk vil sørge for at kapasiteten i Nødnett blir utnytta best mogleg, og at samhandlinga mellom brukarane blir effektiv. DSB samarbeider derfor tett med brukarane om opplæring, øvingar og bruk av Nødnett.

Klimaendringar kan føre til at ein må skjerpe krava til robustheit i system som Nødnett om ein skal kunne halde tilgjengelegheita på same nivå. Stigande nedbørsmengder vil auke faren for flaum og skred. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at det oppstår hyppigare og lengre periodar med svikt i kraftforsyninga, som vil krevje betre tilgang på nødstrøm.

Dekninga i Nødnett er god. Erfaringar viser likevel at dekninga blir opplevd som mangelfull i enkelte område. Behov for dekning vil òg endre seg i takt med endra føresetnader for brukarane og i samfunnet generelt.

DSB eig, driftar og forvaltar brukarutstyret til det kommunale brann- og redningsvesenet som er knytt til Nødnett. Oppgåva blir finansiert av dei kommunale brukarane. Det er nødvendig med ei oppgradering av kontrollromsutstyr i brann- og redningsvesenet for å sikre både god nok tryggleik og eit tidsriktig system.

Høgare krav til tryggleik og utfordringar knytte til gjensidige avhengnader, digitale sårbarheiter og endra truslar treffer Nødnett slik som det treffer annan kritisk infrastruktur og andre tenester.

Etter tilsyn frå Nasjonalt tryggingorgan (NSM) i 2017 vart det avdekt avvik frå tryggingsslova i Nødnett. DSB arbeidar med å lukke avvika. Justis- og beredskapsdepartementet følgjer opp saka i styringa av DSB. Regjeringa vidarefører arbeidet med forsterka sikring av skjermingsverdige objekt i Nødnett i 2020.

Det er størst behov for fleire midlar til tryggleikstiltak og logisk sikring i nødnettsystemet og til styrkt evne til å førebyggje, oppdage og handtere tryggleikshendingar. Regjeringa foreslår å løyve 40 mill. kroner til slike tiltak.

Teknologiutvikling og utvikling i trusselbiletet gjer at behovet for sikre og robuste mobile kommunikasjonsløyningar for nød- og beredskapsaktørar vil vekse i åra som kjem, både når det gjeld tale, og når det gjeld data. TETRA-teknologien Nødnett byggjer på, vil i åra framover vere det primære verktøyet for kritisk talekommunikasjon, både i Noreg og i mange andre land i Europa. Datakapasiteten i Nødnett er avgrensa. Derfor er det viktig med samspel mellom Nødnett og kommersielle nett for å dekke behovet aktørane har for meir datakapasitet.

I framtida vil nødnettenesta vere basert på breibandsteknologi og infrastrukturen i dei kommersielle mobilnetta. Dei særlege behova nød- og beredskapsetatane har for løysingar med høg grad av tryggleik og robustheit, vil krevje involvering, ressursar, investeringar og kompetanse frå statleg side.

Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett t.o.m. 2026, med ein garanti for at nettet kan driftast vidare i ytterlegare fem år. Behovet nød- og beredskapsaktørane har for kommunikasjonsverktøy dei kan stole på i alle samanhengar, og for data, vil krevje nye løysingar. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og DSB har fått i oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet å gjennomføre ei konseptvalutgreiing (KVU) for å vurdere korleis ei framtidig løysing i kommersielle mobilnett kan og bør realiserast, og å sjå på overgang frå dagens Nødnett. IKT-tryggleiksomsyn som integritet, konfidensialitet, tilgjengelegheit og særskild funksjonalitet er viktige i vurderingane som blir gjorde.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for DSB med underliggjande driftseiningar, medrekna Sivilforsvaret, skular og regionkontor. Bemanninga utgjorde 582 årsverk per 31. desember 2018. Mengda årsverk omfattar ikkje dei tenestepliktige styrkane til Sivilforsvaret. Større nyskaffingar m.m. blir rekna som driftsrelaterte kostnader og blir dekte under posten.

DSB skal òg dekke kostnadene knytte til auka ambisjonsnivå i samordningsmekanismen til EU, jf. Prop. 93 S (2013–2014), innanfor den foreslåtte løyvinga.

Løyvinga på posten dekker vidare kostnader knytte til drift av DSBs avdeling for nød- og beredskapskommunikasjon (NBK), inkludert DSBs driftsorganisasjon for støtte og drift av kommunika-

sjonsentralane og radioterminalane til brann- og redningsvesenet og andre brukarar (BTS/BDO). Løyvinga dekker òg utgifter til ein fellesfunksjon for å forvalte utstyret som er knytt til Nødnett.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 15,6 mill. kroner i samband med auka kontingent for deltaking i EUs ordning for sivilberedskap (rescEU).

Det blir foreslått å løyve 1,1 mill. kroner til igangsetting av ei utgreiing av system for mobilbasert befolkningsvarsling.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,5 mill. kroner i samband med auka refusjonar for administrative tenester frå Valgdirektoratet, mot tilsvarende auka inntekter under kap. 3451, post 06.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 7,3 mill. kroner i samband med oppretting og avgrensing av fellesfunksjonen for å forvalte utstyret som er knytt til Nødnett, mot tilsvarende auka inntekter under kap. 3451, post 02.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner i samband med at forvaltningsansvaret for produktregelverket for elektromedisinsk utstyr skal overførast til Helse og omsorgsdepartementet.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 03 og post 06, jf. forslag til vedtak. Det blir vidare foreslått at posten kan overskridast med inntil 75 pst. av inntektene under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Det foreslås ei samla løyving på poster på 908,2 mill. kroner

Post 21 Spesielle driftsutgifter

DSB administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Løyvinga på posten dekker kostnadene til flytimar. Faste utgifter i denne beredskapen inngår som ein del av løyvinga under kap. 451, post 01. Vidare dekker posten forskningsaktivitetar som er avtalte mellom DSB og SP Fire Research AS.

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan overskride løyvinga under kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, post 21 Spesielle driftsutgifter med inntil 50 mill. kroner dersom det oppstår ein situasjon med ekstraordinært mange skogbrannar som gjer det nødvendig med innsats for sløkking og beredskap utover det ein må rekne med i eit normalår, utan opphald og før Kongen kan gi slikt samtykke, jf. forslag til vedtak.

Post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av sentral infrastruktur i Nødnett. Det omfattar kostnader til leige av datalinjer og plassering av nytt utstyr i eksisterande basestasjonar og kostnader til betaling av leverandør for drift og vedlikehold av basestasjonar, kjernenett og andre sentrale nettverkskomponentar som brukarar i Nødnett kan ha nytte av. Abonnementsavgifta blir fakturert kundane i Nødnett, og inntektene blir førte på kap. 3456, post 01 Abonnementsinntekter.

Løyvinga dekker driftsutgifter for tenester og produkt som brukarane blir tilbodne gjennom DSBs avtalar med leverandørar i Nødnett. Dette omfattar linjeleige og drift av kommunikasjons-sentralutstyr. Brukarane betaler desse utgiftene i form av refusjonar til DSB. Løyvinga dekker vidare drift og vedlikehold av nettverkskomponentar som blir bestilte og betalte av den enkelte brukaren. Investerings- og anskaffingskostnaden blir ført på kap. 456, post 45 og refundert på kap. 3456, post 04.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,6 mill. kroner til arbeidet med tryggleik i nødnettet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,6 mill. kroner mot tilsvarende reduserte inntekter over kap. 3451, post 05, som følgje av redusert internfakturering for abonnementsutgifter i tilknytning til Nødnett for Sivilforsvaret og Noregs brannskule.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsva-

rande meirinntekter under kap. 3451, post 03, jf. forslag til vedtak.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga dekker kostnader for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet som brukarane bestiller og kjøper gjennom DNKs avtalar med leverandørar av Nødnett. Desse kostnadene blir dekte inn av refusjonar på kap. 3456, post 04. Løyvinga dekker òg meirverdiavgift i samband med overføring av eigarskap for utstyr i Nødnett frå DNK til brukarmiljøa i etatane.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 36,4 mill. kroner til arbeidet med tryggleik i nødnettet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 63,2 mill. kroner mot tilsvarende auka inntekter over kap. 3451, post 04, til kjøp på vegner av Nødnett-brukarar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Post 70 Overføringer til private

Løyvinga på posten skal dekke tilskot til standardiseringsarbeidet på el-området i Noreg, som blir behandla av Norsk Elektroteknisk Komite. Vidare dekker posten tilskot til Norges sivilforsvarsforbund og tilskot til Norsk brannvernforenings førebbyggjande arbeid retta mot bustadbrannar.

Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Gebyr	146 896	150 472	154 511
02	Refusjoner driftsutgifter Nødnett			33 183
03	Diverse inntekter	30 661	26 750	27 468
04	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold – Nødnett			73 155
05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett			455 876
06	Refusjoner	41 446	2 236	6 808
40	Salg av eiendom	18 165		
	Sum kap. 3451	237 168	179 458	751 001

Post 01 Gebyr

DSB krev inn avgift til å dekke utgifter for tilsyn retta mot risikofylt verksemd. Avgift blir kravd for førsteleddsomsetning av petroleumsprodukt og løysemiddel, for ilandføring av petroleumsprodukt i røyrløydning frå sjøområde og for førsteleddsomsetning av sprengstoff og krut. Inntektene er avhengige av omsetnings- og/eller produksjonsnivået frå føregåande år. Det blir vidare kravd inn avgift for tilsyn med elektriske anlegg på land, i skip og på flyttbare offshoreinstallasjonar og for tilsyn med elektromedisinsk utstyr ved somatiske sjukehus.

Post 02 Refusjoner driftsutgifter Nødnett

Løyvinga dekker refusjonar til DSB for enkelte driftskostnader til direktoratet, som skal finansierast av brukarbetalingssordninga. Døme på dette er tilskot gjennom deltaking i EU-program, deltakaravgift i samband med arrangement m.m. Løyvinga dekker vidare betaling til DSBs driftsorganisasjon (BTS/BDO) for støtte og drift av kommunikasjonsentralar og radioterminalar til brukarane. I tillegg omfattar løyvinga betaling frå nødnetane for fellesfunksjonen som skal forvalte utstyr på kommunikasjonsentralane og radioterminalar som er knytte til Nødnett. Dei frivillige organisasjonane i redningstenesta som brukar Nødnett, er ikkje omfatta av dette. Delen deira skal finansierast over driftsløyvinga til direktoratet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 7,3 mill. kroner i samband med oppretting av fellesfunksjonen for å forvalte utstyret som er knytt til Nødnett, mot tilsvarende auka inntekter under kap. 451, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 02, jf. forslag til vedtak.

Post 03 Diverse inntekter

Løyvinga på posten består av inntekter i samband med kursverksemd ved Noregs brannskule, utleige av Sivilforsvarets anlegg, og sal og bortleige av kursplassar og læremateriell m.m. ved skulane. Delar av inntektene kjem frå utnytting av ledig kapasitet ved Sivilforsvarets beredskaps- og kompetansesenter og anlegg.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinn-

tekter under kap. 3451, post 03, jf. forslag til vedtak.

Post 04 Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold

Løyvinga omfattar refusjonar frå brukarar for investeringar og kjøp som brukarane bestiller gjennom DSBs avtaler med leverandørar av Nødnett. Utgiftene blir førte på kap. 456, post 45, og DSB fakturerer kundane for dette.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 63,2 mill. kroner mot tilsvarende auka inntekter over kap. 451, post 45, til kjøp på vegner av Nødnettbrukarar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Post 05 Abonnementsinntekter og refusjoner

Løyvinga omfattar DSBs inntekter frå abonnementsordninga i Nødnett. Stortinget har i Budsjett-innst. S nr. 4 (2004–2005), Innst. S. nr. 104 (2006–2007) og Innst. 371 S (2010–2011) slutta seg til at brukarane skal dekke driftsutgiftene etter kvart som Nødnett blir bygd ut og teke i bruk, og at utgiftene skal dekkast innanfor budsjetttrammene etatane har på gjeldande tidspunkt. Forventa brukarbetaling er basert på prinsippa for brukarbetaling som vart gjorde greie for i St.prp. nr. 30 (2006–2007), Prop. 30 (2006–2007) og Prop. 100 S (2010–2011), og på at fleire tek nettet i bruk.

Løyvinga dekker refusjonar for tenester og produkt kundar av Nødnett blir tilbodne utover abonnementsordninga i Nødnett. Det inneber refusjonar for linjeleige til og drift av kommunikasjonsentralutstyr og til refusjonar for drift og vedlikehald av nettverkskomponentar som blir bestilte og betalte av enkeltbrukarar. Vidare vil det i samband med utbygginga kunne komme utgifter for DNK som skal refunderast av leverandøren. Omfanget av desse refusjonane varierer.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,6 mill. kroner mot tilsvarende reduserte inntekter over kap. 451, post 22, som følge av redusert internfakturering for abonnementsutgifter i tilknytning til Nødnett for Sivilforsvaret og Noregs brannskule.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 får fullmakt til å kunne over-

skride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 03, jf. forslag til vedtak.

Post 06 Refusjoner

Løyvinga på posten består av variable inntekter og refusjonar frå andre verksemdar m.m.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,5 mill. kroner i samband med auka refusjonar for administrative tenester frå Valgdirektoratet, mot tilsvarende auka inntekter under kap. 451, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 06, jf. forslag til vedtak.

Post 40 Salg av eiendom

Etter omorganiseringa i Sivilforsvaret har det vore eit kontinuerleg arbeid med å avhende sivilforsvarsanlegg. Erfaringane viser at det er vanskeleg å avhende ein del av desse anlegga i den opne

marknaden. Det blir derfor foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overdra sivilforsvarsanlegg til ein verdi av inntil 100 000 kroner vederlagsfritt, eller til underpris når det er særlege grunnar til det, jf. forslag til vedtak.

I samband med avhending og stenging av sivilforsvarsanlegg blir det vidare foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, med inntil 75 pst. av inntektene under denne posten, jf. forslag til vedtak. Ved ev. sal i 2020 ønskjer departementet å nettobudsjettere salskostnadene ved sal av faste eigedommar. Det kan vere tilfelle der kostnader til rydding og sikring er større enn salsinntektene og det vil vere ein nettokostnad å avhende anlegget.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å trekkje salskostnader ved sal av faste eigedommar frå salsinntektene før det overskytande beløpet blir inntektsført under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Kap. 452 Sentral krisehåndtering

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	26 061	26 398	26 849
	Sum kap. 0452	26 061	26 398	26 849

Krisestøtteeininga (KSE) i Justis- og beredskapsdepartementet skal støtte leiardepartementet og Kriserådet i koordineringsfunksjonane deira og er permanent sekretariat for Kriserådet. KSE er forankra organisatorisk i Justis- og beredskapsdepartementet og understøttar òg Justis- og beredskapsdepartementets samordningsrolle på samfunnstryggleiksområdet. KSE er fast kontaktpunkt for informasjon til og frå Justis- og beredskapsdepartementet ved ekstraordinære hendingar og kriser. KSE har ansvar for det sivile situasjonssenteret til departementet, som er døgnbemanna som del av regjeringas satsing på samfunnstryggleik. Situasjonssenteret bidrar til at tidskritisk varsling og rapportering blir utført til kvar tid.

Justis- og beredskapsdepartementet er fast leiardepartement ved sivile nasjonale kriser med mindre noko anna blir bestemt. At departementet har samordningsansvar og ansvar for hovud-

tyngda av dei sivile rednings- og beredskapsressursane i Noreg, gjer at Justis- og beredskapsdepartementet i dei fleste sektorovergripande nasjonale kriser vil spele ei nasjonal rolle.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke lønns- og driftsutgifter ved KSE, medrekna husleige, vidareutvikling av og vedlikehaldskostnader for teknisk infrastruktur. Løyvinga på posten skal i tillegg dekke utgiftene eininga har i samband med sentral krisehåndtering, medrekna døgnkontinuerlig situasjons- og medieovervaking. Løyvinga skal òg dekke KSEs utgifter som sekretariat for Kriserådet. Løyvinga skal dekke drifta av det sivile situasjonssenteret og drifta av avgjerds- og loggføringsverktøyet KSE-CIM på ugradert og gradert plattform.

Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	28 750	31 927	32 527
	Sum kap. 0453	28 750	31 927	32 527

Sivil klareringsmyndighet (SKM) vart etablert i 2018 som den sentrale myndigheita for tryggleiksklarering på sivil side, og har som primæroppgave å vurdere saker om tryggleiksklarering. SKM byrja gradvis å overta saker om tryggleiksklarering frå klareringsmyndigheiter som var under avvikling, frå 1. april 2018. Saksporføljen frå dei siste klareringsmyndigheitene vart overført frå 1. januar 2019. Saksporføljen har derfor gradvis vakse gjennom 2018 og inn i 2019. SKM har hatt ei gjennomsnittleg god saksbehandlingstid i 2018 og 2019 i samsvar med Justis- og beredskapsdepartementet sitt oppdrag og føringar. SKM har fått ein auke i oppdragsmengda som følge av ny tryggingslov. Den varige endringa er usikker og departementet følgjer utviklinga nøye, men kan ikkje utelukke restansar og auka saksbehandlingsstid som følgje av at det nye regelverket er satt i kraft.

SKM bidrar til å redusere sårbarheita til dei nasjonale tryggleiksinteressene våre gjennom førebyggjande personelltryggleikstiltak. Tenesta fungerer på tvers av sivil sektor, og SKM er derfor eit tverrsektorielt instrument for å samordne personelltryggleiksarbeidet i sivil sektor.

SKM skal levere riktige klareringsavgjerder basert på høg fagleg kompetanse og med effektiv saksbehandlingstid. Klareringsavgjerdene skal bidra til å beskytte informasjon som er viktig for nasjonale tryggleiksinteresser, gjennom å redusere risikoen for at verksemdar som er omfatta av tryggingslova, har innsidarar. Ein innsidar er ein person med legitim tilgang til verksemda, system, informasjon og prosessar, og som kan utnytte denne tilgangen til tryggleikstruande verksemd. Innsidarar vil kunne ha eit breitt spekter av angrepsmål, gjennom moglegheitene til å komme i særleg posisjon til å påverke avgjerder, innhente sensitiv informasjon, gi feilaktig informasjon eller

valde skade og øydelegging som kan tene målsetjingane til den opphavlege oppdragsgivaren. Etterrettings- og tryggingstenestene har i fleire år peika på innsidetrusselen som ei utfordring. Innsidetrusselen er høgst reell, også i Noreg. Eksternt retta, og ofte kostbare tryggleikstiltak har liten effekt på ein innsidar. Ein innsidar kan dermed valde store skadar. Særleg store konsekvensar vil kunne oppstå om ein lukkast med å plassere infiltratørar eller verve personell som alt er på plass i verksemda.

God personelltryggleik er i mange tilfelle ein føresetnad for at andre sikringstiltak skal fungere etter intensjonen.

Erfaringane så langt frå SKM seier at strukturrendringane var nødvendige og bidrar til betre likebehandling og betre evne til å vurdere komplekse saker. SKM opplever at kjennskapen til personelltryggleikslandet er låg blant verksemdene, og at det derfor er behov for meir rettleiing og kommunikasjon med verksemdene, bl.a. betre opplæring av autorisasjonsansvarlege i spørjande verksemdar.

SKM har eit aktivt samarbeid med andre klareringsmyndigheter og NSM som fagmyndighet på området.

Klareringsprosessen er prega av manuelle og papirbaserte løysningar. Det er stort behov for digitalisering for å betra kvalitet og effektivitet på prosessen. Se kap. 457 for nærmare omtale av digitalisering av klareringsprosessen.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader til drift av den nye sivile klareringsmyndigheita, medrekna bl.a. lønns- og andre personalkostnader i tillegg til kostnader til leige av lokale i Moss og drift av IKT-løysingar.

Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	619 139	690 652	700 023
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 567 832	3 094 510	2 315 361
	Sum kap. 0454	2 186 971	3 785 162	3 015 384

Regjeringa signerte i desember 2013 kontrakt med AgustaWestland (no Leonardo SPA) om levering av 16 nye redningshelikopter med opsjon på ytterlegare seks helikopter av typen AW101. Avtalen omfattar tilhøyrande reservedelar og utstyr pluss opplæring og hjelpemiddel til trening. Stortinget vedtok i juni 2015 ei redusert kostnadsramme for kjøpet, jf. Prop. 101 S (2014–2015) Endringer i statsbudsjettet 2015 under Justis- og beredskapsdepartementet (redusert kostnadsramme for anskaffelse av nye redningshelikoptre mv.) og Innst. 267 S (2014–2015).

Dei nye helikoptera vil ha langt betre rekkjevidd, større fart og betre evne til å operere i dårleg vær enn dagens Sea King-helikopter. Dei nye redningshelikoptera vil gi meir tryggleik for folk på sjøen, langs kysten og i avsidesliggjande område over heile landet. Fleire av helikoptera har komme til Noreg. Tidspunktet for når den første redningshelikopterbasen blir sett i drift, har over ei lengre tid vore usikkert. utfordringar knytte til arbeidet med utvikling og godkjenning av dei nye redningshelikoptera frå leverandøren si side, med konsekvensar for programmet for innføring i Forsvaret, har ført til at arbeidet har blitt forsinka. Det har gått for seg eit planleggingsarbeid mellom Forsvarsdepartementet ved forsvarssektoren, som er ein sentral premissleverandør i arbeidet med innkjøpet av nye redningshelikopter, og Justis- og beredskapsdepartementet ved NAWSARH-prosjektet (Norwegian All Weather Search And Rescue Helicopter). Det tas sikte på å sette dei første helikoptera i drift første halvår 2020. Alle dei nye redningshelikoptera er planlagt å vere i drift i løpet av første halvår 2022.

Nye redningshelikopter gir behov for bygningsmessige tilpassingar på redningshelikopterbasane og utbetringar av landingsplassane ved sjukehusa som dagens redningshelikopter brukar. Dei nye helikoptera skal kunne lande ved dei aktuelle sjukehusa, ev. andre stader etter avtale med helseføretaka, i tråd med planen for innfa-

singa for helikoptera. Dei nye og moderne basane på flystasjonane på Ørland, Banak og Sola er alle-reie oppførte og tekne i bruk. Arbeidet med å få på plass nye bygningar på redningshelikopterbasen på Rygge er sett i gang. Tilpassingar på basane i Bodø og Florø er framleis til vurdering.

Leverandøren av dei nye redningshelikoptera var i 2010 sett i samband med ei mogleg korrupsjonssak knytt til leveranse av helikopter til indiske styresmakter. Saka har vore behandla i fleire instansar i det italienske rettssystemet, og dei to tidlegare leiarane er i siste og endelege domstolsbehandling frikjende for korrupsjon. Indiske styresmakter følgjer fortsatt opp saka i India og det er ikkje klart når tid den vil bli avslutta eller kva utfallet vil bli. Departementet følgjer opp arbeidet til leverandøren knytt til intern kontroll og tek dette jamleg opp i møte som blir haldne med leverandøren.

Justis- og beredskapsdepartementet har gått til innkjøp av mellombels sivil redningshelikopterkapasitet på Florø-basen, som starta opp i 2017. Dette vart gjort for at Forsvaret skal kunne frigjere ressursar til å kunne handtere programmet for innføring av nye helikopter.

Den høge alderen på Sea King-maskinene gir behov for meir vedlikehald og skaper ein utfordrande driftssituasjon. Eit program for vedlikehald av dagens Sea King-helikopterflåte er framleis i gang, for å sikre forsvarleg beredskap og drift fram til dei nye redningshelikoptera er på plass. Sea King utgjør framleis ein god redningshelikopterberedskap, og det blir lagt opp til at denne skal utgjere hovudkapasiteten fram til dei nye redningshelikoptera er på plass.

Forsvaret har svært god kompetanse på å operere Sea King-helikopter. Denne erfaringa har dei bygd opp gjennom meir enn 45 år. Det vil ta noko tid å komme opp på eit tilsvarande nivå når dei nye redningshelikoptera blir sette i drift.

Forsvarets Bell 412-helikopter står i dag på Bardufoss med éin times beredskap for politiet.

Regjeringa anbefalte i Prop. 151 S (2015–2016) Kampkraft og bærekraft – Langtidsplan for Forsvaret å samle Bell 412-helikoptera på Rygge som særskild helikopterkapasitet for spesialstyrkane. For å sikre at beredskapen for politiet er vareteken i Nord-Noreg foreslår regjeringa å setje i verk ei mellombels løysing for politiberedskapen i Nord-Noreg gjennom innleige av sivil helikopterberedskap.

For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg tek ein sikte på å opprette ein ny redningshelikopterbase i Tromsø basert på sivil innleige. Justis- og beredskapsdepartementet vil setje i gang ein konkurranse og hente inn anbod. Det blir foreslått at denne basen også leggjast til rette for å dekkje det spesielle behovet til politiet og at dette inkluderer dagens beredskap på ein time. Det vil på sikt vurderast om det er teneleg å gå over til Forsvaret som operatør av basen. Ei slik vurdering vil først kunne setjast igang når ein har tilstrekkeleg erfaring med drift av dei nye helikoptera. Det tas sikte på at den nye redningshelikopterbasen setjast i drift i løpet av 2022.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter, i tillegg til ressursar knytte til oppfølging av prosjektet. Løyvinga omfattar vidare ein tiltaksplan for dagens Sea King-redningshelikopterflåte som skal bidra til å oppretthalde drift og god beredskap fram til dei nye redningshelikoptera er tekne i bruk.

Det er foreslått ei ramme på 60,1 mill. kroner til gjennomføring av tiltak i tråd med gjeldande

program for vedlikehald av dagens Sea King-helikopterflåte.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,4 mill. kroner i samband med aktivitetsnivået i prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 700 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekkjer investeringar knytte til kjøp av nye redningshelikopter.

I regjeringa sitt forslag til budsjett for 2020 er det sett av 2 315,4 mill. kroner til utbetalingar knytte til investeringar ved kjøp av nye redningshelikopter og nødvendige tiltak for tilrettelegging av infrastruktur.

Nye redningshelikopter gir behov for bygningsmessige utbetringar av landingsplassane ved sjukehusa som dagens redningshelikopter brukar. Det er vedteke bygging av eit nytt Stavanger universitetsjukehus (SUS). Det er nødvendig å etablere ein mellombels landingsbase i tilknytning til dagens SUS. I samband med dette vil inntil 2,5 mill. kroner av løyvinga på kap. 454, post 45, nyttast til å finansiere ein intensivambulanse. Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga med 0,27 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på Helse- og omsorgsdepartementets kap. 732, post 73, til drift av ambulansen i åra frå 2020 til 2023.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2 315,4 mill. kroner.

Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Refusjoner	25 877	26 627	27 479
	Sum kap. 3454	25 877	26 627	27 479

Post 01 Refusjoner

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar frå Helse- og omsorgsdepartementet som kjøper ambulansetimar i redningshelikoptertenesta frå Justis- og beredskapsdepartementet. Refusjonen blir ført på

kap. 3454, post 01 Refusjonar. Det blir foreslått å gi fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 27,5 mill. kroner.

Kap. 455 Redningstjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	115 351	109 258	111 310
21	Spesielle driftsutgifter	28 480	28 202	28 959
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	4 435	5 926	6 074
71	Tilskudd til frivillige organisasjoner i rednings- tjenesten	59 799	55 334	56 819
72	Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester	106 968	112 713	122 320
73	Tilskudd til Redningsselskapet		103 612	106 393
	Sum kap. 0455	315 033	415 045	431 875

Justis- og beredskapsdepartementet har koordineringsansvar for redningstenesta, som omfattar land-, sjø- og luftredningsteneste. Hovudrednings-sentralane (HRS) leier og koordinerer alle typar redningsaksjonar, anten direkte frå Hovudrednings-sentralen Nord-Noreg eller Hovudrednings-sentralen Sør-Noreg eller ved oppdrag til underliggjande lokale redningssentralar. Leiing og samordning av landredningsaksjonar blir som regel delegert frå HRS til den lokale redningssentralen (LRS). LRS er lokalisert ved alle politidistrikt og hos Sysselmannen på Svalbard.


Norsk redningsteneste er ein nasjonal dugnad. Den offentleg koordinerte redningstenesta er omfatta av alle ressursar i landet vårt som er eigna til akutt innsats for å redde liv. Redningstenesta er derfor organisert som eit samvirke mellom ei rekke offentlege, frivillige og private aktørar, og det er dette samvirket som er grunnlaget for og berejelken i redningstenesta vår. Alle offentlege verksemder som har kapasitet, informasjon eller kompetanse som er eigna for redningsformål, pliktar å bidra i redningstenesta med tilgjengelege kapasitetar, kompetanse og fullmakter.

Samvirkeprinsippet inneber at alle aktørar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg

samvirke både i det førebyggjande arbeidet og ved redningsaksjonar. Regjeringa har fastsett organisering, roller og ansvar for redningstenesta i Noreg i kgl.res. av 19. juni 2015, Organisasjonsplan for redningstjenesten. Justis- og beredskapsdepartementet gir nærmare instruksar, mandat og retningslinjer for utøvinga av redningstenesta.

Dei frivillige organisasjonane utgjer ein viktig del av redningstenesta i Noreg. Medverknaden deira i denne samfunnsviktige tenesta er viktig. Dei frivillige er ein ressurs som redningstenesta nyttar seg av stadig oftare, og dei legg ned ein stor innsats.

Den frivillige innsatsen er viktig for å nå regjeringas mål om å sørge for ein trygg og påliteleg beredskap for kvar og ein i samfunnet. Staten legg til rette for innsatsen til dei frivillige organisasjonane gjennom årlege økonomiske tilskot og gjennom å dekke faktiske utgifter ved søk- eller redningsaksjonar. HRS og LRS gir uttrykk for at samarbeidet med dei frivillige er godt, og at oppdrag blir løyste på ein profesjonell og tilfredsstillande måte. Dei frivillige bidrar til å skape den tryggleiken samfunnet vårt byggjer på.



Figur 2.19 Månadleg fordeling og utvikling av talet på hendingar registrerte ved HRS i perioden 2012 til juli 2019

Kjelde: HRS

Det er utfordringar knytt til effektiv nødkommunikasjon i nordområda i dag. Det er aukande aktivitet i havområda i nord, og klimaendringar gjer desse områda meir tilgjengelege. Noreg har ansvar for redningsberedskap i nordlege havområde opp til Nordpolen. Dette aktualiserer behovet for velfungerande kommunikasjonsløysingar i desse områda.

Regjeringa foreslår å etablere HF-dekning i dei nordlegaste havområda. Tiltaket vil redusere risikoen for alvorlege konsekvensar av hendingar. Hendingar vil kunne handterast og koordinerast betre og meir effektivt med utvida HF-dekning. Effektiv kommunikasjon, både når det gjeld dialog med personar i nød, og når det gjeld deling av kritisk informasjon mellom redningsressursane, er viktig for rask og riktig hjelp.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader ved sentrale element ved redningstenesta, medrekna hovudredningssentralane (HRS). Bemanninga ved HRS utgjorde 52 årsverk per 31. desember 2018.

Løyvinga på posten omfattar utgifter i samband med det internasjonale satellittbaserte nødpeilesystemet COSPAS-SARSAT og utgifter til Justis- og beredskapsdepartementets nasjonale og internasjonale forplikting og engasjement innan redningstenesta.

Som følgje av at politiet skal etablere justisCert (justissektorens responsmiljø for å førebyggje og

koordinere handteringa av alvorlege IKT-hendingar) blir det foreslått å redusere løyvinga med 37 000 kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga under kap. 440, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, t.d. helikopterselskap, og frivillige redningsorganisasjonar i konkrete redningstilfelle, refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell m.m. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne, sidan utgiftene varierer med talet på og omfanget av redningsaksjonar. Forutan ein generelle auke i talet på hendingar har hendingane kravd større bruk av sivile helikopter- og flyressursar enn tidlegare. Refusjonar til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta har òg auka utover ordinær prisutvikling.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekkjer diverse investeringar til HRS for kjøp og vedlikehald av utstyr til hovudredningssentralane.

Post 71 Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten

Løyvinga på posten dekker tilskot til Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum (FORF) og til frivillige organisasjonar i redningstenesta som er representerte av paraplyorganisasjonen FORF. Løyvinga kan òg dekke tilskot til andre særskilte relevante frivillige organisasjonar innan redningstenesta. Midlane blir gitt til hovudorganisasjonar som har ei betydning for redningstenesta, og desse vil ha ansvar for fordelinga til lokale lag og foreiningar innan eigen organisasjon. Posten omfattar òg premie til forsikringsordning for frivillige i redningstenesta og varetaking av sekretariatsfunksjonen til Nasjonalt redningsfagleg råd. Sistnemnde blir vareteke av FORF.

Løyvinga omfattar òg tilskot til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta tilsvarande abonnementsordninga for alle brukarar av Nødnett.

Vidare dekker løyvinga på posten utgifter til dykkaropplæring til frivillige som deltek i redningsdykkarberedskap og må ha redningsdykkarsertifisering.

Post 72 Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester

Løyvinga på posten skal bl.a. dekke tilskot til Telenor for den samfunnsplagde tenesta dei utfører i samband med Kystradioens nød- og tryggingsteneste, og for bidraget til å halde ved lag 24-timars tårnteneste ved Svalbard lufthamn.

Kap. 3455 Redningstjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Refusjoner	4 280		
	Sum kap. 3455	4 280		

Post 01 Refusjoner

Løyvinga dekker refusjonar gjennom ulike aktivitetar i redningstenesta. Det blir ikkje budsjettert med noko beløp.

For å vareta Noregs ansvar for redningsberedskap i dei nordlege havområda på ein betre måte foreslår regjeringa å etablere ein forbetra high-frequency-dekning (HF-dekning) ved å etablere ein basestasjon på Svalbard og ein basestasjon på fastlandet i Nord-Noreg. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på posten med 6 mill. kroner.

Post 73 Tilskudd til Redningsselskapet

Justis- og beredskapsdepartementet overtek forvaltninga av tilskot til Redningsselskapet frå Samferdselsdepartementet frå 2019.

Tilskotet skal bidra til å oppretthalde Redningsselskapets innsats i redningstenesta og i det ulukkesførebyggjande arbeidet. Det dekker ein del av driftsutgiftene selskapet har til søk og redningsberedskap.

Redningsselskapet er ein landsdekkande og frivillig humanitær organisasjon. Det primære formålet er å redde liv og berge verdiar på sjøen. Organisasjonen er ein viktig beredskapsressurs og utfører søk og rednings- og hjelpeteneste langs norskekysten og i tilstøytande havområde. Redningsselskapet driv i tillegg med ulukkesførebyggjande arbeid og vern av kystmiljøet. Organisasjonen har i dag ein flåte på 57 redningsskøyter. Halvparten er fast bemanna og har 24 timars beredskap heile året. Dei andre redningsskøytene er bemanna av om lag 1 300 frivillige. I tillegg har Redningsselskapet fire ambulansebåtar som dei opererer på vegner av helseforetak i Nordland. Desse båtane er bemanna med 16 personar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot ein tilsvarande meirinntekt under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Kap. 457 Nasjonal Sikkerhetsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter			370 306
	Sum kap. 0457			370 306

Lov om nasjonal sikkerhet (tryggingslova) tok til å gjelde 1. januar 2019 og erstatta Lov om forebyggende sikkerhetstjeneste (tryggingslova) frå 1998. Det nye regelverket legg føringar på utviklinga av det forebyggjande tryggleiksarbeidet og ansvaret og oppgåvene til NSM som tryggingsorgan etter lova. NSM er frå 3. mai 2019 administrativt underlagt Justis- og beredskapsdepartementet. Forsvarsdepartementet har instruksjonsmyndighet overfor NSM i saker på ansvarsområdet deira. Leveransane frå NSM til Forsvarets operative evne skal vidareførast, og NSM er framleis ei verksemd tilknytt forsvarssektoren.

NSM har det sektorovergripande ansvaret for at forebyggjande tryggleiksarbeid blir utført i samsvar med tryggingslova. Dette omfattar bl.a eit overordna ansvar for at tryggleikstilstanden i alle sektorar blir kontrollert, og at NSM skal sjå til at verksemdene oppfyller pliktene dei har etter lova. NSM er vidare nasjonalt tryggleiksorgan i kontakten med andre land og internasjonale organisasjonar.

Personelltryggleik er eit viktig ansvarsområde for NSM. Prosessen med tryggingsklarering er prega av manuelle og papirbaserte løysingar. Det er stort behov for digitalisering for å bidra til kvalitet og effektivitet. Regjeringa har foreslått å auke løyvinga til NSM i 2020 med 20 mill. kroner til arbeidet med ny tryggingslov. Den foreslåtte auken skal bl.a. nyttast til å etablere ein meir digitalisert klareringsprosess. Digitaliseringa av klareringsprosessen vil vera omfattande og involvera mange verksemdar. Difor må arbeidet av omsyn til gjennomføring måtte gå over noko tid. Det blir særleg viktig å involvera Sivil klareringsmyndighet og Forsvarets tryggingssavdeling som er dei to største klareringsmyndighetene.

NSM er utpeika som ansvarleg myndighet etter tryggingslova til å drive ein nasjonal responsfunksjon for alvorlege digitale angrep og eit nasjonalt varslingsystem for digital infrastruktur (VDI). NSM er i tillegg nasjonalt fagmiljø for digital tryggleik. Som nasjonalt fagmiljø skal NSM støtte Justis- og beredskapsdepartementet og For-

svarsdepartementet innanfor områda departementa har ansvar for. NSM skal identifisere og foreslå nasjonale tiltak og krav og i tillegg gi råd og rettleiing. NSM blir i 2020 styrkt med 5,4 mill. kroner for styrking av kapasiteten til analyse og avdekking av alvorlege angrep mot digital infrastruktur. Styrkinga er ein del av oppfølginga av langtidsplanen for forsvarssektoren 2017–2020, jf. Prop. 151 S (2015–2016).

NSM skal leggje til rette for at verksemdar som lova gjeld for, får tilgang til informasjon om trussel- og risikovurderingar og andre opplysningar som er viktige for det forebyggjande tryggleiksarbeidet i verksemdene. NSM skal bidra til vidareutviklinga av samarbeidet med dei andre nasjonale etterretnings- og tryggleikstenestene.

Implementering av ny tryggingslov, herunder digitalisering av prosesser og tenester, vil vere prioriterte oppgåver i 2020.

Det er oppretta eit nasjonalt cybertryggleiks-senter (NCSC) som ein del av NSM. Formålet er å styrke kapasiteten samfunnet har til motstand og beredskap i det digitale rommet. Senteret skal samarbeide med og inkludere aktørar i næringslivet, eigarar av kritisk infrastruktur, grunnleggjande nasjonale funksjonar og andre offentlege organ som politiet og etterretningstenesta. Eksterne aktørar vil ha fast plass på senteret. For å sikre tydeleg ansvars- og rolledeling er det viktig med godt samarbeid mellom NCSC og politiets cyberkriminalitetssenter (NC3). Dette vil gi best mogleg utnytting av ressursane samfunnet rår over på området.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for NSM. Bemanninga utgjorde 271 årsverk ved utgangen av 2018.

Justis- og beredskapsdepartementet overtok 3. mai 2019 det administrative ansvaret for oppfølginga av NSM frå Forsvarsdepartementet. I samband med dette blir det foreslått å overføre løy-

vinga frå Forsvarsdepartementets kap. 1723, post 01, til Justis- og beredskapsdepartementets kap. 457, post 01. Løyvinga utgjer 317,1 mill. kroner.

Som ein del av overføringa er det óg planlagt ei styrking av NSM i tråd med Langtidsplan for forsvarssektoren, jf. Prop. 151 S (2015–2016) Kampkraft og bærekraft, på 5,4 mill. kroner. Styrkinga skal auke kapasiteten innan analyse og avdekking av alvorlege angrep mot digital infrastruktur.

I 2014 vart det overført 1 mill. kroner mellom Forsvarsdepartementets kap. 1723 og kap. 1700 til dekking av NSMs del til internrevisjonsordninga i forsvarssektoren. Ved overføringa av NSM til Justis- og beredskapsdepartementet blir ordninga avslutta, og det blir foreslått å auke løyvinga på

kap. 457, post 01, med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på Forsvarsdepartementets kap. 1700, post 01.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 20 mill. kroner til arbeidet med ny tryggingslov gjennom digitalisering av klareringsprosessen og etablering av samhandlingstenester for handsaming av ansvaret som departement og organ har etter tryggingslova.

I dei seinare åra har det vore ein auke i utgiftene til direktoratet, med ein tilsvarende auke i inntektene. Løyvinga speglar ikkje dette, og det blir foreslått å auke løyvinga på utgiftsposten med 21,6 mill. kroner mot tilsvarende auka inntekter over kap. 3457, post 01.

Kap. 3457 Nasjonal Sikkerhetsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Inntekter			33 815
	Sum kap. 3457			33 815

Post 01

NSMs inntekter består i hovudsak av medlemsavgifter frå næringslivet til varslingsystemet for digital infrastruktur (VDI), kurs- og konferanseavgifter og brukarbetaling ved trygggleiksgodkjenning av informasjonssystem.

I samband med at ansvaret for NSM er overført frå Forsvarsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet blir det foreslått å overføre

løyvinga frå Forsvarsdepartementets kap. 4723, post 01 til, Justis- og beredskapsdepartementets kap. 3457, post 01. Løyvinga utgjer 12,2 mill. kroner.

Inntektene har i dei seinare åra auka, med ein tilsvarende auke i utgifter for direktoratet. Løyvinga speglar ikkje dette, og det blir derfor foreslått å auke løyvinga på posten med 21,6 mill. kroner mot tilsvarende auka utgifter over kap. 457, post 01.

Programkategori 06.60 Andre virksomheter

Utgifter under programkategori 06.60 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–25	Driftsutgifter	1 516 776	1 655 483	1 539 989	-7,0
	Sum kategori 06.60	1 516 776	1 655 483	1 539 989	-7,0

Utgifter under programkategori 06.60 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
460	Spesialenheten for politisaker	47 334	47 451	48 316	1,8
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 057 160	1 183 838	1 068 646	-9,7
467	Norsk Lovtidend	5 761	4 340	4 404	1,5
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	16 758	17 179	20 230	17,8
469	Vergemålsordningen	389 763	402 675	398 393	-1,1
	Sum kategori 06.60	1 516 776	1 655 483	1 539 989	-7,0

Innleiing

Programkategori 06.60 omfattar Spesialeininga for politisaker, særskilde straffesaksutgifter m.m. (medrekna bl.a. utgifter til advokat, tolk og sakkunnig i straffesaker), Den rettsmedisinske kommisjon, Norsk Lovtidend, Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker og verjemålsordninga.

Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar fleire ordningar som skal sikre rettstryggleiken til individ og grupper. Verksemdene og ordningane i denne kategorien bidrar til målet om ei meir effek-

tiv straffesakskjede der rettstryggleiken til individet står sentralt.

Målet for programkategori 06.60 – Andre verksemdar er:

- ei meir effektiv straffesakskjede

Prioriteringar i budsjettet

Regjeringa foreslår å

- styrke Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker med 2,8 mill. kroner til digitalisering
- styrke verjemålsordninga med 2,5 mill. kroner til automatisering av verjerekneskap

Kap. 460 Spesialenheten for politisaker


(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	47 334	47 451	48 316
	Sum kap. 0460	47 334	47 451	48 316

Spesialeininga for politisaker etterforskar, avgjer påtale og fører for retten saker der tilsette i politiet eller påtalemakta er melde for å ha gjort ei straffbar handling i tenesta. Spesialeininga for politisaker set også i verk etterforsking dersom nokon døyr eller blir alvorleg skadde som følgje av tene-
stutøvinga til politiet eller påtalemakta, sjølv om det ikkje er mistanke om ei straffbar handling. Ved å behandle alle tiltalar mot politiet med same

alvor og like grundig som andre tiltalar, bidrar Spesialeininga for politisaker til rettstryggleik og ei meir effektiv straffesakskjede.

Etter ein nedgang i talet på meldingar til Spesialeininga for politisaker i 2017, var saksinngangen tilbake på same nivå som tidlegare i 2018. Saksbehandlingstida auka med ti dagar frå 2017 til 2018, frå 180 til 190 dagar.



Figur 2.20 Mottekne og påtaleavgjorde meldingar og gjennomsnittleg saksbehandlingstid, Spesialeininga for politisaker

Spesialeininga gjennomførte i 2018 ei brukarundersøking der det kom fram at brukarane oppfatar saksbehandlingstida som uakseptabelt lang. Vedvarande lang saksbehandlingstid kan svekke tilliten til ordninga i befolkninga. Ein medverkande faktor til at saksbehandlingstida har auka, er ei stor sak som har kravd mykje ressursar. Saka vil fortsette å krevje ressursar til ho er rettskraftig avgjort.

Nye og meir omfattande krav til etterforsking og irettføring er eit anna utviklingstrekk som òg bidrar til å forlenge saksbehandlingstida.

I revidert nasjonalbudsjett 2019 vart det gitt ei ekstra løyving på 1,4 mill. kroner for at Spesialei-

ninga kan oppretthalde høg kvalitet og effektivitet i saksbehandlinga.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke driftsutgifter til Spesialeininga for politisaker som lønn, godtgjersler til advokatar på verv, husleige og andre administrative utgifter. Spesialeininga for politisaker hadde 31 årsverk per 31. desember 2018.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 48,3 mill. kroner.

Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	1 057 160	1 183 838	1 068 646
	Sum kap. 0466	1 057 160	1 183 838	1 068 646


Juridisk bistand i straffesaker bidrar til ei meir effektiv straffesakskjede gjennom å sikre at sikta, tiltalte, fornærma og pårørende får den hjelpa dei treng. På denne måten kan ei rettssak gå rettferdig for seg.

Salær til offentlig oppnemnde forsvararar, bistandsadvokatar, sakkunnige og tolkar er regulert gjennom *forskrift om salær fra det offentlige til advokater mv.* (salærforskrifta) og *forskrift om salær fra det offentlige til advokater m.fl. etter faste satser (stykkprissatser) ved fri retts hjelp og i straffesaker* (stykkprisforskriften). Den langvarige trenden for statens utgifter til advokathjelp er veksende. Det blir foreslått å auke salærsatsen frå 1 040 til 1 060 kroner i timen.

Den rettsmedisinske kommisjon

Hovudoppgåva til Den rettsmedisinske kommisjon (DRK) er å kvalitetssikre rettsmedisinske erklæringer og utsegner som sakkunnige gir i straffesaker. Ny kommisjon vart utnemnd i april 2019 for perioden 2019–2023.

Talet på erklæringer DRK får tilsendt for kvalitetssikring er stigande. I 2018 behandla kommisjonen for første gong meir enn 10 000 erklæringer. Samstundes vart restansane reduserte med over 500 erklæringer. 51 pst. av dei innkomne erklæringerane er innanfor fagområdet rettspatologi og klinisk rettsmedisin. Dei andre fagområda er toksikologi, genetik og psykiatri. Desse står for høvesvis 23, 17 og 9 pst. av saksinngangen, jf. figur 2.21.



Figur 2.21 Innkomme og behandla erklæringer og restanse, Den rettsmedisinske kommisjon

Det høge talet på erklæringer legg press på den tradisjonelle arbeidsforma til kommisjonen. I samband med oppnemninga av den nye kommisjonen vart talet på medlemmer utvida frå 42 til 52. Mandatet til leiar og nestleiar av kommisjonen vart òg endra for å betre saksflyten og få sakene raskare gjennom.

Det er utfordringar knytte til rekruttering og kapasitet innan fleire rettsmedisinske fagfelt. Kommisjonen har i samband med dette gitt innspel til høyringa om ny spesialistutdanning for legar.

Salær- og stykkprisforskrift

Frå 1. januar 2017 vart godtgjersle ved reisefråvere halvert. Justis- og beredskapsdepartementet har tildelt oppdrag om evaluering av endringa til eksterne konsulentar våren 2019, jf. oppmodingsvedtak nr. 276, 16. desember 2016. Evalueringa skal liggje føre i desember 2019.

24. juni 2019 sende departementet forslag om endringar i forskrift om *salær fra det offentlige til advokater mv.* (salærforskrifta) og *forskrift om salær fra det offentlige til advokater m.fl. etter faste satser (stykkprissatser) ved fri rettshjelp og i straffesaker* (stykkprisforskrifta) på høyring. I høyringsnotatet foreslår departementet å auke godtgjersla til advokatar sitt arbeid med ankeskriving. Det blir foreslått at dei auka kostnadane blir dekt ved å disponere om midlar innanfor posten.

Bakgrunnen for dette er at departementet i Prop. 53 L (2018–2019) *Endringer i straffeprosessloven mv. (ankesiling m.m.)* har foreslått å oppheve § 321 tredje ledd, slik at òg ankar i saker som kan medføre fengsel i meir enn seks år skal vurderast på grunnlag av det alminnelege silingskriteriet i straffeprosesslova § 321 andre ledd første punktum. Ved innføring av ankesiling i seksårssaker må fleire saker bli grunnleggjande, slik at ankeskrivinga krev meir arbeid frå forsvararane enn tidlegare.

Kap. 467 Norsk Lovtidend

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	5 761	4 340	4 404
	Sum kap. 0467	5 761	4 340	4 404

Norsk Lovtidend sørger for at lover og reglar er tilgjengelege for allmenta, og at regelverkendringar kan bli kunngjorde raskt, noko som er eit viktig prinsipp for rettstryggleiken. Norsk Lovtidend blir publisert av stiftinga Lovdata på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker i hovudsak utgifter til juridisk bistand i straffesaker til personar som har rett til advokatbistand i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalt, fornærma, pårørende eller etterlatne til fornærma i ein straffesak. Løyvinga dekker utgifter til salær og reise- og kostgodtgjersle til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige oppnemnde av retten eller av Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker.

Løyvinga dekker vidare tapt arbeidsforteneste til tolkar utan salærrett og sakkunnige i straffesaker, enkelte utgifter til Den rettsmedisinske kommisjon, som honorar og/eller godtgjersle og reise- og kursutgifter samt salær og reise- og opphaldsutgifter til aktor i militære straffesaker. Løyvinga dekker òg utgiftene til Justis- og beredskapsdepartementet i samband med omsetjing av rettsoppmodingar, utleveringssaker og barne bortføringssaker etter Haag-konvensjonen av 1980.

Dei totale utgiftene på posten er i hovudsak avhengig av mengda straffesaker og omfanget av dei, oppnemnde forsvararar eller bistandsadvokatar, bruken av tolkar og sakkunnige og nivået på den offentlege salærsatsen.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 131 mill. kroner med utgangspunkt i rekneskapstal og forventa utvikling.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 068,6 mill. kroner.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til tilarbeiding av manuskript og arbeidet med den elektroniske utgåva av Norsk Lovtidend.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,4 mill. kroner.


Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	16 758	17 179	20 230
	Sum kap. 0468	16 758	17 179	20 230

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er eit uavhengig forvaltningsorgan som skal behandle krav om gjenopptaking av straffesaker som er rettskraftig avgjorde i domstolane. Kommisjonen skal rettleie, greie ut og avgjere sakene. Gjennom å opne for at domfelte kan få saka si prøvd på nytt i rettssystemet, bidrar Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker til ei effektiv straffesakskjede der rettstryggleiken til individet er i fokus.

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker tok imot og avslutta fleire saker i 2018 enn i 2017. 21 pst. av dei realitetsvurderte sakene vart opna att – ein auke frå 15,8 pst. året før. Av dei 24 sakene som i 2018 vart opna att, vart 18 opna som følgje av strafferettsleg mangel på skuldevne (75 pst.). Ein stor del av dei gjenopna sakene handlar om manglande skuldevne i gjerningsaugneblinken, noko som er illustrerande for dei gjenopna sakene gjennom fleire år, jf. figur 2.22.



Figur 2.22 Saksbehandling, Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

* Ikkje oppgitt for 2014.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter til medlemmene av kommisjonen, lønn til medarbeidarane i sekretariatet og andre driftsutgifter knytte

til kommisjonen og sekretariatet. Sekretariatet hadde 9,9 årsverk per 31. desember 2018.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,8 mill. kroner til digitalisering av kommisjonen.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 20,2 mill. kroner.

Kap. 469 Vergemålsordningen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	253 361	252 675	259 847
21	Spesielle driftsutgifter	136 402	150 000	138 546
	Sum kap. 0469	389 763	402 675	398 393

Verjemålsforvaltninga sørger for rettstryggleiken til personar som har behov for bistand til å vareta egne interesser. Førstelinja i verjemålsforvaltninga er fylkesmannen. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er klage- og tilsynsorgan. SRF har som sentral verjemålsmyndigheit bl.a. ansvar for å vareta heilskapen på verjemålsfeltet og å utvikle fagområdet i ønskt retning.

Ved utgangen av 2018 var det registrert om lag 63 000 personar med verje. Verjemålsmyndigheita forvalta nærmare 21 mrd. kroner fordelte på om lag 32 000 kontoar. Talet på verjer var ved utgangen av 2018 om lag 44 600, der i overkant av 38 000 verjer hadde eitt oppdrag. 17 verjer var registrerte med over 100 oppdrag, med ulikt omfang.

Fleire av dei som har verjemål er ikkje i stand til å forstå kva verjemålet inneber. Det er særleg viktig at det overfor denne gruppa blir lagt til rette for at frivilligheit og sjølvråderett kan varetakast. Kravet til frivillig verjemål står sentralt både ved oppretting av verjemål og i det løpande verjemålet. I 2018 og 2019 vart det sett i verk fleire tiltak for å tydeleggjere dette kravet, bl.a. vart endring av verjemålslova send på høyring. Det vart òg sett i verk ein gjennomgang for å avdekke ufrivillige verjemål (sjå tekstboks 2.2). Verjemålsforvaltninga vart styrkt med 10,2 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett 2019 for å handtere oppfølginga av dei innmelde sakene.

Verjemålsforvaltninga vil halde fram utviklingsarbeidet for å heve kvaliteten med særleg vekt på frivilligheit og individtilpassing. CRPD-komiteen (Committee on the Rights of Persons with Disabilities) sine tilrådingar og rapporten frå Riksrevisjonen har gjeve innspel til dette arbeidet. Arbeidet vil i 2020 særleg rette seg mot å styrke kvaliteten ved oppstart av verjemålet. Betre legeerklæringer og systematiske samtalar med verjehavar og verja er ein del av dette. Opplæring av og tilsyn med verjer vil òg bli styrkt, og rolla verja har når det gjeld å gi avgjerdsstøtte til verjehavaren vil stå sentralt.

Boks 2.2 Gjennomgang av ufrivillige verjemål

Ordinære verjemål er frivillige, i motsetning til verjemål der den rettslege handleevna er fråteken ved dom. Ved utgangen av 2018 var det registrert om lag 63 000 personar med ordinært verjemål, mens 224 personar var fråtekne rettsleg handleevne. Enkelte mediasaker i 2018 viste at nokre har ordinære verjemål mot sin eigen vilje. I desember 2018 bad derfor Justis- og beredskapsministeren Statens sivilrettsforvaltning om ein gjennomgang for å avdekke om fleire ordinære verjemål var uønskte. Totalt vart det sendt ut 34 000 brev til verjehavarar som ikkje var registrerte som samtykkekompetente, og til verjene deira. Det vart òg gitt informasjon på nettsidene til verjemålsforvaltninga om at ordinære verjemål skal vere frivillige, og om framgangsmåten for å oppheve verjemålet. Per 13. september 2019 har totalt 401 personar gitt tilbakemelding om uønskte verjemål. Av desse er 58 pst. avvikla eller under avvikling og 28 pst. vidareført fordi verjehavar har ombestemt seg, fått ny verje, ikkje forstått innhaldet i brevet, eller det var andre enn verjehavar som ønskte å avslutte verjemålet. 14 pst. er fortsatt til vurdering. Fylkesmannen følgjer opp desse sakene og skal ferdigstille arbeidet med gjennomgangen i 2020. Dette gjeld både oppfølging av enkeltsaker og gjennomføring av tiltak for å sikre frivilligheit i verjemålsordninga.

Omfanget av verjemålsinstituttet gjer det nødvendig å løfte fram framtdisfullmakter, som i mange saker kan vere eit alternativ til verjeordninga og offentleg medverknad. Eit forskingsprosjekt som har kartlagt og vurdert erfaringane med framtdisfullmakter og korleis ordninga kan forbetrast vart gjennomført i 2018 og 2019. Utgredi-

inga er no til oppfølging hos SRF. Det er òg sett i verk fleire tiltak for å digitalisere verjemålsforvaltninga. Regjeringa foreslår å løyve 2,5 mill. kroner til automatisering av verjerekneskapskontroll. Dette vil styrke høvet til å avdekke misbruk av midlane til verjehavaren, og det vil effektivisere arbeidet til både verjemålsforvaltninga og verjene. Departementet gjer kontinuerleg vurderingar av behovet for lov- og forskriftsendringar på heile verjemålsfeltet. Mange av klagesakene gjeld godtgjersle til verjer. Departementet vurderer derfor å endre reglane for å effektivisere saksbehandlninga, sikre betre likebehandling og gjere godtgjersla meir føreseieleg for verjer og verjehavarar.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til fylkesmannsembeta og Statens sivilrettsforvaltning, som lønn og andre administrative utgifter. I tillegg skal løyvinga dekke investeringar, nødvendig konsulentbistand, utstyr og prosjektkostnader.

Kap. 3469 Vergemålsordningen

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Vergemåls-/representantordning, ODA-godkjente utgifter	3 930	4 183	4 295
	Sum kap. 3469	3 930	4 183	4 295

Post 01 Verjemåls-/representantordninga, ODA-godkjende utgifter

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkarar og flyktingar kan etter OECD DACs statistikkdirektiv godkjennast som offisiell utviklingshjelp det første året asylsøkarar og flykt-

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner til automatisering av verjerekneskapskontroll.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 15 mill. kroner med utgangspunkt i forventta utvikling som følge av reduksjon i talet på einslege, mindreårige asylsøkarar.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 259,8 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og utgiftsdekking til verjer, jf. verjemålslova § 30. Posten dekker òg godtgjersle og utgiftsdekking til representantar for einslege mindreårige asylsøkarar i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 138,5 mill. kroner.

ningar er i mottakarlandet. Tiltaka må følgje internasjonale retningslinjer for offisiell utviklingsbistand (ODA) om dei skal kunne reknast som bistand.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,3 mill. kroner.

Programkategori 06.70 Fri rettshjelp, erstatninger, konfliktråd

Utgifter under programkategori 06.70 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–25	Driftsutgifter	921 070	930 017	992 678	6,7
60–69	Overføringer til kommuner	19 268	19 808	13 202	-33,4
70–89	Overføringer til private	582 088	567 361	642 552	13,3
Sum kategori 06.70		1 522 426	1 517 186	1 648 432	8,7

Utgifter under programkategori 06.70 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
470	Fri rettshjelp	659 909	662 141	677 293	2,3
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning	238 296	196 779	203 076	3,2
473	Statens sivilrettsforvaltning	350 920	372 579	436 621	17,2
474	Konfliktråd	152 832	173 216	174 618	0,8
475	Bobehandling	120 469	112 471	156 824	39,4
Sum kategori 06.70		1 522 426	1 517 186	1 648 432	8,7

1 Innleiing

Programkategori 06.70 omfattar utgifter knytte til fri rettshjelp, tilskotsordninga for spesielle rettshjelpstiltak, statens erstatningsansvar, erstatning i samband med strafforfølgning, Stortingets rettfærdsvederlagsordning, Statens sivilrettsforvaltning, valdsoffererstatningsordninga, konfliktrådsordninga og garantiordninga for bubehandling.

Måla for programkategori 06.70 Fri rettshjelp, erstatningar, konfliktråd er:

- ei meir effektiv straffesakskjede
- redusere alvorleg kriminalitet
- styrke førebygginga av kriminalitet

2 Budsjettprioriteringar

Regjeringa foreslår å styrke valdsoffererstatningsordninga med 3,2 mill. kroner.

Kap. 470 Fri rettshjelp

(i 1 000 kr)


Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	605 059	605 701	619 338
72	Tilskudd til spesielle rettshjelptiltak	54 850	56 440	57 955
	Sum kap. 0470	659 909	662 141	677 293

Retts hjelplova med forskrifter gir reglar om offentleg stønad til rettshjelp for dei som har behov for rettshjelp. Etter lova kan stønaden bli gitt i form av fritt rettsråd, fri sakførsel eller fritak for rettsgebyr. Fritt rettsråd og fri sakførsel inneber at den som har behov for rettshjelp får bistand frå advokat eller andre rettshjelparar. Tenesta blir heilt eller delvis betalt av det offentlege på grunnlag av den offentlege salærsatsen. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er klageinstans for vedtak gjorde av fylkesmennene, fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker og kontrollkommisjonane for psykisk helsevern. SRF etatsstyrer fylkesmennene på rettshjelpsområdet og skal bidra til styrkt kompetanse blant fylkesmannsembeta og sikre einsarta praksis.

For nokre sakstypar har søkeren krav på rettshjelp utan omsyn til inntekt eller formue. Det offentlege dekkjer alle kostnadene i desse sakene.

For andre typar saker er det berre søkarar med inntekt og formue opp til eit visst nivå som kan få stønad til rettshjelp. I tilfelle med økonomisk behovsprøving skal det normalt betalast eigendel for rettshjelpa. Inntektsgrensene er 246 000 kroner for einslege og 369 000 kroner for ektefellar og andre som lever saman og har felles økonomi. Formuegrensa er 100 000 kroner. Dersom ein søker oppfyller vilkåra knytte til inntekt og formue, og saka objektivt sett gjeld vedkommande i særleg sterk grad, kan det i nokre tilfelle bli gitt fri rettshjelp òg om saka ikkje høyrer under sakene som er nemnde over. Unntaksvis kan det bli gitt fri rettshjelp til ei sak som ikkje er oppført i lova, utan at søkeren oppfyller vilkåra knytte til inntekt og formue.

Utgiftene på kap. 470, post 01 Driftsutgifter var i 2018 tilnærma uendra frå året før.



Figur 2.23 Utgifter til fri rettshjelp

Figuren viser rekneskap utan mva. Nøytral meirverdiavgift blei innført får 2015. Beløpet for 2014 er justert for nøytral meirverdiavgift (anslag).

Regjeringa sette i oktober 2018 ned eit offentleg utval som skal gjennomgå rettshjelpsordninga. Utvalet skal innan 1. mai 2020 levere ei utgreiing til departementet, jf. oppmodingsvedtak nr. 98, 4. desember 2018.

Eksterne konsulentar har på oppdrag frå departementet evaluert regelverket knytt til utbetaling av salær til advokatar og forsvararar i straffesaker og saker med fri rettshjelp. Evalueringa vart overlevert departementet i februar 2019.

Justis- og beredskapsdepartementet gir tilskot til spesielle rettshjelpstiltak. Ordninga blir forvalta av SRF og er ein viktig del av det totale tilbodet innan rettshjelp.

Tilskotsordninga har tidlegare vore øyremerkt ulike rettshjelpstiltak. Departementet foreslår at det frå 2020 blir ope for alle aktuelle tilskotsmottakarar å søke om tilskot. Formålet med dette er å opne opp for nye tilskotsmottakarar og meir effektiv bruk av midlane. Tilskotsmottakarane skal rapportere om oppnådde mål, erfaringar med tiltaka og bruken av ressursane. I 2018 var måloppnåinga for tilskotsordninga gjennomgåande god, og rettshjelpstiltaka var innretta mot målgruppene ordninga er tiltenkt.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til advokat, sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelplova. Fri sakførsel blir gitt i saker for domstolane

og for særskilde forvaltingsorgan, som fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, kontrollkommisjonen (for psykisk helsevern), smittevernemnda m.m. I tillegg dekker løyvinga utgifter til advokat og rettshjelp i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelplova. Fritt rettsråd er juridisk rådgiving i saker som ikkje er til behandling i domstolane eller eit anna organ der det kan bli gitt fri sakførsel.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,5 mill. kroner til å behandle saker om tilbakekall av statsborgarskap, jf. omtale under programkategori 06.90.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 619,3 mill. kroner.

Post 72 Tilskot til spesielle rettshjelpstiltak

Løyvinga på posten dekker primært tilskot for å sikre rettstryggleiksarbeid, tilskot til rettshjelpsverksemd og rettspolitisk arbeid. Ordninga har vore øyremerkt spesielle rettshjelpstiltak frå 2015 til 2019. Øyremerkinga blir oppheva frå 2020. Formålet med tilskotsordninga er å gi kostnadseffektive rettshjelpstilbod til utsette grupper og menneskjer i ein spesielt vanskeleg situasjon, og som kan oppfatte at terskelen for å oppsøke ordinær juridisk bistand er høg. Heile posten blir fordelt av SRF etter søknad frå organisasjonane.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 58 mill. kroner.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Tilkjente saksomkostninger m.m.	3 682	4 062	4 192
02	Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter		5 118	5 255
	Sum kap. 3470	3 682	9 180	9 447

Post 01 Tilkjende saksomkostnader m.m.

Saksomkostnader som blir tilkjende staten i saker der éin eller begge partar får fri sakførsel (benefiserte saker) blir førte over denne posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,2 mill. kroner.

Post 02 Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til fri rettshjelp til asylsøkarar som har fått avslag på søknad om vern kan godkjennast som utviklingshjelp (ODA). Dette er i tråd med OECD/DACs presiseringar til ODA-regelverket. Sjå utdjupande omtale under kap. 3490 og i Utanriksdepartementets Prop. 1 S (2019–2020).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5,3 mill. kroner.

Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i>	149 484	109 633	113 141
72	Erstatning i anledning av straffeforfølgning, <i>overslagsbevilgning</i>	68 427	61 433	63 399
73	Stortingets rettfærdsvederlagsordning	20 385	25 713	26 536
	Sum kap. 0471	238 296	196 779	203 076

**Post 71 Erstatningsansvar m.m.,
overslagsløyving**

Kap. 471, post 71 blir belasta når staten blir dømd til, eller har inngått forlik om, å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Posten blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det har oppstått usemje om erstatningsansvaret i desse sakene. Posten blir vidare nytta til å dekke sakskostnadene til ein motpart og til å dekke forseinkingsrenter som er tilkomne fram til ein md. etter at ein dom vart rettskraftig. Utbetaling av erstatning i kontraktsforhold kan ikkje bli belasta posten. Finst det andre budsjettpostar som dekker dei aktuelle utgiftene, skal ikkje erstatningsutbetalingane belastast kap. 471, post 71. Sjå elles rundskriv G-01/2017. Løyvinga på posten er regelstyrt.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 113,1 mill. kroner.

**Post 72 Erstatning i samband med
strafforfølgning, overslagsløyving**

Ein person som har vore sikta, tiltalt eller dømd for ei straffbar handling kan ha rett til erstatning for økonomisk tap og oppreising dersom vedkommande blir frifunnen, forfølgninga mot vedkommande blir innstilt, eller vedkommande har vore arrestert eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar. Erstatninga følgjer faste satsar for krenking eller annan skade av ikkje-økonomisk art. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) behandlar og avgjer krav om erstatning etter strafforfølgning.

Dei fem siste åra har saksinngangen halde seg nokså stabil på 750–1 000 saker i året.

I 2018 var saksinngangen på 853 saker. I same periode har saksbehandlingstida hos politiet og SRF halde seg relativt stabil på høvesvis 2 til 3 md. og 1 til 2 md.

Utgiftene knytte til erstatning i samband med strafforfølgning varierer frå år til år. Mengda saker som blir behandla har mindre å seie for det totale utbetalingsnivået. Utbetalingane er først og fremst avhengige av kva for type saker som er til behandling.

Løyvinga på kap. 471, post 72 blir belasta ved dekking av erstatning i samband med strafforfølgning etter straffeprosesslova kapittel 31 og ved dekking av sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438. SRF avgjer krav om erstatning i samband med strafforfølgning og betaler ut erstatning, jf. straffeprosesslova kapittel 32. Når staten blir dømd til å betale sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438, blir utbetalinga belasta post 72. Politidistriktet eller påtalemakta som utøver partsstillinga på vegner av staten betaler ut, ikkje domstolen. Forseinkingsrenter av sakskostnadene som er tilkomne fram til ein md. etter at ein dom vart rettskraftig, kan bli belasta kap. 471, post 72. Forseinkingsrenter som er komne til etter dette tidspunktet, skal belastast driftsbudsjettet til verksemda. Løyvinga på posten er regelstyrt.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 63,4 mill. kroner.

**Post 73 Stortingets
rettfærdsvederlagsordning**

Posten dekker utbetalingar av rettfærdsvederlag. Rettfærdsvederlagsordninga er Stortingets eiga ordning der enkeltpersonar som har komme særleg uheldig ut i møte med det offentlege jamført med andre på same tid, kan søke om kompensasjon etter skjønn. SRF er sekretariat for Stortingets utval for rettfærdsvederlag.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 26,5 mill. kroner.

Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning


(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	73 778	72 579	77 021
70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i>	277 142	300 000	359 600
	Sum kap. 0473	350 920	372 579	436 621

Statens sivilrettsforvaltning (SRF) har kompetanse til å fatte vedtak innanfor bl.a. verjemålsområdet, fri rettshjelp, erstatning i samband med straffeforfølgning og saker etter valdsoffererstatningslova. SRF etatsstyre fylkesmennene på områda verjemål og rettshjelp. SRF har i tillegg som oppgåve å etatsstyre Kontoret for valdsoffererstatning. SRF utøver også sekretariatsfunksjon for Erstatningsnemnda for valdsoffer, Den rettsmedisinske kommisjon, Barnesakkyndig kommisjon, Barnevernets tvisteløysingsnemnd, Konkursrådet og Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll.

Valdsoffererstatning – Kontoret for valdsoffererstatning

Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) behandlar søknader om valdsoffererstatning frå personar som er påførte personskade som følgje av ei straffbar valdshandling. KFV behandlar òg saker om regress mot skadevaldar. Erstatningsnemnda for valdsoffer (ENV) behandlar klagar på vedtak om valdsoffererstatning som er fatta i første instans. SRF er sekretariat for ENV, og har delegert fullmakt til å gjere vedtak i nokre klagesaker.




Figur 2.24 Nye søknader, saksbehandlingstid og beholdning av ubehandla saker (restanse)

I 2018 behandla KFV om lag 9 pst. færre søknader om valdsoffererstatning samanlikna med året før. Samstundes har saksbehandlingstida ved kontoret auka. Dette har resultert i at behaldninga av ubehandla saker auka i 2018.

Det vart utbetalt om lag 277 mill. kroner i valdsoffererstatning i 2018. Det er ein reduksjon på 27 pst. frå året før, og heng saman med lengre

saksbehandlingstid ved kontoret. Samstundes vart det fatta 2 pst. fleire vedtak om krav om tilbakebetaling frå skadevaldarar. Innbetalingar frå skadevaldarar (regress) heldt seg tilnærma stabilt frå 2017 til 2018. SRF og KFV har i 2018 omprioritert interne ressursar for å følgje opp statens regresskrav. Det vart i 2018 fatta vedtak om regress i 28 pst. fleire saker samanlikna med 2017.



Figur 2.25 Erstatningsutbetaling, utestående krav og innbetalinger

I 2018 kom det inn 783 klagesaker til KfV, ein reduksjon på 22 pst. frå 2017. SRF tok imot 691 klagesaker, ein nedgang på 24 pst. frå 2017. Saksbehandlingstida på klagesaker i SRF auka frå to til tre md. i 2018. ENV betra saksbehandlingstida frå seks til fem md. i 2018. Talet på klagar som fekk medhald hos SRF og ENV er redusert med høvesvis 5 pst. og 11,5 pst. i 2018. Dette tyder på at vurderingane som er gjorde i første instans, i større grad samsvarer med vurderingane som blir gjorde i andre instans. Styrkt samhandling og einsarta praksis har vore høgt prioritert dei siste åra.

Utgreiinga frå valdsoffererstatningsutvalet (NOU 2016: 9 *Rettferdig og forutsigbar – volds-skadeerstatning*) har vore på høyring og er til oppfølging i departementet. Målet med den nye lova er å få ei ny ordning som treffer dei som treng det mest, og eit klart og enkelt regelverk som legg til rette for effektivt saksarbeid og avgjerder med høg kvalitet. Departementet tek sikte på å leggje fram forslag til ny lov om valdsoffererstatning i 2020.

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll (KK-utvalet) er eit uavhengig organ som skal kontrollere at bruken av kommunikasjonskontroll i politiet, romavlytting og dataavlesing skjer innanfor ramma av lover og instruksar. Utvalet skal òg kontrollere sletting og bruk av overskotsinformasjon, og vurdere meldingar og rapportar som politi-meistrane sender til riksadvokaten. SRF er sekretariat for utvalet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker ordinære driftsutgifter til SRF. Dette inkluderer godtgjersler, reise- og kursutgifter til medlemmer av utvala for rettferdsvederlag, ENV og KK-utvalet. Løyvinga dekker i tillegg dei ordinære driftsutgiftene til KfV, Den rettsmedisinske kommisjon (DRK), medrekna sekretariatet til kommisjonen, driftsutgiftene til sekretariatet til KK-utvalet, driftsutgiftene til sekretariatet for Konkursrådet og andre utgifter knytte til Konkursrådet, medrekna godtgjersle og reiseutgifter til medlemmene av rådet. Bemanninga i SRF utgjorde 62 årsverk og KfV hadde 28 årsverk per 31. desember 2018.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,2 mill. kroner for styrke valdsoffererstatningsordninga. Tiltaket skal bidra til å snu den negative utviklinga i restansebeholdning og saksbehandlingstid ved KfV.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2018 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 473, post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3473, post 01, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2018 kan nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 473, post 01 inntektene frå å avholde kurs og konferansar i regi av Konkursrådet samt inntekter frå rådets øvrige virksomhet, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 77 mill. kroner.

Post 70 Erstatning til valdsoffer, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker erstatning i saker etter valdsoffererstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 50 mill. kroner som følge av at det er venta noko høgare tal på behandla søknader om valdsoffererstatning i 2020.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 359,6 mill. kroner.

Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Diverse inntekter	319	5	5
	Sum kap. 3473	319	5	5

Post 01 Diverse inntekter

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgifter Den rettsmedisinske kommisjon

har i samband med kurs og eventuelle andre inntekter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5 000 kroner.

Kap. 474 Konfliktråd

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	121 764	139 266	139 495
60	Tilskudd til kommuner, <i>kan overføres</i>	19 268	19 808	13 202
70	Tilskudd	11 800	14 142	21 921
	Sum kap. 0474	152 832	173 216	174 618


Det overordna målet for konfliktråda er å bidra til å redusere alvorleg kriminalitet og å styrke førebygginga av kriminalitet gjennom bruk av gjenopprettande prosessar. Gjennom dialog kjem partane fram til løysingar som kan bidra til at dei kjem vidare i liva sine. Slike prosessar kan nyttast i straffesakskjeda som eigen strafferettsleg reaksjon på påtalestadiet og domsstadiet, som deldom eller som ledd i ei straffegjennomføring. Konfliktråd er òg ein enkel og effektiv måte å løyse sivile konflikhtar på.

1 Fleire og meir komplekse saker

Konfliktråda tok imot 7 853 saker i 2018. Dette er ein auke på 2 pst. frå 2017. Av desse var 3 559 straffesaker og 2 276 sivile saker. I tillegg fekk

konfliktråda 1 444 bortlagde straffesaker, 527 saker der ungdom er dømde til eller pålagde ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging og 47 saker med oppfølging i konfliktråd. Den totale mengda saker er relativt stabil over tid, men sakene er stadig meir alvorlege, kompliserte og arbeidskrevjande. Det er over tid færre saker med utgangspunkt i vinningskriminalitet, mens det er fleire saker med vald, truslar, krenking og seksuallovbrot. Vi viser også til omtalen av auken i talet på saker med ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, jf. punkt 2.

I brukarundersøkingar gir partane uttrykk for at dei er nøgde med behandlinga dei har fått, og det store fleirtalet vil tilrå andre å nytte konfliktrådet. Dei fleste avtalane mellom partane blir overhaldne.



Figur 2.26 Tal på saker i konfliktråda 2014–2018

2 Auke i talet på saker med ungdomsstraff og ungdomsoppfølging

Konfliktråda har ansvaret for gjennomføringa av straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging som rettar seg mot ungdom mellom 15 og 18 år som har utført alvorlege og/eller gjentekne kriminelle handlingar. Ungdomsstraff erstattar fengselsstraff og det øvre sjiktet av samfunnsstraff. Ungdomsoppfølging rettar seg mot dei som har gjort mindre alvorlege lovbrøt. Kvar enkelt ungdom blir tett følgd opp av eit tverrfagleg team etter ein individuelt tilpassa ungdomsplan.

Etter lengre tid med nedgang i ungdomskriminaliteten ser vi no ein auke. Samstundes er det utfordringar i samband med at unge blir rekrutterte til kriminelle miljø i enkelte delar av Oslo. Politiet og konfliktråda rapporterer om svært belasta ungdom som krev tett oppfølging, og der rask reaksjon ved lovbrøt er vesentleg for å få til positive åtferdsendingar.

Konfliktråda har kvart år teke imot fleire saker der ungdom er dømde til eller pålagde ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging. I 2018 fekk konfliktråda 55 saker til ungdomsstraff og 472 til ungdomsoppfølging. Dette er ein auke på 25 pst. sidan 2017. Delen ungdom som fullfører ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, har auka frå 56 pst. i 2015 til 69 pst. i 2018.

Nordlandsforskning har gjennomført ei følgjeevaluering av dei nye straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging. Sluttrapporten viser at mange ungdommar får god hjelp, men òg at det er nokre ting som kan forbestrast. Det tek for

lang tid frå ungdommen gjer eit lovbrøt, til straffegjennomføringa startar. Det er òg eit forbettingspotensial når det gjeld innhald i ungdomsplanane og tilgangen på nødvendige tiltak lokalt. Det er eit felles ansvar for mange ulike kommunale og statlege tenester å følgje opp ungdommen.

Sjølv om prosentdelen som gjennomfører ungdomsstraff og ungdomsoppfølging aukar, ser vi òg at tilbakefallsprosenten aukar. At ungdom vender tilbake til kriminalitet, kan ha mange ulike årsaker og må studerast nærmare. Det kan ha å gjere med kjenneteikn ved ungdommane, men òg med dei tiltaka som er sette i verk i gjennomføringa. Sekretariatet for konfliktråda og Politidirektoratet er i gang med analysar for å finne årsaker til og nødvendige tiltak for å redusere tilbakefall. Førebelse undersøkingar viser at ungdommane har store og samansette utfordringar. Dei kan sjølv vere utsette for lovbrøt og ha rusproblem. Ofte er det grunna rusrelaterte lovbrøt at dei er pålagde ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging, og som òg er årsaka til tilbakefallet.

For å betre kvaliteten i gjennomføringa av ungdomsreaksjonane er det sett i verk ei rekkje tiltak i konfliktråda. Det er bl.a. sett i verk tiltak for å redusere tida frå ungdommen gjer eit lovbrøt, til straffegjennomføringa startar. Dette arbeidet vil halde fram. Departementet vurderer endringar i konfliktrådslova for å forbetre kvaliteten i gjennomføringa ytterlegare med tanke på å førebygge ny kriminalitet og å hjelpe ungdommen til eit betre liv.

I 2019 vart det løyvd 16 mill. kroner til styrking av konfliktråda som ei særskild satsing mot ungdomskriminalitet og kriminelle miljø. Desse

midlane var del av ei pakke på totalt 50 mill. kroner, der det òg er foreslått ei styrking av barnevernet i Oslo og politiet. Formålet var raskare og tettare oppfølging av unge som har gjort alvorleg eller gjentakande kriminalitet, bl.a. styrking av arbeidet konfliktråda gjer med førebuing og gjennomføring av ungdomsstraff og ungdomsoppfølging. Vidare skal den samla satsinga bidra til sterkare førebyggjande innsats frå politiet gjennom sterkare nærvær i utsette område i Oslo og tettare samarbeid mellom dei ulike aktørane i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet. Det er tilsett fleire medarbeidarar i organisasjonen for å auke kvaliteten i oppfølginga av ungdom som er pålagde ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging. Dei kontora som hadde store kapasitetsutfordringar, er styrkte. Formålet er raskare og tettare oppfølging av unge som har gjort alvorleg eller gjentakande kriminalitet. Det er lagt til grunn at løyvinga på 16 mill. kroner førast vidare i 2020.

3 Effektivisering og digitalisering

Det er framleis store variasjonar mellom konfliktråda. Nokre kontor har fleire saker, andre færre, og det varierer frå det eine året til det andre. Når det gjeld ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, har enkelte kontor kapasitetsutfordringar. Dette kan gå ut over kvaliteten i gjennomføringa. Sakene er arbeidskrevjande for ungdomskordinatorane, som gjer mykje av oppfølgingsarbeidet med ungdommane.

Saksbehandlinga i konfliktråda er ein arbeidsintensiv prosess som blir utført lokalt i form av manuelle prosessar og registreringar. Vidare er saksflyten mellom kontora og meklarane manuell og papirbasert med ein viss risiko knytt til tryggleik og personvern.

Sjølv om konfliktråda får fleire komplekse og alvorlege saker enn tidlegare, kan dei likevel nyttast i fleire saker. Framleis er det mange som ikkje kjenner til tenestene til konfliktråda. Arbeidet med å gjere tenestene til konfliktråda betre kjende er kontinuerleg og tidkrevjande.

Totalt har konfliktråda rundt 125 tilsette fordelte på Sekretariatet for konfliktråda og dei lokale kontora. Mange av kontora har berre ein koordinator, og over halvparten av kontora har mellom to og fire tilsette totalt, inkludert leiar. Små einingar er sårbare og i mindre grad i stand til å behandle store variasjonar i saksmengd og sakstypar. For å løyse utfordringane i framtida, betre nå brukarane og utvikle organisasjonen og tenestene er det sett i verk endringar i konfliktråda. For å styrke fagmiljøa og gjere kontora min-

dre sårbare er talet på konfliktråd redusert frå 22 til 12. Dette inneber at konfliktråda er organisert etter same geografiske inndeling som politidistrikta. Alle dei 22 kontora blir oppretthaldne som i dag, med same geografisk plassering og tilgjengelegheit for publikum. I nokre distrikt vil to eller tre kontor innanfor det same politidistriktet ha felles leing.

Saman med digitaliseringsprosjektet som blir gjennomført i perioden 2018–2019, vil dette gjere konfliktråda betre rusta for å møte fleire og meir komplekse saker. Saksbehandlinga og samhandlinga internt og med samarbeidspartnarar vil bli digitalisert.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal gå til drift av 22 konfliktråd og til drift av Sekretariatet for konfliktråda (Sfk). Samla utgjorde bemanninga i konfliktråda 122 årsverk per 1. juli 2018.

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga med 2,2 mill. kroner knytt til realisering av gevinstar frå digitaliseringa av saksbehandlinga for konfliktråda. Vidare er det foreslått å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner i samband med redusert behov til løyving til digitaliseringsprosjektet i 2020. Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 440, post 01, i samband med flytting av oppgåver frå Justis- og beredskapsdepartementet til Sekretariatet for konfliktråda. Vi viser til omtale under kap. 440, post 01. Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga med 21 000 kroner i samband med finansiering av JustisCert i 2020.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 474, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3474, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 139,5 mill. kroner.

Post 60 Tilskudd til kommuner, kan overførast

Løyvinga skal gå til tilskot til kommunar til samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) og til tilskotsordninga for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme som Sfk forvaltar.

Regjeringa har avgjort at Justisdepartementets tilskotsordning for samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) i kommunane skal innlemmast i rammetilskotet til kommu-

nane frå og med 2020. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 6,3 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 571 Rammetilskudd til kommuner. Vi viser til omtale under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa har vidare bestemt at det skal etablerast ein tverrfagleg ressurs- og rettleiingsfunksjon for fagfeltet radikaliserings hos de regionale ressursentrene om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS), og at det skal finansierast gjennom omdisponering av Justisdepartementets gjeldande budsjetttrammer. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 0,9 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 765 Psykisk helse og rusarbeid, post 75 Vold og trauma-

tisk stress. Det blir vist til omtale under Helse- og omsorgsdepartementet.

Det blir foreslått ei løyving på 13,2 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Løyvinga skal gå til tilskot for arbeid mot vald i nære relasjonar som Sfk forvaltar. Frå og med 2019 vil òg tilskotsordninga for kriminalitetsforebyggjande tiltak bli forvalta av Sfk. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 7,4 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01. Det blir vist til omtale under programkategori 06.40.

Det blir foreslått ei løyving på 21,9 mill. kroner.

Kap. 3474 Konfliktråd

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Refusjoner	1 500	701	723
	Sum kap. 3474	1 500	701	723

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar. Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 474, post 01, mot til-

svarande meirinntekter på kap. 3474, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 0,7 mill. kroner.

Kap. 475 Bobehandling

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	115 595	104 851	148 999
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	4 874	7 620	7 825
	Sum kap. 0475	120 469	112 471	156 824

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på kapitlet dekker statens ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten) ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 43 mill. kroner som følgje av ein monnaleg auke i tvangsavviklingar, konkursbehandlingar og andre konkurssaker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 149 mill. kroner.

**Post 21 Spesielle driftsutgifter,
kan overføres**

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til Justis- og beredskapsdepartementets særskilde garantiordning.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet under garantiordninga får fullmakt til å pådra staten forplikningar med inntil 10 mill. kroner utover gitt løyving over kap. 475, post 21 slik at den totale ramma for nye tilsegn og gammalt

ansvar ikkje overstig 33 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 får fullmakt til å nettoføre som utgiftsreduksjon over kap. 475, post 21 inntekter under garantiordninga som er betalte tilbake, jf. forslag til vedtak. Slik betaling tilbake skjer når buet får inn pengar etter at tingretten har betalt ut garantibeløp til bustyrer.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 7,8 mill. kroner.

Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
50–59	Overføringer til andre statsregnskaper	340 829	360 484	375 808	4,3
	Sum kategori 06.80	340 829	360 484	375 808	4,3

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
480	Svalbardbudsjettet	340 829	360 484	375 808	4,3
	Sum kategori 06.80	340 829	360 484	375 808	4,3

Organisering

Programkategorien fell inn under Samfunnsstryggeleikskjeda.

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samstundes med statsbudsjettet, Prop. 1 S (2019–2020) Svalbardbudsjettet.

Kvart år blir det gjeve eit tilskot frå statsbudsjettet til dekning av underskotet på svalbardbudsjettet. For 2020 er det foreslått 556,3 mill. kroner i utgifter og 180,5 mill. kroner i inntekter på svalbardbudsjettet. Differansen på 375,8 mill. kroner dannar grunnlaget for tilskotet på Justis- og beredskapsdepartementets kap. 480, post 50. Underskotet er større enn i 2019, i hovudsak på grunn av at midler til skredsikring er foreslått overførte frå 2019 til 2020.

I hovudsak er det den statlege administrasjonen av Svalbard som er finansiert over svalbardbudsjettet. Dette inneber bl.a. verksemd på Svalbard som er underlagd Justis- og beredskapsdepartementet, og verksemd underlagd andre fagdepartement. Longyearbyen lokalstyre får òg løyvingane sine over svalbardbudsjettet.

Svalbardbudsjettet gir òg ei samla oversikt over statlege løyvingar til svalbardformål som ikkje er finansierte over kap. 480, post 50. Slike utgifter blir dekte over det ordinære statsbudsjettet under kapitla til dei enkelte fagdepartementa. Forslag til løyvingar for 2020 er omtalte nærmare i svalbardbudsjettet.

Måla for svalbardpolitikken

Heilskapelege meldingar til Stortinget om Svalbard blir lagde fram med nokre års mellomrom. Regjeringa la 11. mai 2016 fram Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard. Regjeringa stadfesta i denne meldinga at dei overordna måla for svalbardpolitikken ligg fast:

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- overhalde Svalbardtraktaten på korrekt måte og føre kontroll med at traktaten blir etterlevd
- bevaring av ro og stabilitet i området
- bevaring av den særeigne villmarksnaturen i området
- halde oppe norske samfunn på øygruppa

Behandlinga i Stortinget, jf. Innst. 88 S (2016–2017), viste igjen ei brei politisk semje om hovudlinjene i svalbardpolitikken. Regjeringa legg vekt på at forvaltinga av øygruppa er føreseieleg og ber preg av kontinuitet. Å halde fram med ei langsiktig forvaltning av Svalbard, i tråd med måla, vil både medverke til tryggleik for folk i Longyearbyen og medverke til stabilitet og ei føreseieleg utvikling i regionen.

Måla for svalbardpolitikken, den auka aktiviteten på og rundt øygruppa og det at fleire aktørar er til stades, gjer det nødvendig med sterk koordi-

nering og samordning av svalbardpolitikken. Mange departement har roller på Svalbard og er involverte i arbeidet med å nå måla, jf. og omtalen under pkt. 4. Polarområda er viktige politisk, noko som gjer det nødvendig å sjå verksemda til dei enkelte fagetatane i samheng og i eit breiare perspektiv. Justis- og beredskapsdepartementet er tildelt eit eige ansvar for å koordinere norsk svalbardpolitikk og har følgjande mål for politikken i Arktis, utover måla som er fastsette i stortingsmeldinga:

Mål for polarpolitikken

Mål

- 1 God samhandling i beredskap og krisehandtering.
 - 2 God samordning og koordinering av norsk polarpolitikk.
 - 3 Vidareutvikling av lokalsamfunnet i Longyearbyen.
-

Befolkning i Longyearbyen

Nedbemanninga i gruveverksemda til Store Norske Spitsbergen Kulkompani medfører ei stor omstilling for Longyearbyen. Nedbemanninga har samstundes ikkje hatt særleg innverknad på talet på sysselsette og talet på innbyggjarar i Longyearbyen. Andre næringar er i vekst, til dømes reiseliv. Samansetninga av befolkninga er derimot i end-

ring på fleire måtar, med bl.a. ein større del utlendingar enn tidlegare år.

Longyearbyen er og skal vere eit levedyktig, norsk lokalsamfunn og administrasjonssenter. Det er viktig med god balanse mellom talet på norske og utanlandske statsborgarar i dette samfunnet. Det er derfor grunn til å følgje med på utviklinga i Longyearbyen.

Tabell 2.15 Befolkningstal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
2017	2115	2158	2100	2185	2152	2145	2214	2258

Kjelde: SSB

Tal frå SSB viser at folketalet i Longyearbyen og Ny-Ålesund i første halvår 2019 var 2 258 personar. 799 personar var utanlandske statsborgarar, noko som utgjer 35 pst. av befolkninga

Regjeringa vil halde fram arbeidet for å sikre at Longyearbyen skal vere eit attraktivt alternativ for norske familiar. Det er nødvendig å leggje til rette for at folk er og kjenner seg trygge, og at bustadene held ein tilfredsstillande standard. Rammene for god samfunnsutvikling i Longyearbyen vart i si tid utvikla for å passe til eit gruvesamfunn. Det er viktig å justere både målsetjingane og føresetnadene så dei passar til eit moderne samfunn i rask

endring. Både regelverk og rammer må tilpassast utfordringar i framtida.

Regjeringa foreslo i 2019 å auke løyvinga på kap. 0022 Skattekontoret, Svalbard med 0,8 mill. kroner. Stortinget slutta seg til forslaget. Den større løyvinga vil setje skattekontoret i betre stand til å oppdatere folkeregisteret, bl.a. sett i lys av at befolkninga i Longyearbyen har vakse dei siste åra.

Regjeringa har lagd til rette for at Statsbygg skal kunne byggje 60 bustader i Longyearbyen. Dei første 30 bustadene var innflyttingsklare i 2018. Dei siste 30 stod ferdige i 2019. Sjå elles omtalen i svalbardbudsjettet.

Tiltak

Regjeringa foreslår å løyve 61,2 mill. kroner til sikringstiltak i Longyearbyen i 2020, jf. omtalen under.

Energiforsyning

Forsyningstryggleik for energi er grunnleggjande for alle samfunnsfunksjonar. Longyearbyen er ikkje knytt saman med eit større energisystem, og tilgang på energi er òg kritisk for annan grunnleggjande infrastruktur. Forsyningstryggleik for elektrisitet er derfor spesielt viktig.

Forsyningstryggleiken for elektrisitet i Longyearbyen er ikkje god nok, og det er nødvendig med større kapasitet for reservekraft.

Tiltak

Regjeringa foreslår å løyve 8,75 mill. kroner til Longyearbyen lokalstyre i 2020 som statleg tilskot for delvis å finansiere bygginga av eit nytt reservekraftverk i Longyearbyen. Kostnadene for prosjektet er estimerte til 55,5 mill. kroner. Regjeringa legg opp til at staten finansierer halvparten av kostnadene til nytt reservekraftverk. Løyvinga


til tiltaket i 2019 var på 19 mill. kroner til same formål.

I samband med behandlinga av Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard bad Stortinget regjeringa om å setje i gang ei brei utgreiing av moglegheitene for framtidig energiforsyning på Svalbard, basert på berekraftige og fornybare løysingar, jf. Innst. 88 S (2016–2017). Utreiinga vart lagd fram i juli 2018, og i november 2018 heldt Olje- og energidepartementet eit ope innspelsmøte om utgreiinga. På innspelsmøtet kom det også inn nye forslag til framtidig energiforsyning på Svalbard.

Olje- og energidepartementet kartlegg no dei ulike alternativa for framtidig energiforsyning. Dette arbeidet vil bli følgt opp med grundigare vurderingar av samfunnsøkonomiske nytte- og kostnadsverknader for eit mindre utval alternativ. Regjeringa legg til grunn at den framtidige energiforsyninga må gi forsvarleg forsyningstryggleik for busetjingane på Svalbard. Sjå elles omtalen i svalbardbudsjettet.

Beredskap og skredsikring

Det er ein auke i maritim aktivitet i farvatna rundt Svalbard. Bl.a. tyder tal frå Kystverket på at det no er fleire seglingar i farvatna ved Svalbard, spesielt nord av 79°.



Figur 2.27 Seglingar i farvatna ved Svalbard, nord av 79°

Kjelde: Kystverket/Fiskeridirektoratet

I samband med Prop. 114 S (2018–2019) Om tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet for 2019 foreslo regjeringa å utvide sesongen M/S «Polarsyssel» seglar, frå ni til ti månader i 2019. Stortinget slutta seg til forslaget, jf. Innst.

391 S (2018–2019). Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 480 post 50 med 5 mill. kroner i 2020 for å gjere forlenginga av seglingssesongen frå ni til ti månader permanent. Midlane vil bli plassert

på svalbardbudsjettet kap. 0006 Sysselmannens transportteneste, post 01 Driftsutgifter.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har frå 2016 gjennomført regional snøskredvarsling for regionen Nordenskiöld Land. I tillegg vart det etablert lokal varsling for Longyearbyen. Universitetsenteret på Svalbard (UNIS) er samarbeidspartnar for observasjonar.

NVE ferdigstilte første del av sikringstiltak under fjellet Sukkertoppen i 2018 til ein kostnad på 32,5 mill. kroner. Fleire bygg i Longyearbyen ligg truleg innanfor faresonegrensene for 100-års-skred (raud sone). NVE har leidd ei breitt samansett ekspertgruppe som i 2018 la fram nye skredvurderingar. Dei viser at skredfaren er vesentleg, og at fleire bustader under Sukkertoppen ikkje lar seg sikre med fysiske tiltak som vollar, skjermar eller liknande.

I svalbardbudsjettet for 2019 vart det løyvd 45 mill. kroner til sikringstiltak i Longyearbyen over kap. 0007, post 30 Skred- og bustadtiltak. Arbeidet med skredsikring inneber m.a. prosjektering og grunnundersøkingar. Nye klimaframskrivingar medfører utfordringar innan geoteknikk, fundamentering og bygging av fysiske tiltak i område med permafrost. NVE får gjennomført supple-

rante grunnundersøkingar og temperaturmålingar for å kunne ta endeleg stilling til prosjektet. Framdrifta er førebels vurdert å bli forseinka med eitt år samanlikna med opphavelig plan. Det ligg an til at arbeidet med Sukkertoppen held fram og vert avslutta i 2021. Det ligg òg an til at delar av løyvinga for 2019 ikkje vil bli brukt opp. Regjeringa vil kome tilbake til dette i samband med ny saldering av budsjettet for 2019. På grunn av ovannemnte forseinking blei løyvinga på kap. 0007, post 30 gitt stikkordet «*kan overførast*» i samband med revidert nasjonalbudsjett 2019.

Tiltak

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Sysselmannens transportteneste med 5 mill. kroner i 2020. Løyvinga skal gå til å forlenge seglingsseasonen til Sysselmannens fartøy M/S «Polarsyssel» frå 9 til 10 månader i 2020.

Regjeringa foreslår å løyve 61,2 mill. kroner til skredtiltak i Longyearbyen i 2020 på kap. 0007 post 30. Løyvinga vil kunne nyttast av NVE gjennom ei belastningsfullmakt. Regjeringa foreslår òg for 2020 å gi kap. 0007, post 30 stikkordet «*kan overførast*».

Kap. 480 Svalbardbudsjettet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Tilskudd	340 829	360 484	375 808
	Sum kap. 0480	340 829	360 484	375 808

Post 50 Tilskot

Tilskotet går til dekning av underskotet på svalbardbudsjettet.

Programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring

Utgifter under programkategori 06.90 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–25	Driftsutgifter	2 217 886	1 874 068	1 980 706	5,7
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	88 429	118 028	66 972	-43,3
60–69	Overføringer til kommuner	199 055	138 354	163 510	18,2
70–89	Overføringer til private	214 619	189 814	253 246	33,4
Sum kategori 06.90		2 719 989	2 320 264	2 464 434	6,2

Utgifter under programkategori 06.90 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
490	Utlendingsdirektoratet	2 401 832	2 020 312	2 166 493	7,2
491	Utlendingsnemnda	318 157	299 952	297 941	-0,7
Sum kategori 06.90		2 719 989	2 320 264	2 464 434	6,2

1 Innleiing

Programkategorien omfattar utforming og iverksetjing av innvandrings-, asyl- og flyktningpolitikk som Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for, med unntak av oppgåver som høyrer til ansvarsområdet til politiet. Kategorien omfattar bl.a. utvikling og forvaltning av utlendingslovgevinga, drift av asylmottak, tiltak for assistert retur og drift av Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utlendingsnemnda (UNE). Departement med særleg ansvar innanfor utlendingsforvaltninga i tillegg til Justis- og beredskapsdepartementet er Arbeids- og sosialdepartementet (arbeidsinnvandring og all innvandring frå EØS-land), Barne- og familiedepartementet (omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar under 15 år), Kunnskapsdepartementet (busetjing, statsborgarskap og samordning av integreringspolitikken) og Utanriksdepartementet (utanriksstasjonar). Ansvar for den

konkrete gjennomføringa ligg hos UDI, UNE, Utlendingsforvaltningas fageining for landinformasjon (Landinfo), politiet, utanrikstenesta, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Politiet sine oppgåver med utlendingskontroll og gjennomføring av returar m.m. er nærare omtalte under programkategori 06.40. Justis- og beredskapsdepartementet har ifølgje kgl.res. av 18. desember 2009 også det overordna ansvaret for å utforme og samordne statens flyktning- og innvandringspolitikk.

Dei største utgiftspostane under programkategori 06.90 er knytte til drift av mottak for asylsøkarar (kap. 490, post 21), økonomiske ytingar til bebuarar i mottak (kap. 490, post 70), tilskot til vertskommunar for asylmottak (kap. 490, post 60) og drift av UDI og UNE (kap. 490, post 01 og 22 og kap. 491, post 01 og 21). Behovet for løyvingar på feltet er i stor grad avhengig av kor mange per-

sonar som søker asyl, andre opphaldsløyve og arbeid i Noreg. I regjeringas forslag blir det til dømes foreslått å løyve om lag 900 mill. kroner knytt til asylmottak (kap. 490, post 21, 60, 70 og 71) i 2020. Til samanlikning ble det nytta om lag 6,4 mrd. kroner på disse postane i 2016, som følge av dei store inntekstane av asylsøkarar i 2015. Ved fortsatt låge inntekstar av asylsøkarar framover, vil det bli vurdert ytterlegare nedbygging av mottakskapasitet.

Migrasjonskjeda består av organa med ansvar for prosessen frå ein person søker om opphaldsløyve eller vern i Noreg, til opphald er gitt, busetjing og deltaking i arbeids- og samfunnsliv, eller avslag og eventuelt retur til heimlandet eller trygt tredjeland for dei som har søkt frå Noreg. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for etatsstyringa, regelverksutvikling og returarbeid. Kunnskapsdepartementet har hovudansvaret for busetjingsarbeidet og regelverksutviklinga på statsborgarområdet. UDI behandlar søknader etter utlendingslova og statsborgarlova samt klagar på vedtak gjort av utanriksstasjonane og politiet. UDI forvaltar òg mottaksapparatet for asylsøkarar og har eit operativt ansvar for assisterte returar. UNE er klageinstans for vedtak UDI har gjort i førsteinstans.

Sjå omtalen av hovudutfordringar og hovudmål for migrasjonskjeda under del I. Desse hovudmåla er knytte til programkategori 06.90:

- få asylsøkarar utan behov for vern
- rask retur av personar utan lovleg opphald
- få personar skal ha opphald med feil identitet eller på feil grunnlag

Få asylsøkarar utan behov for vern

Eit høgt tal asylsøkarar fører til høge offentlege utgifter og set det norske asylsystemet og den norske velferdsmodellen under press. Søknader frå personar som ikkje har reelt behov for vern, fører både til høgare utgifter for staten og til at det blir færre ressursar å bruke på menneske i nød, då ein stor del av utgiftene knytte til asylsøkarar blir finansiert over bistandsramma.¹ Det er derfor eit mål at så få som mogleg skal komme som asylsøkarar til Noreg utan at dei har behov for vern. I tillegg er det viktig at utlendingsmyndigheitene vurderer å kalle tilbake opphaldsløyve når personar ikkje lenger har behov for vern.

¹ Utgiftene til mottak og retur av asylsøkarar i løpet av det første året i Noreg, og stønad til reintegrering i heimlandet, blir klassifisert som offisiell utviklingshjelp etter retningslinjene til OECD/DAC. Sjå òg omtalen under kap. 3490.

Rask retur av personar utan lovleg opphald

Utlendingar som ikkje har lovleg opphald i Noreg, har plikt til å forlate landet (utreiseplikt). Rask retur er viktig for å ta vare på tilliten til asylinstittuttet, motarbeide kriminalitet og redusere offentlege kostnader. Til dømes bidrar retur til kortare opphaldstid i mottak. Rask retur kan gjennom signaleffektar òg bidra til å redusere talet på asylsøkarar ved at færre personar utan reelt behov for vern reiser til Noreg.

Retur er òg viktig av omsyn til den enkelte med utreiseplikt som oppheld seg ulovleg i Noreg. Personar med utreiseplikt lever på sida av det norske samfunnet og er derfor meir utsette for utnytting, for å bli dratt inn i kriminalitet eller for å bli radikalisererte. Eit liv utan lovleg opphald er belastande sosialt og for helse, særleg for barn.

Dei som får endeleg avslag på søknad om opphald, får ein frist til å forlate landet, normalt tre veker. Vedkommande kan rette seg etter dette ved å returnere til heimlandet innan denne fristen, anten på eiga hand (sjølvorganisert retur) eller med hjelp frå norske styresmakter (assistert retur). Dersom utlendingen ikkje vel verken sjølvorganisert eller assistert retur innan fristen, kan politiet gjennomføre tvangsretur. Arbeidet med tvangsreturar er omtalt under programkategori 06.40.

Få personar skal ha opphald med feil identitet eller på feil grunnlag

Dei siste åra er det blitt retta meir merksemd mot å avklare rett identitet for personar som søker om opphaldsløyve, så tidleg som mogleg, og om dokumenta dei legg fram er ekte. Betre ID-arbeid har ført til at utlendingsmyndigheitene har avdekt at fleire personar har opphaldsløyve basert på feil identitet. På same tid har det blitt oppdaga at personar har fått opphald basert på andre urette opplysningar. Justis- og beredskapsdepartementet har derfor f.o.m. budsjettåret 2019 endra målet «raskare avklaring av identitet» til «få personar med opphald med feil identitet eller på feil grunnlag». Vi viser til nærmare omtale av resultata knytte til identitetsarbeid under programkategori 06.40.

1.1 Internasjonalt samarbeid

Regjeringa skal aktivt fremme norske interesser i prosessane innan FN og EU der rammene for samarbeid om handteringa av flukt og migrasjon blir diskuterte. Nokre av utfordringane kan bli

løyste ved nasjonal regulering, men fordi migrasjonen er internasjonal, må Noreg i stor grad finne løysingar saman med andre.

I 2018 vart det fleirtal i FN for å anerkjenne to globale plattformer for handtering av dei store utfordringane med flukt og migrasjon. Plattformene er ikkje rettsleg bindande, og dei søker ikkje å skape ny folkerettsleg sedvane. For flyktingplattforma er betre handtering av flyktingar i nærområda ei hovudsatsing, og særleg at landa der treng meir støtte frå det internasjonale samfunnet. Noreg har støtta denne tilnærminga. Overføring av flyktingar frå vertsland med store flyktinggrupper til varig vern/opphald i tredjeland er òg eit viktig element. Flyktingplattforma har som mål at fleire land skal bidra med overføring av flyktingar og at det skal bli fleire kvoteplassar. Noreg har i dag ei kvote på 3 000 plassar. Dette er meir per capita enn dei fleste andre land. Det har vore ein sentral norsk posisjon i arbeidet med Flyktingplattforma å oppmode fleire land om å bidra. Det blir ikkje lagt opp til å auke talet på plassar på den norske kvoten, men å vidareføre nivået på 3 000 plassar i 2020. Flyktingplattforma vil bl.a. bli følgd opp gjennom eit globalt flyktingforum på ministernivå, som skal ha sitt første møte i desember 2019 og deretter kvart fjerde år. Annakvart år blir det administrative høgnivåmøte. For migrasjonsplattforma er eit hovudmål å styrke det internasjonale samarbeidet for å gjere migrasjonen meir ordna. Dette må etter norsk og europeisk syn innebære at kvart enkelt land har rett til sjølv å avgjere kven som har rett til innreise og opphald, og må omfatte sterkare samarbeid om retur og plikt til å ta tilbake dei som ikkje får opphald i andre land. Plattformen har også som mål at landa skal ha gode og fleksible reglar for lovleg migrasjon. I Noreg har vi slike reglar, og det er ikkje aktuelt å liberalisere disse som følgje av vår tilslutning til plattformen. Etter mellomstatlege forhandlingar ble det etablert ein oppfølgingsmekanisme i 2019. Den første regionale oppfølgingskonferansen blir arrangert i 2020.

1.1.1 Samarbeid med transitt- og opphavsland om retur

Utanriksdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet samarbeider tett for å styrke samarbeidet om retur og migrasjon med sentrale transitt- og opphavsland. Eit viktig verkemiddel er å bruke Noregs posisjon, bl.a. som bistandsgivar, for å få på plass fleire returavtalar og arbeide for ei samordna tilnærming til migrasjonsutfordringane gjennom dialog og tiltak overfor slike land. Utanriksdepartemen-

tet og Justis- og beredskapsdepartementet har utvikla felles landstrategiar for retur til særleg utfordrande opphavsland. Resultatet av landstrategiane er at det er gjort viktige gjennombrøt med enkelte opphavsland gjennom å integrere retur i det bilaterale samarbeidet Noreg har med aktuelle land. Dei felles landstrategiane for retur til særleg utfordrande opphavsland vart reviderte i 2019 og gjeld ut 2020. Regjeringa arbeider også med returavtalar med land utover landstrategiane.

Departementet arbeider med å få til betre ordningar for retur og for velordna og trygg internasjonal migrasjon gjennom å gi tilskot til internasjonale organisasjonar og tiltak i land som inngår returavtalar med Noreg, og i land Noreg har migrasjonssamarbeid med. I 2018 tildelte Justis- og beredskapsdepartementet nærmare 30 mill. kroner i tilskot, sjå nærmare omtale under kap. 490, post 72.

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å sikre ei samordna tilnærming til migrasjon og retur. Dette inkluderer å vidareføre landstrategiar for retur, og styrkt samarbeid med viktige opphavsland for å få til fleire returavtalar eller -ordningar for å sikre effektiv retur av personar utan lovleg opphald.

Regjeringa arbeider med å leggje til rette for retur til opphavslandet av einslege mindreårige utan behov for vern. Det omfattar å vurdere alternative løysingar for omsorg dersom det ikkje er mogleg å spore opp familiane til dei mindreårige. Det blir i første rekkje arbeidd med eit tilbod i Afghanistan.

Per juni 2019 har Noreg 14 spesialutsendingar for utlendingssaker i viktige transitt- og opphavsland. Stillingane blir dekte av Utanriksdepartementet, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for dette departementet. Formålet med desse stillingane er å hjelpe utlendingsforvaltninga med spørsmål som gjeld fastsetjing av identitet og gjennomføring av returar. Spesialutsendingane bidrar òg til dialog og samarbeid over tid med opphavslanda. Talet på spesialutsendingar skal vidareførast i 2020.

1.1.2 Samarbeid med EU på returfeltet

Noreg er knytt til EUs retursamarbeid, bl.a. gjennom Schengen-samarbeidet. EU har utvida samarbeidet med både transitt- og opphavsland om retur og har styrkt det operative retursamarbeidet. Regjeringa støttar opp om ei slik tilnærming. Det bidrar til å oppretthalde asylinstituttet og avgrense talet på asylsøkarar i Europa utan behov for vern. Regjeringa vil òg at Noreg skal kople seg tett til EUs returavtalar og -ordningar der dette er naturleg. Styrkinga av mandatet til Frontex på

returområdet er viktig for å sikre ein effektiv returpolitikk i heile Schengen-området. Noreg tek også aktivt del i forhandlingar om returdirektivet. Regjeringa støttar EUs kopling av returarbeid til visumpolitikk, slik at manglande samarbeid om retur kan resultere i innstrammingar i visumprosedyrane hos alle EU/Schengen-land.

Justis- og beredskapsdepartementet tar sikte på å forskriftsfeste ordninga med tilskot til assistert retur i løpet av 2019. Dette vil føre til eit tydelegare regelverk som er enklare å forstå både for dei som søker, og for dei som behandlar søknaden om assistert retur. Regjeringa varsla i samband med revidert nasjonalbudsjett 2019 at det ville bli gjort endringar i tilskotet til assistert retur som medfører lågare satsar som grunnlag for utbetalinga til assisterte returar i 2019, jf. Prop. 114 S (2018–2019). Etter ei ny vurdering er satsane likevel vidareført på sama nivå som tidligare.

Dei aller fleste asylsøkarane kjem til Noreg etter å ha reist gjennom andre europeiske land. Regjeringa støttar europeiske tiltak på asylfeltet, basert på enkle, føreseielege og effektive rettsreglar, og ei reform av EUs rettsakter som søker å førebyggje ukontrollerte sekundærrørsler og sikre jamnare fordeling av asylsøkarar i Europa. Dublin-samarbeidet er her sentralt. Ei slik støtte til europeiske tiltak skaper òg forventningar om at Noreg bidrar aktivt til tiltak på migrasjonsfeltet på europeisk nivå.

Dublin-forordninga slår fast kva for land innanfor Dublin-samarbeidet som har ansvaret for å behandle ein søknad om vern (asyl). I 2016 la Europakommisjonen fram forslag til endringar i både Dublin- og Eurodac-forordninga, som ledd i ei større reform av det felleseuropeiske asylsystemet (CEAS). Det er utfordrande å bli samde om eit revidert regelverk, bl.a. fordi forslaget inneheld ein mekanisme for fordeling av asylsøkarar mellom land i Dublin-samarbeidet. Det er usemje om slik fordeling skal være obligatorisk, eller om ein òg skal kunne bidra på anna vis. Regjeringa er positiv til norsk deltaking i eit framtidig Dublin-samarbeid og er i utgangspunktet positiv til ein permanent fordelingsmekanisme mellom alle europeiske land. Det er uvisst korleis den framtidige Dublin-forordninga vil bli. Regjeringa vil først ta endeleg stilling når det er oppnådd semje i EU om nye Dublin-reglar. For å hindre sekundærrørsler av asylsøkarar i Europa er Noreg tent med eit harmonisert regelverk. Revisjonen av dei andre delane av asylregelverket kan påverke Noreg indirekte gjennom domstolsavgjerder eller gjennom anna praksis- og regelverksutvikling.

Europakommisjonen har vidare lagt fram eit forslag om endringar i EUs asylbyrå, European Asylum

Support Office (EASO), der Noreg deltek. Formålet er å styrke byrået si evne til å bidra til at asylsystemet i Europa fungerer betre, og til å kunne hjelpe i situasjonar med høgt migrasjonspress i landa. Dette skal byrået bl.a. gjere ved å leggje til rette for gjennomføringa av CEAS. Byrået skal òg bli betre i stand til å gi operasjonell og teknisk assistanse til landa, bl.a. ved å sende ekspertar til utvalde land. Det er usikkert når det reviderte regelverket vil bli vedteke. Endringane vil ha konsekvensar for Noregs deltaking i byrået, også økonomiske konsekvensar, når forslaget blir vedtatt.

Norske styresmakter vil framleis hjelpe europeiske land som har særleg migrasjonspress. Noreg har gjennom *EØS-midlane* sidan 2012 brukt i overkant av 200 mill. kroner på å styrke Hellas på asyl- og migrasjonsfeltet, inkludert mottak og asylsaksbehandling. Støtta til Hellas vil halde fram i inneverande periode (2014–2021) med 33 mill. euro. I tillegg vil EØS-midlar bli brukte på asyl- og migrasjonsfeltet i Romania og Bulgaria, med 5 og 5,9 mill. euro. Vi viser til omtalen av EØS-midlane i Prop. 1 S (2019–2020) for Utanriksdepartementet. I tillegg støttar vi europeiske land ved å sende ut ekspertar gjennom asylbyrået EASO.

1.1.3 Samarbeid med FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR) – kvoten for overføringsflyktningar

Regjeringa vil at Noreg skal halde fram med å ta ein del av ansvaret for flyktningar i verda. Noreg bidrar med å ta imot flyktningar på ein årleg kvote i tett samarbeid med UNHCR. Formålet er å gi vern til særleg utsette flyktningar, gi ei varig løysing for flyktningar utan utsikt til andre løysingar og bidra til ansvars- og byrdedeling med aktuelle vertsland med store flyktninggrupper. Dette er i tråd med den globale flyktningplattforma.

Regjeringa meiner at talet på kvoteplassar skal sjåast i samheng med talet på asylsøkarar og andre innvandrings- og integreringsutfordringar i Noreg, og eventuell relokalisering av asylsøkarar frå EU. På grunn av det låge talet på asylsøkarar og den forventta nedgangen i familieinnvandringa foreslår regjeringa å vidareføre kvoten på same nivå som i 2019 med 3 000 plassar. Dette er fleire per capita enn dei fleste andre land.

Justis- og beredskapsdepartementet fastset årleg, i samråd med Utanriksdepartementet og Kunnskapsdepartementet, kva for flyktninggrupper som skal bli prioriterte i kvoten. Kvoten blir vurdert fleksibelt i treårsperiodar. Plassar som ikkje blir nytta eitt år, kan overførast til neste år, og omvendt, innanfor perioden. 2020 er det andre året i gjeldande treårsperiode. Sjå nærmare

omtale av kvota for overføringsflyktningar under kap. 490 *Utlendingsdirektoratet*.

1.2 Talet på asylsøkarar og migrasjonspotensialet

Talet på asylsøkarar og irregulære migrantar til Europa totalt sett har vore nokså stabilt sidan hausten 2016.


Det lågare talet på asylsøkarar og irregulære migrantar heng blant anna saman med tiltak som er sette i verk på yttergrensa, europeisk samarbeid med naboland og samarbeid med tredjeland. Blant anna har samarbeid mellom EU og Tyrkia og land på Vest-Balkan om migrasjonskontroll ført til at færre asylsøkarar er komne til Europa. Betre registrering av personar som kjem over yttergrensene til Schengen-området, og bruk av personkontroll på nokre av dei indre grensene mellom Schengen-land har ført til at færre av dei som er komne til Europa, kjem vidare til Noreg.

Det er framleis ikkje alle migrantar som kjem til Europa, som blir registrerte og identifiserte i det første landet dei kjem til. Det er behov for ytterlegare styrking av registreringsarbeidet langs yttergrensene, og det er forventat at Noreg bidrar i dette arbeidet. Vidare kjem ein del av asylsøkarane regulært til Europa med ordinære transportmiddel og har reisedokument. Ein må rekne med at nokre av desse søker asyl, men visumpraksis må vurderast nærmare dersom dette gjeld mange frå visse land. Andre reiser inn med falske eller stolne reisedokument. Dette viser at det er behov for god dokumentkontroll.

Det er altså gjort mange grep for å kontrollere den irregulære migrasjonen, men dette er ein skjør situasjon som kan endre seg raskt. For å oppretthalde best mogleg kontroll er det nødvendig at fleire land held fram med tiltak for å hindre irregulær migrasjon. Dersom andre europeiske land og land i naboregionane skal oppretthalde tiltak, er det viktig at andre land, inkludert Noreg, òg tek del i dette arbeidet.


Talet på personar som søker asyl i Noreg, har dei siste åra vore lågt. Figuren under viser små endringar i nivået på talet asylsøknader frå 2016. Det ser ut til at talet på asylsøkarar vil halde seg på eit lågt nivå òg i 2019. Per første halvår var det registrert 982 asylsøkarar. Det er forventat at det vil komme mellom 2 000 og 5 000 asylsøkarar til Noreg i 2019, og prognosen som ligg til grunn for løyvingforslaga, er 3 000 i 2019 og i 2020.

Det er lite truleg med ein stor auke i talet på asylsøkarar til Noreg på kort sikt dersom dei iverksette tiltaka held fram. Dette gjeld samarbeidet mellom EU og viktige naboland i aktuelle regionar, indre grensekontroll i Schengen, grensekontroll mellom aktuelle europeiske land og innstrammingstiltak i Noreg. Det er likevel krevjande å anslå talet på asylsøkarar til Noreg. Den kraftige auken hausten 2015 viser at situasjonen kan endre seg raskt. Faktorar som kan spele inn, er konflikatar og mangel på stabilitet i ei rekkje land, fattigdom og demografisk utvikling. Talet på flyktningar og irregulære migrantar er framleis stort i nærområda til Europa, og migrasjonspotensialet er dermed stort.



Figur 2.28 Asylsøkarar til Noreg 2014–30. juni 2019

¹ «Tidsbegrenset oppholdstillatelse til enslige, mindreårige asylsøkere over 16 år som får opphold på grunn av mangel på forsvarlig omsorg ved retur»



Figur 2.29 Asylsøkarar til Noreg samanlikna med EU, 2015–2018

Kjelde: UDI, Eurostat

Figuren over viser at Noregs del av asylsøkarane som kom til land i EU/EFTA, er blitt mindre. Dessutan ligg talet på asylsøkarar per million innbyggjarar i Noreg markert under snittet for EU-landa i 2016–2018, mens det låg over i 2014–2015. Hovudårsaka til at det berre var ein svak nedgang i talet på asylsøkarar per million innbyggjarar i EU frå 2015 til 2016, var at mange av dei som kom i 2015 til store EU-land som Tyskland, ikkje vart registrerte som asylsøkarar før i 2016.

1.3 Regelverksendringar

Ein legg til grunn at gjennomførte innstrammingar i regelverket og signaleffektar av endringane kan ha bidratt til at talet som søker asyl, no er lågt. Vi viser til dei innstrammingane som vart vedtekne av Stortinget ved behandlinga av Prop. 16 L (2015–2016), Prop. 90 L (2015–2016), Prop. 91 L

(2015–2016) og Prop. 149 L (2016–2017). Dei hadde som mål å redusere talet på asylsøkarar utan behov for vern og å forebyggje ein ny kraftig auke i talet på asylsøkarar.

Talet på asylsøkarar til Noreg har vore stabilt lågt etter dei høge tala i 2015. Regjeringa følgjer nøye med på det internasjonale migrasjonsbiletet og vil vurdere nye regelendringar når det kan vere formålstenleg.

Ved familieinnvandring til Noreg meiner regjeringa at innvandraren anten må kunne forsørge seg sjølv eller bli forsørgd av den personen vedkommande blir gjenforeint med. Regjeringa vil kjempe mot tvangsekteskap og fleirkoneri og hindre at reglane om familieinnvandring blir undergravne gjennom utnytting. Det vil derfor også i framtida vere behov for å gå gjennom regelverk og praksis og vurdere nye tiltak for å hindre dette.

Tabell 2.16 Familieinnvandringsløyve etter innvandringsgrunnen til familiemedlemmen i Noreg, 2015–30. juni 2019

	2015	2016	2017	2018	2019 (jan.–jun.)
Norsk/nordisk	25 %	24 %	19 %	25 %	22 %
Flukt	34 %	40 %	46 %	30 %	26 %
Familie	11 %	12 %	9 %	11 %	10 %
Arbeid	19 %	15 %	17 %	24 %	33 %
Utdanning	7 %	6 %	6 %	8 %	7 %
Andre	4 %	3 %	3 %	3 %	3 %
Total	12 592	15 580	14 432	10 940	5 781

Kjelde: UDI

Regjeringa følgjer opp Granavolden-plattformen ved å foreslå å redusere gebyret med 25 pst. for familiegjengeforeining med personer med fluktbakgrunn frem til innvilga permanent opphald. Endringa gjeld dei som søker om gjengeforeining med familie som var etablert før referansepersonen kom til Noreg, ikkje dei som søker om å etablere seg med ny familie (familietablering). Samstundes har det vist seg å vera grunnlag for andre justeringar i gebyra på utlendingsfeltet, slik at dei dekker dei reelle utgiftene ved å behandle sakane. Gebyra for søknad om arbeid, au pair og permanent opphald blir foreslått auka, medan gebyret for utdanningsakar blir foreslått redusert, jf. omtale av kap. 3440, post 06.

1.3.1 Avdekking av misbruk og tilbakecall av opphaldsløyve

Regjeringa vil vidareføre arbeidet med å kalle tilbake flyktningsstatus og opphaldsløyve når det ikkje lenger er behov for vern, slik flyktningskonvensjonen og utlendingslova opnar for. UDI har halde fram arbeidet med å kalle tilbake opphaldsløyve etter departementets instruks GI-14/2016 (*Revidert instruks om tilbakecall av flyktningsstatus og oppholdstillatelse når beskyttelsesbehovet er bortfalt, jf. utlendingsloven § 37 første ledd bokstav e og f*). UDI hadde ved utgangen av juni 2019 om lag 900 slike saker til behandling. Sidan 2017 og fram til 30. juni 2019 har UDI trekt tilbake 35 opphaldsløyve på dette grunnlaget. I mange saker har det vore grunn til å gi eit nytt opphaldsløyve. UDI har i same periode skrinlagt om lag 400 saker, og i om lag 30 saker har dei gjort vedtak om ikkje å kalle opphaldsløyvet tilbake.

Det er fleire tilfelle av at personar prøver å misbruke asylinstituttet for å få opphald. Til dømes

søker personar vern idet dei blir pågripne for kriminelle handlingar. Det er òg eit problem når personar bevisst gir feil informasjon for å få opphald, at asylsøkarar gir urette opplysningar om nasjonalitet og behovet for vern, og at personar opptrer med ein eller fleire falske identitetar, eller at fleire deler same identitet. Familieinnvandringsregelverket blir forsøkt misbrukt ved proformaekteskap, gjennom gjentakande innvandring og ved feil opplysningar om slektskap. For å oppretthalde kontrollen med innvandringa og tilliten til lovgivinga er det viktig at misbruk blir avdekt, og at talet på personar som oppheld seg i Noreg med feil identitet eller på feil grunnlag, blir redusert. Sjå også omtalen under programkategori 06.40 knytt til identitetsarbeid i politiet.

UDI og UNE saksbehandlar grundig for å kunne gjere riktige vedtak. Det er likevel ikkje mogleg å verifisere alle personopplysningar i alle saker. Å kontrollere informasjon og avdekke misbruk er svært ressurskrevjande.

Urette opplysningar blir i mange tilfelle først oppdaga når personar allereie oppheld seg i Noreg og søker om fornya eller permanent opphaldsløyve. Den teknologiske utviklinga og bruk av informasjon frå sosiale medium i saksbehandlinga har gjort det mogleg å avdekke at fleire personar kan ha fått løyve og statsborgarskap basert på feil opplysningar. Regelverket gir i slike tilfelle høve til å kalle tilbake opphaldsløyvet og å fatte vedtak om å vise personen ut av landet. Ved utgangen av 2018 hadde UDI om lag 4 220 tilbakekallsaker til behandling. Dette er ein auke på om lag 600 saker samanlikna frå inngangen til året. I 2018 behandla UDI vidare om lag 800 saker knytt til uriktig identitet og/eller uriktige opplysningar.

Innsatsen for å avsløre personar som har fått opphald i Noreg på falske premisser vil bli styrka i

2020. Vidare vil regjeringa framleis nytte DNA-testing i familiesaker for å sikre at personen som bur i landet, og den som søker om gjenforeining med vedkommande, verkeleg er i slekt. Regjeringa har hatt på høyring eit forslag om meir utstrekt bruk av DNA-testing, og arbeider med ein lovproposisjon.

UDI har sidan 2003 lagra og søkt med biometri (fingeravtrykk) frå asylsøkarar. Eit forslag til endringar i regelverket om at det skal takast fingeravtrykk av alle som søker opphaldsløyve, inkludert dei som søker ved ein norsk utanriksstasjon, er sendt på høyring. Forslaget inneber at fingeravtrykk og ansiktsfoto blir registrerte i utlendingsregisteret, og at det i samband med registreringa kan gjerast søk mot ansiktsfoto som alt er registrerte i pass- og ID-kortregisteret, for å kontrollere om personen er registrert med same eller ein annan identitet. Foto og fingeravtrykk kan også bli kontrollerte mot eventuelle registreringar i foto- og fingeravtrykkregisteret til politiet. Forslaget inneber også at fingeravtrykka til visumsøkarar blir lagra i utlendingsregisteret i tillegg til i Schengen-systemet VIS (der dei alt er lagra). Fingeravtrykka som blir lagra i utlendingsregisteret, vil etter forslaget også kunne bli lagra i lengre tid enn etter gjeldande regelverk. Dette vil styrke identitetsarbeidet.

Regjeringa ønskjer å heve strafferamma – og dermed straffenivået – for ulovleg opphald som finn stad etter at ein utlending har blitt utvist på grunn av pålagd straff eller særreaksjon. Etter gjeldande rett er strafferamma bot og/eller feng-

sel inntil seks månader. Justis- og beredskapsdepartementet har hatt på høyring eit forslag om å heve strafferamma til bot eller fengsel i inntil to år, slik at tiltaket har større preventiv verknad. Målet er at fleire skal etterleve vedtak om utvising.

2 Budsjettprioriteringar

For 2020 foreslår regjeringa å auke budsjettet under programkategorien med 144,2 mill. kroner. Dette inkluderer lønns- og prisvekst på 61 mill. kroner.

Regjeringa foreslår bl.a. desse prioriteringane i budsjettet for 2020 for programkategori 06.90:

- løyve 50 mill. kroner til å byggje ned restansar og styrke rettstryggleiken i saker om tilbake-kall av statsborgarskap, av dette 21,5 mill. kroner til UDI og UNE
- vidareføre talet på overføringsflyktningar på 3 000
- løyve 13 mill. kroner på UDIs budsjett til implementering av nye system for grense- og territorialkontroll (EES og ETIAS)
- redusert gebyr for familiegjenforeining med person med fluktbakgrunn fram til innvilga permanent opphald
- leggje til rette for at fleire barn i asylmottak får tilbod om gratis kjernetid eller barnehageplass

Som del av reforma for avbyråkratisering og effektivisering i staten foreslår regjeringa å redusere løyvinga under kategorien med 9,8 mill. kroner.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under kap. 490, post 45 og post 74</i>	1 010 401	1 034 196	1 012 202
21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak	877 322	520 513	643 848
22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse	8 612	14 896	22 083
23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, <i>kan overføres</i>	3 394	4 511	4 632
30	Ombygginger, ankomstsenter for asylregistrering og mottak, <i>kan overføres</i>	8 606	64 827	
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	79 823	53 201	66 972
60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak	199 055	138 354	163 510

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Stønader til beboere i asylmottak	109 410	75 378	85 374
71	Veiledning for au pairer	27 064	19 113	8 217
72	Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>overslagsbevilgning</i>	46 231	72 069	73 078
73	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak, <i>kan nyttes under kap. 291 post 60</i>	14 849	11 917	21 920
74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i>			36 424
75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i>	17 065	11 337	28 233
	Sum kap. 0490	2 401 832	2 020 312	2 166 493

1 Innleiing

UDI skal setje i verk flyktning- og innvandringspolitikken på Justis- og beredskapsdepartementets ansvarsområde. UDIs hovudoppgåver er å behandle søknader etter utlendingslova og statsborgarlova, bl.a. søknader om visum, opphalds-løyve, statsborgarskap og asyl, og å etablere, drifte og leggje ned innkvarteringstilbod til asylsøkarar. UDI skal også gi fagleg baserte bidrag til utviklinga av regelverk og politikk på dette området. UDI skal også bidra til å realisere integreringsmål som ligg under Kunnskapsdepartementets ansvarsområde.

Justis- og beredskapsdepartementet har fastsett mål for migrasjonskjeda, som UDI skal bidra til å oppnå. Som omtalt ovanfor er måla: *få asylsøkarar utan behov for vern, rask retur av personar utan lovleg opphald og få personar skal ha opphald med feil identitet eller på feil grunnlag*. Det er også ei overordna føring at UDI skal sikre effektiv og forsvarleg saksbehandling, vere open, tilgjengeleg og brukarorientert i verksemda si, og samhandle godt med andre aktørar på feltet.

2 Saksbehandling


For å tilpasse seg situasjonen med få asylsøkarar gjennomførte UDI fleire organisasjonsendringar i 2017 og 2018. 2018 vart eit utfordrande år, der saksbehandlingstida auka i dei fleste sakstypar samanlikna med 2017. Mykje av årsaka til dette var mellombels effektivitetstap ved nedbeman-ning av saksbehandlarkapasitet og flytting av saksporføljar. Frå slutten av 2018 sette UDI i

verk tiltak for betre måloppnåing, men effekten av tiltaka kom ikkje i tilstrekkeleg grad i 2018. Arbeidet med tiltak som kan bidra til betre resultat, vart forsterka i løpet av våren 2019.

Regjeringa har fremma ein lovproposisjon om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m., med utgangspunkt i Stortingets vedtak av 9. mai 2017, jf. Prop. 141 L (2018–2019) og Kunnskapsdepartementets Prop. 1 S (2019–2020). Det blir bl.a. foreslått endringar i statsborgarregelverket slik at forvaltningsbehand-linga blir styrkt med fritt rettsråd og behandling i nemndmøte i UNE med personleg frammøte. Fram til oppfølginga av Stortingets oppmodingsvedtak, er behandlinga av desse sakene sette på vent. Dette har medført at talet på ubehandla saker i forvaltninga har auka. Regjeringa foreslår å løyve samla 50 mill. kroner i 2020 til å gjennomføre dei foreslåtte lovendringane og til å byggje ned talet ubehandla saker, jf. omtale av kap. 490, post 01, og dessutan kap. 410, post 01, kap. 440, post 01, kap. 470, post 01 og kap. 491, post 01 og 21.


2.1 Saksbehandling asylsaker

I 2018 har UDI behandla omtrent like mange saker som det har komme inn, men har ikkje fått redusert talet på eldre søknader som ventar på svar. Samanlikna med 2017 har UDI likevel komme nærmare ambisjonane om at ein økt del av førstegongsvedtak i asylsaker skal behandlast innan 21 dagar. Det er forventa at UDI vil byggje ned talet ubehandla asylsaker i 2019 og 2020.



Figur 2.30 Behandla og ubehandla asylsaker (ekskl. klagesaker), UDI, 2014–30. juni 2019

Kjelde: UDI




Figur 2.31 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for realitetsbehandla asylsaker i månader, UDI, 2014–30. juni 2019

Kjelde: UDI

Ein del asylsøknader blir ikkje realitetsbehandla i Noreg, men får avslag etter Dublin-regelverket. Prosentdelen av realitetsbehandla asylsøknader der UDI har gitt løyve, har vore på eit relativt høgt

nivå dei siste åra. Dette tilseier at ein større del av dei asylsøkarane som kjem til Noreg, faktisk har behov for vern.



Figur 2.32 Prosentdelen av realitetsbehandla asylsøknader der UDI har gitt løyve, 2014–30. juni 2019

Kjelde: UDI


Sjølv om ein ikkje reknar med eit stort tal asylsøkarar, er det framleis uvisst kor mange som likevel kan komme innanfor eit kort tidsrom. Det er nødvendig med god kapasitet til å saksbehandle i den innleiande fasen. All erfaring tilseier at det er særleg viktig å ha kontroll på søkarane i den innleiande innkomstfasen og å ha gode system for å kartleggje identitet og å gjennomføre nødvendige helsetestar. UDI og politiet arbeider med å implementere ny saksflyt for å betre kvaliteten i asylsaksbehandlinga i den innleiande fasen. I den innleiande asylsaksbehandlinga blir oppgåvene delte på ein måte som er meir robust ved store svingingar og massetilkomstar. Samarbeidet mellom etatane vil gi høgare kvalitet i saksbehandlinga, særleg knytt til tidlegare avklaring av identitet og dermed fleire riktige vedtak. Dette vil på sikt kunne føre til at færre personar som søker om vern, får opphald basert på feil grunnlag. Potensielt fleire riktige asylvedtak vil på sikt òg redusere behovet for å opprette tilbakekallssaker i samband med fornya eller permanent opphaldsløyve. Det vil der-

med òg gi færre tilfelle der ein gir familieinnvandring til ein referanseperson som ikkje burde ha fått opphald i første omgang. Regjeringa legg opp til å gjere ferdig det nye innkomstsenteret for asylsøkarar i Østfold i 2020, jf. omtalen i kap. 490, post 30.

2.2 Saksbehandling opphaldssaker

I figuren under ser ein utviklinga i ubehandla saker for ulike typar opphaldssaker. I 2018 og 2019 har det vore ein auke i talet på ubehandla saker, og per 30. juni 2019 har UDI 36 600 ubehandla opphaldssaker.² Flytting av saksporføljar og omorganisering har kravd kapasitet og gjort at færre saker enn planlagt har blitt behandla. Totalt behandla UDI 76 500 opphaldssaker i 2018 mot om lag 102 100 i 2017. Det er forventa at produktiviteten vil auke.

² Omfattar ikkje tilbakekallssaker. Sjå omtale av tilbakekallssaker under pkt. 1.3.1 under programkategoriomtalen.




Figur 2.33 Utvikling i talet på ubehandla saker for ulike typar opphaldssaker, UDI, 2014–30. juni 2019

Kjelde: UDI

3 Asylmottak

Mottakstilbodet er differensiert etter behova til utlendingsforvaltninga og mottaksbebuarane. Behovet for innkvartering blir bestemt av talet på asylsøkarar og kor lenge asylsøkarane blir buande i mottaka. Regjeringa ønskjer å bruke mottakssystemet til å fremme integrering for personar som har fått opphaldsløyve, og til å stimulere til retur for personar med utreiseplikt. Regjeringa har derfor etablert integreringsmottak med det formål å leggje til rette for raskare arbeids- og samfunnsdeltaking for nykomne innvandrarak med flukt-bakgrunn. Ordninga med integreringsmottak blir følgjevaluert, og evalueringsrapporten skal vere ferdig i 2019. Sjå nærmare omtale av integreringsmottak i Prop. 1 S (2019–2020) for Kunnskapsdepartementet.

Talet på bebuarar i asylmottak har variert frå rekordhøgt ved utgangen av 2015 til svært få så langt i 2019, jf. figur under. Mange har flytta ut av mottak i same periode, bl.a. som følgje av ein auke i busetjingstakta dei siste åra. Regjeringas innsats for retur har også medverka til at det er færre bebuarar i mottaka, sjå også omtalen under pkt. 4. Dette har resultert i eit markert lågare tal på personar som ventar på busetjing og retur, enn i tidlegare år. UDI har utarbeidd ein mottaksstrategi, som dei held på med å gjennomføre. Strategien er ei operasjonalisering, konkretisering og prioritering av krav og mål som er nedfelte i GI-13/2017. UDI arbeider bl.a. med å styrke kontraktsoppfølginga og sikre god økonomisk kontroll med mottaksdrifta.



Figur 2.34 Bebuarar i mottak og delen av einslege mindreårige bebuarar per 31. desember i åra 2014–2018 og per 30. juni 2019


Kjelde: UDI

Uvisse kring talet på asylsøkarar skapar utfordringar for tilpassinga og planlegginga i forvaltninga, spesielt i tilknytning til kostnadseffektiv styring og nedskalering av plassar i asylmottak. Mottakskapasiteten må tilpassast behovet for mottaksplassar for å vere kostnadseffektiv. Samstundes er det behov for beredskap til å handtere raske aukar i asylinnkomstane, særleg i den innleiande innkomstfasen. Det nye innkomstsenteret i Østfold vil leggje til rette for at PU og UDI kan samarbeide tett og effektivt, sjå òg omtalen under pkt. 2.1.

UDI har redusert talet på mottaksplassar i raskt tempo dei siste åra for å tilpasse kapasiteten til eit stadig mindre behov. Dette gir reduserte offentlege utgifter. Samstundes gir færre mottaksplassar redusert kapasitet til å handtere raske

aukar i talet på asylsøkarar. Det er også utfordrande å oppretthalde kostnadseffektiv drift av mottak tilpassa eit lågare inntektsnivå og samstundes oppretthalde kapasitet i marknaden. UDI vurderer også fortløpande ulike løysingar for å sikre beredskap for innkvartering, og har bl.a. inngått fleire rammeavtalar for akuttinnkvartering og andre former for innkvartering. Vidare jobbar UDI kontinuerleg med beredskapsplanar for ein ekstraordinær auke i talet på asylsøkarar.

Figuren under viser ein monnaleg nedgang i talet på mottak. Talet på mottak har blitt redusert til 35 ved utgangen av første halvår 2019. Det har vore utfordrande for UDI å tilpasse mottakskapasiteten i takt med det søkkande behovet, sjå omtalen av kap. 490, post 21, i Prop. 114 S (2018–2019) i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2019.



Figur 2.35 Tal på mottak og vertskommunar per 31. desember i åra 2014–2018 og per 30. juni 2019

Kjelde: UDI

4 Retur

Dei siste to åra har talet på assisterte returar sokke ein god del. Samstundes har talet på utreisepliktige personar i mottak også blitt vesentleg lågare. Årsaker til dette er bl.a. høge returtal i åra før, nedgangen i talet på asylsøkarar til Noreg og regjeringas satsing på retur. Sjølv om målgruppa for retur har blitt mindre, har personane blitt meir krevjande å motivere til retur. Ein større del av

sakene gjeld no lengeverande personar og personar med særskilde behov. Dette krev meir innsats for å kunne gjennomføre returar. Dei fleste i målgruppa for assistert retur oppheld seg utanfor mottak, og det er utfordrande å nå desse med effektive returtiltak. I løpet av 2018 reiste 240 personar med assistert retur. Det er ein nedgang på om lag 58 pst. samanlikna med 2017. Sjølvorganisert retur frå Noreg blir ikkje registrert.


Tabell 2.17 Assisterte returar 2015–30. juni 2019.

	2015	2016	2017	2018	30.6.2019
Assisterte returar	1 167	1 456	569	240	105

Kjelde: UDI

Det er ikkje berre talet på returar som er viktig, men også kven som reiser. UDI og PU har styrkt innsatsen for å få til returar av utreisepliktige personar som fører til store kostnader for samfunnet. Dette gjeld personar som bur i særskilde butilbod, tilrettelagde avdelingar i mottak og i fengsel. I 2018 returnerte 6 personar, assistert eller med tvang, frå slike spesielle butilbod, mot 16 i 2017. Sjølv om talet på returar i denne kategorien var lågare i 2018 enn tidlegare, låg kategorien relativt

sett på same nivå som i 2017 om ein ser på totaltalet av returar det året. Sjølv få av desse returane kan gi store innsparingar. T.d. er den gjennomsnittlege utgifta for ein såkalla SÆRBOL-plass – det vil si eit særskilt bo- og omsorgstilbod for ein person som ikkje kan bu i asylmottak fordi han eller ho utgjør ein risiko for andre – om lag 3 mill. kroner årleg. Arbeidet med denne gruppa vil halde fram i 2020.



Figur 2.36 Tal på personer i asylmottak med utreiseplikt per 31. desember i åra 2014–2018 og 30. juni 2019

Kjelde: UDI

Både ved gjennomføring av assistert retur og ved tvangsretur er ukjent identitet eit stort problem. Eit fåtal asylsøkarar legg fram identitetsdokument når dei kjem til Noreg. For meir omtale av utfordringar og tiltak som gjeld avklaring av identitet, sjå omtalane under 1.3 under programkategoriomtalen, og programkategori 06.40.


Noreg har, i likskap med mange europeiske land, utfordringar når det gjeld samarbeidet med opphavslanda om verifisering av identitet og om retur. Ein stor del av dei med utreiseplikt som oppheld seg i mottak per første halvår 2019, kjem frå land det er utfordrande å samarbeide med når det gjeld å ta tilbake eigne borgarar. Dette kan ha fleire årsaker. Blant anna er pengeoverføringar frå personar som lever i land som Noreg, ei viktig inntektskjelde for fleire av desse landa. Aksept av tvangsretur er politisk upopulært, og nokre av landa har dessutan ustabile regime, slik at dialog og samarbeid er vanskeleg. Regjeringa arbeider derfor med å få til returavtalar eller retursamarbeid med aktuelle land.

Vedtaksamtalar, informasjons- og motivasjonstiltak i og utanfor mottak, tilskot til retur og

reintegrering og tvangsretur er verkemiddel for å motivere til sjølvorganisert eller assistert retur. Regelverket for dei ulike tilskotsordningane og returprogramma er presenterte på nettsidene til UDI. Under kap. 490, post 72 er det ei oversikt over dei ulike ordningane/programma for assistert retur i 2019. Dette arbeidet vil halde fram i 2020.

5 Overføringsflyktningar

Justis- og beredskapsdepartementet fastset kvotesamansetninga i samråd med Utanriksdepartementet og Kunnskapsdepartementet etter forslag frå UDI og IMDi, som igjen byggjer på forslag frå UNHCR og innspel frå norske frivillige organisasjonar. UDI gjer vedtak for uttaka av dei enkelte flyktningane i samsvar med fordelinga som er vedteken, og i tråd med gjeldande rundskriv. Tabellen under viser talet på vedtak om overføring og faktiske tal på innkomne overføringsflyktningar til Noreg i åra 2014–2019.



Figur 2.37 Overføringsflyktningar 2014–30. juni 2019

Kjelde: UDI

I 2018 var kvoten totalt på 2 120 plassar, der 1 000 plassar var for kongolesiske flyktningar i Uganda, 700 for syriske flyktningar i Libanon, 300 for flyktningar evakuerte frå Libya og 120 for andre nasjonalitetar. UDI gjorde vedtak for 2 124 flyktningar i 2018, der dei fleste var kongolesarar (1 038). Det kom 2 481 overføringsflyktningar til Noreg i 2018, og syrarar var den største gruppa med 1 640 personar. Årsaka til at det ikkje er samsvar mellom talet på vedtak og kor mange flyktningar som kjem til landet eit bestemt år, er at det går tid frå vedtaket er gjort, til det blir funne ein busetjingskommune m.m.

For 2019 var det per 31. juni 2019 gjort vedtak om overføring for totalt 1501 flyktningar.

I 2019 er det 3 000 plassar i kvoten. Dei er spreidde på 1 000 plassar til syriske flyktningar i Libanon (750) og Jordan (250), 900 kongolesiske flyktningar i Uganda, 500 sørsudanske flyktningar i Etiopia og 450 plassar for flyktningar som blir evakuerte frå Libya. Det er òg 150 plassar som er opne for alle nasjonalitetar, og 60 medisinske plassar som blir rekna mot dei ulike delkvotane. Med dette har Noreg trappa opp innsatsen i flyktningssituasjonar i land ved den sentrale middelhavsruta, som er prioriterte av både UNHCR og EU. Det kan komme endringar i fordelinga i løpet av året som følgje av utfordringar i nokre land. Av same årsak kan det bli utfordrande med målsettinga om 3 000 plassar i 2019. Ubrukte plassar kan overførast til 2020.

På grunn av det låge talet på asylsøkarar og den forventta nedgangen i familieinnvandringa

foreslår regjeringa å vidareføre kvoten på same nivå som i 2019 med 3 000 plassar.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av Utlendingsdirektoratet (UDI). Per 31. august 2019 var bemanninga i UDI på 891 årsverk.

UDI har i 2019 inngått ny avtale om leie av kontorbygg på Helsfyr, dit verksemda vil flytte frå hausten 2020. Dei nye lokala er i storleik betre tilpassa reduksjonar i stillingstal, til dømes i samband med reduksjon av talet på asylsøknader. Vidare legg ein opp til ein meir effektiv utnytting av arealet gjennom bruk av fleksible opplegg for arbeidsplassane. Det er òg ei monnaleg innsparring som følgje av at ein flyttar ut av bykjerna. I sum vil UDI omtrent halvere dei årlege leiekostnadene samanlikna med kostnadene ved dagens lokale. Sjølve flytteprosessen vil likevel vere ressurskrevjande, slik at ein ikkje kan forvente ei netto innsparring før tidlegast 2021.

UDI har lenge dekt utgifter til internasjonale forpliktingar på post 01. Utgiftene har fått eit stort omfang som UDI i praksis ikkje kan påverke. Regjeringa foreslår å budsjettere utgifter til kontingentar i samband med internasjonale forpliktingar innan IKT- og asylsamarbeid frå post 01 på ein eigen nyoppretta post under kap. 490, jf. omtale av ny post 74 *Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv.* Vidare foreslår regjeringa å budsjettere utgifter til nasjonal utvikling og implementering av dei pålagde internasjonale systema på IKT-området

på investeringspost kap. 490, post 45, i staden for på UDIs ordinære driftspost, kap. 490, post 01, slik som fram til og med 2019. Investeringsutgiftene er usikre, og det er derfor nødvendig å budsjettere på ein post der løyvinga kan overførast. Samla er løyvingsforslaget på post 01 redusert med 52,9 mill. kroner, og det blir i staden foreslått at utgiftene til desse formåla skal inngå på dei nemnde postane.

Regjeringa har fremma ein lovproposisjon om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m., jf. omtale over. Regjeringa foreslår å løyve totalt 12 mill. kroner på kap. 490, post 01, for å gjennomføre dei foreslåtte lovendingane og for å byggje ned talet ubehandla saker.

Som følge av færre asylsøkarar og bebuarar i mottak og auka kompetanse blant dei tilsette blir det foreslått å redusere løyvinga til barnefagleg kompetanse med 6 mill. kroner. Dette er ei vidareføring av endringa gjennomført i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2019, jf. Prop. 114 S (2018–2019) og Innst. 391 S (2018–2019).

Stortinget vedtok i desember 2018 *Lov om endringer i stasborgerloven (avvikling av prinsippet om ett statsborgarskap)*, jf. Prop. 11 L (2017–2018) og Innst. 74 L (2018–2019). Det tas sikte på at endringane skal tre i kraft frå 1. januar 2020. Ny ordning for gjenerverv av statsborgarskap er forventa å føre til fleire saker til behandling for UDI, og Regjeringa foreslår derfor å auke kap. 490, post 01, med 4,7 mill. kroner. Det blir foreslått at endringa skal dekkast gjennom innføring av gebyr og dermed auka inntekter på kap. 3100, post 01, og kap. 3440, post 06, jf. omtale under desse postane.

Samanlikna med saldert budsjett for 2019 foreslår regjeringa å auke løyvinga med 3,6 mill. kroner som følge av ein forventa auke i kontingenten til European Asylum Support Office (EASO). Regjeringa foreslår også å løyve 1 mill. kroner til implementering av nye system for grense- og territorialkontroll (EES og ETIAS), jf. nærmare omtale under programkategori 06.40. I tillegg blir 0,5 mill. kroner foreslått omprioritert frå UNEs kap. 491, post 01.

Moderniseringsprosjektet som er i gang, er forventa å gi gevinstar som følge av automatisering og meir effektiv oppfølging av mottak, jf. omtale av kap. 490, post 45. Regjeringa foreslår derfor å redusere kap. 490, post 01 med 2,2 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2019. Som følge av at politiet skal etablere JustisCert, justissektoren sitt responsmiljø for å førebyggje og koordinere handteringa av alvorlege IKT-hen-

dingar, foreslår regjeringa å redusere løyvinga med 0,2 mill. kroner mot ein tilsvarende auke under kap. 440, post 01.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 01, blir rapporterte som ODA-godkjende utgifter og blir førte som inntekter på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under posten. Løyvinga på kap. 490, post 01, kan bli overskriden mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3490, post 05.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 012,2 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av statlege mottak for asylsøkarar, inkludert integreringsmottak. Personar som har søkt om vern i Noreg, får tilbod om innkvartering fram til dei blir busette eller returnerte til heimlandet. Mottaka skal vareta tryggleiken og sikkerheita til bebuarane, og dei skal leggje særleg vekt på rettane og behova til barn og unge.

Forutan losji skal tilbodet om innkvartering omfatte visse nødvendige sosial- og omsorgstenester, bl.a. mat, klede og omsorgstenester for bebuarar med særskilde behov. Løyvinga dekker òg opplærings- og informasjonstiltak, ulike organiserte sosiale aktivitetar som dagtilbod for barn, nødvendig helsehjelp til nykomne asylsøkarar og returfremmande tiltak for bebuarane i mottak. Vidare dekker posten utgifter til bl.a. særskilde tiltak som vakthald, tilrettelegging av buforhold og plassering utanfor mottak for personar med særskilde behov, aldersundersøkingar av asylsøkarar som oppgir å vere einslege mindreårige, reise og kost for asylsøkarar i samband med asylintervju og transport for asylsøkarar til og frå norskopplæring.

Posten omfattar òg midlar til lokala og mottaksdrifta på Ankomstsenter Østfold. Kommunens ekstra utgifter til lovpålagte kommunale tenester som følgjer av det å være vertskommune for eit innkomstsenter kan dekkas over posten.

Behovet for løyving på posten er avhengig av kor mange bebuarar det er i mottak, som blir bestemt av talet på asylsøkarar og kor lenge dei blir buande i mottaka. Gjennomsnittleg tal på bebuarar i 2018 i mottak for ordinære asylsøkarar var om lag 4 000. Mottak for einslege mindreårige hadde i 2018 i gjennomsnitt 160 bebuarar.

Løyvingsforslaget for 2020 er basert på ein prognose for talet på asylsøkarar på 3 000 og 2 930 bebuarar i mottak i gjennomsnitt, derav om lag 50 personar i mottak for einslege mindreårige mellom 15 og 18 år. Forventa tal på bebuarar i mottak

er noko høgare enn det som ligg til grunn for saldert budsjett 2019. Som følge av at det no er svært få bebuarar i mottak, er det vidare nødvendig med nokre høgare del plasser i mottak med særskilte funksjonar, og ein høgare del ubrukte plassar, enn det som ein tidlegere har planlagt for. Dette gjer auka gjennomsnittleg utgift per bebuar. Samstundes er fleire avtaler knytte til innkvartering reforhandla, noko som bidrar til å redusere utgifter. Samla inneber desse forholda 101,1 mill. kroner i auka utgifter samanlikna med saldert budsjett 2019.

Det er usikkerheit til faktiske tal for nykomne asylsøkarar gjennom året og faktisk kapasitet gjennom året kan derfor avvike frå det som blir lagt til grunn ved inngangen til året. Sjå òg forslag til romartalsvedtak om fullmakt om mellombels drift av asylmottak.

Ordninga med særskilt betalingskort for bebuarar i mottak har ikkje latt seg gjennomføre etter formålet. Regjeringa foreslår derfor ikkje å gå vidare med dette, noko som er redegjort for i revidert nasjonalbudsjett for 2019, jf. Prop. 114 S (2018–2019) og Innst. 391 S (2018–2019). Behov for ulike informasjonstiltak og aktivitetar, bl.a. barnefaglig kompetanse, har òg vorte skalert for å tilpasse talet på bebuarar, som i sum har bidratt til eit redusert løyvingbehov. Samla inneber dette ei innsparing på 8,3 mill. kroner.

Regjeringa foreslår vidare å redusere løyvinga på posten med 1,9 mill. kroner mot ein tilsvarande auke over kap. 490, post 70. Endringa er ei teknisk flytting av utgifter knytte til reise til utdanning og barnehage for barn i asylmottak.

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga med 4,6 mill. kroner som følge av forventta gevinstar av moderniseringsprogrammet, jf. omtale av kap. 490, post 45.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 21, blir førte som ODA-godkjende utgifter og blir førte som inntekter under kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 643,8 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og omsetjing

Posten skal dekke tolking og omsetjing i kommunikasjonen mellom søkar og UDI i første instans. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikringsarbeid i samband med intervju og omsetjingar. Vidare dekker løyvinga utgifter til nødvendig omsetjing av originaldokument.

Det er forventta at UDI i 2020 vil behandle nokre fleire intervju i samband med behandling av søknader om vern enn i 2019, og at det vil bli noko høgare utgifter til reise for tolkar. Derfor foreslår regjeringa å auke løyvinga på posten med 6,8 mill. kroner.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 22, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 07, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 07.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 22,1 mill. kroner.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, kan overførast

Løyvinga skal brukast til å støtte UDIs oppgåveløysing gjennom kunnskapsutvikling om innvandring.

I 2018 har UDI ferdigstilt fem FoU-studiar:

- *Tilbakekall – rettssikkerhet og kontroll ved tilbakekall av tillatelser etter søknad om beskyttelse*
- *Assistert retur – en kunnskapsstatus*
- *Evaluering av tilskuddsordning til aktiviteter for barn i asylmottak*
- *Case management, identity controls and screening on national security and 1F exclusion*
- *Et trygt sted å vente – omsorgspraksiser på asylmottak for enslige mindreårige*
- *Kartlegging av asylsøkeres tilgang til velferdstjenester*

UDI har i 2018 òg gjennomført éi evaluering:

- *Evaluering av myndighetsassistert retur*

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 4,6 mill. kroner.

Post 30 Ombygginger, ankomstsenter for asylregistrering og mottak, kan overførast

Posten dekker utgifter til investeringar og vidareutvikling av Ankomstsenter Østfold (AØ). Prosjektet med å vidareutvikle senteret med sikte på utvida og permanent drift byrja hausten 2017. Kostnadsramma for tiltaket vart i Prop. 1 S (2018–2019) oppgitt til 162,7 mill. kroner i 2019-prisar. Løyvingane har blitt fordelte på budsjettåra 2018 og 2019. Det har vore krevjande å halde framdrifta som planlagt, opphavleg med ferdigstilling seint i 2019. Det har særleg teke tid å avklare kontrakten med utleigaren, men ein har no inngått ein ny, langsiktig avtale. Vidare har detaljprosjektering også teke lengre tid enn planlagt. Dette har samanheng med at bygget skal ta omsyn til

behova til både politiet ved PU, UDI, mottaksoperatøren, helsetenesta på statleg og kommunalt nivå og andre støttetenester som er nødvendige i eit innkomstsenter. Det er forventa at prosjektet blir fullført i løpet av 2020. Departementet legg opp til at ubrukte midlar i 2018 og 2019 som blir overførte til 2020, jf. stikkordet «kan overførast», vil dekke utgiftene dette siste året. Regjeringa foreslår derfor ikkje noko ny løyving for 2020.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overførast

Posten dekker utgifter til bl.a. systemutvikling, implementering og utrulling i tillegg til utstyrskjøp og bruk av interne ressurspersonar i involverte etatar i samband med større investeringar i systemløysingane til utlendingsforvaltninga.

Moderniseringa av IT-systema til UDI starta i 2017. Tiltaka som er slutførte eller starta i 2018, skal bidra til høgare effektivitet og betre kontroll og styring i heile asylkjeda, inkludert mottaksområdet. Moderniseringsprogrammet til UDI leverer i 2019 ny løysing for sjølvregistrering for asylsøkarar og eit nytt asyllogistikksystem for gjennomføring av asylintervju. I tilknytning til det nye asyllogistikksystemet er det òg utvikla ei eiga netteneste for tolkane, slik at dei enkelt kan få tilgang til og administrere nye tolkeoppdrag. Det er vidare utvikla ei løysing for å rekvirere fødselsnummer for alle asylsøkarar som har fått opphaldsløyve, og ei løysing for dei resterande tredjelandsborgarane. Vidare har ein starta opp utviklinga av eit nytt mottakssystem. Dette systemet vil leggje til rette for meir effektiv bruk av mottaksplassane, betre kontroll med utbetalningar til mottak og søkarar, og i tillegg understøtte arbeidet med integrering og retur. Den nye mottaksløysinga vil vere basert på standard programvare. UDI vil i tillegg utvikle ei løysing for automatisering av saksbehandlinga, som i første omgang vil bli teken i bruk i statsborgarsaker. Løysinga vil gjere det mogleg å frigjere saksbehandlarkapasitet og å redusere ventetida til søkaren.

I 2020 vil UDI gjennomføre tiltak for å automatisere behandlinga av søknader om permanent opphald og studiesaker. Begge tiltaka gjer det mogleg å vidareføre den nødvendige moderniseringa av den sentrale systemporteføljen i utlendingsforvaltninga, slik som saksbehandlingssystemet (DUF) og utlendingsdatabasen (UDB). Det er planlagt å bruke 38,5 mill. kroner av det samla løyvingforslaget på posten til modernisering av IT-løysingane i 2020.

Endringar i utlendingslova som heimlar utvida opptak, lagring og bruk av biometri i utlendingsaker, vart vedtekne i Stortinget 10. juni 2016. Det er nødvendig med investeringar i UDI, politiet og ved utanriksstasjonane for at endringane skal kunne gjennomførast. Investeringane inkluderer òg ei felles løysing for kort- og ID-handtering for politiet og UDI, slik at registreringar og kontroll med dokumenta blir av betre kvalitet. Det vart løyvd midlar til dette i statsbudsjettet for 2018. Løysinga for utvida opptak, lagring og bruk av biometri for seinare samanlikning ved kontroll av ID byggjer på eit fellessystem som politiet forvaltar til bruk både for sin eigen del og for utlendingsforvaltninga. Dette gjer at framdrifta er avhengig av politiets nye løysingar for pass og nasjonale ID-kort, jf. omtale under programkategori 06.40. Slik gjenbruk av fellesløysingar er i samsvar med digitaliseringsstrategien til regjeringa, men det har òg bidratt til at framdrifta er forseinka. Etter den reviderte planen for dette tiltaket vil løysinga truleg først bli utvikla og teken i bruk i løpet av 2020.

I forslaget til løyving på posten inngår 16,5 mill. kroner i utgifter til nasjonal utvikling og iverksetjing av dei pålagde internasjonale systema på IKT-området som til no har vore budsjetterte på kap. 490, post 01, jf. omtale av saka under post 01. Sidan alt dette er investeringsutgifter knytt til internasjonalt samarbeid, der det er svært usikkert når tiltak blir gjennomførte, er det formålstenleg å flytte løyvinga til investeringsposten. Regjeringa foreslår i tillegg å auke løyvinga med 12 mill. kroner til implementering av nye system for grense- og territorialkontroll (EES og ETIAS), jf. nærmare omtale under programkategori 06.40.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 67 mill. kroner.

Post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak

Vertskommunetilskotet skal dekke utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak og omsorgssenter i kommunen. I tillegg til det ordinære vertskommunetilskotet omfattar ordninga eit særtilskot ved omsorgsplassering og tilskot til kommunar som har inngått avtale med UDI om alternativ mottaksplassering av asylsøkarar. UDI forvaltar og betaler ut tilskotsordninga kvartalsvis når det ligg føre kontrakt med driftsoperatør i den respektive kommunen. Kommunane treng ikkje å søke om tilskot.

For 2020 vil satsane vere:

- grunnsats per kommune: 679 815 kroner per år
- sats per ordinære mottaksplass: 10 434 kroner per år
- sats per plass for einslege mindreårige asylsøkarar: 16 068 kroner per år
- sats per tilrettelagd plass: 147 723 kroner per år
- sats per plass i omsorgssenter: 39 631 kroner per år

Vertskommunar for omsorgssenter tek ikkje imot grunntilskot. Alternativ mottaksplassering (AMOT) inneber at UDI inngår ein skriftleg og gjensidig forpliktande avtale med ein kommune om å gi ein person utan opphaldsløyve eller flyktning eit butilbod i kommunen i staden for opphald i asylmottak. Kommunen skal då vareta dei oppfølgingsbehova personen måtte ha i avtaleperioden. Ordninga kan òg nyttast for personar med løyve som ikkje dannar grunnlag for permanent opphaldsløyve. Satsen for AMOT vil for 2020 vere 15 223 kroner per plass per månad.

Eigne satsar gjeld for å bidra til å dekke særleg høge barnevernsutgifter knytte til omsorgsovertaking etter barnevernlova kap. 4. For 2020 vil satsane vere:

- særtilskot medfølgjande barn: 28 972 kroner per månad
- særtilskot for einslege mindreårige: 14 485 kroner per månad

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2019 blei det vedtatt å innføre gratis kjernetid i barnehage for eittåringar i asylmottak. Dette blir foreslått ført vidare i 2020. I tillegg foreslår Regjeringa å utvide barnehagetilbodet frå kjernetid til fulltidsplass for 2- og 3-åringar. Tiltaka gir ein samla meirutgift på 10,4 mill. kroner i 2020, og blir foreslått dekkja gjennom ei overføring frå Kunnskapsdepartementet, jf. deira Prop. 1 S (2019–2020). Dermed vil det i 2020 bli gitt tilskot for fulltidsplass i barnehage for barn i alderen to til fem år (til skulestart), gratis kjernetid i barnehage for barn på eitt år og fulltidsbarnehage og SFO for alle barn i integreringsmottak. Satsane for 2020 er som følgjer:

- 3–5-åringar full plass: 157 619 kroner per 11 md.
- 1- og 2-åringar full plass: 283 723 kroner per 11 md.
- 1-åringar kjernetid: 126 343 kroner per 11 md.
- SFO: 29 172 kroner per 11 md.

Løyvingsbehovet på posten avheng av talet på mottak og omsorgssenter, talet på vertskommu-

nar og talet på plassar. Løyvingsbehovet på posten vil derfor kunne endre seg i løpet av budsjettåret.

I 2018 var det totalt 43 kommunar som fekk tilskot for delar av eller heile året. I løpet av året gjekk talet frå 43 kommunar i første kvartal til 29 i fjerde kvartal. Nedgangen i talet på asylsøkarar har ført til at det etter 2015 har vore større ledig kapasitet i mottak enn det som normalt blir lagt til grunn. Kommunane har fått betalt ut vertskommunetilskot òg for plassar som ikkje er i bruk.

Løyvingsforslaget er basert på ein prognose på 3 000 asylsøkarar i 2020. Noko høgare behov for mottaksplassar enn det som vart lagt til grunn for 2019, jf. omtale av kap. 490, post 21, gir forventna meirutgifter på 9,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett i 2019.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 60, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 163,5 mill. kroner.

Post 70 Stønader til beboere i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til stønadsordning om økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv, og andre nødvendige ytingar. Driftsoperatøren av asylmottaket betaler ut ytingar for bebuarar i asylmottak og får dei refunderte av UDI.

I 2018 var det gjennomsnittlege belegget i ordinære mottak og transittmottak, og ordinære mottak og transittmottak for einslege mindreårige asylsøkarar, i underkant av 4 200. Dette var vesentleg lågare enn i 2017, då talet på bebuarar var i underkant av 9 000. Gjennomsnittleg belegg viste ein fallande tendens gjennom 2018, frå om lag 5 100 bebuarar i januar til 3 800 i desember. Alle desse fekk økonomiske ytingar. I 2018 vart det òg utbetalt om lag 3,4 mill. kroner til klede/sengetøy/kjøkkenutstyr og hygieneartiklar, 5 mill. kroner til tilleggsytingar etter søknad og om lag 2,6 mill. kroner til direkte refunderbare ytingar.

Løyvingsbehovet på posten avheng av talet på bebuarar i mottak og samansetjinga av bebuargruppa. Løyvingsforslaget for 2020 er basert på ein prognose på i underkant av 3 000 bebuarar i mottak. Som følge av at dette er noko høgare enn det som vart lagt til grunn for 2019, foreslår regjeringa å auke løyvinga med 5,3 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2019.

Regjeringa foreslår vidare å auke løyvinga på posten med 1,9 mill. kroner mot ein tilsvarande

reduksjon over kap. 490, post 21, jf. omtale under sistnemnde post. Endringa er ei teknisk flytting av utgifter knytt til reise til utdanning og barnehage for barn i mottak.

Som følge av forslaget om tilskot til at fleire barn skal få tilbod om barnehage, jf. omtale av kap. 490, post 60, blir det foreslått å auke løyvinga på post 70 med 0,2 mill. kroner til å dekke reiseutgifter til og frå barnehage.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 70 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 85,4 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, og til veiledning for au pairar

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til ei tilskotsordning for aktivitetstilbud for barn i mottak, og til tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak for au pairar.

Formålet med tilskot til aktivitetstilbud for barn i mottak er å bidra til at barna får ein meiningfull kvardag og ein så normalisert barndom som mogleg innanfor rammene av eit asylmottak. Tilskotsordninga skal bidra til fysisk aktivitet, til-eigning av ferdigheiter gjennom ulike aktivitetar og styrkt meistringskjensle for barna. UDI lyser ut og forvaltar tilskotsordninga i tråd med regelverk som Justis- og beredskapsdepartementet fastset. Tiltaka har bidrege til at barn i mottak har fått fleire moglegheiter til å vere med på sportslege og kulturelle aktivitetar. Sjå nettsidene til UDI for utdjupande opplysningar om tilskot-smottakarane.

Talet på bebuarar i mottak er redusert, og opphaldstida er korta ned for dei fleste mottaksbebuarar. Som følge av færre barn i målgruppa foreslår Regjeringa ei løyving til tilskotsordninga på 5 mill. kroner, 10,9 mill. kroner lågare enn i saldert budsjett 2019.

Regjeringa foreslår vidare å løyve 3,2 mill. kroner til tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak til au pairar i 2020.

Delar av utgiftene knytt til tilskot til aktivitetstilbud på kap. 490, post 71 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 8,2 mill. kroner.

Post 72 Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, overslagsløyving

Formålet med posten er å bidra til

- at personar med endeleg avslag på søknad om vern og andre personar utan lovleg opphald i Noreg returnerer til heimlandet, og å leggje til rette for at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet når det er trygt
- velordna, trygg og regulert migrasjon og redusert irregulær migrasjon frå enkelte land/regionar

Desse tilskotsordningane for *personar* blir finansierte over denne posten, jf. pkt. 4 i kategoriomtalen:

- reisetilskot ved assistert retur
- gradert reintegreringstilskot ved assistert retur for personar som ikkje er omfatta av særskilde landprogram
- reintegreringstilskot ved assistert retur til land med særskilde landprogram – for 2019 gjeld dette for Afghanistan og Somalia og for mellombels program for Marokko
- reintegreringstilskot ved assistert retur for sårbare grupper
- reintegreringstilskot ved myndigheitsarrangert retur for einslege mindreårige
- reintegreringstilskot ved assistert retur for personar som er særleg kostnadskrevjande for samfunnet
- reintegreringstilskot for tvangsreturnerte til Afghanistan og Marokko (mellombels program)
- tilbakevendingstilskot for personar med opphaldsløyve

Tabellen under inneheld tilskotssatsane for ulike ordningar/program, både for assistert og tvangsretur³.

³ Ordninga er regulert i RS G-02/2016 *Retningslinjer for arbeidet med assistert retur* med vedlegg. Departementet har forskrift om tilskudd til assistert retur og tvangsretur på offentleg høyring og tar sikte på å iverksette forskriften i løpet av 2019.

Tabell 2.18 Gjeldande tilskotssatsar

Tilskot/program	Kontant	Tenester
1 Gradert reintegreringstilskot før/etter utreisefrist	NOK 20 000/ 7 000 NOK 10 000 i tillegg til familiar per barn før utreisefrist	
2 Reintegreringstilskot til Afghanistan (før/etter utreisefrist)	USD 200 NOK 20 000/ 15 000	
3 Reintegreringstilskot til Somalia	NOK 10 000	NOK 30 000
4 Reintegreringstilskot til Marokko (før/etter utreisefrist)	NOK 20 000 / 7 000	EUR 2 000
5 Reintegreringstilskot til særleg sårbare personar		NOK 42 000
6 Reintegreringstilskot til personar som er særleg kostnadskrevjande for samfunnet		inntil NOK 200 000
7 Reintegreringstilskot til einslege mindreårige	NOK 10 000	NOK 42 000
8 Ekstra reintegreringstilskot til familiar ved søknad før utreisefrist	NOK 10 000 per barn	
9 Reintegreringstilskot for tvangsreturnerte til Afghanistan	NOK 13 000	
10 Reintegreringstilskot for tvangsreturnerte til Marokko Sårbare tvangsreturnerte Marokko	NOK 3 000 NOK 3 000	EUR 1 000 EUR 3 000

I 2018 vart det gjennomført 240 assisterte returar, jf. pkt. 4, og 16 personar fekk tilbakevendingstilskot.

Tabellen under viser talet på returar per ordning og summen som vart nytta til desse ordningane i 2018. Éin retur kan ha fått tilskot frå fleire ordningar.

Tabell 2.19 Returar og rekneskapstall per ordning, 2018

	Rekneskap 2018 (i 1000 kr)	Talet på returar og tilbakevendingar
Assistert retur, reisetilskot	2 412	186
Assistert retur, reintegreringstilskot	2 879	122
Assistert retur, reintegreringstilskot til sårbare personar	4 116	37
Assistert retur med politiet, reintegreringstilskot	404	43
Landprogram, assistert retur, Somalia	1 796	15
Landprogram (pilot), retur, Marokko	72	–
Landprogram (mellombels), retur, Afghanistan	700	112 ¹
Verifiseringsavtale, Afghanistan	4	3
Tilbakevending, reintegreringstilskot	239	16
Totalt	12 622	

¹ Omfattar 16 assisterte returar og 96 tvangsreturar.

Det er også éi tilskotsordning for *organisasjonar* m.m. som blir finansiert over posten:

- tilskot til retur- og tilbakevendingstiltak

Denne ordninga kan nyttast til informasjons- og motiveringsarbeid som skal bidra til assisterte

returar eller til tilbakevending frå Noreg. Dette gjeld dei som bur utanfor mottak.

Tilskotsordningane blir forvalta av UDI. Søknadsskjema og informasjon om dei finst på nettsidene til UDI og International Organization for Migration (IOM).

Tabell 2.20 Navn på organisasjon og innvilga beløp i 2018

NOAS (Norsk organisasjon asylsøkere)	205 000
INLO (Innvandrerne landsorganisasjon)	202 000
Det Felles Innvandrerråd i Hordaland	170 000
Stiftelsen Robin Hood Huset	180 000
Totalt	757 000

Regjeringa varsla i samband med RNB 2019 at det ville blir gjort endringar i tilskotet til assistert retur som medfører lågare satsar som grunnlag for utbetalinga til assisterte returar i 2019, jf. Prop. 114 S (2018–2019). Etter ei ny vurdering er satsane likevel vidareført på sama nivå som tidlegare.

I tillegg blir posten nytta til prosjekt som støttar opp om dialog og forhandlingar med viktige opphavs- og transittland og velordna, trygg migrasjon, bl.a. returavtalar, retursamarbeid og styrking av migrasjonsforvaltninga i opphavs- og transittland. Det kan bli gitt slikt prosjekttilskot til land

Noreg har eit migrasjonspartnerskap med, internasjonale organisasjonar som Noreg er medlem av, og til internasjonale frivillige organisasjonar. Prosjekttilskotet blir gitt direkte frå departementet utan utlysing.

Justis- og beredskapsdepartementet tildelte 29,8 mill. kroner til slike prosjekttilskot i 2018, jf. pkt. 1.1 i kategoriomtalen når det gjeld nytten av slike prosjekt i dialogen om returavtalar og anna migrasjonssamarbeid. Under er ei kortfatta oversikt over prosjekta som fekk tilskot i 2018, og målsetjingane for desse.

Tabell 2.21 Prosjekttilskot, 2018

Mottakar/prosjekt	Tildeling (mill. kroner)	Formål
IOM: Migrasjonsforvaltninga i Somalia	5,9	auke kapasiteten i migrasjonsforvaltninga og betre kompetanse om mottak av returnerte hindre ulovleg migrasjon gjennom å byggje og utstyre grensestasjon på grensa til Etiopia
IOM: Migrasjonssenter Sudan	3,0	informere om risiko ved irregulær migrasjon, tilby assistert retur og tilvising til lokale hjelpetenester
IOM / etiopiske myndigheiter: Statleg mottaks- og støttesenter for returnerte	5,0	betre handtering av returnerte
IOM: Assistert retur frå Marokko	4,0	leggje til rette for retur og reintegrering i opphavsland i regionen av migrantar utan lovleg opphald
IOM: Assistert retur frå Tyrkia	3,0	styrke eit nasjonalt system for assistert retur og reintegrering i heimlanda

Tabell 2.21 Prosjekttilskot, 2018

Mottakar/prosjekt	Tildeling (mill. kroner)	Formål
ICMPD: Informasjonssenter om migrasjon i Irak	3,0	førebyggje irregulær migrasjon
Kurdiske sjølvstyremyndigheiter i Irak: Utstyr til grensekontroll	1,0	meir effektiv grensekontroll
IOM: Migrasjonsforvaltninga i Nigeria	3,0	stoppe irregulær migrasjon gjennom å styrke forvaltninga
Palestinske sjølvstyremyndigheiter: Teknisk utstyr til migrasjonsforvaltning	0,9	betre verifisering og gjennomføring av retur
ICMPD: Tilskot til dialogmøte, Budapest-prosessen og Silkerutepartnerskapet	0,5	god dialog om tiltak mot irregulær migrasjon
Filmskaparar utan grenser: Film mot radikaliserings	0,6	førebyggje radikaliserings av utsette ungdommar

Innanfor ramma til budsjettposten kan departementet endre desse tre typane tilskotsordningar: tilskot til personar som returnerer, tilskot til informasjonstiltak i Noreg og tilskot til prosjekt i andre land.

Det er behov for auka overføring av kompetanse på forvaltning av migrasjon til opphavs- og transittland for asylsøkarar og migrantar. Opplæring kan gis anten ved at norske tenestepersonar reiser til aktuelle land eller regionar, eller ved at representantar frå aktuelle land blir inviterte til Noreg. For å styrke dette arbeidet blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 490, post 72, med 1 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke under kap. 400, post 23, jf. omtale under denne posten. Forslaget er ei vidareføring av endringa som er gjord for 2019, jf. Prop. 114 S (2018–2019) og Innst. 391 S (2018–2019).

Delar av utgiftene på kap. 490, post 72 kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og bli førte som inntekter på kap. 3490, post 01 og post 08, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 01 og post 08.

I budsjettforslaget er det teke utgangspunkt i 250 assisterte returar i 2020.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 73,1 mill. kroner.

Post 73 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak, kan nyttast under kap. 291, post 60

Formålet med posten er å finansiere støtte til arbeidet UNHCR og eventuelt andre organisasjonar, som International Organization for Migration (IOM), gjer med overføring av flyktningar. Der som midlar på posten ikkje blir nytta til slik støtte, vil dei bli brukte til å overføre flyktningar til Noreg. Midlane vil bli nytta i nært samarbeid med UNHCR og ev. anna organisasjon. Løyvinga bidrar til å auke kapasiteten UNHCR har til å arbeide med overføringssaker med tanke på både kvantitet og kvalitet, ved at UNHCR kan arbeide med fleire saker generelt, spesifikke tema og spesifikke sakstypar, t.d. barn som anten er utan foreldre, eller berre er med éin forelder. Dette gir betre varetaking av flyktningar og av land som tek imot kvoteflyktningar. Tilskot blir gitt direkte frå departementet utan utlysing.

I 2018 vart det rekneskapsført om lag 14,8 mill. kroner på posten. Heile løyvinga vart overført til UNHCR. Av dette vart om lag 6,8 mill. kroner løyvde til UNHCRs operative arbeid, bl.a. knytt til gjennomføring av norske uttakskommisjonar. Om lag 8,1 mill. kroner gjekk til bruk av personell frå samarbeidsorganisasjonar som inngår i ei ordning med utplassering av personell til aktuelle land (International Catholic

Migration Commission, RefugeePoint, Dansk Flygtningehjælp og International Refugee Assistance Project).

Utgiftene på kap. 490, post 73, kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og bli førte som inntekter på kap. 3490, post 06, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 06.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 21,9 mill. kroner.

Post 74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv. (ny), kan overføres

Regjeringa foreslår å opprette ein ny budsjettpost knytt til internasjonale forpliktingar på migrasjonsområdet. Løyvinga skal dekke kontingentar og andre innbetalningar til internasjonale samarbeidsorgan. Midlar til formålet er i dag løyvde på kap. 490, post 01, og det blir foreslått å redusere denne posten med 36,4 mill. kroner mot tilsvarende løyve på nye post 74.

Sidan det er svært usikkert når utbetalingane skjer, foreslår Regjeringa at posten gis stikkordet «kan overførast».

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 36,4 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktninger til og frå utlandet, kan overførast

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og reiseutgifter for flyktningar som vender tilbake til heimlandet. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar.

Løyvinga på posten varierar med storleiken på den norske kvoten for overføringsflyktningar. Det er lagt til grunn uttak av 3 000 overføringsflyktningar i 2020 jf. pkt. 5. Ved eventuelt mottak av asylsøkarar for å fordele ansvaret mellom EU/Schengen-land skal dette takast innanfor talet på overføringsflyktningar, og eventuelle reiseutgifter til desse asylsøkarane vil bli førte på denne posten. Det er forventa at ei nødvendig reforhandling av avtalen med International Organization of Migration (IOM) knytt til administrasjon av reisa til overføringsflyktningar vil medføre auka utgifter. Sidan den nye avtalen ikkje er inngått på tidspunktet for utforminga av forslaget til løyving, vil ein truleg måtte komme tilbake til saka i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2020.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 75 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 03, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 03.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 28,2 mill. kroner

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter	65 087	1 845	769
03	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter	14 633	13 255	31 094
04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter	358 535	279 091	343 876
05	Refusjonsinntekter	7 942	8 862	7 018
06	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter	14 849	11 917	21 982
07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter		14 604	20 635
08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter		55 128	113 692
	Sum kap. 3490	461 046	384 702	539 066

Etter OECD/DACs (Development Assistance Committee) retningslinjer kan visse flyktningutgifter knytte til opphald i Noreg og tilbakevending til heimlandet klassifiserast som offisiell internasjonal bistand (ODA). Kva for utgifter som skal reknast som bistand, er regulert i retningslinjene til OECD. På bakgrunn av nye presiseringar frå OECD gjer Noreg frå og med 2019 fleire endringar i rapporteringa, jf. Prop. 1 S (2018–2019) for Justis- og beredskapsdepartementet og for Utanriksdepartementet. Den nye praksisen er lagd til grunn for berekninga av løyvingforslaga for 2020.

Post 01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende tilbake til heimlandet, og utgifter til at personar med avslag på asylsøknad skal kunne returnere, kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell internasjonal bistand. Regjeringa foreslår at 0,8 mill. kroner av utgiftene på kap. 490, post 72, knytt til reise og administrasjon i samband med assistert retur og tilbakevending, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 0,8 mill. kroner på kap. 3490, post 01, i 2020.

Post 03 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at 26 mill. kroner av utgiftene på kap. 490, post 01 og post 75, knytt til administrative tenester i samband med at flyktningar reiser, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 31,1 mill. kroner på kap. 3490, post 03 i 2020.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkarar og flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at 337,8 mill. kroner av utgiftene på kap. 490, post 01, post 21, post 60, post 70 og post 71, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår

regjeringa å inntektsføre 343,9 mill. kroner på kap. 3490, post 04, i 2020.

Post 05 Refusjonsinntekter

Posten består av refusjon for at andre verksemder har brukt IKT-systemet DUF, refusjon for deltaking i europeiske samarbeidsprosjekter og andre mindre refusjonar. På bakgrunn av erfaringstal blir det foreslått å løyve 7 mill. kroner i 2020. Det blir foreslått at løyvinga på kap. 490, post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

Post 06 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter

Utgifter knytte til overføring av flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at utgiftene på kap. 490, post 73 blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 22 mill. kroner på kap. 3490 post 06, i 2020.

Post 07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Det blir foreslått at utgiftene på kap. 490, post 22, blir rapporterte som bistand. I samband med dette blir det foreslått å inntektsføre 20,6 mill. kroner på kap. 3490, post 07 i 2020.

Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter

Utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og transittland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC. Regjeringa foreslår at relevante utgifter under kap. 490, post 72 og kap. 400, post 23, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 113,7 mill. kroner på kap. 3490, post 08, i 2020.

Kap. 491 Utlendingsnemnda


(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i>	308 482	293 582	285 316
21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttes under post 1</i>	9 675	6 370	12 625
	Sum kap. 0491	318 157	299 952	297 941

Utlendingsnemnda er klageinstans for vedtak UDI har gjort, og skal bidra til ei samstemd, effektiv, rettssikker, føreseieleg og brukarvennleg utlendingsforvaltning som brukarane har tillit til. UNE vurderer både asylsaker og opphaldssaker i tillegg til saker om statsborgarskap. UNE saksbehandlar òg omgjeringsoppmodingar på eigne vedtak. I 2018 utgjorde omgjeringsoppmodingane 28,3 pst. av dei behandla sakane. UNE har òg ei egen prosedyreining, som prosederer ein del av UNEs saker i rettssystemet i samarbeid med Regjeringsadvokaten.


Fleirtalet av vedtaka som blir gjorde av UNE, blir gjorde av UNEs sekretariat eller av nemndleiararen etter førebuing i sekretariatet. I 2018 vart 456 av totalt 9 650 av vedtaka gjorde i nemndmøte (4,7 pst.). 3 vedtak vart gjorde i stornemnd (utvida nemnd).

På grunn av reduksjon i talet på asylsøkarar til Noreg vart saksbehandlingskapasiteten i UNE redusert i 2018. UNE har i 2018 derfor vært oppteken av å nedbemanne organisasjonen. Per 31.12.2017 hadde UNE 314,4 årsverk. Per 31.12.2018 var tilsvarande tal 252,7. Nedbemanninga har halde fram gjennom 2019.




Figur 2.38 Behandla og ubehandla asylsaker, UNE, 2014–30. juni 2019

Kjelde: UNE



Figur 2.39 Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for klager i asylsaker i måneder, UNE, 2014–30. juni 2019
Kjelde: UNE

I 2018 mottok UNE 27 pst. færre opphaldssaker (andre sakstyper enn asyl) enn i 2017.



Figur 2.40 Talet på ubehandla opphaldssaker hos UNE fordelt på sakstype, 2014–30.juni 2019
Kjelde: UNE

Som omtalt under kap. 490 har regjeringa lagt fram ein lovproposisjon om tilbakecall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m. Det er foreslått endringar i statsborgarregelverket slik at forvaltningsbehandlninga blir styrkt med fritt rettsråd og behandling i nemns møte i UNE med personleg frammøte. Dette vil medføre at det blir fleire ressurskrevjande saker som skal behandlast i UNE i 2020, inkludert saker som har

vore sette på vent fram til oppfølginga av Stortingets oppmodingsvedtak.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 491, post 21

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av utlendingsnemnda (UNE). Per 30. juni 2019 var bemanninga i UNE på 227 årsverk.

På bakgrunn av låge prognosar for saksinn- gang foreslår regjeringa å redusere posten med 13,8 mill. kroner i 2019. På same grunnlag blir det òg foreslått å redusere løyvinga til barnefagleg kompetanse med 2 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å løyve 7,5 mill. kroner på kap. 491, post 01, for å gjennomføre lovendringane knytte til tilbakekall av statsborgarskap og for å byggje ned talet på ubehandla saker i denne porteføljen, jf. omtale ovanfor.

Det blir òg foreslått ei flytting av 4,6 mill. kroner frå kap. 491, post 01 til kap. 491, post 21.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 285,3 mill. kroner. Gitt dei gjeldande prognosane og samansetninga av saker legg løyvingsforslaget til rette for å vidareføre situasjonen med relativt korte saksbehandlingstider.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttast under kap. 491, post 01

Løyvinga på posten skal dekke utgifter i samband med nemndmøte. Det er den enkelte nemndleia-

ren som, ut frå regelverket, avgjer om det skal setjast nemnd i den enkelte saka. Nemndutgiftene omfattar bl.a. godtgjersle for reise og opphald for nemndmedlemmer og tolkar i tillegg til reise- og opphaldsutgifter for advokatar og klagarar. Posten skal òg dekke sakskostnadene til klagaren ut frå forvaltingslova § 36 og i tillegg reise- og opphaldsutgifter for sakføraren i samband med tvunge ver- neting for utlendingssaker.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,6 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 491, post 01.

Regjeringa foreslår å løyve 2 mill. kroner på kap. 491, post 21, for å gjennomføre lovendringane knytte til tilbakekall av statsborgarskap og for å byggje ned talet på ubehandla saker i denne porteføljen, jf. omtale ovanfor. Samstundes foreslår regjeringa å redusere løyvinga med posten med 0,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2019, som følgje av lågare prognosar for annan saksinn- gong.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 12,6 mill. kroner.

Del III
Særlege tema

3 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft

3.1 DSB

3.1.1 Nødmeldingssentralar

Nasjonalt nødmeldingsprosjekt dokumenterte i 2014 at det er lønnsamt å redusere talet på sentralar i kvar etat og i størst mogleg grad lokalisere desse saman. Felles geografiske verkeområde har praktiske og beredskapsmessige fordelar og vil kunne leggje til rette for meir effektiv handtering av hendingar og færre feil og mistydingar i samvirket mellom etatane. Fleire av operasjonssentralane i politiet og 110-sentralane i brannvesenet er derfor i ferd med å bli lokaliserte vegg i vegg i dei nye politidistrikta, som har samanfallande geografiske grenser med 110-regionane. Det blir òg lagt til rette for at AMK-sentralane til helsetenestene kan bli plasserte same stad på eit seinare tidspunkt, dersom dei sjølv ønskjer det. Det er gjennomført samlokaliseringar mellom politi og brannvesen i Hamar, Ålesund, Bodø (der også helse er med) Ski og Tønsberg. Det er òg i gang prosessar for å leggje til rette for samlokalisering i Tromsø og Kirkenes. Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap (DSB) skal i samarbeid med Politidirektoratet utarbeide ein plan for samlokalisering i attståande regionar/politidistrikt.

3.2 Politiet

3.2.1 Digitalisering i politiet

Utviklinga av IKT-løysingane i politiet har vore prega av at større og mindre funksjonelle behov har blitt løyste ved at ein har vidareutvikla eksisterande applikasjonar, eller ved at ein har etablert nye enkeltløysingar. Dette har ført til at politiet har eit fragmentert informasjons-, applikasjons- og infrastrukturlandskap som ikkje støtter korkje dagens eller morgondagens behov. Mange av dei sentrale IKT-løysingane i politiet er utvikla på 1970- og 1980-tallet og er umoderne. Løysingane er komplekse og arbeidskrevjande å vedlikehalde, og politiet har derfor måtte prioritere å redusere

sårbarheiter og forbetre tryggleiken. Viser til pkt. 6 under programkategori 06.40 i Del II for arbeid med IKT-tryggleik. Det er utfordrande for politiet å halde tritt med teknologiutviklinga pga. stort etterslep på investeringar, noko som fører til høge drifts- og forvaltningskostnadar knytte til eksisterande IKT-system. Trass i umoderne løysingar er politiet avhengig av løysingane for å utføre samfunnsoppdraget. Ressursane blir derfor nytta til vedlikehald av dei gamle løysingane samstundes som ein utviklar og investerer i nye løysingar. Fram til etterslepet er tatt inn, vil umoderne løysingar gjere effektivisering av politiets oppgåveløysing krevjande.

Utgifter til IKT i politiet utgjer litt over 10 pst. av budsjettet til etaten. Politiet har mange, ueinsarta og kompliserte oppgåver, så det er ikkje unaturleg at det kostar å halde etaten med løysingar. Det er likevel mogleg å nytte ressursane smartare slik at politiet får meir att for pengane, men det vil vere krevjande å ta igjen etterslepet som har opparbeidd seg, innanfor rimeleg tid, samstundes som dei gamle systema må vere tilgjengelege. Politidirektoratet har samla strategiske endringsinitiativ på IKT-område i ein utviklingsportefølje, som er finansiert gjennom avsetning frå eige ramme, øyremerkte midlar samt midlar frå EUs indre tryggleiksfond.

Justis- og innvandringsministeren og Politidirektøren har bestemt at det skal setjast i gang ein ekstern gjennomgang av prosjektportefølja i Politidirektoratet. Dette skal bidra til ein effektiv og god gjennomføring av utviklingsprosjekta.

3.2.2 Byggesaker i politiet

Krav til politibygg

Det er nødvendig med funksjonelle og effektive politibygg som støttar verksemda og samfunnsoppdraget i politiet. Mange krav til utforming av politibygg er kostnadsdrivande. For at dei samla ressursane alltid skal nyttast mest mogleg effektivt, vil det derfor kontinuerleg vere behov for å

vurdere moglegheiter for å effektivisere og redusere kostnader knytte til eigedom og bygg i politiet.

Departementet har bedt Politidirektoratet om å utvikle eit standardkonsept for politibygging. Det skal utviklast standardar som definerer krav til funksjonar, areal og tryggleik for politibygging. Krav til politibygging må setjast ut frå ei verddivurdering opp mot gjeldande lover og regelverk. Moglegheiter for effektivisering og reduksjon av kostnader til bygg og eigedom i politiet vil bli følgde opp i det vidare arbeidet med å vidareutvikle eigedomsmassen i politiet.

Politihus i Bergen

Kvalitetssikringa for politihuset i Bergen er førebels stilt i bero fram til utreiinga er oppdatert med dei nye tryggingsskrava, jamfør ny tryggingsslov og forskrift om objektsikring. Den eksterne kvalitetssikringa vil starte opp att i 2020 når oppdateringar i utreiinga er gjennomførte. Departementet vil då også få svar på om Nygårdstangen er eigna for eit nytt politihus eller om ei anna løysing er eit betre alternativ.

Politihus i Oslo

Oslo politihus på Grønland er nedslite, og departementet har fått utarbeidd ei konseptvalutgreiing som no er til ekstern kvalitetssikring trinn éin i KS1. Ny tryggingsslov og forskrift om objektsikring har medført at det må gjerast oppdateringar i utreiinga, og det blir teke sikte på at sjølve konseptvalet vil vere ferdig kvalitetssikra i løpet av 2020.

3.2.3 Bemanninga i politi- og lensmannsetaten

Regjeringa har ei målsetjing om å nå to polititenes-tepersonar per 1 000 innbyggjarar på nasjonalt nivå i løpet av 2020. I perioden 31. desember 2013 til 31. mars 2019 har bemanninga i politiet auka med over 2 800 årsverk, der over 1 650 er politiårsverk. Av politiårsverka har over 1 450 kome i politidistrikta. Politidekninga har auka frå 1,71 i fjerde kvartal 2013 til 1,95 i første kvartal 2019, og med budsjettforslaget for 2020 legg regjeringa til rette for at målet om 2 politiårsverk per 1 000 innbyggjarar på nasjonalt plan vil bli nådd i løpet av 2020. Fordelinga mellom stillingskategoriane politi, juristar og sivile per politidistrikt kjem fram av tabell 3.1.

Tabell 3.1 Bemanningsutvikling i politiet

Distrikt/ særorgan	31.12.2013				31.03.2019				Endring 2013–2019			
	Politi	Juristar	Sivile	Sum alle	Politi	Juristar	Sivile	Sum alle	Politi	Juristar	Sivile	Sum alle
Oslo pd	1 855	138	821	2 814	2 214	189	831	3 234	359	51	10	420
Øst pd	979	87	506	1 572	1 166	119	560	1 844	187	32	54	272
Innlandet pd	484	38	238	760	602	40	246	889	118	2	8	129
Sør-Øst pd	999	91	420	1 510	1 078	101	397	1 576	79	10	-23	66
Agder pd	410	31	155	595	481	39	162	682	71	8	7	87
Sør-Vest pd	656	70	305	1 031	855	80	324	1 258	199	10	19	227
Vest pd	770	58	352	1 180	860	79	342	1 281	90	21	-10	101
Møre og Romsdal pd	311	23	145	479	392	29	128	549	81	6	-17	70
Trøndelag pd	602	45	247	894	714	55	262	1 031	112	10	15	137
Nordland pd	362	33	173	568	419	40	154	613	57	8	-19	46
Troms pd	245	21	128	394	316	26	143	485	71	5	15	91
Finnmark pd	201	17	108	326	247	18	138	403	46	1	30	76
Sum pd	7 874	652	3 598	12 124	9 344	815	3 686	13 845	1 469	164	89	1 721

Tabell 3.1 Bemanningsutvikling i politiet

Distrikt/ særorgan	31.12.2013				31.03.2019				Endring 2013–2019			
	Politi	Juristar	Sivile	Sum alle	Politi	Juristar	Sivile	Sum alle	Politi	Juristar	Sivile	Sum alle
Grensekom.	–	–	5	5	0	0	5	5	0	0	0	0
NID	–	–	34	34	0	0	40	40	0	0	7	7
KRIPOS	203	17	265	485	281	22	299	602	77	5	34	117
PHS	114	4	296	414	106	3	329	438	-8	-1	32	23
Økokrim	33	34	78	145	46	32	82	160	13	-2	4	15
UP	29	1	21	50	16	2	44	62	-13	1	23	12
PFT	1	–	104	104	4	0	342	346	3	0	238	241
PIT	1	–	207	209	9	0	495	504	8	0	288	296
PU	163	6	273	442	230	19	447	696	67	13	174	254
Namsfogden i Oslo*	–	–	113	113	–	–	–	–	–	–	-113	-113
POD	30	14	154	198	54	7	260	321	24	-7	106	123
PST (DSE)	268	10	170	448	305	13	265	583	37	3	95	135
Sum POD, sær- organ, PST mm.	842	86	1 715	2 643	1 051	98	2 608	3 756	209	13	892	1 114
Sum	8 716	737	5 312	14 766	10 395	913	6 293	17 601	1 679	176	981	2 835

Tabellen viser utviklinga i bemanninga i politiet frå 2013, fordelt på stillingskategoriane politi, juristar og sivile.

* Til Oslo politidistrikt frå 1.4.2017

Kjelde: Politidirektoratet

Departementet understrekar samtidig at det er Politidirektoratet som tildeler midlar og politiårsværk til politidistrikta, og at det er politimeisteren i det enkelte politidistrikt som har ansvar for å disponere ressursar effektivt og etter behov.

3.3 Utlendingsforvaltninga

Utlendingsforvaltninga omfattar ei rekkje ulike verksemdar som har ulike oppgåver og roller. God samhandling på tvers av dei ulike verksemdene, særleg i førstelinja, der utanrikstenesta, politiet og Utlendingsdirektoratet (UDI) inngår, saman med UNE som klageorgan, er ein føresetnad for effektivitet og brukarretting i forvaltninga. UDI har ei særleg viktig oppgåve med å utvikle fellesløysingar. Politidirektoratet (POD) har same rolle når det gjeld kjerneoppgåvene til politiet, og på ID-området har desse to etatane eit nært samarbeid om felles løysingar. Dette samarbeidet strekkjer seg òg over til mellom anna Skattedirek-

toratet som folkeregistermyndigheit. I etatsstyringa legg departementet derfor vekt på at etatane samordnar strategiane sine, og vidare at det er tett dialog og gjensidige tilpassingar undervegs i gjennomføringa av ulike tiltak. Dette gjeld særleg for- enklings- og moderniseringsarbeidet.

3.3.1 Modernisering av IT-løysingane til utlendingsforvaltninga

Forslaget frå regjeringa om løyving på kap. 490, post 45, inneheld vidareføring av investeringsmidlar på 38,5 mill. kroner i 2020 til utvikling og modernisering av IT-løysingane til UDI. Systema til utlendingsforvaltninga vart opphavleg tekne i bruk rundt tusenårsskiftet, og ein har no utfordringar med datakvalitet, tilgangen til informasjon og tryggleiksrisiko. Gjennom arkitekturtiltaka som er planlagde, skal IT-moderniseringa leggje grunnlag for stegvis utfasing av eldre løysingar, og samstundes gi betre oversikt over og kontroll med asylsøkarar og andre tredjelandsborgarar.

Vidare skal IT-moderniseringa bidra til effektivisering i forvaltninga gjennom betre funksjonell støtte og automatisering av rutinar. Dei nye løysingane bli utvikla i tråd med vedtekne prinsipp innfor digitaliseringspolitikken.

I 2020 vil det bli ferdigutvikla ei ny systemløysing for mottaksfeltet. Dette systemet vil leggje til rette for meir effektiv bruk av mottaksplassane og betre kontroll med utbetalingar til mottak og søkarar. Systemet skal òg understøtte arbeidet med integrering og retur. Den nye mottaksløysinga vil vere basert på standard programvare/hyllevare.

Vidare vil ein utvikle løysingar for automatisert behandling av opphaldssaker. Ein stor del av desse sakene kan automatiserast heilt eller delvis og dermed frigjere saksbehandlingskapasitet. Løysinga vil leggje grunnlag for automatisering også av andre saksporteføljar.

Som klageorgan har UNE til dels eigne teknologiløysingar, samstundes som verksemda nyttar fellesløysingar i utlendingsforvaltninga. UNE vil primært tilpasse seg og ta del i det felles utviklingsløpet i utlendingsforvaltninga, og utover dette vil dei utvikle og forbetre sine eigne system på enkeltområde der dei kan hauste dei største gevinstane.

3.3.2 Meir effektiv innleiande asylsakshandsaming

UDI og POD/PU arbeider med å innføre ny saksflyt for å effektivisere asylsaksbehandlinga i den innleiande tilkomstfasen, òg medrekna innkvarteringslogistikken. I den nye saksflyten er det lagt til grunn at UDI og PU skal vere samlokaliserte på Ankomstsenter Østfold i den innleiande tilkomstfasen. Drifta ved innkomstsenteret har sidan starten seint i 2015 gitt eit godt praktisk erfaringsgrunnlag ved at ein har prøvd ut og evaluert ulike nye arbeidsmodellar, først gjennom handteringa av den store tilstrøyminga av asylsøkarar som varte ved dei første månadene etter opprettinga, og seinare i 2017 i samband med at senteret tok imot store puljar med relokaliserte asylsøkarar.

Ombyggingstiltaka og samlokaliseringa av verksemd i PU og UDI på Ankomstsenter Østfold er venta å vere fullførte i 2020. Det gjenstår monalege delar av byggeprosjektet, jf. omtalen av forseinkingane i prosjektet under kap. 490.30, og det er derfor framleis usikkert når i 2020 etableringa av den nye asylflyten på senteret vil kunne bli fullført.

Etatane har identifisert viktige kvalitative gevinstar av å forbetre saksflyten gjennom betre samarbeid om asylsaksregistrering og innleiande

asylsaksbehandling. Dei viktigaste elementa er at UDI utfører asylintervjuet og gjer fleire av vurderingane samordna med arbeidet til politiet som ein integrert del av den innleiande fasen. Eit anna viktig grep har vore å finne fram til metodar for å unngå å bruke tid på unødig lukking og opning av saker. Vidare har ein vurdert forbetringar i organisering og bruk av felles støttenester og andre linjeekspertise i alle delar av saksflyten.

Vidare vil samarbeidet mellom etatane føre til høgare kvalitet i saksbehandlinga, særleg knytt til tidlegare ID-avklaring og dermed fleire vedtak på riktig grunnlag. Tidlegare avklaring av identitet vil òg lette både arbeidet med å busetje personar som får innvilga opphald, og arbeidet med å returnere personar som får avslag. Ny saksflyt vil òg kunne gi kortare saksbehandlingstid, som vil redusere talet på mottaksdøgn. Vidare vil ny saksflyt redusere den samla samtaletida med søkaren og dermed òg andre følgjekostnader, som t.d. kostnader ved bruk av tolk. I ny saksflyt blir òg oppgåvene i den innleiande asylsaksbehandlinga delte på ein måte som er meir robust ved store svingingar og massetilkomstar, og slik vil ny saksflyt sikre betre tilkomstberedskap.

3.3.3 Betre ID-forvaltning

Meir utstrekt opptak og lagring av biometri til bruk i saksbehandlinga i utlendingsforvaltninga

Tilgang til biometrisk informasjon som ansiktsfoto og fingeravtrykk er sentralt for å kunne gjennomføre ei effektiv og brukarvennleg utlendingsforvaltning, og det gir myndighetene betre føresetnader for å føre kontroll med identiteten til søkarane. Ein kan sjå på slik informasjon som faste bakgrunnsdata om søkarane. Slike data kan brukast om att til ulike formål på det vilkåret at informasjonen blir behandla på ein formålstenleg og trygg måte. Det betyr at dersom ein kan gjere større opptak av biometrisk informasjon for dei aktuelle søkargruppene for opphald i Noreg, og dersom ein kan lagre denne informasjonen over lengre tid, så vil det kunne bidra til forenklingar.

Ved søknader om visum og opphald i Noreg har fingeravtrykk tidlegare berre blitt lagra i avgrensa grad. Stortingets vedtak av 10. juni 2016 gav derimot heimel i utlendingslova til utvida nasjonal lagring og bruk av biometriske data. Ein del søkarar som skulle forlenge opphalda sine i Noreg, har måtta møte opp på nytt for å få teke fingeravtrykk hos politiet når dei har levert søknad. For mange betyr dette unødvendig ressursbruk bl.a. til reising. Høve til å samanlikne dei bio-

metriske dataa til utlendingar over tid, som eit kontrollverkemiddel, vil redusere risiko for ID-juks på ulike vis. Dersom den same personen tidlegare har søkt andre typar løyve under andre namn/identitetar, og/eller at personar har lagt fram falske ID-dokument, kan dette bli oppdaga.

Fellesløysingane til politiet for lagring og gjenfinning av biometriske data blir vidareutvikla og gjenbrakte til dette formålet. Dette sikrar høg kvalitet og riktig tilgang til opplysningane til bruk i utlendingsforvaltninga, men òg til regulerte politiformål som nedkjemping av kriminalitet og kontroll i samband med utferding av norsk ID-kort til utlendingar, jf. *lov om nasjonalt identitetskort*. Slik ombruk og deling er i samsvar med digitaliseringspolitikken til regjeringa. Men gjennomføringa, som inneber behov for endringar i systema til både politiet og UDI, har vist seg å vere krevjande, og ho har teke monnaleg lengre tid enn det som har vore lagt til grunn i budsjettframlegg for Stortinget. Ferdigstillinga er no forventa først i 2020.

Betre samhandling mellom utlendingsforvaltninga og det moderniserte folkeregisteret

UDI og Skattedirektoratet har dei siste åra samarbeidd om felles løysingar for automatisk tildeling

av d-nummer og fødselsnummer i folkeregisteret ved registrering og innvilging av opphald i saker etter utlendingslova. Delar av løysinga er no i drift, og heile løysinga for automatisk tildeling vil etter planen bli ferdigstilt i 2019. Dette har effektivisert rekvireringsarbeidet og bidratt til høgare kvalitet i folkeregistreringa. Registreringa skjer no på ein standardisert måte gjennom utlendingsforvaltninga og ikkje som tidlegare frå mange ulike etatar på det tidspunktet utlendingen fekk behov for d-nummeret. Samla sett er tiltaket derfor òg ei forenkling for brukaren.

Folkeregisteret har no òg førebudd at utlendingsmyndigheitene skal kunne leggje inn ei ytterlegare opplysning om ID er kontrollert, ved at biometri er samanlikna mellom ulike kjelder. Utfyllande regelverk og rutinar for dette er no til utgreiing. Tilgang til å ta opp og lagre biometri over lengre tid for fleire grupper utlendingar vil etter kvart gi stadig betre grunnlag for å fastslå ID-en til utlendingar på ein best mogleg måte, og det vil bidra til å forhindre eller luke ut feilaktige/misvisande registreringar i folkeregisteret.

4 Tilstandsvurdering for lov og orden

I Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn* blir 14 tverrsektorielle samfunnsfunksjonar som er kritiske for samfunnstryggleiken, presenterte. Dette er område der fleire departement har ansvar for samfunnsfunksjonar som er gjensidig avhengige av kvarandre. Departementa må derfor samarbeide for å vareta samfunnstryggleiken. For kvar av dei 14 samfunnsfunksjonane er det peika ut eitt departement som har hovudansvaret og skal sikre nødvendig koordinering og samordning mellom dei departementa funksjonen vedkjem.

Inndelinga i 14 kritiske samfunnsfunksjonar og utpeikinga av eit hovudansvarleg departement er eit sentralt verkemiddel for å styrke den tverrsektorielle samordninga i arbeidet med samfunnstryggleiken. Det er etablert eit system for å utarbeide status- og tilstandsvurderingar for dei 14 samfunnskritiske funksjonane. Status- og tilstandsvurderingane skal kaste lys over kor god evne samfunnet har til å oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar dersom dei blir utsette for ulike påkjenningar. Det skal utarbeidast tilstandsvurderingar for alle dei 14 funksjonane i løpet av fire år.

For budsjettåret 2019–2020 blir det her presentert ei status- og tilstandsvurdering for funksjonen lov og orden.

4.1 Samfunnsfunksjonen lov og orden

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for samfunnsfunksjonen lov og orden. Funksjonen tek utgangspunkt i statens plikt til å sikre dei rettane og den fridommen borgarane har, og til å verne dei mot fysiske overgrep og overgrep mot eigedom, fellesgode eller lovleg verksemd.

Den funksjonsevna samfunnet til kvar tid må oppretthalde innanfor området lov og orden, er knytt til desse seks kapabilitetane:

- *rettstryggleik* – evne til å verne mot vilkårlege, grunnlause eller på annan måte ulovlege inngrep i fridommar og rettar som den enkelte har
- *nedkjemping av kriminalitet* – evne til å forebyggje, avdekke, avverje og stanse alvorleg kriminell verksemd

- *etterforskning og iretteføring* – evne til å forfølge alvorlege straffbare forhold i tråd med gjeldande regelverk
- *ro og orden* – evne til å gripe inn mot åtferd som i alvorleg grad forstyrrar offentleg ro og orden, hindrar ulovleg verksemd eller trugar den alminnelege tryggleiken i samfunnet
- *grensekontroll* – evne til å gjennomføre nødvendig grensekontroll av personar og varer
- *fengsels- og institusjonstryggleik* – evne til å oppretthalde eit for samfunnet forsvarleg nivå på tryggleiken i fengsel, forvaringsanstaltar og institusjonar som behandlar personar som er dømde til tvungent psykisk helsevern eller tvungen omsorg

4.2 Statusen/tilstanden i politiet – samfunnsoppdraget til politiet

Samfunnsoppdraget til politiet er regulert i politilova §§ 1 og 2:

«Politiet skal gjennom forebyggjende, håndhevende og hjelpende virksomhet være et ledd i samfunnets samlede innsats for å fremme og befeste borgernes rettssikkerhet, trygghet og alminnelige velferd for øvrig. [...] Politiet skal beskytte person, eiendom og fellesgoder og verne om all lovlig virksomhet, opprettholde den offentlige orden og sikkerhet og enten alene eller sammen med andre myndigheter verne mot alt som truer den alminnelige tryggheten i samfunnet.»

Vidare skal politiet forebyggje kriminalitet og andre krenkingar av offentleg orden og tryggleik, avdekke og stanse kriminell verksemd og forfølge straffbare forhold i samsvar med reglar i eller i medhald av lov.

Politiet skal yte hjelp og tenester til borgarane i faresituasjonar i lovbestemde tilfelle og elles når forholda gjer at bistand er påkravd og naturleg. På oppmoding skal politiet yte andre offentlege myndigheiter vern og bistand under deira utføring av tenester når dette følgjer av lov eller sedvane. Eit

døme på slik bistand kan vere domstolar som ut frå ei trusselvurdering ynskjer bistand frå politiet for å oppretthalde ro og orden under rettsforhandlingane. Vidare skal politiet samarbeide med andre myndigheiter og organisasjonar som er tildelte oppgåver som går inn på verkefeltet til politiet, så langt reglar i eller i medhald av lov ikkje er til hinder for dette. Politiet skal òg utføre andre oppgåver som er fastsette i lov, eller som følgjer av sedvane, blant anna oppgåver som i lov er lagde til den alminnelege namsmannen.

Den daglege tenesta, gjennom førebygging, beredskapsplanlegging og øvingar, legg grunnlaget for evna til å førebyggje og avdekke hendingar og til å redusere konsekvensar av hendingar dersom dei inntreffer. Dette er i tråd med prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke som gjeld for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Noreg. Beredskapen skal bidra til å verne livet og helsa til befolkninga og til å vareta samfunnsopdraget slik dette er skildra i politilova. Domstolane verker berre på oppmoding frå ein påtaleberetiga, og verksemda opphøyrer når oppmodinga blir teke tilbake slik dette er beskrive i straffeprosesslova § 63.

4.3 Overordna risikovurdering

Samfunnsfunksjonen lov og orden blir oppretthalde av fleire myndigheiter, blant anna politiet, domstolane, Riksadvokaten, Sivilrettsforvaltninga, Datatilsynet, Utlendingsdirektoratet, tolletaten og Kriminalomsorga. Etersom politiet spelar ei avgjerande rolle innanfor dei fleste kapabilitetane og samarbeider med mange myndigheiter, vil status- og tilstandsvurderinga i hovudsak bli belyst ut frå rolla og ansvarsområda til politiet.

Den følgjande risikovurderinga er overordna og byggjer på erfaringar og faglege vurderingar hos politiet. Vi har teke utgangspunkt i to scenario for å skildre og vurdere kapabilitetane:

- digitale angrep mot betalings- og oppgjerssystem i finansnæringa
- ukontrollert tilstrøyming av store mengder menneske

Scenarioa er valde fordi dei skildrar hendingar som sektoren bør vere budd på å handtere, fordi dei kan medføre omfattande konsekvensar, fordi dei treffer fleire av kapabilitetane som skal vurderast, fordi dei rører ved område som er avgjerande for eit velfungerande samfunn, og fordi måten dei

blir handterte på, kan ha mykje å seie for den tilliten befolkninga har til politiet. Kapasiteten fengsels- og institusjonstryggleik er ikkje vurdert fordi dei valde scenario vedkjem kriminalomsorga i mindre grad enn dei andre kapasitetane. Det er politiets utlendingseining som er ansvarleg for eventuell internering på utleddsrettsleg grunnlag, såleis er det naturleg å ikkje adressere kriminalomsorga her. Ansvar for grensekontroll av varer ligg hos tolletaten og vil ikkje bli teke opp her.

Dei valde scenarioa er av ein slik art at problemstillingar, grenseoppgangar og rammer er tilsvarende som på andre område. Til dømes er Noreg eit av dei mest digitaliserte samfunna i verda, og eit angrep mot kraftsektoren eller samferdselssektoren vil kunne medføre liknande problemstillingar som dei som her blir trekte opp.

4.4 Scenario 1: alvorleg og breitt utforma angrep mot betalings- og oppgjerssystem i finansnæringa

Samstundes som samfunnet blir meir avhengig av digitale tenester, har det vakse fram ulike aktørar og nettverk som har informasjon om å angripe digital infrastruktur. Dette blir omtalt som cyberkriminalitet (DSB, 2019⁴). Formålet med slik kriminalitet, til dømes i form av hackingangrep, kan vere å få tak i informasjon eller spreie øydeleggjande virus eller utpressingsvirus. Nasjonalt tryggingorgan (NSM) har framheva at økonomisk vinning, spionasje og patriotisme er dei viktigaste motiva for denne typen kriminalitet (DSB, 2019).

Ein slik tenkt aksjon retta mot på betalingsinfrastruktur og oppgjersprosesser i finansnæringa vil kunne vere omfattande gitt at den digitale infrastrukturen har sårbarheiter ein trusselaktør kan nytte for å kompromittere systema. Dermed kan ein aksjon koordinerast slik at både betalingsterminalar og nettbankar påverkast, samstundes med betalings- og oppgjerssystem.

Det globale finansielle systemet blir meir samankopla og difor meir sårbart mot aksjonar frå både statlege og ikkje-statlege aktørar, og det blir stadig viktigare å beskytte kunnskap for å sikre verdier. Aksjonar retta mot finansiell infrastruktur forutset kompetanse rundt finanssystemet såfram som rundt digitale system.

⁴ DSB. Analyser av krisescenarioer 2019

4.4.1 Konsekvensar for samfunnet

Intensiteten og varigheita av eit slikt scenario vil ha betydning for kva konsekvensar som vil oppstå. Ved eit omfattande angrep vil scenarioet i stor grad påverke stabiliteten i samfunnet, og det er venta at det vil kunne skape sosial uro. Ein må forvente irrasjonelle finansielle transaksjonar og mogleg hamstring/plyndring. Folk vil oppleve utryggleik, utan å kunne påverke situasjonen, noko som kan føre til avmakt og manglande tillit til myndigheitene. Samstundes vil det vere store forventningar til handteringsevna til myndigheitene, og det vil bli stilt spørsmål om ansvar og fordeling av skuld. Domstolane vil bli involvert i prosessen med å avgjere saker dersom partane ikkje vert einige. Kor omfattande desse konsekvensane blir, vil bli påverka av korleis myndigheitene handterer situasjonen, og av evna deira til å kommunisere og treffe tiltak.

Eit scenario som det som her er skildra, vil kunne medføre ein monaleg auke i etterspurnaden etter og sirkulasjonen av større mengder kontantar. I tillegg til den risikoen som følgjer med auka kontantstrømmer, kan det oppstå uvisse knytt til logistikk og faktisk kontantbeholdning, både hos næringslivet og i befolkninga. Vidare vil ei svikt i betalings- og oppgjerssystem i finansnæringa kunne påverke varehandelen, oppgjersmekanismer og verksemder i næringslivet, og det vil kunne ha følgjer for import og eksport av varer og tenester frå og til andre land.

Innbyggjarane vil kunne oppleve omfattande endringar i dagleglivet, og kvardagen må organiserast på ein annan måte enn normalt. Når betalingsordningar blir lamma, blir det umogleg å bruke betalingskort i butikkar og på andre brukarstader. Minibankane vil etter kort tid gå tomme for pengar. Normal omsetjing av daglegvarer og drivstoff vil stoppe opp, og det vil kunne bli relativt kaotiske tilstandar. Auka bruk av kontantar vil føre til større kontantbeholdningar, noko som igjen vil kunne auke risikoen for tjuveri og ran. Det vil kunne bli naudsynt med auka bruk av tvangsmidlar, noko som involverer domstolane.

Det kan ventast at den pressa situasjonen befolkninga vil oppleve i dette scenarioet, vil medføre uro og ordensforstyrningar. Situasjonen vil innebere at befolkninga må bruke meir kontantar, noko som kan medføre ein viss auke i vinningskriminaliteten. Dette vil utfordre den operative og etterforskningsmessige kapasiteten til politiet, og det vil bli nødvendig å fortløpande styre politiresursane dit behovet til kvar tid er størst. Det er sannsynleg at ein større del av politiresursane vil

bli brukte til ordensoppdrag. Det vil kunne oppstå restansar inn mot domstolane, hovudsakeleg av dei eldre og pågåande sakene hos politiet.

4.5 Scenario 2: ukontrollert tilstrøyming av store mengder menneske

Vedvarande ustabilitet i fleire folkerike land i randsona til Europa gjer at risikoen for ukontrollert tilstrøyming av store mengder menneske til Noreg blir vurdert som reell. Vi ser også at EU fortsatt har pågåande migrasjonsutfordringar ved den sørlige ytre grensa for Schengen-område, særleg ved sjøgrensen i Middelhavet og Egeerhavet.

For Noreg er trusselen frå irregulær migrasjon størst i samband med sekundære rørsler i Schengen og ikkje over yttergrensa. Hendingane i 2015, med høge tilkomstar av asylsøkarar via Storskog grensepasseringsstad, viste at situasjonen likevel kan endre seg raskt også ved Noreg si ytre Schengen-grense, noko som kan medføre store konsekvensar for dei grensene det gjeld.⁵

Ifølgje NATOs *7 Baseline Requirements* – ei forplikting frå NATO-toppmøtet i 2016 – skal ein nasjon kunne handtere ei masseinnkomst tilsvarende to prosent av befolkninga. For Noreg utgjer dette ca. 100 000 personar.

4.5.1 Konsekvensar for samfunnet

Ein masseinnkomst av personar med svært variert bakgrunn når det gjeld alt frå språk og helse til religion og etnisitet, vil kunne auke risikoen for uro og kriminalitet. Dette kan vere mellom migrantane, men òg mellom migrantar og befolkninga elles. Vidare vil store mengder menneske på mellombelse mottak kunne medføre opptøyar, bråk og ordensforstyrningar.

Irregulære masseinnkomstar av migrantar vil ofte ha samanheng med framvekst av grensekryssande kriminalitet, som utnytting av menneske i sårbare situasjonar, menneskehandel, menneskesmugling med meir. Sannsynet for at det kan vekse fram hatkriminalitet som følgje av at det kjem store mengder menneske, gjer at politiet må prioritere å rette verksemda si mot dette. Einslege mindreårige asylsøkarar (EMA) kan utgjere ei særskilt sårbar gruppe for påverknad og rekruttering til kriminalitet og radikalisererte miljø.

⁵ Noregs grense mot land utanfor Schengen. Nasjonal risikoanalyse 2018–2019. Unnateke offentlegheit.

Erfaringar frå arbeid knytt til irregulær migrasjonsproblematikk dei seinare åra har vist at personar som til dømes er knytte til terrororganisasjonar, kan prøve å blande seg med menneskestraumane.

Ved ei stor, ukontrollert tilstrøyming av asylsøkarar til grensa må politiet òg sørge for tryggleiken for både asylsøkarar, tilsette i utlendingsforvaltninga og borgarar som bur i nærleiken av akuttmottaka. Kvart enkelt politidistrikt vil derfor måtte vurdere moglege truslar som er knytte til grensa, og tryggleiken ut frå lokale forhold når det gjeld mottak av migrantar. Den nasjonale leiinga vil få informasjon frå grensa for å oppnå ei betre situasjonsforståing og eventuelt kunne gjere ei vurdering mot naboland og ei vurdering av bistandsbehov, til dømes når det gjeld behovet for personell frå Frontex, det europeiske grense- og kystvaktbyrået. Ved ekstraordinære tilstrøymingar som medfører behov for sentrale omdisponeringar av ressursar og prioriteringar i politiet, vil Politidirektoratet setje i verk, støtte og koordinere tiltak og aktivitetar som påverkar oppgåveløysing og prioritering i politidistrikt og særorgan. Dette må koordinerast med andre samfunnsaktørar politiet samhandlar med, for å oppnå styrkt samvirke i beredskap og krisehandtering. Politidirektoratet vil vidare koordinere og samordne informasjonsinnhenting internt i politiet der ordinær verksemd blir påverka av auka asylinnkomstar, og kommunisere sentral informasjon ut til aktørane i og utanfor politiet.

Ukontrollerte tilstrøymingar av store mengder menneske til Noreg vil vidare medføre behov for å samordne etterretningsprodukt på nasjonalt nivå for å gi eit strategisk situasjonsbilete for avgjerdsstøtte. Ved ekstraordinære innkomstar eller forventningar om dette vil særleg Kripes, med bistand frå Politiets utlendingseining (PU), vere ansvarleg for å dekke det nasjonale informasjonsbehovet og produsere etterretning med detaljar om menneskestraumane som flyttar seg mot Noreg, forventningar om kommande innkomstar og innkomstbiletet i Noreg sett i forhold til andre europeiske land.

Vurderingar av forhold som gjeld ivaretaking av ro og orden, vil bli brukte i samband med utarbeiding og oppretting av store mottak for asylsøkarar. Det vil vere viktig at politiet vurderer faktorar som gjeld den fysiske og psykiske tilstanden til kvar enkelt søker. Politiet må òg gjennomføre initierande samtalar som kartlegg forhold som påverkar krise. Å formidle desse vurderingane vidare er svært viktig for å sikre ei samansetning av bebuarar som ikkje gjentek og forsterkar

interne motsetnader frå heimlanda til flyktningane. Det vil ha ein førebyggjande effekt at truselvurderingane politiet gjer av flyktningane, blir brukte slik at ein får plassert dei i riktig mottak. Ei riktig bebuarsamansetjing vil senke stressnivået og dermed tendensane til ordensforstyringar og valdshendingar.

Politiet har erfaring med, og kompetanse til, å handtere tilstrøymingar av asylsøkarar slik at rettstryggleiken til den enkelte asylsøkaren blir sikra. I byrjinga vil politiet derfor ha rutinar og kapasitet til å behandle asylsøkarar som kjem til Noreg, innanfor sin vanlege organisasjon og struktur, og utan større verknad for andre politioppgåver. Men massetilstrøymingar over tid vil kunne medføre at andre arbeidsoppgåver innanfor politiets ansvarsområde blir påverka. I ein slik situasjon vil det bli nødvendig å omprioritere ressursar frå etterforskning til grense- og ordensteneste. Blir denne situasjonen langvarig, vil den krevje så mykje ressursar frå politiet at det vil ha konsekvensar for den faktiske mogeligheita til å handtere innkomstane i tillegg til øvrige oppgåver. Domstolane vil involverast i spørsmål om blant anna internering, straff og anker, og verkeområdet vil i større grad gå med til behandling av begjæringar om avgjerd om tvangsmidlar og særskilt fengslingar etter utlendingslova. Kriminalomsorga vil i mindre grad bli påverka av internering på utlendingsrettsleg grunnlag, ettersom Trandum og eventuelle andre særskilte tilrettelagde innkvarteringsstader vert drifta av Politiets utlendingsenhet.

Ei ukontrollert tilstrøyming av store mengder menneske til Noreg vil medføre eit omfattande arbeid med grensekontroll, mottak og registrering av personar og forhold som gjeld ro og orden. Det vil innebere eit svært stort press på dei politidistrikta som har som oppgåve å gjennomføre grensekontroll og personkontroll ved den indre og ytre Schengen-grensa.

4.5.2 Tiltak som alt er i gang, og planlagde tiltak

Kunnskapen og erfaringa som politiet får gjennom å handtere hendingar dagleg, dannar – saman med beredskapsplanlegging, trening og øvingar – fundamentet for måten politiet handterer store og alvorlege hendingar på. Terrorangrepet mot regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli og situasjonen då store mengder asylsøkarar kom til Noreg i 2015, er hendingar der politiet tok i bruk beredskapsplanverk. Evalueringa av desse hendingane har påpeika læringspunkt som politiet har jobba systematisk med for å betre krisehandte-

ringa si. Evaluering og erfaringslæring dannar grunnlaget for iverksetjing av tiltak som vil styrke evna til å oppretthalde dei sentrale kapasitetane.

4.5.3 Tiltak for å styrke evna til å møte eit alvorleg angrep mot betalingsssystem

Etablering av kompetansemiljø

Politiet har kapasitet og kompetanse til å etterforske og irtetteføre eit breitt spekter av lovbrøt. Dette omfattar òg angrep mot digital infrastruktur.

Politiets sentrale kapasitet og kompetanse på dette området ligg hos Kripos ved Nasjonalt cyberkriminalitetssenter (NC3). NC3 bestod i januar 2019 av rundt 80 personar som skal bli politiet sin spyspiss i innsatsen mot kriminalitet og truslar i det digitale rommet. NC3 støttar norsk politi i konkrete etterforskingar, etterforskar eigne saker, og vidareutviklar spisskompetanse innanfor cyberområdet. Gjennom å førebyggje, avdekke og etterforske truslar og kriminalitet bidreg cyberkriminalitetssenteret til å skape tryggleik i det digitale rommet. Ein annan viktig faktor for å oppretthalde evna til å motverke kriminalitet i det digitale rommet er å styrke kapasiteten og kompetansen innanfor feltet hos dei lokale politidistrikta. Dette gjer det nødvendig å halde fram satsinga på materiell og personar med kompetanse innanfor cyberkriminalitet.

Dersom ei krise byggjer seg opp og aukar i omfang over tid, vil politiet ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse i initialfasen og på kort sikt. Utstrekt evne til samarbeid med andre aktørar innanfor dei rettslege rammene for dette vil vere ein føresetnad og premissgivar for kor lenge politiet vil ha kapasitet til å handtere situasjonen. Det er politi og påtalemakt som skal etterforske denne type hendingar. Nasjonalt tryggingssorgan (NSM) har òg omfattande kapasitetar på området. NSM skal på vegne av forsvarsministaren og justis- og beredskapsministaren utøve eit overordna og sektorovergripande ansvar for førebyggjande tryggingsssteneste i henhold til tryggingsslova. NSM skal informere departementa umiddelbart ved saker av særskilt viktigheit som ligg innanfor NSM sitt ansvarsområde, og legge til rette for hensiktsmessig informasjonsutveksling med sine relevante samarbeidspartnarar, særleg Etterretningstenesta og PST. Eit godt samarbeid mellom politiet og NSM er viktig for å vareta politiet og påtalemakta si etterforsking av eit digitalt angrep og ikkje berre evna til å stoppe og redusere følgene av angrepet.

Sjef NSM representerer Noreg i internasjonale forum innanfor førebyggjande sikkerheit og i bi- og multilateralt samarbeid på fagområdet. I samband med handteringa av alvorlege dataangrep, samarbeider NSM i dag nært og fortruleg med partnarar over heile verda. Fleire hendingar dei siste åra har vist at dataangrep ikkje stoppar ved landegrensene. Det er blitt tydeleggjort gjennom media i hendingar som til dømes dataormen WannaCry, som spreidde løysepenggevirus breitt internasjonalt. I samband med koordinering av respons på alvorlege dataangrep, deltek NSM i fleire samarbeidsforum, både europeiske og tverrkontinentale. Avhengig av kva type informasjon som skal delast – om den er taktisk, operasjonell eller strategisk – og kor mykje det hastar, blir éi av fleire samhandlingsplattformer nytta. Dersom ein internasjonal partnar observerer ein dataorm som raskt spreier seg mellom datasystem, vil NSM kunne ta imot informasjon om dette i tide. For å kunne diskutere og samarbeide om mindre tidskritiske hendingar og dele informasjon på operasjonelt og strategisk nivå blir det fleire gonger i året arrangert multilaterale møte der NSM deltek aktivt.

Å kunne førebyggje, avverje og stoppe angrep mot digital infrastruktur krev kompetanse, utstyr og trening på samhandling. NC3 samarbeider og samhandlar med andre aktørar på forskjellige nivå både nasjonalt og internasjonalt. Det er etablert fleire kompetansemiljø og CERT-ar⁶, og desse må samhandle raskt og effektivt for å løyse krevjande oppgåver ved eit angrep slik som skildra her. NSM ved NorCERT er ein viktig aktør med stor kapasitet.

Eit formalisert tiltak for å sikre denne samhandlinga og informasjonsutvekslinga er etablering av eit permanent, samlokalisert fagmiljø med representantar frå NSM, Politiets tryggingsteneste (PST), Kripos og Etterretningstenesta kalla Felles cyberkoordineringssenter (FCKS). FCKS bidreg til å auke den nasjonale evna til å motstå alvorlege digitale angrep, understøtte strategisk analyseproduksjon og vedlikehalde eit heilskapleg trussel- og risikobilete for det digitale rommet.

Ved kriser og ekstraordinære hendingar vil politiet og andre etatar med eit ansvar for samfunnstryggleiken samverke for å utnytte dei totale

⁶ CERT står for Computer Emergency Response Team og er ei koordinerande eining for informasjonstryggleik. «CERT» er eit registrert varemerke eigd av Carnegie Mellon University.

ressursane på ein mest mogleg samfunnsnyttig måte.

4.5.4 Tiltak for å handtere ukontrollerte tilstrøymingar av menneske

Politiet er ansvarleg for grenseovervaking og grensekontroll. Ein situasjon med ei ukontrollert tilstrøyming av store mengder menneske til Noreg vil krevje særskild kompetanse på identitets- og dokumentkontroll. Dette oppdraget må politiet i fleire samanhengar utføre i samarbeid med andre aktørar, både nasjonalt og internasjonalt. Særleg PST, Utlendingsdirektoratet, NAV, Helsedirektoratet og Skattedirektoratet er avhengige av at politiet i første instans har registrert korrekte identitetsdata.

Beredskapsplanar

Politiet har som ledd i beredskapsplanlegginga si utarbeidd beredskapsplanar for å sikre at dei er førebudde på ei ny massetilstrøyming.

På nasjonalt nivå i politiet har Politidirektoratet utforma eit beredskapsplanverk for ekstraordinære tilstrøymingar av asylsøkarar og migrantar til Noreg. Dette vil kunne setjast i verk ved ein situasjon som den som er skildra her. Planverket omhandlar leiing, samordning og koordineringsansvar for politiet ved denne typen hendingar.

Politidirektoratet har vidare gitt pålegg om at alle politidistrikta og alle relevante særorgan skal etablere lokale planverk.⁷ Formålet med planverket er å synleggjere politiets ansvar, roller og fullmakter ved aukande tilstrøymingar av asylsøkarar og migrantar, og å styrke politiets evne og kapasitet til å handtere ein situasjon som den som er skildra her. Det er òg framheva kor viktig det er at politiet, som ein del av førebuinga, treffer førebyggjande tiltak for å hindre eller avgrense eventuelle negative følgjer av ein slik situasjon. I ein ekstraordinær situasjon vil behovet for tydeleg ansvar og klare roller og fullmakter vere særleg viktig for kriseleiinga, både på taktisk og på operasjonelt nivå. UDI fikk brei erfaring med handtering av store og plutselige tilkomstar av asylsøkarar hausten 2015. Basert på desse erfaringane har UDI vidareutvikla sine beredskapsplanar og anna planverk for handtering av høge asyltilkomststal. Erfaringane frå hausten 2015 har gjort UDI betre

rusta til å handtere ein eventuell ny massetilkomstsituasjon.

Innkomstsenter i Østfold

Ved Råde i Østfold er det etablert eit innkomstsenter for eit tverrfagleg samarbeid mellom utlendingsmyndigheita og andre relevante aktørar på området. Dette vil auke kapasiteten til å handtere større tilstrøymingar av menneske, og det vil forbetre arbeidet med å identifisere dei som kjem. Eit slikt tverrfagleg samarbeid vil òg leggje til rette for samordning av etterretningsprodukt på nasjonalt nivå for å gi eit strategisk situasjonsbilette for avgjerdsstøtte.

Ulike konsept og datasystem for å gjennomføre kontroll av personar

Politiet har i dei seinare åra utvikla fleire konsept for mobil kontroll, blant anna grensebilar, ein applikasjon for personkontroll og ein koffert med mobilt utstyr til å gjennomføre nødvendig kontroll både på grensa og på territoriet. Denne typen verktøy vil kunne nyttast ved ei ukontrollert tilstrøyming av betydelege mengder menneske til Noreg. Mellombels vil det kunne oppstå utfordringar ved at det er avgrensa tilgang på ressursar med nødvendig kompetanse til å bruke utstyret. Utstyret i seg sjølv vil òg ha ei kapasitetsgrense.

Implementering av eit automatisk system for førehandskontroll av passasjerdata (API) vil setje grensekontrollmyndigheitene betre i stand til å utøve systematisk kontroll av flypassasjerar før dei kjem til grensekontrollen. Dette vil gjere det lettare å planleggje tenesta og gjere det mogleg å sannsynleggjere kva slags identitet ein person har nytta under reisa. Dersom grensekontrollen på den indre luftgrensa blir innført att, vil denne løysinga vere heilt avgjerande for politiets kontroll ved dei store lufthamnene. For sjøgrensa gjer tilgangen til SafeSeaNet det mogleg for politiet å gjennomføre den same graden av målretta kontroll.

Etableringa av eit nytt inn- og utreisystem (Entry/Exit) har som mål å sikre registrering av grensekryssing, i tillegg til opptak og kontroll av biometri, av alle tredjelandsborgarar som kryssar yttergrensa i Schengen-område. Vidare vil ei endring i allereie etablerte felleseuropeiske system (SIS/VIS) bidra til ein auka bruk av biometri og eit auka kontrollnivå, både ved grensekontroll og ved kontroll på territoriet. Innføringa av eit framreisystem for visumfrie tredjelandsborgarar (ETIAS) vil gjere det lettare for grensekontrollmyndigheitene å førehandskontrollere reisande.

⁷ Blant anna POD-rundskriv 2015/007 (PBS II) – *Håndtering av store tilstrøymingar av asylsøkere og andre migranter til Norge.*

Ein heilskapleg krisehandtering ved massetilstrøyingar inneber òg at behovet for å bruke politiets ulike IKT-løysingar aukar. PIT (Politiets IKT-tenester) er organisert som ein intern IKT-leverandør med kompetanse og evne til eigenproduksjon av digitale løysningar, òg for andre sektorar. Dette gir auka fleksibilitet, slik at utviklinga og anskaffinga av IKT-løysningar kan skje raskt ved ei krise. PITs evne til å forvalte informasjonsteknologi er viktig for effektiv informasjonsutveksling mellom politiet og samvirkeaktørane, noko erfaringa frå migrasjonskrisa i 2015 òg viser.

Heimlar av relevans i ein krisesituasjon

Som fylgje av forslag i Prop. 90 L (2015–2016) Innstramningar II fekk utlendingslova (utl.) § 32 i juni 2016 nytt femte og sjette ledd. Føresegna gir Kongen i statsråd makt til å setje i verk ei ordning der asylsøkarar som kjem til ei norsk grense frå et nordisk naboland, på dette grunnlag kan nektast realitetsbehandling av asylsøknaden og bortvisast. Det er eit vilkår at det er tale om «ein krisesituasjon med ekstraordinært høge tilkomstar av asylsøkarar». Kongen i statsråd gis også makt til å iverksette forenkla saksbehandlingsreglar, bl.a. om at bortvising ikkje skal reknast som enkeltvedtak i forvaltningslova si forstand og at makt til å til å nekte realitetsbehandling og bortvising kan leggest til polititenesteperson. Avgjerder som nevnt skal fortrinnsvis gjelde for to veker og maksimalt seks veker. Dei kan fornyast éin gang.

4.5.5 Andre tiltak for å handtere større hendingar

Samarbeid og øvingar

Politiets samfunnsoppdrag og ansvarsområde dekkjer både den fysiske og den digitale verda. Angrep mot digital infrastruktur vil involvere mange myndigheitsaktørar, men det ligg òg under politiets ansvarsområde. Medan politi og påtale-makt er ansvarlege for etterforskinga, er det Nasjonalt tryggingorgan (NSM) som koordinerer handteringa av alvorlege dataangrep mot samfunnskritisk infrastruktur og informasjon, og vil vere ein viktig aktør ved ei slik type hending.

Felles cyberkoordineringssenter (FCKS) vil koordinere informasjonsinnhenting og handtering i den innleiande fasen av hendinga før det avklarast kven av FCKS-deltakarane som får ansvaret for den vidare oppfølginga. I tillegg er det ei rekkje aktørar, både i det offentlege og pri-

vate, som har ansvar for å redusere sannsynet for at eit slikt angrep skal kunne skje, samt for å etablere barrierar som kan avgrense skadane dersom eit angrep først har skjedd.

Justis- og beredskapsdepartementet har det overordna ansvaret for norsk ytre sivil grensekontroll. Politiet har ansvaret for grensekontroll. Forsvaret ved Garnisonen i Sør-Varanger (GSV) har i over femti år utført landegrenseovervaking på vegne av politiet. Overvakinga skjer i eit samarbeid mellom Finnmark politidistrikt, GSV Grensevakta og grensekommissæren.

Sjøgrensa blir overvaka ved hjelp av satellitt og radarar, anna elektronisk utstyr og system som Forsvaret og Kystverket har gjort tilgjengeleg for politiet, i tillegg til fysisk nærvær. Kystvakta er ein viktig ressurs for politiet, og politiet kan be dei om prioriteringar i samband med patruljering i territorialfarvatnet og utlendingskontroll ved non-Schengen-anløp.

Frå og med 2017 har kontraterrorøvinga NORDLYS blitt gjennomført årleg. Hovudmålet for øvinga er at politiet, Forsvaret og andre relevante samvirkeaktørar raskt og effektivt skal handtere ei eller fleire terrorhendingar. Innsats og etterforsking skal verke saman og kvar for seg innanfor politiets totale oppdragsløysing, der etterretninga skal gi avgjerdstøtte. I tillegg øver deltakarane på bistandsinstruksen. Utover dette deltek politiet i den nasjonale IKT-øvinga som Direktorat for samfunnstryggleik og beredskap arrangerer.

Politiets situasjonssenter

Politiets situasjonssenter (PSS) skal bidra til å vareta Politidirektoratets operasjonelle rolle ved alvorlege hendingar og kriser som utfordrar kapasiteten og kompetansen i eitt eller fleire politidistrikt. PSS er døgnbemanna og skal halde oversikt over ulike hendingar i politidistrikta og dermed når som helst kunne presentere eit oppdatert situasjonsbilete som avgjerdsgrunnlag for politidirektøren. Dette gjeld òg ressursbehov ved større hendingar og særleg disponering og prioritering av einingar frå politiet og Forsvaret som blir brukte til støtte i dei enkelte politidistrikta. PSS har eit særleg ansvar for å koordinere samvirket med andre etatar og myndigheiter og for å klarleggje ansvarsforhold og samordne politiets ressursar ved nasjonale kriser og alvorlege hendingar. Etableringa av PSS har såleis gjort politiet betre i stand til å handtere scenarioa som er skildra her.

Robuste operasjonssentralar

Som eit ledd i politireforma er det etablert meir robuste operasjonssentralar, slik at dei i dag er betre i stand til å handtere større hendingar og har betre rutinar for varsling. Naudmeldesentralane til brann- og redningsetatane skal ha lokale inntil politiets operasjonssentralar. Det er òg etablert back-up-sentralar i tilfelle enkelte sentralar skulle vere ute av drift.

Nasjonale beredskapsressursar

Dei nasjonale beredskapsressursane har spisskompetanse som det kan vere naturleg å setje inn ved eit heva trusselnivå. Samla utgjer dei ein strategisk ressurs for politiet. Dei blir primært brukte til innsats ved alvorleg organisert kriminalitet eller ved terrorhendingar.

Politiets nye helikopter vil forbetre den akutte tilgangen til løftekapasitet og samstundes utgjere ein solid sensor kapasitet. Helikoptera, sett i samanheng med etableringa av beredskapssenteret, vil redusere responstida for dei nasjonale beredskapsressursane for ein stor del av landet. Som eit tiltak for å redusere responstida og heve beredskapen ytterlegare vil det vere naturleg å prioritere å få plassert desse ressursane i nær tilknytning til definerte problemområde. Slike problemområde kan vere særskilt utsette grenseovergangar eller mottakssenter der ein forventar særlege utfordringar.

Ressursar som ikkje vil ha tilhald på beredskapssenteret, vil òg kunne hjelpe til nasjonalt ved behov, for eksempel om det skulle oppstå miljø som truar gjennomføringa av pengetransportane. Slike ressursar vil kunne støtte med teknisk og taktisk spaning, med hemmeleg ransaking og romavlytting og med infiltrasjon.

Politireforma

For å utvikle eit politi som kan møte den kompliserte, alvorlege og grenseoverskridande kriminaliteten og samstundes levere ei god polititjeneste der befolkninga bur og ferdast, er det sett i verk ei reform i norsk politi. Endringar i organisasjonen er slutført, og politiet gjennomfører no tiltak for å betre kvaliteten i tenestene. Formålet har vore å frigjere ressursar til å utføre kjerneoppgåvene og leggje til rette for eit kompetent og robust lokalt politi og robuste fagmiljø og spesialistar i politidistrikt og nasjonalt. Reforma har òg som mål å utvikle eit kunnskapsbasert og effektivt politi med evne til kontinuerleg forbetring og utvikling.

Dette omfattar forbetringar i styrings- og leiingsprosessar og forbetringar i kvalitet og prestasjonar. Til dømes er ein av dei seks prioriterte funksjonane i politireforma å etablere ein etterrettingsfunksjon i alle politidistrikt. Det skal bidra til at politiet får eit betre situasjonsbilette før og under ei krise, noko som vil betre føresetnadene for å prioritere og utnytte politiressursane optimalt, blant anna ved større kriser og uønskte hendingar.

Internasjonalt samarbeid

Noreg tek del i arbeidet i mellomstatlege samarbeidsfora både globalt, inter-regionalt og regionalt. Siktemålet er dels å førebygge irregulær migrasjon, handtere den migrasjonen som finn stad på best mogeleg måte og å bidra til at migrantar utan rettsleg grunnlag for opphald i Noreg blir returnert. På det globale nivået har FN sidan 2016 engasjert seg for å utforme ordna ramar for internasjonal migrasjon, til trass for betydelige interessekonflikter landa imellom. I desember 2018 vart Den globale migrasjonspatforma vedtatt, sjølv om det var klare motforestillingar om viktige element i fleire land, Noreg inkludert. Arbeidet med å gjennomføre og følgje opp plattformen vil settast i gang. Eit hovudfokus vil vere å bidra til at fattige land får på plass ei betre fungerande nasjonal migrasjons- og grenseforvaltning. Eit FN-fond vil bli etablert for dette føremålet.

Effektive returar av migrantar utan rett til opphald i Noreg avhenger av eit velfungerande samarbeid med aktuelle opprinnelsesland. Nokon land er lite villige til å ta tilbake eigne borgarar. Norske styresmakter søker fortløpande å betre samarbeidsforholdet med desse landa, i form av formelle returavtalar eller gjennom eit meir uformelt og praktisk orientert samarbeid.

Oppsummering

Erfaring og risikovurderingar har synleggjort at justissektoren vil bli påverka av dei fleste større ulukker og uønskte hendingar. Dei fleste scenariora som er omtalte i *Analyser av krisescenarier* (DSB, 2019) og andre relevante dokument, vil ha konsekvensar for evna til å oppretthalde lov og orden i samfunnet. Instansar innanfor helse, offentlege forvaltning og industrisektoren forvaltar store verdiar og kan vere attraktive mål for utanforståande aktørar. Verdikjeder, som datasystem i slike instansar kan reknast som, er ikkje sikrere enn det svakaste leddet. Sårbarheiter kan utnyttast av utanforståande aktørar i eit dataan-

grep. Det har vore dataangrep mot Norske Hydro, mot fylkesmannsembete og mot Helse Sør-Øst. Felles for desse tre store dataangrepa er at ein utanforståande aktør har prøvd å få tilgang til systema slik at dei kan hente ut potensiell sensitiv informasjon. I Hydro-saka gjekk aktøren noko lenge, og det førte til forstyrringar i IT-systema i fleire deler av verksemda, slik at delar av produksjonen måtte over på manuell drift.

Hendingar som utfordrar kapasitetane i politiet, som skildra i scenarioa, vil vere krevjande å handtere.

Politi- og påtalemakta handterer dagleg hendingar – store og små – både i den fysiske verda og digitalt. Politiets ansvar, rolle og samarbeid blir regelmessig testa i ulike scenario, ikkje berre ved faktiske hendingar, men òg gjennom planlagde øvingar av ulikt omfang. Kunnskapen og erfaringa

politiet opparbeider seg gjennom dette, saman med beredskapsplanlegging, trening, kapasitetsbygging og evalueringar, er fundamentet for politiets evne til å handtere større hendingar. Politiet har eit utstrekt samarbeid med andre samfunnsaktørar og eit nært samvirke med desse vil vere vesentleg for evna til å handtere denne typen hendingar.

Politiet har gjennom dei seinare åra auka sin kapasitet til å handtere større hendingar av ulik art. Beredskapsevna er auka, og kapasiteten til å koordinere større hendingar er betra.

Den vidare utviklinga av beredskapsressursane i politiet vil bli omtalt i Justis- og beredskapsdepartementets nyleg oppstarta arbeid med å utvikle periodevise, langsiktige planar for politi- og påtalemakta.

5 Likestilling

Under følger omtale av og oversikt over arbeidet med likestilling i Justis- og beredskapsdeparte-

mentet og dei underliggjande og tilknytte etatane. Vi viser òg til årsrapportane for etatane.

5.1 Justis- og beredskapsdepartementet

Tabell 5.1 Oversiktstabell for departementet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K
2019 ¹	377	37	63	96,8	1,4	3,8	1,2	4,4
2018	440	39	61	96,0	1,7	3,0	1,8	3,8
2016	436	37	63	99,6	0,0	5,0	2,0	4,0

¹ Tala for 2019 er frå DFØ per 1.2.19.

Tabell 5.2 Fordeling av stillingar 2018 og 2019

	Februar 2018		Februar 2019	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Dep.-råd og eksp.-sjef	3	8	3	8
Avdelingsdirektør	23	23	19	18
Direktør		3		3
Fagdirektør	19	16	21	13
Underdirektør	2	4	2	3
Spesialrådgivar	2	2	2	2
Lovrådgivar	14	4	15	3
Prosjektleiar	2	2	1	2
Seniorrådgivar	137	68	122	61
Rådgivar	39	25	31	25
Seniorkonsulent	12	1	11	1
Førstekonsulent	12	16	12	10
Konsulent	3			
Sum	268	172	236	141

Talet omfattar både tilsette lønte på kap. 400 og dei som er lønte over andre kapittel under Justis- og beredskapsdepartementet. Kjelde: DFØ per 1. feb. 2018 og 2019.

Frå 2018 til 2019 har departementet hatt ein nedgang på 63 tilsette. Hovudårsaka er at integreringsavdelinga vart overført til Kunnskapsdepartementet 1. mai 2018. Samstundes har ein gjort innsparingar grunna lågare budsjett, særleg innan administrasjon.

Oversikta viser at delen av kvinner i departementet er 63 pst., mot 61 pst. i 2018. Delen kvinner på høgaste leiarnivå er i 2019 uendra frå 2018. Delen kvinner på mellomleiarnivå er i 2019 51 pst., mot 47 pst. i 2018. Kvinner er framleis under-

representerte i leiarstillingar samanlikna med samansetjinga av kjønn totalt. I fagdirektørstillingar har delen kvinner auka til 62 pst i 2019, mot 54 pst i 2018.

Departementet har fleire kvinner i saksbehandlarstillingar som seniorrådgivar, rådgivar og førstekonsulent. Blant seniorrådgivarar er delen kvinner uendra på 67 pst. i 2019. Delen kvinner blant rådgivarar er redusert frå 61 pst. i 2018 til 55 pst. i 2019. I førstekonsulentstillingar er det i 2019 55 pst. kvinner, mot 43 pst. i 2018.

Tabell 5.3 Lønn (i 1 000 kroner)

	Februar 2018		Februar 2019	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Dep.-råd og eksp.-sjef ¹	1 248	1 342	1 521	1 332
Avdelingsdirektør	927	921	973	953
Direktør		858		1 093
Fagdirektør	794	792	798	809
Underdirektør	734	730	755	762
Spesialrådgivar	1 118	1 033	1 130	1 048
Lovrådgivar	808	791	831	883
Prosjektleiar	994	1 107	924	1 121
Seniorrådgivar	636	653	662	670
Rådgivar	530	527	538	533
Seniorkonsulent	521	479	547	497
Førstekonsulent	470	467	496	491
Konsulent	419			

¹ Tala for 2019 inkluderer ikkje lønnsauken for 2019.
Kjelde: DFØ per 1. feb. 2018 og 2019

Forskjellane i lønn på toppleiarnivå er i nokon grad knytte til kor tung stillinga er med omsyn til ansvar, omfang og kompleksitet, jf. leiarlønnssystemet. Endringa i lønna til kvinner på toppleiarnivå heng saman med tilsetjing av ny kvinneleg departementsråd.

Justis- og beredskapsdepartementet er oppteke av å ha mest mogleg lik kjønnsbalanse i alle stillingar og lik lønn for samanliknbare stillingar. Det er relativt små lønnskilnader mellom kjønna på saksbehandlar- og mellomleiarnivå. Lønnskil-

naden mellom kjønna på seniorrådgivarnivå har minka på grunn av bevisst prioritering i lønsforhandlingar.

Det er nokre fleire kvinner enn menn som arbeider deltid. Bruk av deltid er i stor grad knytt til omsorgspermisjonar.

Ved tilsetjingar i ledige stillingar skal minst éin kvalifisert søkar med minoritetsbakgrunn eller nedsett funksjonsevne kallast inn til intervju. Dette skal omtalast i innstillinga.

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Kvinner si lønn i pst. av menn si lønn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2015	14	22	78	85,6	0	21	0	14,2	0	2,8
2016	13	23	77	87,5	0	23	0	7,7	0	1,0
2017	12	25	75	93,3	0	8	8	16,6	0	0,5
2018	12	25	75	100	0	8	8	16,6	0	2,8

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker hadde per 31. desember 2018 tolv tilsette. Dette utgjorde 9,9 årsverk. Kvinner utgjorde 75 pst. av staben. Det var kvinner i alle leiarposisjonar, og

statens målsetjing om 40 pst. kvinner i leiarposisjonar er oppfylt. Lønnsforskjellane mellom kvinner og menn er redusert i perioden 2015 til utgangen av 2018.

Spesialeininga for politisaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Kvinner si lønn i pst. av menn si lønn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2015	37	38	62	89	0	4,3	5,3	3,6	0,9	1,3
2016	36	36	64	86	7,7	8,7	0	4,4	1,5	2,7
2017	36	39	61	79	2,8	5,6	0	5,6	1	1,6
2018	35	57	43	86	0	5,6	0	5,7	N/a	N/a

Det er fleire kvinnelege enn manlege tilsette i Spesialeininga for politisaker. Eininga har 35 fast tilsette medarbeidarar, og 15 av desse er etterforskarar. Dei tilsette er lokaliserte med 19 tilsette på Hamar, ni i Oslo, tre i Trondheim og fire i Bergen. I tillegg til fast tilsette medarbeidarar har Spesialeininga for politisaker utnemnt ti advokatar på verv. Av desse er åtte menn og to kvinner. Leininga består av to menn (33,3 pst.) og fire kvinner (66,6 pst.), og ein av mennene og éi av kvinnene er advokatar på verv. Berekingar med utgangspunkt i fast tilsette leiarar viser at kvinnedelen i leininga er 75 pst.

Personell blir lønt likt i dei enkelte stillingskategoriane uavhengig av kjønn. Årsaka til at statistikken viser lågare lønn for kvinner, er at dei lågast lønte stillingane (administrasjon) i verksemda berre har kvinnelege tilsette.

Spesialeininga for politisaker har som mål å ha eit inkluderande arbeidsliv der medarbeidarar skal spegle mangfaldet i befolkninga og ha ein variert erfaringsbakgrunn med omsyn til kjønn, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Dette er tydeleg i stillingsannonsane til Spesialeininga. Dersom det er kvalifiserte søkjarar med minoritetsbakgrunn til nye stillingar, skal minst éin av dei bli kalla inn til intervju.

Kontoret for valdsoffererstatning

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Kvinner si lønn i pst. av menn si lønn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2015	55	36	64	104,3	50	20	0	8,6	0,2	3,2
2016	51	35	66	105,6	16,7	15,2	16,7	12,1	0,2	2,8
2017	31	32	68	95,4	0	0	0	0	1	3,5
2018	28	29	71	90	0	0	0	0	0,4	1,7

Nedgangen i talet på tilsette frå 2017 til 2018 skyldes noko lågare driftsbudsjett i 2018.

Statens sivilrettsforvaltning

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Kvinner si lønn i pst. av menn si lønn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2015	74	35	65	89	0	4,3	5,3	3,6	0,9	1,3
2016	72	35	65	92	0	7	1,4	5,6	0,1	3,3
2017	61	39,3	60,7	96,3	0	13,5	12,5	8,1	0,2	2,2
2018	74	39,2	60,8	97,6	0	13	12,9	13	0,2	3,4

Statens sivilrettsforvaltning hadde per 31. desember 2018 74 tilsette. Dette svarer til om lag 62 årsverk. Fordelinga mellom kvinner og menn var høvesvis 60,8 og 39,2 pst. På leiarnivået direktør, assisterande direktør og avdelingsdirektør er kvinnedelen 60 pst.

Statens sivilrettsforvaltning har som mål å ha eit inkluderande arbeidsliv der medarbeidarane

skal spegle mangfald i befolkninga og ha ein variert erfaringsbakgrunn med omsyn til kjønn, alder, nedsett funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Desse forholda blir vektlagde i rekrutteringsprosessane i verksemda. Statens sivilrettsforvaltning jobbar kontinuerleg med å auke delen menn i samband med rekruttering.

Domstoladministrasjonen

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Kvinner si lønn i pst. av menn si lønn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2015	2116	37	63	67,3	0,9	10,5	2,5	5,2	0,5	2,3
2016	2075	36	64	69,6	3,9	13	6,2	7,5	1,6	4
2017	2073	36,5	63,5	71,3	2,8	12,2	7,7	7,0	2,1	4,8
2018	2048	36,2	63,8	72,4	2,9	10,9	8,3	8,6	2,1	4,6

Per 31. desember 2018 var det 2 048 tilsette i domstolane, tilsvarande 1 989,9 årsverk. Det er ei overvekt av kvinnelege tilsette i Domstoladministrasjonen og i domstolane. Dette kjem i hovudsak

av at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, som utgjer om lag halvparten av talet på medarbeidarar i domstolane. Turnoveren i administrative stillingar i domstolane er låg. End-

ring i kjønnsfordelinga vil derfor ta tid, uavhengig av tiltak som blir sette i verk. Domstolane jobbar for balansert kjønnsfordeling i arbeidet med rekrutterings- og personalpolitikken. Dette gjeld både saksbehandlar- og dommarfullmektigstillingar, kvinner i dommarstillingar og fleire kvinneleiarar.

Det blir sett i verk tiltak for å betre situasjonen for medarbeidarar som av helsemessige årsaker

har behov for tilpassingar. Domstolane fokuserer på god seniorpolitikk. Det er få medarbeidarar med innvandrarbakgrunn i domstolane.

Lønnsforskjellane mellom kvinner og menn må sjåast i samanheng med at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, og at menn er overrepresenterte i dommarstillingar, som er vesentleg høgare lønte.

5.2 Kriminalomsorga

År	N	Kjønnsbalanse		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Kortvarige stillingar (pst.)	
		M	K		M	K	M	K
2019	5 052	2 728	2 324	98	5	16	1	1
2018	5 161	2 786	2 375	97	6	19	6	6

Tala er per 1. mars 2019. Når det gjeld talet på tilsette, så omfattar dette også aspirantar ved KRUS. Når det gjeld lønn, deltid og kortvarige stillingar, er aspirantar haldne utanfor.

Kjønnsfordelinga blant tilsette i kriminalomsorga er 46 pst. kvinner og 54 pst. menn i 2019. Det er same nivå som året før. Det er fleire kvinner enn menn som arbeider deltid. Delen deltidstilsette utgjer ca. 10 pst. av dei tilsette. Delen tilsette i kortvarige stillingar auka i åra fram til 2015, men har gått ned dei

siste åra. Den gjennomsnittlege månadslønna til kvinner utgjer om lag 98 pst. av lønna til menn. Kjønnsfordelinga blant aspirantar ved KRUS var 55 pst. menn og 45 pst. kvinner ved siste opptak i 2019. Justis- og beredskapsdepartementet er tilfreds med ein så vidt høg del kvinnelege aspirantar.

5.3 Politiet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2018	17 626	54	46	96,3	0,9	6,0	2,3	3,2	2,6	5,7
2017	17 242	54	46	96,1	0,9	7,6	3,5	4,3	2,6	5,8
2016	16 595	55	45	95,1	1	8,7	2,3	3,6	2,3	5,5
2015	16 286	55	45	94,4	1	9,6	2,0	2,2	2,6	5,4

Tabellen omfattar Politidirektoratet og alle underliggjande einingar og er basert på data frå etatens personal- og lønssystem. Tala omfattar ikkje timelønna, medarbeidarar på pensjonistvilkår, eksterne, medarbeidarar i permisjon utan lønn eller tilsette i PST.

Kjønnsbalanse: Prosent av tilsette som får lønn, inkludert medarbeidarar i foreldrepermisjonar (ikkje årsverk)

Lønn: Berekna av gjennomsnittleg grunnlønn per md. for alle tilsette (ekskl. faste tillegg). Lønn for deltidstilsette er omrekna tilsvarende 100-pst.-stilling.

Deltid: Omfattar ikkje medarbeidarar i delvis omsorgspermisjon.

Mellombelse: Tala for tidlegare år er endra som følgje av at vikarar tidlegare var tekne med i berekningane. Ein del fast tilsette er mellombelse i ei anna stilling og kan vere koda som mellombelse.

Gjennomsnittleg brutto grunnlønn per md. for alle stillingskategoriar i politi- og lensmannsetaten var 43 616 kroner i 2018, med 42 735 kroner for

kvinner og 44 367 kroner for menn. Lønsskilnader kan bl.a. forklarast ut frå variablar som ansienitet og at det fleire menn i leiarstillingar. Fleire

kvinner enn menn jobbar deltid. Noko av forklaringa kan liggje i at kvinner i større grad enn menn vel deltidsarbeid for å oppnå betre balanse mellom jobb og fritid i periodar av karrieren.

God kjønnsbalanse i politiet er eit politisk og strategisk mål og eit viktig bidrag til at vi kan levere på samfunnsoppdraget vårt. Per 31.12.2018 var det totalt 46 pst. kvinner i politiet. Talet har vore stabilt høgt dei siste åra, noko som er ein effekt av målretta arbeid med rekruttering til Politihøgskolen. Opptaket i 2018 viste den høgaste delen av kvinnelege søkarar nokon sinne, med 48 pst, og blant dei som vart tekne opp, var delen kvinner 46 pst. Det er venta at god kjønnsbalanse på Politihøgskolen vil bidra til fleire kvinnelege leiarar i etaten på sikt. I leiargruppene til politimeistrane har delen kvinner auka og ligg no på 36 pst. Mentoringprogrammet er eitt tiltak for bl.a. å motivere fleire kvinner til å velje ein leiarkarriere. Til saman har om lag 144 tilsette delteke i programmet. Det er sett krav om at minimum 50 pst. av deltakarane skal vere kvinner.

I overordna plan for kjønnsbalanse i leiarstillingar er det sett mål om 30 pst. kvinnelege leiarar i politistillingar og 40 pst. kvinnelege leiarar totalt

innan 2022. Alle distrikt og særorgan har utarbeidd eigne tiltak som blir følgde opp lokalt, for å nå målsettinga.

Sjukefråværet held seg relativt stabilt på rundt 5 pst. for kvinner og 2 pst. for menn.

Eit resultat av dette arbeidet er ein auke på 2 prosentpoeng kvinner i leiarstillingar totalt det siste året, slik at delen per 31.12.2018 var 34 pst. I politistillingar har det vore ein jamn auke i delen kvinnelege leiarar. Denne har gått opp frå 16 pst. i 2015 til 21 pst. i 2018, med ein auke på 1 prosentpoeng det siste året.

Politiet skal beskytte alle grupper i samfunnet. For å skape legitimitet i befolkninga og få ei optimal oppgåveløysing er det viktig at politiet speglar befolkningssamansetninga. Politiet har styrkt arbeidet sitt for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom opplæring og gjennom profesjonalisering av rekrutteringsprosessane. Alle politidistrikt og særorgan har også i 2018 følgd opp arbeidet med å førebyggje seksuell trakassering gjennom dilemmatrening og opplæring i varslingsrutinar. Dette er eit viktig bidrag for å fremme ønskt kultur og ønskte haldningar i politiet.

5.4 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2018	667	56,4	43,6	94,1	2,2	8,7	1,9	1,3	2,9	5,5
2017	684	56,4	43,6	94,0	2,9	9,6	2,4	1,9	2,1	2,4
2016	639	56,6	43,4	91,5	1,9	6,7	2,5	2,4	2,1	2,6

Kjelde: DSB

Blant leiarar i DSB i 2018 utgjer kvinner totalt 39 pst, mot 40 pst i 2017.

Det er i dag stor skilnad innanfor dei ulike leiarnivåa, med 73 pst. kvinnele på direktørnivå, mot 31 pst. kvinnele i mellomleiarstillet.

I mellomleiarstillet finn vi dei tradisjonelt mannsdominerte delane av verksemda med sivilforsvarsdistrikt og regionskontor innanfor eltryggleik. Her er berre 2 av 23 leiarar kvinner, og rekrutteringsgrunnlaget består i hovudsak av menn.

DSB jobbar for likestilling og ei balansert kjønnsamansetning gjennom rekrutteringsprosessar, og direktoratet legg særleg vekt på at kunngjeringsstektane skal utformast slik at verksemda kan tiltrekkje seg begge kjønn og samstundes stimulere til betre mangfald i verksemda. DSB arbeider for likelønn mellom kjønna og for å redusere uønskte skilnader i lønn mellom nyttilsette og tilsette som har arbeidd i DSB i fleire år. Likelønnsprinsippet er nedfelt i DSBs lønnspolitiske dokument.

5.5 Hovudredningsentralane (HRS)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2018	53	80,9	19,1	75,7	0	0	0	0	2,7	2,5
2017	48	83,3	16,7	66,7	0	0	0		1	2,8
2016	48	83,3	16,7	66,7	0	0	0	0	1	2,8
2015	48	77,6	22,4	63,9	0	0	0	0	1,1	2,6

Kjelde: HRS

Av seks leiarar ved dei to hovudredningsentralane var fem menn ved utgangen av 2018. Ved nyrekruttering blir kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning og arbeids- og livserfaring alltid oppmoda til å søke stillinga. Det blir likevel ikkje praktisert noka form for kvotering. Til stillingane som redningsleiar er det eit krav om såkalla operativ erfaring. Dette inneber at kandidatane ofte kjem frå mannsdominerte yrke, som Forsvaret, politiet eller sivil luft- og sjøfart. HRS har ei forventning om at prosentdelen kvalifiserte kvinne-

lege søkarar vil auke i takt med at kvinneprosenten aukar i desse yrkesgruppene. Per 31. desember 2018 var 4 av 38 redningsleiarar ved dei to hovudredningsentralane kvinner.

Personellet blir lønt likt i dei enkelte stillingane uavhengig av kjønn og bakgrunn. Derfor blir det ikkje jobba aktivt med å jamne ut forskjellar mellom kjønna. Det er viktig å nemne at dei lågast lønte stillingane (konsulentstillingane) ved Hovudredningsentralen berre er opptekne av kvinner.

5.6 Sivillklaringsmyndigheit (SKM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2018	27	33,3	66,7	86,4	0	0	0,11	0,04	0,25	1,26

Kjelde: SKM

Sivil klareringsmyndighet (SKM) vart etablert i 2018. Derfor finst det ingen tidlegare tal å samanlikne med. Verksemda har vakse frå null til 27 tilsette per 31.12.18.

Mot slutten av 2018 var det kjønnsbalanse i leiargruppa, som bestod av to kvinner og to menn. Totalt var det dobbelt så mange kvinner som menn i verksemda på dette tidspunktet.

I kunngjeringsstekstane har verksemda alltid med ei mangfaldserklæring, men SKM har ikkje

aktivt oppmoda kandidatar av eit bestemt kjønn til å søke. Kjønnsbalanse er likevel eit av fleire element som har vore vurdert i rekrutteringsprosesser.

SKM hadde ingen vedteken lokal lønspolitikk ved utgangen av 2018, men lik løn mellom kjønna er eit tema som vil bli drøfta i utviklinga av lønspolitikken i verksemda. Likestilling vil også vere eit tema i utviklinga av SKMs livsfasepolitikk.

5.7 Nasjonalt tryggingorgan (NSM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2018	289	68,5	31,5	94,3	2,4	2,4	2,8	3,5	3,0	7,5

Kjelde: NSM

Ved utgangen av 2018 var 32,0 pst. av dei tilsette i Nasjonalt tryggingorgan (NSM) kvinner. På toppleiarnivå var fordelinga 50/50. I mellomleiar-sjiktet (einings- og seksjonsleiar) var 5 av 34 leiarar kvinner.

NSM skal vere ein attraktiv arbeidsplass for begge kjønn. Dette kan først og fremst bli påverka gjennom rekrutteringsprosessane. NSM er oppteke av å ha personalgode som er kjønnsnøytrale og som kan appellere til alle tilsette, uavhengig av kjønn. NSM legg til grunn kvalifikasjonsprinsippet, som betyr at den best kvalifiserte kandidaten blir tilsett i alle rekrutteringsprosessar.

I stillingar der det har vist seg å vere vanskeleg å rekruttere kvinner, oppmodar NSM kvinner til å søke. Kvalifiserte kvinnelege søkarar blir all-

tid invitert til intervju. Dette gjeld spesielt for tekniske stillingar, og meir spesifikt for stillingar innanfor IKT-tryggleik. I andre fagmiljø er kjønnsamansetninga jamn, og i enkelte miljø er kvinnedelen høg. I tilfelle der det er to like godt kvalifiserte kandidatar til ei stilling, kan kjønn vere utslagsgivande. I profilering eksternt, bl.a. i media, ser NSM at det er viktig at begge kjønn er representerte. Dette blir følgt opp kontinuerleg.

NSM jobbar for likelønn mellom kjønna. Ein av grunnane til at menn tener meir enn kvinner, kan vere at menn dominerer i enkelte tekniske miljø. Desse miljøa er sterkt konkurranseutsette, noko som ofte medfører at lønningane er høgare enn i andre delar av verksemda. Dette får utslag på lønnsstatistikken.

5.8 Sekretariatet for konfliktråda

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2018	128	29	71	102,6	0	11	27,0	15,0	8,2	2,9
2017	134	27	73	103,3	0	8,9	16,2	18	4,1	6,8
2016	131	31	69	96,3	0,8	7,6	4,7	4,4	1	3,8

31. desember 2018 utgjorde bemanninga i Sekretariatet for konfliktråda (Sfk) 126,2 årsverk. Kvinner er overrepresenterte blant dei tilsette. Sekretariatet blir leidd av ein kvinneleg direktør, og assisterande direktør er kvinne. 14 av 17 konfliktrådsleiarar er kvinner. Sfk har som mål å ha eit

inkluderande arbeidsliv der medarbeidarane skal spegle mangfaldet i befolkninga med tanke på kjønn, nedsatt funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Ved konfliktråda er det oppretta avtalar med fire læringar. Dette blir spegla i stillingsannonsane til verksemdene.

5.9 Utlendingsdirektoratet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2018	941	30,7	69,3	91,0	13	22	0,32	0,43	3,0	5,8
2017	1 092	30,4	69,6	84,9	3,4	8,6	24,4	21,2	2,2	4,8
2016	1 517	32,8	67,2	95,8	1,7	7,4	38	34,7	2,5	4,4

Kjelde: UDI

Det var 151 færre tilsette ved utgangen enn ved inngangen av 2018, ettersom mange mellombelse arbeidskontraktar gjekk ut 31.12.2018. Tala er tekne ut 31.12.2018.

5.10 Utlendingsnemnda (UNE)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2018	290	28	72	97,0	1,2	7,2	1,2	0	4,1	4,1
2017	353	28	72	95,1	3	10	0	0,5	3,1	4,8
2016	337	29	71	95,8	2	12	0,3	0,5	4,2	3,5
2015	338	30	70	93,6	5	14	0	0,3	4,4	2,6

Kjelde: UNE

Det var langt færre tilsette ved utgangen enn ved inngangen av 2018 pga. nedbemanning av verksemda. Kjønnsfordelinga i UNE har dei siste åra vore om lag 70 pst. kvinner og 30 pst. menn, og 31.12.2018 var ho 72/28. Blant leiarar var fordelinga på den same datoen 64 pst. kvinner og 36 pst. menn.

6 Tekniske endringar i kontostrukturen og bruk av stikkord kan overførast

Det blir foreslått å opprette ein ny post under kap. 440: Post 48 *Tildeling fra EUs indre sikkerhetsfond (ISF)* med stikkordet *kan overførast*, for å synleggjere investeringsmidlar med eit spesifikt formål. Det blir foreslått å opprette ein ny post under kap. 490: Post 74 *Internasjonale forpliktelser* med stikkordet *kan overførast*. Løyvinga på posten dekkjer utgifter til prosjekter som er avhengig av framdrift i EU.

Justis- og beredskapsdepartementet overtok i 2019 forvaltninga av Nasjonal sikkerhetsmyndighet. Det blir i tråd med dette foreslått å opprette kap. 457 *Nasjonal sikkerhetsmyndighet*, post 01

Driftsutgifter, og kap. 3457 *Nasjonal Sikkerhetsmyndighet*, post 01 *Inntekter* i statsbudsjettet for 2020.

Løyvinga til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap blir løyva på to kapitlar; kap. 451 *Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap* og kap. 456 *Nød- og beredskapskommunikasjon*. Det blir foreslått å slå saman dei to kapitla for å betre kunne sjå bruken av ressursane i samanheng. Det blir som følge av dette foreslått å avvikle kap. 456 og 3456 og slå løyvinga saman med nyoppretta og eksisterande postar under kap. 451 og kap. 3451, i tråd med tabellen under:

Kap.	Post	Betegnelse	Avviklast
451	01	Driftsutgifter	Kap 456, post 01
451	22 (NY)	Spesielle driftsutgifter – Nødnett	Kap. 456, post 21 og post 22
451	45 (NY)	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	Kap. 456, post 45
3451	02 (NY)	Refusjoner driftsutgifter – Nødnett	Kap. 3456, post 02
3451	04 (NY)	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold – Nødnett	Kap. 3456, post 04
3451	05 (NY)	Abonnementsinntekter og refusjoner – Nødnett	Kap. 3456, post 01 og 03

Under Justis- og beredskapsdepartementet blir stikkordet kan overføres foreslått knyttet til disse postene utenom postgruppe 30–49

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Betegnelse	Overført til 2019	Forslag 2020
400	23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting	10 606	34 593
410	22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler	1 672	2 653
430	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv.		83 608
440	22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag		9 436
474	60	Tilskudd til kommuner		13 202
475	21	Spesielle driftsutgifter	14 739	7 825
490	23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling	1 400	4 632
490	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv.		36 424
490	75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet		28 233

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2019–2020) om statsbudsjettet for år 2020 føres opp de forslag til vedtak som er nevnt i et framlagt forslag.

Forslag

Under Justis- og beredskapsdepartementet føres det i Prop. 1 S (2019–2020) statsbudsjettet for budsjettåret 2020 opp følgende forslag til vedtak:

Kapitlene 61, 400–491, 3400–3490

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
400	Justis- og beredskapsdepartementet		
	01 Driftsutgifter	477 434 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, <i>kan overføres</i>	34 593 000	
	50 Norges forskningsråd	56 193 000	
	70 Overføringer til private	12 315 000	
	71 Tilskudd til internasjonale organisasjoner	14 889 000	595 424 000
	Sum Administrasjon		595 424 000
Rettsvesen			
61	Høyesterett		
	01 Driftsutgifter	116 138 000	116 138 000
410	Domstolene		
	01 Driftsutgifter	2 596 717 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	84 135 000	
	22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overføres</i>	2 653 000	2 683 505 000
414	Forliksråd og andre domsutgifter		
	01 Driftsutgifter	231 486 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	36 998 000	268 484 000
	Sum Rettsvesen		3 068 127 000
Kriminalomsorg			
430	Kriminalomsorgen		
	01 Driftsutgifter	4 780 033 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 430 post 01</i>	92 054 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	195 036 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i>	83 608 000	
	70	Tilskudd	30 231 000	5 180 962 000
432		Kriminalomsorgens høgstole og utdanningssenter		
	01	Driftsutgifter	191 272 000	191 272 000
		Sum Kriminalomsorg		5 372 234 000
		Politi og påtalemyndighet		
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten		
	01	Driftsutgifter	18 622 616 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	137 495 000	
	22	Søk etter omkomne på havet, i inn- sjøer og vassdrag, <i>kan overføres</i>	9 436 000	
	23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål	26 819 000	
	25	Retur av asylsøkere med avslag og andre utlendinger uten lovlig opphold, <i>overslagsbevilgning</i>	95 528 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	950 030 000	
	48	Tildeling fra EUs indre sikkerhets- fond (ISF), <i>kan overføres</i>	92 100 000	
	70	Tilskudd	66 446 000	
	71	Tilskudd Norsk rettsmuseum	6 197 000	
	73	Tilskudd til EUs grense- og visumfond	236 635 000	20 243 302 000
442		Politihøgskolen		
	01	Driftsutgifter	633 984 000	633 984 000
444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST)		
	01	Driftsutgifter	982 580 000	982 580 000
445		Den høyere påtalemyndighet		
	01	Driftsutgifter	277 795 000	277 795 000
446		Den militære påtalemyndighet		
	01	Driftsutgifter	9 058 000	9 058 000
448		Grensekommissæren		
	01	Driftsutgifter	5 745 000	5 745 000
		Sum Politi og påtalemyndighet		22 152 464 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap			
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap		
	01 Driftsutgifter	908 219 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	7 606 000	
	22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett	477 543 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	173 194 000	
	70 Overføringer til private	6 878 000	1 573 440 000
452	Sentral krisehåndtering		
	01 Driftsutgifter	26 849 000	26 849 000
453	Sivil klareringsmyndighet		
	01 Driftsutgifter	32 527 000	32 527 000
454	Redningshelikoptertjenesten		
	01 Driftsutgifter	700 023 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	2 315 361 000	3 015 384 000
455	Redningstjenesten		
	01 Driftsutgifter	111 310 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	28 959 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	6 074 000	
	71 Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten	56 819 000	
	72 Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester	122 320 000	
	73 Tilskudd til Redningsselskapet	106 393 000	431 875 000
457	Nasjonal Sikkerhetsmyndighet		
	01 Driftsutgifter	370 306 000	370 306 000
	Sum Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap		5 450 381 000
Andre virksomheter			
460	Spesialenheten for politisaker		
	01 Driftsutgifter	48 316 000	48 316 000
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.		
	01 Driftsutgifter	1 068 646 000	1 068 646 000
467	Norsk Lovtidend		
	01 Driftsutgifter	4 404 000	4 404 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker		
	01 Driftsutgifter	20 230 000	20 230 000
469	Vergemålsordningen		
	01 Driftsutgifter	259 847 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	138 546 000	398 393 000
	Sum Andre virksomheter		1 539 989 000
	Fri rettshjelp, erstatninger, konfliktråd m.m.		
470	Fri rettshjelp		
	01 Driftsutgifter	619 338 000	
	72 Tilskudd til spesielle rettshjelptiltak	57 955 000	677 293 000
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning		
	71 Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i>	113 141 000	
	72 Erstatning i anledning av straffeforfølgning, <i>overslagsbevilgning</i>	63 399 000	
	73 Stortingets rettferdsvederlagsordning	26 536 000	203 076 000
473	Statens sivilrettsforvaltning		
	01 Driftsutgifter	77 021 000	
	70 Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i>	359 600 000	436 621 000
474	Konfliktråd		
	01 Driftsutgifter	139 495 000	
	60 Tilskudd til kommuner, <i>kan overføres</i>	13 202 000	
	70 Tilskudd	21 921 000	174 618 000
475	Bobehandling		
	01 Driftsutgifter	148 999 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	7 825 000	156 824 000
	Sum Fri rettshjelp, erstatninger, konfliktråd m.m.		1 648 432 000
	Svalbardbudsjettet		
480	Svalbardbudsjettet		
	50 Tilskudd	375 808 000	375 808 000
	Sum Svalbardbudsjettet		375 808 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Beskyttelse og innvandring			
490	Utlendingsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	1 012 202 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak	643 848 000	
	22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse	22 083 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling , <i>kan overføres</i>	4 632 000	
	45 Større utstyranskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	66 972 000	
	60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak	163 510 000	
	70 Stønader til beboere i asylmottak	85 374 000	
	71 Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, og veiledning for au pairer	8 217 000	
	72 Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>overslagsbevilgning</i>	73 078 000	
	73 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak, <i>kan nyttes under kap. 291 post 60</i>	21 920 000	
	74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i>	36 424 000	
	75 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i>	28 233 000	2 166 493 000
491	Utlendingsnemnda		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i>	285 316 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttes under post 1</i>	12 625 000	297 941 000
	Sum Beskyttelse og innvandring		2 464 434 000
	Sum departementets utgifter		42 667 293 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Departementets inntekter			
3400	Justis- og beredskapsdepartementet		
	01 Diverse inntekter	5 631 000	
	02 Refusjon av ODA-godkjente utgifter	1 000 000	6 631 000
3410	Domstolene		
	01 Rettsgebyr	260 596 000	
	02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene	24 390 000	
	03 Diverse refusjoner	1 910 000	
	04 Vernesaker jordskiftedomstolene	2 452 000	289 348 000
3430	Kriminalomsorgen		
	02 Arbeidsdriftens inntekter	92 653 000	
	03 Andre inntekter	25 665 000	
	04 Tilskudd	2 454 000	120 772 000
3432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter		
	03 Andre inntekter	1 087 000	1 087 000
3440	Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten		
	01 Gebyr – pass og våpen	450 693 000	
	02 Refusjoner mv.	269 583 000	
	03 Salgsinntekter	77 756 000	
	04 Gebyr – vaktelskap	4 376 000	
	06 Gebyr – utlendingssaker	296 273 000	
	07 Gebyr – sivile gjøremål	1 121 054 000	
	08 Refusjoner fra EUs grense- og visumfond	30 998 000	2 250 733 000
3442	Politi høgskolen		
	02 Diverse inntekter	17 090 000	
	03 Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingssenter	19 003 000	36 093 000
3444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)		
	02 Refusjoner	17 640 000	17 640 000
3445	Den høyere påtalemyndighet		
	02 Refusjoner	3 096 000	3 096 000
3451	Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap		
	01 Gebyr	154 511 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	02	Refusjoner driftsutgifter Nødnett	33 183 000	
	03	Diverse inntekter	27 468 000	
	04	Refusjoner større utstyr- anskaffelser og vedlikehold Nødnett	73 155 000	
	05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett	455 876 000	
	06	Refusjoner	6 808 000	751 001 000
3454		Redningshelikoptertjenesten		
	01	Refusjoner	27 479 000	27 479 000
3457		Nasjonal Sikkerhetsmyndighet		
	01	Inntekter	33 815 000	33 815 000
3469		Vergemålsordningen		
	01	Vergemåls-/representantordning, ODA-godkjente utgifter	4 295 000	4 295 000
3470		Fri rettshjelp		
	01	Tilkjente saksomkostninger m.m.	4 192 000	
	02	Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter	5 255 000	9 447 000
3473		Statens sivilrettsforvaltning		
	01	Diverse inntekter	5 000	5 000
3474		Konfliktråd		
	02	Refusjoner	723 000	723 000
3490		Utlendingsdirektoratet		
	01	Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter	769 000	
	03	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter	31 094 000	
	04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter	343 876 000	
	05	Refusjonsinntekter	7 018 000	
	06	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter	21 982 000	
	07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter	20 635 000	
	08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter	113 692 000	539 066 000
		Sum Departementets inntekter		4 091 231 000
		Sum departementets inntekter		4 091 231 000

Fullmakter til å overskride gitte bevilgninger

II

Merinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan:

1.

overskride bevilgningen under	mot tilsvarende merinntekter under
kap. 61 post 01	kap. 3061 post 03
kap. 400 post 01	kap. 3400 post 01
kap. 410 post 01	kap. 3410 postene 02 og 03
kap. 410 post 22	kap. 3410 post 04
kap. 430 post 01	kap. 3430 postene 03 og 04
kap. 430 post 21	kap. 3430 post 02
kap. 432 post 01	kap. 3432 post 03
kap. 440 post 01	kap. 3440 postene 02, 03 og 04
kap. 442 post 01	kap. 3442 post 02 og 03
kap. 444 post 01	kap. 3444 post 02
kap. 451 post 01	kap. 3451 post 03 og 06
kap. 451 post 22	kap. 3451 post 05
kap. 454 post 01	kap. 3454 post 01
kap. 455 post 01	kap. 3455 post 01
kap. 473 post 01	kap. 3473 post 01
kap. 474 post 01	kap. 3474 post 02
kap. 490 post 01	kap. 3490 post 05
kap. 491 post 01	kap. 3491 post 01

Merinntekt som gir grunnlag for overskridelse, skal også dekke merverdiavgift knyttet til overskridelsen, og berører derfor også kap. 1633, post 01 for de statlige forvaltningsorganene som inngår i nettoordningen for merverdiavgift.

Merinntekter og eventuelle mindreinntekter tas med i beregningen av overføring av ubrukt bevilgning til neste år.

2. overskride bevilgningen under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 01 Driftsutgifter med inntil 75 pst. av inntekter ved salg av sivilforsvarsanlegg og fast eiendom. Inntekter inntektsføres under kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 40 Salg av eiendom mv.

III

Fullmakt til overskridelse

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan overskride bevilgningen under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 21 Spesielle driftsutgifter med inntil 50 mill. kroner dersom det oppstår en situasjon med ekstraordinært mange skogbranner, og det i den forbindelse er nødvendig med innsats for sløkking og beredskap utover det som må påregnes i et normalår, uten opphold og før Kongen kan gi slikt samtykke.

Fullmakter til å pådra staten forpliktelser utover gitte bevilgninger

IV

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan bestille varer utover den gitte bevilgning, men slik at samlet ramme for nye bestillinger og gammelt ansvar ikke overstiger følgende beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter	150,0 mill. kroner

V

Tilsagnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan:

1. gi tilsagn om støtte utover gitte bevilgninger på kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 72 Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, *overslagsbevilgning*, men slik at samlet ramme for nye tilsagn og gammelt ansvar ikke overstiger 50 mill. kroner.
2. gi tilsagn som pådrar staten forpliktelser utover budsjettåret for å gjennomføre forsøk med velferdsobligasjoner innenfor en samlet ramme på inntil 10 mill. kroner inkludert tidligere gitte tilsagn under kap. 430 Kriminalomsorgen, post 70 Tilskudd.

VI

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser i byggeprosjekt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan pådra staten forpliktelser

utover budsjettåret for å gjennomføre byggingen av politiets nasjonale beredskapssenter som omtalt i Prop. 1 S (2017–2018) under kap. 440 Politi- og lensmannsetaten, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, *kan overføres*, innenfor en kostnadsramme på 2 620 mill. kroner.

VII

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser i investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 under kap. 430 Kriminalomsorgen, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, *kan overføres*, kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret for å anskaffe brukerutstyr til nytt fengsel i Agder. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammer omtalt i Prop. 129 S (2016–2017) på 125 mill. kroner for avdelingen i Froland og 75 mill. kroner for avdelingen i Mandal.

Andre fullmakter

VIII

Videreføring av bobehandling

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan bestemme at det under ordningen med utgifter til fortsatt bobehandling pådras forpliktelser utover gitt bevilgning under kap. 475 Bobehandling, post 21 Spesielle driftsutgifter, *kan overføres*, med inntil 10 mill. kroner, men slik at totalrammen for nye tilsagn og gammelt ansvar ikke overstiger 33 mill. kroner.

IX

Nettobudsjetteringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan:

1. trekke politiets direkte utgifter til oppbevaring, tilsyn og salg av beslag fra salgsinntekten, før det overskytende inntektsføres under kap. 5309 Tilfeldige inntekter, post 29 Ymse.
2. trekke salgsomkostninger ved salg av faste eiendommer fra salgsinntekter før det oversky-

tende inntektsføres under kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 40 Salg av eiendom mv.

3. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning, post 01 Driftsutgifter, inntektene ved avholdelse av kurs og konferanser i regi av Konkursrådet, samt inntekter fra rådets øvrige virksomhet.
4. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 475 Bobehandling, post 21 Spesielle driftsutgifter, *kan overføres*, tilbakebetalte inntekter under ordningen med utgifter til bobehandling.

X

Stortingets rettferdsvederlagsordning

Stortingets utvalg for rettsferdsvederlag får i 2020 fullmakt til å tilstå rettferdsvederlag av statskassen med inntil 250 000 kroner for hver enkelt søknad, men slik at grensen er 500 000 kroner for HIV-ofre og 300 000 kroner for tidligere barn i barnehjem, offentlige fosterhjem og spesialskoler. Søknader der utvalget anbefaler å innvilge erstatning som er høyere enn nevnte beløp, fremmes for Stortinget til avgjørelse. Det samme gjelder søknader som etter utvalgets vurdering reiser spørsmål av særlig prinsipiell art.

XI

Avhending av sivilforsvarsanlegg

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan overdra sivilforsvarsanlegg til en verdi av inntil 100 000 kroner vederlagsfritt eller til underpris når særlige grunner foreligger.

XIV

Oppheving av anmodningsvedtak

Vedtakene nr. 875, 11. juni 2018 og nr. 1002, 15. juni 2018 oppheves.

XII

Innkvartering av utlendinger som søker beskyttelse

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan inngå avtaler med varighet utover 2020 om midlertidig drift av innkvartering for utlendinger som søker beskyttelse i Norge. Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet kan øke innkvarteringskapasiteten selv om det medfører et bevilgningsmessig merbehov over kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak, post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller post 70 Stønader til beboere i asylmottak, dersom det er nødvendig for å gi innkvartering av utlendinger som søker beskyttelse. Stortinget samtykker videre i at Justis- og beredskapsdepartementet kan iverksette beredskapstiltak med varighet utover 2020 for eventuelt sterkt økte ankomster av asylsøkere selv om det medfører et bevilgningsmessig merbehov over kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak, post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak og kap. 2445 Statsbygg, post 31 Igangsetting av ordinære byggeprosjekter og post 49 Kjøp av eiendommer og selv om det ikke foreligger fastsatt kostnadsramme. Summen av overskridelser på postene kan ikke overstige 3 mrd. kroner i 2020.

XIII

Fullmakt til postering mot mellomværendet med statskassen

Stortinget samtykker i at Domstolsadministrasjonen i 2020 kan postere sideutgifter som forskutteres i henhold til rettsgebyrloven, mot mellomværendet med statskassen.

Andre vedtak

Bestilling av publikasjoner

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonene er også tilgjengelige på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2019

